439.8
H362

THE LIBRARY
OF THE
UNIVERSITY OF ILLINOIS

HEIDERSSKRIFT

TIL

MARIUS HÆGSTAD

FRAA VENER OG LÆRESVEINAR

15DE JULI 1925

OLAF NORLIS FORLAG
OSLO 1925

HEIDERSSKRIFT
TIL
MARIUS HÆGSTAD

THE LIBRARY
OF THE
UNIVERSITY OF ILLINOIS



HEIDERSSKRIFT

TIL

MARIUS HÆGSTAD

FRAA VENER OG LÆRESVEINAR

15DE JULI 1925

OLAF NORLIS FORLAG
OSLO 1925

NIKOLAI OLSENS BOKTRYKKERI • OSLO

439.8
H362

KJÆRE HÆGSTAD

NORSKE VENER OG LÆRESVEINAR sender Dykk ei varm og vyrdsam helsing paa 75 aars dagen. Me takkar for Dykkar store og gjæve verk, og ynskjer at De enno lenge maa faa halda fram, og at Dykkar alderdom maa verta hugsam og solfyllt.

OSLO 15. JULI 1925.

N. Aanesen Olav Aavatsmark O. S. Aavatsmark
Ivar Aavatsmark Leiv Amundsen
Olav Anda Dagny Bang Ludvig Benum
Odin Benum Richard Berge
K. O. Bjørlykke Torgeir Bjørnaraa P. Blix
C. Bonsaksen Karl Braset
Francis Bull Sjur Bøyum Johan Castberg
O. A. Eftestøl Erik Eggen
T. Eidem T. Eiesland Sigurd Eldegard
Lars Eskeland Severin Eskeland
Hjalmar Falk N. J. Finne Haakon Five
Ola Five Martin Fonstad
Ingvald Forfang N. Gjelsvik Halfdan Freihow
K. Friis-Petersen Hulda Garborg
T. Hagemann Olav Hamar Anders Hamre
Idar Handagard Torleiv Hannaas
S. Hasund Fr. Havig Sv. Havig Joh. Hertzberg
Peter Hognestad Andreas Holdhus

619642

P. Holter J. Hougen Anders Hovden
Torstein Høverstad Gustav Indrebø
Ragnvald Iversen Oscar Albert Johnsen Albert Joleik
A. Kjær Ivar Kleiven
Gunnar Knudsen Tryggve Knudsen Halvdan Koht
Oluf Kolsrud Sigurd Kolsrud
Erling Kristvik Torgeir Krogsrud Andr. Leiro
Johannes Lid Nils Lid Knut Liestøl
Jens Lindberg Harald Lyche Jon Mannsaaker
Carl Marstrander Ferd. Melsom
Olav Midttun Eilert Mo Søren Nordeide
Olaf Norli Fr. Nygaard
W. Nygaard Johs. Okkenhaug Magnus Olsen
E. Ottesen F. M. Qvam, fru
Ola Raknes I. A. Refsdal Finn Reinskou
Jørgen Reitan Thekla R. Resvoll
Vilhjelm Riksheim Olav Riste A. Ræder Asm. Schiefloe
Anders Seim Didrik Arup Seip
Alexander Seippel Ernst Westerlund Selmer
Nils Skår (d. æ.) Matias Skard
Olai Skulerud Klaus Sletten Alf Sommerfelt
Asgaut Steinnes Bernt Støylen
Jakob Sverdrup Absalon Taranger Hallvard Thannæs
Rolv Thesen Antonie Tiberg
Ivar Tveiten Anna Wexelsen Fredrik Wexelsen
Vetle Vislie Fredrik Voss J. Fr. Voss
P. Østbye Ola Øydgard

DET STORE MÅL-VENDE I 1885

På nyåre 1885 tok det til å kome ut i Namsos eit lite ungdomsblad som kalla seg »*Dag*«, og som hadde til styrar den største optimisten eller dag-sjåaren i norsk målreising, — dåverande folkehøgskulestyrar *M. Hægstad*, varamann til stortinge for Nord-Trøndelag. »Dag« var det fyrste blade nordafjells som vart skrive på det norske landsmåle. Samstundes tok *Olav Schartum* til å gje ut »*Nora*« i Oslo. Og der streva endå *Ivar Mortensson* med »*Fedraheimen*«. Men andre blad på landsmåle fans det dentid ikkje i lande.

Norskhuga folk hadde likevel so sterk ei tru på saka si, so dei tykte det var storveges at dei hadde nådd so langt fram. Og dei gilda seg fælt av at Garborgs »*Bondestudentar*« kunde kome i nytt upplag i 1885; dei meinte det var teikn på at folke meir og meir fekk hug på norske bøker. I »Dag« for 15de august heitte det: »Landsmaalet vinn no framgang fyre kvar tid, som skrid. Me hava fleire maalblad, og me sjaa, at bladi ellest taka upp meir og meir stykke, som er skrivne paa maalet. Naar hertil kjem det, som vert utgjevet av »Det norske Samlaget« og som ellest vert skrivet av maalmenner, er det ikkje so litet med lesnad .... I sume bygder hava dei alt teket til aa kaupa norske lesebøker, som skal verta utdeilte aat skulebornom.«

Den som skulde leve av norsk bokavl, tykte no slett ikkje det stod so vel til, og i blade »*Nordtrønderen*« på Namsos kom det den 28de august 1885 eit noko beiskt brev ifrå bokhandlaren *Olaf Huseby* um alt dette som han såg i blada um »det overordentlige Opsving Interessen for Landets Maal har faat, hvorledes man udover alle Bygder læser Maalbøger, hvorledes man med sjelden Enstemmighed fatter Resolutioner og afsender Adresser, holder Maalblade og skriver i disse«. Huseby rekna ut, at jamvel i feite år kunde umsetninga av bøker og blad på norsk ikkje gå høgare upp enn i ei 19 000 kroner um åre, soleis 1 øyre for kvart menneskebarn i lande, og det måtte bli sveltihel for alle som

gav ut skrifter på norsk. Han tykte ikkje det var nokon ting å skrøyte av, at eit upplag av »Bondestudentar« på 1000 eksemplar hadde vorte utselt på to år, og han fortalde at av Vinjes skrifter, til ein nedsett pris på berre 5 kroner, hadde det ikkje lukkas for han å få selt meir enn 100 stykke. Samstundes vart det selt bøker på dansk og norsk-dansk for 3 millionar kroner um åre. Nei, meinte Huseby, »for Tiden er det vist bare Humbug med denne megen Tale om Fædrenes Maal osv.«

Bladstyraren for »Nordtrønderen«, som ingen annan var enn skulestyrar Hægstad, måtte sanne at det hadde nok vore smurt vel tjukt på i blada um den godhugen som »Almenheden, *hvor det gjelder Opofrelse*, hidtil har vist for Maalsagen«. Men han trøysta seg til framtida: »Det er ikke ret saa længe siden, at Omsætningen af norske Bøger udgjorde ligesaamange *hundrede* Kroner som nu *tusinde*, og denne Omsætning tør forudsættes stadig at øges.« Serleg sette han si von til at det skulde kome skulebøker på norsk. Sjølv hadde han teke til å gje ut både målære og lesebok på norsk, og abc-boka til *Andr. Austlid* hadde òg kome ut; ifrå 1886 tok det til å kome nye utgåver av desse bøkerne. *O. J Høyem* hadde endå fyrr vore ute med lærebøker i kristendomskunnskap og rekning. No i 1885 kom leseboka til Garborg og Mortensson. Og ein ny bokmann steig fram dette åre, — *Jens Tvedt.*

Men det som gjorde 1885 til eit av dei store åra for den norske målreisinga, det var at statsmaktene no knesette det norske måle. Den 28de februar kunde »Dag« skrive: »Det ser ut til aa verta retteleg *dag* i Norig no!« Og det som gav tilføre til denne spådomen, det var eit framlegg som 41 tingmenner av Vinstre — *Nils Juel, Lars Liestøl* og *H. E. Berner* fremst av dei — den 14de februar hadde sendt inn til Stortinge um rett og fridom for det norske folkemåle.

Dette framlegge er merkeleg nok alt med di at det er det fyrste aktstykke vi har ifrå Stortinge på norsk mål (det er prenta i Storthings Forhandlinger 1885 som Dok. No. 17). Og etter innhalde er det endå merkelegare; for det er upptake til ein ny politikk i målspursmåle. Mesteparten av framlegge handlar um skulespursmåle, og det var ingen ny tanke å føre folkemåle fram i skulen. Her var fyrste tiltake gjort med odelstings-vedtake frå 1878 um retten for norsk mål til munnleg bruk i landsfolkeskulen. Men dette vedtake, skriv no dei 41, var berre »halvgjort Arbeid«, og dei vilde kome lenger: »Det er vaar Meining og vaar Bøn, at Statsmagterne no, i Samhøve med dei Tankarne, som er framsette i Statsminister Sverdrups Skuleframlegg [frå 1884], maa gjera det

dei kann til, at denne Retten for det norske Folkemaalet kann verta heilt ut godkjennt.« Dei peikte på at norsk måtte bli lære-emne på lærar-skulane, — at dei måtte få skulebøker på landsmål, — og at alle skule-barn måtte lære lese båe dei to skriftmåla i lande. Men det nye var at dei vilde ha det norske måle inn i styringsverke. Dei meinte at em-bets- og umbodsmenner måtte få valfridom til å nytte det måle dei sjølve fann mest høveleg: »Dette maa, etter vaar Meining, avgjerast, ved Lov elder paa Embættsveg, daa det hev synt seg, at Autoritetarne ikkje altid vil godkjenna annat Maal enn sitt eiget i offentlege Saker.« Dei vilde at Stortinge skulde »vedtaka ei Uppmaning til Regjeringi um aa fremja denne Saki paa beste Maate, gjenom Framlegg til Lov elder paa Embættsveg, ettersom det helst maatte høva,« og dei hadde difor forma dette uppsete til vedtak: »Storthinget ynskjer, at Regjeringi vil sjaa til kva som best kann gjerast for at det norske Folkemaalet, i dei Maatar som i dette Brevet er ummeldt, kann faa full Rett og Fridom jamsides med Bokmaalet.«

J. Løvland har fortalt meg (i 1920), at det var lensmann Lars Liestøl som gjorde upptake til å få i stand dette framlegge, og det var ei hen-ding i Setesdalen som dreiv han til det. Nils Juel har likevel fått namne sitt fremst mellom underskriftene, og han bygde på målpolitikk i Horda-land. Dei to, og so av dei yngre Edv. Liljedahl og Elias Melvær, var dei einaste tingmennene som dentid tala folkemåle i Stortinge, og dei var sjølvskrivne til å gå i brodden i den politiske målstriden.

Korleis hadde det seg då, at denne saka vart teken upp just no?

Det kom ein tilstøyt utafrå. Den 17de januar stod det ei melding i »Fedraheimen« med sperra skrift um at regjeringa i Finnland heldt på og skulde sende ut ein ny instruks um at »heretter *skal baae Maali haldast for jamngode som officielt Maal, og Finsken vil soleids faa sin fulle Rett atter*«. »Dag« i Namsos tok upp denne meldinga den 31de januar, og la so til: »Giv den dagen snart maatte koma fyre Norig ogso, at det *norske* maal i alle deilder vert sett jamsides med det *danske*.«

Men rette grunnlage for det nye krave var det arbeide som hadde gått for seg i dei siste åra, og som hadde bore målreisinga mektigt fram. Det er fyrst frå slutten av 1870-åra at vi i sanning kann tale um eit målstrev her i lande, — eit målstrev med praktiske formål utafor sjølve bokavlen på norsk. Garborg og »Fedraheimen« var kanskje viktigaste drivkrafta her, og i Stortinge arbeidde Johan Sverdrup for å samle vinstre um mål-saka. Etter odelstingsvedtake 14de mai 1878 fekk han takkeskriv frå

det Norske Samlage, underskrive av formannen Arne Garborg, i desse orda: »Tak for den Seier, som den norske Sag vandt under Deres Auspicier i Dag!« (Merk at breve er skrive på dansk!) Dette var fyrste gongen at Stortinge gjorde eit vedtak til framhjelp for det norske folkemåle. Men etter kvart kom det fleire. Sverdrup reiste straks i 1878 programmet sitt: fyrst og fremst folkemåle inn i folkeskulen og på Universitete. I 1881 fekk han vedteke løyving til eit professor-embete i landsmål (det nekta no Regjeringa å ta imot), og same åre løyvde Stortinge pengar både til ei landsmåls-umsetning av Nytestamente (ved E. Blix) og til ei Noregs-historie på norsk (ved S. Schjøtt). Dette var dei fyrste løyvingane den norske staten gav til stønad for landsmåls-bokavlen; det var soleis ei ny side av målstrevet som dermed fekk offentleg godkjenning.

Det avgjørande umslage kom då Vinstre hadde vunne den endelege politiske sigeren i 1884, og ei vinstreregjering hadde teke styre. I fyrstninga på åre var »Norges Venstreforening« skipa, og i september sende landsstyre ut ei uppmoding til alle vinstrelag i lande um å dryfte valprogramme for næste åre. Det var då denne programdryftinga kom i gang, at målspursmåle for ålvor steig inn i politikken.

Landsstyre for vinstre-samskipnaden hadde just ikkje gjeve målsaka noko stort rom på programme. Ho fans slett ikkje nemnd mellom dei sju sakene som styre fann høvelege til programsaker. Og av dei fem sakene som styre attpå peikte på til mogleg dryfting for framtida, kom målspursmåle aller sist, — her jamvel berre som eit krav for folkeskulen um »en videregaaende Anvendelse af Landsmaalet« i breidd med handarbeid, kropps-øving og skyteøving[1]. Arne Garborg var heller beisk då han skreiv i »Fedraheimen« (4de oktober) um denne måten å reise målspursmåle på.

Men program-dryftinga for Vinstre fekk anna grunnlag òg, enn framlegge frå landsstyre. Serleg fekk dei ikkje like å segje, dei uppseta til lov-arbeid og vedtak som *Johan Sverdrup* sende ut fram-etter hausten 1884. Målsaka var her sterkast framme i det skrive han sende til Kyrkjedepartemente den 25de september um nye folkeskulelover; det var Jakob Sverdrup som hadde sett det upp for han alt i august månad, og no gav Johan Sverdrup det den offisielle stempelen[2]). Her kravde

---

[1]) Heile framlegge er prenta hjå Koht, Johan Sverdrup, III 246.
[2]) Sjå Koht, Johan Sverdrup, III 144 fg.

han fyrst og fremst skulebøker på landsmål, »saa der kan blive frit Valg, enten man vil benytte Bøger i Landsmaal eller i Bogmaal,« og han kravde upplæring i gamalnorsk og nynorsk på lærarskulane, soleis som han hadde vore med å stri for alt ti år tilbake. Etterpå, den 18de oktober, sende han eit nytt skriv til Kyrkjedepartemente og tok uppatt framlegge um ein professorpost for landsmåle.

Dei same krava melde seg frå andre kantar òg. Det var ein heilt naturleg ting, at målspursmåle no i fyrste take kom serleg sterkt fram som ei skulesak. Men det som var det nye, det var at det just no vida seg ut, — med krav på rett for det norske måle ikkje berre i skulen, men i staten — som riksmål.

I dagane 22de—24de september 1884 heldt lærarsamlage for Sogn møte på Vadheim, og etter fyreording og framlegg av høgskulestyrar *H. M. Dahl* gjorde dei der eit vedtak i seks postar um målkrava sine.[1]) Alle dei fem fyrste postane handla um skulespursmål, ikkje berre for folkeskulen, men likso vel for lærarskular, universitet og andre offentlege skular, — retten til å nytte folkemåle var hovudsaka her. Men den sette posten gjekk utafor det som var læraryrke; han lydde: »Alle offentlige Tjenestemænd faar Adgang til Brug av norsk Sprog i sin offentlige Virksomhed.«

Målprogramme frå lærarlage i Sogn vart mykje dryft kringum i lande. Alt den 26de september gjekk soleis eit lærarmøte for Hardang med på det, — visseleg soleis at det skar burt det som ikkje galdt skulen[2]) (her var det *Oddmund Vik* som fyreorda). Og den 8de november vart alle seks postane samtykte på eit møte i leselage »Hugin« i Landvik på Aust-Agder,[3]) — det var *Kristen Stalleland* som her målbar saka.

Det merkelegaste av alt var kanskje, at då styre for »Romsdals Amts fælles Venstreforening« (med *Kristofer Kristofersen* til formann) den 15de oktober sende ut rundskriv um programspursmåle, då sette det upp som nr. 1 på saklista si: »Vækkelse af Sans for og Forstaaelse af den nationale Reisning navnlig gjennem Maalsagen og Tilegnelse af de norske Forfattere. Specielt henledes herunder Opmærksomheden paa en Resolution, der vedtoges af Lærersamlaget i Nordre Bergenhus.«[4])

---

[1]) Fedraheimen 1884, 4. okt., etter Dagbladet.
[2]) Fedraheimen 1884, 8. okt.
[3]) S. bl., 3. desb.
[4]) Romsdals Budstikke 1884, 29. okt.

Styre for vinstre-samlage for Nedenes amt (Aust-Agder) sende ut eit rundskriv i november, og der gjorde det framlegg um å auke program-posten um folkeskulen med dette krave: »Ligesaa bør der arbeides hen-imod det Maal, at Landsmaalet stilles paa lige Fod med det nuværende Skriftsprog.«[1])

Då vinstre-samlage for Søre Bergenhus amt (Hordaland) hadde års-møte sitt i Bergen den 18de desember, var det mange som tala varmt for »Landsmaalets Indførelse i Skolen og dets Ligeberettigelse i alle offent-lige Anliggender med det nu brugelige danske Sprog«,[2]) og etter framlegg av *Nils Skaar* sette dei samrøystes inn i programme denne posten: »Folke-skolens Omordning i frisindet og folkelig Retning væsentlig som anty-det af Statsminister Sverdrup, og i Forbindelse hermed Folkesprogets Ophjælp.«

Just til bakgrunn for det framlegge som Nils Juel og Lars Liestøl gjekk i brodden for, er det viktigt å legge merke til korleis målsaka var framme i dei to fylka deiras, i Hordaland og på Aust-Agder. Ifrå Aust-Agder har vi endå fleire meldingar um rørsla. Uppi Hylestad hadde dei eit »Framstigssamlag« (som *Torgeir Bjørnaraa* styrde), og der gjorde dei i november 1884 eit vedtak der det heitte: »Me *vil* hava full Rett fyr vaart norske Maal: i Bok, Skule, Kjyrkje og Heim ..... Me *vil* difyr, at Vinstre skal taka upp Maalsaki som fyrste Punktet paa sitt Program.»[3]) Uti Tveid tala *J. Løvland* i jola um målspursmåle, og han gav det ster-kaste og klåraste målprogramme som til den tid nokon hadde forma. Han kravde: »1) at Landsmaalet blev ligeberettiget med Bogmaalet til mundtlig og skriftlig Brug i offentlige Forhandlinger i Skole og Kirke; 2) at Skolens Talesprog blev det samme, der var Børnenes Modersmaal; 3) at man i alle Skoler, høiere som lavere, i By og Bygd, lærte at læse og forstaa baade Landsmaal og Bogmaal; 4) at det overlades til Skole-kommissionen at vælge, hvilke af de to Maal skal benyttes ved den skriftlige Undervisning og i Lærebøgerne i Skolen (Lærebøger i Lands-maal maa fordres udgivne); 5) at Embedskandidater og Lærere bør have lært at skrive begge Maal.«[4])

Krave um rom og rett for det norske måle i statsstyring og embets-

---

[1]) Fedraheimen 1884, 6. desb.
[2]) Verdens Gang 1885, 6. jan., etter Bergens Tidende.
[3]) Fedraheimen 1884, 13. desb.
[4]) Kristianssands Stiftsavis 1884, 30. desb.

verk låg då fyre, og det var eit par serskilde hendingar som hadde hjelpt til å drive det fram.

Fyrst var det den striden som bonden *Per Bø* i Gausdal hadde ført for retten sin til å skrive på norsk til norske embetsfolk. Per Bø var soleis laga, at då han fyrst hadde vorte målmann, so var det ei samvitssak for han å aldri skrive anna enn norsk. Dermed kom han ut i strid, — 1875 vart det store strids-åre for han. Fyrst sende han, 18de mars, eit skriv til Hamar stiftsdireksjon ifrå »Bygnings-Utvalet fyre Foldabu Skulehus«; men då det kom til prosten Dietrichson i Øyer, fekk det denne påskrifta (12te april) som er lærerik å lese heilt ut:

»Provstiet maa, eftersom Hr. P: Bøe er uvillig til at fremsende ovenstaaende Erklæring i et forstaaeligt og brugeligt Sprog, oversende Sagen uden nogen Erklæring fra Provstiets Side. Saafremt Sproget var vort Bondesprog her i Gudbrandsdalen, havde jeg mod samme ei gjort den ringeste Indvending, men at en Embedsmand i et offentligt Dokument skal være nødsaget til at være i den fuldstændigste Uvished om Meningen af samme, fordi man finder paa at bruge et Sprog, som aldrig har levet paa Folkets Læber, og ei anerkjendt som Sprog, synes Provstiet er en forstor Fordring, som jeg ei agter at imødekomme mere, eftersom at udgrandske Meningen af samme ville fordre mere Tid, end Provstiet har at offre Sagen. Da jeg forrige Gang erklærede mig over denne Sag, skeedte det under Forudsætning af, at Hr. Peder Bøe ville erkjende sin Forpligtelse for Fremtiden i offentlige Sager, men da dette ei er skeet, maa Provstiet saaledes oversende Sagen uden Behandling fra dets Side til Stiftsdirectionens videre Forføining.«

Stiftsdireksjonen var no ikkje større på det enn at han avgjorde saka like godt, so dermed vart det ikkje meir strid på den kanten. Men annleis gjekk det på ein annan kant. Per Bø var formann i eit ålmennings-styre i Gausdal, og i den eigenskapen fekk han den 14de april 1875 dette skrive ifrå amtmann Meinich:

»I Anledning af den i Deres seneste Skrivelse hertil af 5te d. M. benyttede Orthografi, det saakaldte Landsmaal, undlader jeg ikke at meddele, at jeg da samme i høi Grad er afvigende fra vort sædvanlige Skriftsprog og lettelig vil kunne tænkes nu eller senere at kunne foranledige Misforstaaelse, ikke antager, at det bør benyttes i den offentlige Korrespondance eller i de ved Lov paabudte offentlige Protokoller. Forsaavidt det derfor maatte være Deres Bestemmelse som Formand i Almindingsbestyrelsen for Vestfjelds-Almindingen i Gausdal eller i anden offentlig Stilling ogsaa fremdeles at benytte Landsmaalet, beder jeg mig herom underrettet, for at jeg i saafald kan indgaa til vedkommende Departement med Forespørgsel om hvorvidt Benyttelsen deraf kan tillades i den offentlige Tjeneste.«

Sjølvsagt svara Per Bø (28de april) at han heldt fast på retten sin til å nytte »det norske Maalet«, »mitt eige Morsmaal«. So skreiv amtmannen (1ste mai) til Justisdepartemente og vilde høyre kva det hadde for »Formening om Tilstedeligheden af, at dette Sprog benyttes som an-

ført«. Og 26de mai svara departemente at »man er enig med Hr. Amtmanden i, at i den offentlige Tjeneste bør det almindelig brugelige Skriftsprog benyttes som det, hvori den offentlige Undervisning meddeles, og hvori Lovene ere forfattede, deriblandt Grundloven«. Men Per Bø vilde ikkje gje upp det han heldt for retten sin; det sa han greitt ifrå um, og samstundes (12te juni) sende han amtmannen eit nytt skriv på landsmål ifrå ålmenningsstyre. Fire gonger sende amtmannen dette skrive tilbake og kravde det umsett på »det almindelige Skriftsprog«, og kvar gong sende Per Bø det inn att på landsmål, — heilt til amtmannen sa ifrå (4de desb.), at alle skriv på landsmål berre vilde bli lagt til sides utan svar. Per Bø sende likevel eit nytt skriv på landsmål (10de mars 1876), men fekk ikkje svar, — sende spursmål etter saka i rekommandert brev, men fekk ikkje svar. Endå måtte amtmannen gje seg til slutt; for futen i Sør-Gudbrandsdalen kom ein dag og spurde etter denne saka, og då so amtmannen skreiv til ålmenningsstyre etter upplysningar, fekk han til svar (16de mai 1876) at desse upplysningane fire gonger fyrr hadde vore framsende, — no kom dei då for femte gongen, og no laut amtmannen ta imot dei.

Det var ikkje berre Justisdepartemente som vilde slå fast forbode imot å nytte norsk i brev til norske embetsfolk, — Kyrkjedepartemente fylgde same regelen. 17de sept. 1875 sende Per Bø ein fyrespurnad til dette departemente for likningskommisjonen i Gausdal. Inkje svar. To månader etter skreiv han og spurde etter um breve hans hadde kome fram. Inkje svar. Ein månad etter skreiv han på nytt. So endeleg den 15de januar 1876 kunde amtmannen sende han svar: Kyrkjedepartemente vilde slett ikkje svare på eit skriv på landsmål, — det viste til fråsegna frå Justisdepartemente[1]).

Per Bø døydde i 1878, so myndigheitene fekk ikkje meir bry med han. Men han var ein velvyrd mann, med namn langt utafor bygda si, og den striden han førde, vekte mykje åtgaum. Vinstreblada skreiv um saka, og dei kunde med full grunn peike på at høgrestyre sette eit systematisk motstand imot det norske folkemåle.

Ei ny hending gav nytt vitnemål. I 1878 tok likningskommisjonen i Hylestad i Setesdalen til å føre boka si på norsk, og då skriv amtmann Bonnevie den 6te sept. 1878 til futen: »Saadanne Sprogøvelser kunde have Interesse, men høre ikke hjemme i offentlige Protokoller, i hvilke

---

[1]) Brevskifte i alle desse sakene ligg på Bø, og derifrå har eg fått låne dei.

Vedkommende antages forpligtet til at bruge Landets fælles Skriftsprog, saaledes som ogsaa i den omhandlede Protokol formentlig skeet indtil ifjor. Dette bedes Ligningskommissionen meddelt og ventes herefter iagttaget.«[1]) Men likningsmennene i Hylestad let seg ikkje skræme; dei førde til boks den 6te januar 1880, at dei vilde framleis nytte sitt norske mål.

Det var denne tilburden i Setesdalen som serleg sette Lars Liestøl på å ta spursmåle fram på Stortinge i 1885. Framlegge ifrå dei 41 tingmennene vart her sendt yver til Kyrkjekomitéen, sidan det mest handla um skulespursmål, og komitéen (der rektor *Steen* var formann) gav tilrådinga si den 11te april. Eit mindretal på to høgrefolk var imot alle målkrav; men endå høyres det underleg, etter det som her ovafor er upplyst, når mindretale segjer: »Med Hensyn til Folkesprogets Sidestillen med det almindelige Skriftsprog som officielt Sprog, saa er det ikke Minoriteten bekjendt, at der i denne Henseende fra nogen Kant øves noget Tryk, der skulde paakalde Administrationens Beskyttelse for den Enkeltes Frihed til at benytte den for ham bekvemmeste Sprogform.« Fleirtale, åtte vinstrefolk, var »i alt Væsentligt« med på framlegge, og serleg um den siste saka sa det: »Landsmaalets Anerkjendelse som officielt Sprog i den Forstand, at det ikke kan afvises i offentlige Forhandlinger eller Dokumenter, vil vel neppe kunne møde nogen Indsigelse, som det ialfald ikke er forbunden med nogen reel Vanskelighed eller Betænkelighed.« Komitéen gjorde difor dette framlegge for Stortinge: »Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.«

Den forma som krave her hadde fått, dekte tydeleg nok yver noko ulike tankar um kva det skulde føre til. Det som nærast var meint, det var å slå fast det motsette av det som høgre-regjeringa hadde vilt: alle skulde frå no ha full rett til å nytte det norske folkemåle i allslags embetsskriv. Og mange meinte at slik ein valfridom skulde embetsmennene sjølve òg ha. Men serleg det programme som Løvland nyst hadde reist, syner at andre alt no stilte på noko anna, — at folkemåle i sanning skulde bli riksmål i lande, og at embetsmennene skulde bli upplærde til å nytte det. Og framlegge hadde fått so vid ei form, so det rømde i seg heile målkrave.

---

[1]) Fedraheimen 1880, 9. okt., uppattprenta ved P. Hovdan i Den 17de Mai 1922, 7. jan.

No kom slett ikkje hovudstriden um målsaka på Stortinge i 1885 til å stå um dette framlegge. Det låg fyre ifrå Regjeringa ymse framlegg som gjekk ut på framhjelp for folkemåle, og Stortinge var for det meste viljugt med på dei, so det var berrsynt nok at det no hadde vorte eit vende i den officielle mål-politikken. Men den store striden stod um ei einskild sak: pengeløyving til landsmålskurs for folkeskulelærarar. Um denne saka vart det eit reint prinsipielt ordskifte som varde i tri dagar (29de og 30de april og 2dre mai), og her stod klårt og greitt Høgre mot Vinstre. For målsaka tala statsråd *Blix* og rektor *Steen*, og fyrste dagen gjorde ingen slik verknad som *Edv. Liljedahl;* for han tala landsmål so vakkert, — »Mange blev formelig bevægede«, står det i eit brev frå W. S. Dahl. Den andre dagen tala *Elias Melvær* på landsmål, og han dreiv igjenom, at han fekk talen sin på landsmål i »Storthingstidende«, — det var fyrste gongen nokon ting kom i norsk skriftform der. Men ingen reiste sjølve framtid-programme sterkare enn statsministeren, *Johan Sverdrup;* for han peikte heilt fram til at landsmåle skulde bli »et sant norsk rikssprog«, og han vilde at statsmaktene skulde hjelpe med framgangen dit »gjennem midler og makt og gjennem makt og midler igjen«.[1])

Løyvinga gjekk igjenom med alle vinstre-røystene imot alle høgre-røystene. Og just like eins gjekk det 12te mai med framlegge um å sette folkemåle jamt med bokmåle i statsverke. Nokre høgrefolk tala imot; men vinstremennene brydde seg ikkje med å svare, — dei tykte dei hadde fått tala ut fyrr, og det einaste som er verdt å nemne, er at statsråd Blix godtok framlegge på vegnene til Regjeringa.

Etter vedtake den 2dre mai skreiv »Fedraheimen« (6te mai): »I tri Dagar stod Striden, og no hev Maalsaki vunne ein Siger, som aldri skal støytast ned, no hev ho fenget eit Grunnlag, som skal vara til alle Tider ..... No er det berre eit Tidsspursmaal, naar Maalsaki skal vinna heilt fram ... Ei ny Æva byrjar for Maalsaki. Og me skal visa oss henne verdige. Hugheilt vil me stemna fram, med nytt Liv og med nye Voner.«

Det kan være verdt å nemne òg, — det gjev tankar i ymse leider, — at ei arbeidarforeining på Heidmark (Tangen) åre etter, den 22de april 1886, uttala ei »Tak til Storting og Regjering for, hvad de har gjort for Maalsagen«.[2])

[1]) Heile talen er uppattprenta hjå Lars Eskeland, Johan Sverdrup og målreisingi, s. 63—74.

[2]) Verdens Gang 1886, 29. april.

Det var vedtake den 12te mai som i sanning la grunn for framtida, og her skal eg endå berre peike på at det næste store tiltake i målstriden — den lovforskrifta som gav skulekrinsane rett til å velje mellom norsk og norsk-dansk i skulen — beint fram bygde på dette vedtake. Det var den store skulekommisjonen av 1885 som sette forskrifta inn i lovframlegge sitt (23de novb. 1887). Han meinte[1]) ho var sjølvsagd etter det som Stortinge hadde vedteke i 1885, og han vilde slett ikkje ta upp tida med å dryfte spursmåle dessmeir, — »det af Statsmagterne netop afgjorte Spørgsmaal«. Det var eit lite høgre-mindretal som strita imot[2]) og fann heile tanken um det nynorske bokmåle »fordærvelig i sin Tendents« og »noget nær umulig at realisere«. Men det store fleirtale, med rektor Steen til formann, kravde no fullt rom for folkemåle. Og Regjeringa under Johan Sverdrup gjekk hugheilt med. Då kronprinsregenten i mai 1888[3]) vilde stryke »landsmaals-paragrafen« ut or lovframlegge, då viste Sverdrup til at »Man pligter at tage et bestemt Hensyn til en af Storthinget i 1885 besluttet og af Regjeringen accepteret Anmodning saavelsom til Aar efter Aar af Storthing og Regjering paa samme Grundlag tagne Beslutninger og trufne Forføininger«.

Vedtake frå 12te mai 1885 var det like eins J. Løvland bygde på, då han i 1886 og 1887 forma eit par vedtak for Stortinge på landsmål og fekk dei fram i denne forma.[4])

I det heile: med dette vedtake hadde målsaka vunne ein hovudsiger, og alt målstreve hadde frå no ny grunn å stå på.

Halvdan Koht.

---

[1]) Indstilling I, Udkast til Love om Folkeskolen, s. 99—100.
[2]) S. st., s. 100—104.
[3]) Sfr. Koht, Johan Sverdrup, III 456.
[4]) Sjå Koht, J. Løvland, s. 22—23.

EMBETSMENN OG FOLKEMÅLE I DANSKETIDA

Da mange av dei katolske prestom ikje kunde skifte tru og framleies gjera kyrkjetenest i kallom sine, vart det vantande prestar alle stader i lande. I Danmark der dei alt fekk universitet i 1479, var det difor eit overskot på prestemne, og for dei vart det no rom i dei prestlause kallom i Noreg.

Sume av desse danske prestom var kanskje velstudera menn, mange, og ikje utenkjelege dei fleste, var vel ikje av dei ljosaste hovud, for dei beste krefter hadde nok Danmark sjøl bruk for. Men i alle hóve fekk desse danske prestane store vandskar i lange tider frametter med på den eine sida å gjera seg forståelege for kyrkjelyden, og på den andre med å forstå folkemåle sjølve. At dei attåt var heilt framande for den norske folkekultur gjorde misshøve enno verre. Størst var no vandskane inne i lande og i fjellbygdene, i bygdom umkring Oslofjorden og kystbygdene på sørlande der »sjømålsnorsken« var talemål, var nok dansken noko kjend, så vandskane her var for ein del mindre. At det ålmenne bygdefolke i bygdom langt frå kysten og i fjellbygdom, i desse tidom hadde likså tungt for å forstå måle åt ein kavdansk prest, som dei den dag idag kan ha for å forstå ein Fynbuar, er det ingen tvil um, og at det laut gå lange tider før prest og kyrkjelyd så nokorleis skjøna måle åt kvarandre, er det heller ikje å tvile på.[1]) At dei nokongong heilt tileigna seg måle på båe leider, er ikje tenkjeleg — difor vart forkynninga frå preikstolen åt desse danske prestom ein »lydende malm og en klingende bjelde« som det står skrivi. Dei rokk aldri inn til kjenslelive hjå kyrkjelyden, det skulde da vera, at ein og annan av prestom kunde ha hug og sergjevnad til å lære bygdemåle.

---

[1]) Sjå um presten hr. Mads i Åmot, Norsk personalhist. tidsskrift II s. 396.

Og sama høve vart det med dei danske »degne«, som det au kom så mange av åt Noreg i det fyrste hundreåre etter reformasjonen, ein møter dei heilt upp i dei øvste fjellbygder. Også til »degne« vanta det brukføre folk her i lande og så fekk Danmark skilja seg av med ein heil del vyrkje, dei ikje såg seg stor saknad i: studenter som ikje kunde bli noko for drykk eller andre læster, latinskulegutar som vanta midlar eller evne til å halde fram med studeringom. Mange av desse degnom var beint fram store raringar som gjekk til narr for bygdefolke, og som det har gått segner um til i seinaste tid, og dei fleste var utgjorde på drykk. Etter »ordinantsen« var dei tiltenkte brorparten av kristendomsupplæringa saman med presten, men det var visst ikje mange av dei som kom nokon veg med di, eller med å gjera det danske kyrkjemåle skjøneleg for ungdomen. Ofte levde »degnen« i bygda i den svarte armod så det hende han måtte gå og tigge. Men den stendige pugginga av katekisma, bordbøner og salmevers på kyrkjegolve år etter år, môna alltid lite etterhand til den norske ålmugen så nokorleis mannjamt lærde å lesa i bok umkring 1750 — tvo hundre år etter reformasjonen.

At den norske kyrkja lidde stor skade og vart attendeliggjande i framvokstren av desse uheppelege måltilhøvom, lyt vera klårt for alle, mykje av den veikskapen og magtløysa som viser seg i det gudelege live hjå det norske folke i dei 200 årom etter kyrkjeumbota, har nok sin djupaste grunn i dei meinslege måltilhøve.

Var denne ulykkelege målstoda til mein for kyrkja og det gudelege liv i folke, så var det ikje betre på sume andre umkverve, til dømes i rettslive, for her au vart det danskemåle som snart kom til å råde grunnen. Etter at dei gamle lovene vart umsette sist i det 16de og fyrst i det 17de hundreåre, trengde danske tenestemenn snøgt inn i rettsstelle, fautar, tingskrivarar og »sorenskrivarar«. Jamt lite lovkunnige og lite boklærde folk, mange hadde vore lakeiar hjå danske stormenn eller skrivarkarar som hadde lært seg til å bruke pennen på ei gjerd. Sume av dei kunde nok skrive både greie og vel ihopsette jordbrev, skjøytor, kontrakter og semjor av ymse slag — dei gjekk no mykje etter gamle mønster med slike dokument. Men når dei på tingom fekk å greie med vanskelege rettssaker og vitneprov, orka dei ikje å gjeva prova att som vitna meinte, dei greidde ikje måle åt vitnom og difor er så mange av dei gamle rettsavgjerder så uklåre og rotute, at det ofte kan vera eit stort stræv å skjøne meininga i dei ymse postar. Og dette er ikje så mykje å undre seg på, når ein tenkjer seg den stoda desse danske rettstenarane var i, ein lyt

snarast undrast på, at det ikje vart enno meire rot enn det er — for i meire innfløkte saker som sveiv um djupare høve i bondelive, stod dei danske embetsmennane hjelpelause, og vitner og lagrett likeså hjelpelause på si side. Tekniske ord og vendingar i folkemåle var uskjønelege for dei og i det heile stod retten og tingålmugen på kvar sin åndelege grunnvoll, som måle ikje orka å vera bodberar imillom frå nokon av partom. Dette måtte gjera folke utrygge på rettsstelle og øydde den hugen til å møte på ting og stemne og te å setja seg inn i lov og rett, som frå gamal tid hadde åtte djup rot i folke. At det imillom fall urette domar og avgjerder som hadde sin grunn i, at retten ikje hadde skjøna provføringa til botnar, fell av seg sjøl. Det er vel desse måltilhøve som er inste grunnen til den inngrodde misstrua ålmugen før i tidom hadde til fautar og skrivarar, like til langt ut i det førre hundreåre. Det er vel så, at fleire av desse embetsmennom kunde vera så ymse, au, men svært ofte var denne misstrua utan grunn.

Ein kann jamt i gamle rettsbøker finne merkje etter, at dansk og norsk mål låg og gnika og gnudde mot kvarandre, her ser ein i snerten på norske ord og vendingar bilomtil, alltid i vitneførslor og vitneprov. Dei skrivarar som sat i same embete i lang tid, ofte ein heil mannsalder, og stendig hadde vedskifte med bøndom både på tingom og til kvardags, måtte sjølsagt få meir og meir kjennskap til folkemåle, vissa til dei tekniske nemningar og det meire endeframme i daglegtala. Dei fekk såleis med tida god uppøving til å umsetja bygdemål på »god danske« i rettsbøkom. Men i saker med mange vitne og lange vitneprov så det kravdest, at bokføringa gjekk svinnt frå handa, kunde det slengje med bygdemålsord som står og snøyper seg redde, enda dei jamleg har ei lita dansk umvøling — det er kome »målstræv i protokollerne«.

I Nordre Gudbrandsdalen var Henrik Jakobssøn Smidt skrivar frå 1686 til 1718 og budde på garden Sunde i Vågå. Far'n, Jakob Knudssøn, budde på same staden og var skrivar i 28 år, både far og son hadde såleis havt lang tid til å lært bygdemåla å kjenne i dei ymse bygder og båe ser det ut til var etter tida dugande menn på domarsete. Jakob Knudssøn har halde blada i rettsbøkom sine tåleg frie for målstræv, men for sonen har det glotte ein gong imillom. Her kjem eit lite utplukk frå ei lang rettssak med ein mengde vitne frå 1697. Det var vitne både frå Lom og Vågå og i rettsboka finns det ord frå båe mål. Såleis er det fleire stader skrivi: — — — han sad »atterst« i kirken — — — i »førhøst« (førhaust) = »førfjor« — — — han slog ham under »ørede« (øyrade,

Lom.) — — — sagde at han skulde gå »ad« (åt) ham — — — så at han tog kalken og »lutte« (»ludede)« sig til ham — — — da greb mester Bendt tilbage til sin dreng med »onde« (illo) — — — at han i sin prædiken »hade« (hædde) en gamel kvinde — — — han så at mester Bendt »snude« på sig — — — og »tyktes« han var svag — — — om de haver provet ret eller »rangt« — — aldrig gået med bedre trøst fra skriftestolen »sin dag« — — var intet »god fore at få sig mad« — — og stolen var »for laug« (forlåg) — — og gik to eller tre »fød« (føt, fet = stig) — — skal »friste« (freiste) — — og hørte det »leed« (lêt) i presten — — om det »gjeldede« (galdt) på — — men det er »vest« (verst) at få den nordover — — han stod som »snøygeste« (snøggast) — — stod »atterst« i kirken på »overløbet« (overlaupe) — — hørte mester Bendt »delte« (deilte) på klokkeren — — stod bunden ved »hafelden« og »ledde« (leidde) den efter sig — —«.

Korleis måltilhøve skapte vandskar for embetsmenn langt ned i tida, har ein eit godt døme på med skrivaren Peter Pontoppidan, som var son til prokansler Erik Pontoppidan og vart skrivar i N. Gudbrandsdalen 1762, berre 24 år gamal. Den unge juristen hadde vel knapt høyrt eit ord med norsk folkemål, enda far hans medan han var bisp i Bergen gav ut ei lita samling med norske ord i 1749. Han var nok ein egte Kjøpenhamnar, veik og kløyen og da han i slutten av Mai 1762 tok inn hos fauten Kristen Pram på Rolstad i Fron, var han klein og elendig etter reisa. Han hadde nok fyreåt leigt eldste sonen til fauten, Johan Adolf Pram, til fullmegtig, men på reisa hadde han visst høyrt så mykje av dølemåle, at han hadde vorte redd. Frå Rolstad søkjer han amte um å få J. A. Pram konstituert istaden sin til somartinga var haldne. I August søkjer han pånytt um å få denne konstitusjon utdrygd til hausttinga var over, »da den besværlighed han haver med at forstå bøndernes rare dialekt og for ham ganske fremmede talemåder gjør, at han endnu på de forestående høsteting ikke tør driste sig til selv at betjene retten, anseet det vilde falde ham umuligt at eksploisere og udtolke vidnernes forklaringer med så aptê og bekvemme ord, som nødvendig gjøres« — såleis bokfører amtmann oberst Petersen søknaden i dagboka.

Det fyrste embetsåre sitt hadde skrivaren Johan Adolf Pram til hjelp med »bøndernes rare ord og talemåder« og Pram var no innfødd døl og kjende måle frå båndomen. Men da Johan Pram vart faut etter far'n i 1763, måtte vel Pontoppidan sjøl våge seg i kast både med forhøyr og kva som fall seg. Og det kan sjå ut til at »bøndernes for ham ganske

uforståelige talemåder« framleies var vonde å tyde etter han hadde vore i embette i 2 års tid. Ved eit ting på Vågå i 1764 er det fore ei æressak, som det er vanskeleg å finne greitråden i; ein Sellver hadde dikta ei nid-vise um ei vevargjente og som ho kalla han for retten for og mange vitne var høyrde. Visa er prøvd attgjeve men både vitnemåla og visa er så ugreie og hjelpeslaust bokførde, at det er eit stort hugubrot å få noko ut av det — — skrivaren stod enno i beit med at »eksploisere og udtolke vidnernes forklaringer«.

Peter Pontoppidan var kanskje lite skikka for embette sitt, det tyder på det noko, som presten Johan Storm skreiv i eit brev til ein ven i Oslo i Juli 1762: »— — — — Sr. Peter Pontoppidan logerer hos fogden Pram hvis ældste søn er hans konstituerede fuldmægtig, (thi selv hverken kan han eller nogen tid lærer selv at gjøre sit embede) — — —«. Den livfulle presten dømer kanskje noko snøgt her, for ein fær ikje just den tanken um skrivaren, at han var eit stort tufs — han var ein kløkk, veikhelsa, heilt ut byalen mann frå kongens Kjøpenhamn som kanskje attåt gjekk og vantrivdest millom fjellom og dei nye, uvande livshøve. Han dø alt i 1766 berre 28 år gammel etter å ha vore skrivar i 4 år.

Men fleire skrivarar, både føre og etter Pontoppidan, har nok kjent seg likeså hjelpeslause og upprådde med å skjøne norsk folkemål, når dei frå Danmark kom uppi våre fjelldalar, heilt framande for måle og folke. Det er ikje noko underleg at det vart vandskar og misstydingar på båe leider.

Ivar Kleiven.

HJADNINGEKAMPEN OG HALLFREDS ARVEDRAAPA OVER OLAV TRYGGVASON

Det er ikke min mening i denne korte artikel at gaa dybere ind paa de mange spørgsmaal, som knytter sig til sagnet om Hild og Hjadningekampen. Bare en enkelthed i sagnets historie skal her behandles i større bredde, idet jeg bygger paa en iagttagelse, som jeg for aar tilbage har gjort under læsningen af Hallfreds arvedraapa over Olav Tryggvason. Denne iagttagelse tager jeg passende frem her, hvor jeg skal yde mit bidrag til hyldningsskriftet til Marius Hægstad. Den rører ved det af Hægstads arbeider — paabegyndt i studenterdagene og fuldført i den modne manddoms aar —, hvor vor gamle ven og lærer rigest har faaet udfolde sine evner paa én gang som sprogmand og som filolog.

Hallfreds arvedraapa over Olav Tryggvason, til hvem skalden, kongens gudsøn, følte sig knyttet ved hellige baand, er baaren af en varm og inderlig stemning, af personlig følt og paa en personlig maade tolket sorg over kongens død. Men den temperamentsfulde skald er ogsaa et barn af sin tid, vikingetidens sidste, vældige opblussen. I en magtfuld lovprisning giver han sig hen, af den bortgangne høvding, den ypperlige kriger. Et sandt lovkvæde bliver denne mindedraapa ikke mindst derved, at ikke kongens hele virksomhed og hans mange forskjellige kampe danner emnet: mod ét stevnes der frem gjennem den lange række af klangfulde strofer, at forme billedet af *flugstyggr sonr Tryggva*, tappert fulgt af sine mænd, i den sidste kamp.

Et saadant digt kan ikke undvære skaldesprogets pompøse omskrivninger for vaaben, kamp og krigere. Men det er stadig striden, striden ret og slet eller denne særskilte strid med de for den karakteristiske situationer, som tilhørernes opmerksomhed rettes imod. Skalden gjør omtrent ikke brug af *kenningar*, som kan vække klare biforestillinger fra mythens eller

heltesagnets verden. Ganske let streifer han et sted (str. 15), i en indskudssætning, »Surts (her appellativisk = jotnens) ætlings drik« (= digtet); han rører ved forestillingen om dvergene, som bærer himmelhvælvingen, dér hvor han, to gange i samme ordelag (str. 26.28), taler om sin kongelige gudfader som den ypperste *und niðbyrði Norðra | norðr* »nordlig under Nordres æts byrde«, med henspillen paa Norges gamle navn, uden sterkere mythologiske associationer; og paa to steder (str. 9. 20) bruger han de nærmest appellativisk anvendte sjøkongenavne *Leifi* og *Heiti*, det første i en 4-ledet, det sidste i en 7-ledet kenning for »kriger«. Og saa bruger han tre gange en kenning, hvori sagnkongen *Heðinn* forekommer (i en af disse tillige den appellativisk brugte gudebetegnelse *Týr*, den eneste i digtet).

De 3 kenningar, som indeholder navnet Hedin, er:

við bráðan | bekkdóm Heðins rekka »i Hedins mænds hidsige 'bænkedom'«, ɔ: i den hidsige kamp (str. 11.3.4);

verkendr[1] *Heðins serkjar* »Hedins (brynje)serks 'virkere'«, d. e. krigerne [paa Ormen Lange] (str. 13.4);

Týr . . | . . . | . . Heðins meyjar »Hedins møs (d. e. Hilds, kampens) Ty (eller gud)«, ɔ: krigeren [kong Olav] (str. 17.2.4).

Disse 3 skaldeomskrivninger forekommer forholdsvis tæt sammen, i samme parti af digtet. Det paafaldende i, at Hedin er det eneste personnavn fra heltesagnet som optræder i Olavsdraapaen — og optræder hele tre gange —, øges derved, at *Heðins* alle tre gange findes paa nøiagtig samme sted i strofen, nemlig midt inde i 4de linje, skjønt det efter dette digts metriske krav havde været tilstedeligt at anbringe ordet (i verstypen A2k) lige saa godt i l. 2 eller i l. 6 eller i l. 8.

Den Hedin, som her forekommer, er den ene af Hjadningesagnets to mandlige hovedpersoner. Hedin Hjarrandason bortfører Hild, Hognes datter, men Hogne seiler efter dem og indhenter dem ved en ø. Hild søger tilsyneladende at mægle, men i virkeligheden egger hun til kamp mellem de to konger. De kjæmper dagen lang, og om aftenen begiver de sig ombord paa skibene. Men Hild gaar om natten mellem de faldne og vækker dem ved trolddom tillive, og næste morgen fortsætter kampen. »Svá er sagt í kvæðum, at Hjaðningar skulu svá bíða ragnarøkrs«. Med disse ord ender Snorre sin beretning, som jeg her har meddelt i store

---

[1]) Opfatningen af dette ord er tvilsom.

træk uden endnu at ville komme ind paa sagnets lokalisering i 13de aarh.

Hjadningesagnet er gammelt i Norden. Det kjendes allerede — brudstykkevis — fra det skaldekvad, som den norrøne overlevering betegner som det ældste (fra midten af 9de aarh.), Brage gamles Ragnarsdrápa. Allerede her er Hild »den af ondt fyldte«, »troldkvinden« (*fordæða*), hun som »ønsker at udtørre [mændenes] aarer«, og der tales med rene ord om hendes egging til strid: *svá lét ey, þótt etti, sem orrostu letti.* Kampen finder sted *í holmi.*

Senere, i 10de aarh., hentydes der til Hjadningesagnet i det ældste digt om Helge Hundingsbane, hvor Helge (HH. II 29) om sin elskede, Sigrun Hognes datter, hvis fader er falden i kamp med Helge, siger, at hun »har været en Hild« for dem; disse ords dybere mening fremgaar af Sigruns svar: »tilbage til liv manede jeg de døde, om jeg dog fik gjemme mig i din favn«.[1]

Endelig skal nævnes, at vi i skaldedigtningen ikke sjelden støder paa omskrivninger hentede fra dette sagn. Intet digt har paa langt nær saa mange af dem som Einar Skaalaglamm's Vellekla (digtet til Haakon Ladejarl): *Høgni* forekommer 1 gang (str. 35) og *Heðinn* 5 gange (str. 7.6. 22.8. 23.6. 30.4. 37.6, paa det næstsidste sted fulgt af *haldboði hildar*). Men her findes ogsaa kenningar hentede fra flere andre heltesagn (*Fróði* 2 gange, *Ali, Hagbarði, Sørli,* [*Bjarki* med sverdet] *Laufi*), samt etpar omskrivninger med sjøkongenavne (*Meiti, Sørvi*), og dertil kommer et mylder, fordelt paa omkring 30 steder, af gudenavne og navne paa mythologiens lavere væsener og paa hellige gjenstande, saaledes som sig hør og bør i dette ramm-hedenske digt til »gudeætlingens« pris. Hedins navn findes spredt paa forskjellige partier af digtet, og ingensteds øiner man en dybere mening, en tilsigtet parallelisme mellem Haakon jarl og Hedin. Navnet *Heðinn* synes her at have indfundet sig, hvor rytmen krævede den metriske type A 2 k, ganske som de lidetsigende Odinsnavne *Viðurr* og *Hø'arr* er blevet brugt 2 gange hver, fordi de paa lignende maade kunde passe ind i bestemte versefødder. At Hedins navn samtidig kom til at lægge i digtet en undertone fra sagnets vældige kamp, var jo ogsaa en betydelig vinding for skalden.

Arvedraapaen over Olav Tryggvason forudsætter kjendskab til Vell-

---

[1] Jfr. ogsaa, at Helge Hjorvardsson har en broder Hedin.

ekla[1], og det kan vel hænde, at Hallfred rent ubevidst har ladet sig paavirke af reminiscenser fra dette digt, der hvor han lader Hedins navn træde saa sterkt frem. Men dette kan ikke forringe vort indtryk af, at skalden netop i mindekvædet om Olavs sidste kamp af en eller anden bestemt grund ganske særskilt synes at have interesseret sig for Hedin. Bevidst synes han at have laant dette ene navn fra heltedigtningen. Vi har jo lagt merke til, hvor forholdsvis tæt de 3 Hedin-omskrivninger forekommer sammen, og det har maattet paakalde vor opmerksomhed i ganske særlig grad, at *Heðins* alle 3 gange findes paa nøiagtig samme sted i strofen. Derved maa dette navn gradvis have prentet sig ind i tilhørernes bevidsthed, og hertil har sikkert ganske sterkt bidraget, at der i de 3 Hedin-omskrivninger er en stigning fra kamp (str. 11), til kongens mænd paa Ormen Lange (str. 13), og endelig op til kongen selv i str. 17. Maa ikke alt dette sees som mere eller mindre bevidste udslag af kunstnerisk beregning hos digteren?

Paa dette spørgsmaal maa der efter min mening svares et ubetinget ja. Der er nemlig ét forhold at fremhæve, og det er, saavidt jeg kan se, af afgjørende betydning.

I den halvstrofe, hvor *Heðins* tredje gang danner midtfoden i en 4de-linje, nævnes stedet, hvor Olav Tryggvason, »Hedins møs Ty«, kjæmpede:

Harðgǫrvan lét hjǫrvi
holms verða Týr sverða
vind á víðu sundi
vigrþey[2] Heðins meyjar.

(*Heðins meyjar Týr lét sverða vind, vigrþey, verða harðgǫrvan hjǫrvi á holms víðu sundi*, d. e. Krigeren lod sverdenes vind [= kampen], spyd-tøveiret [= kampen], blive gjort haard ved sverdet i holmens vide sund.)

Her har nok en og anden af tilhørerne i tankerne maattet streife

[1] Jfr. Marius Kristensen, Arkiv f. nord. filol. XXIII s. 235 ff.

[2] Saa læser jeg istedenfor det overleverede *vígþey* (»*vígþeyr*, m., 'kamp-tø,' kamp« Finnur Jónsson, Lex. poet., kun paa dette sted i den gamle digtning). Jfr. de andre kamp-omskrivninger med *þeyr*, som er sammenstillede af Meissner, Die Kenningar s. 182: *geir-, flein-, egg-, hjǫrþeyr; hjǫrva, randa, hlífar, Heðins, Gǫndlar þ., veggs geir-þeyr. (Heðins þeyr* forekommer i et drømmevers fra 13de aarh.) Til sammenligning kan videre anføres *vigrar veðr* (Harmsól 11) og *él vigra* (Ólafs drápa Tryggvasonar, fra 12te aarh., str. 21).

øen (*í holmi*, Brage), hvor Hedin kjæmpede den ved Hilds galdre opflammede kamp. En ø som kampsted har overalt fulgt sagnet om Hjaðningavíg, om end dettes skueplads har skiftet gjennem tiderne.

Snorre lader Hjaðningavíg udkjæmpes paa *Háey*, Hoy, den høi mørke fjeldø, der mod sydvest danner som et gjerde mod Atlanterhavet for de øvrige Orknøer med de lavere, bølgende høideformationer. Her finder man den naturens vildhed, som man venter sig paa skuepladsen for den grufulde, evige kamp, som Snorre har skildret. Hedin var seilet nordover, forfulgt av Hogne. Men »da kong Hogne var kommet til Norge, spurgte han, at Hedin var seilet vest over havet. Da seilte Hogne efter ham lige til Orknøerne, og da han kom til et sted ved navn Háey, laa Hedin der med sin hær.«

Men en anden — en ældre — stedfæstelse er bevidnet gjennem den danske tradition, som vi kjender fra Saxo (og som vi brudstykkevis skimter i den norrøne Helgedigtning)[1]: Den norske konge Hithinus og Hilda, datter af kong Høginus i Jylland, elsker hinanden, før de endnu har seet hinanden.[2] Høginus og Hithinus, hvis fæstemø Hilda er bleven, drager sammen i viking. Hithinus beskyldes for at have forført Hilda før bryllupet, og det kommer til strid mellem ham og Høginus, skjønt Frode, hvis fred er bleven brudt[3], søger at mægle. Frode tilsteder en tvekamp, og Hithinus bliver beseiret, men faar beholde livet. Syv aar senere kommer det til ny kamp mellem Hithinus og Høginus ved *Hithinsø*[4] (vest for Rügen), og de to konger bliver hinandens bane. I Saxos av norrøne og danske kilder sammenarbeidede fortælling hentydes til, at Hilda er bleven bortført af Hithinus.

Denne danske stedfæstelse maa være gammel. Det følger allerede af de nedslag, som vi har fundet av Hjadningesagnet i Helgedigtningen. Men fremfor alt godtgjøres det ved de antydninger af et Hedin-Hogne-sagn, som for folkevandringstiden er bevidnet i det angelsaksiske digt Widsið (v. 21):

Hagena (weold) Holmrygum ond Heoden Glommum,

»Hogne (herskede over) Holmryger, og Hedin over Glommer«.

---

[1] Jfr. ovenfor s. 25.

[2] Som Sigrun, Hognes datter, — hun, om hvem det siges: »*Hildr* hefir þú oss verit« (se s. 25) — elsker Helge, før hun endnu har seet ham (HH. II 15).

[3] Jfr. *sleit Fróða frið | fianda á milli, | fara Viðris grey | valgjǫrn um ey* (HH. I 13).

[4] Jfr. *um ey* i foregaaende anm., samt det fra Hjadningesagnet optagne, løsrevent staaende *Heðinsey* HH. I 22.

Her møder vi i samme verslinje Hogne og Hedin, og skuepladsen er »Holm-Rygernes« (Rugiernes) landomraade syd for Østersjøen. Denne skueplads er det, som vi ogsaa møder i det danske Hjadningesagn og dér helt bestemt stedfæstet: *Hithinsø* (Helgedigtets *Heðinsey*) er Hiddensee, den lille ø ved Rügens vestkyst.[1]

Spørger vi nu om, hvilken stedfæstelse af Hjadningekampen det er, som har foresvævet Hallfred, da han kvad om »holmens vide sund«, hvor »Hedins møs Ty« kjæmpede, saa maa det, efter hvad der er udviklet om den fra Danmark kjendte overlevering og dennes paavirkning paa Helgedigtningen fra 10de og 11te aarh., synes rimeligt at tænke paa denne den ældste stedfæstelse til Hiddensee ved Rügen. At dette er rigtigt, vil vi ogsaa kunne naa frem til fuld visshed om.

Vi tager nu det afgjørende skridt i denne undersøgelse og vover en paastand om, hvad det er, som har bevæget digteren til her — denne ene gang i hele digtet — at lade en scene fra heltesagnet stige levende frem. Kong Olav udkjæmper sit livs mest storladne kamp, vældig i sit forløb og grufuld i sin afslutning, ved en ø, og denne ø, Svolder, ligger nær Hjadningekampens skueplads Hiddensee (*Heðinsey, Hithinsø*) ved Rügen. Ved Svolder er digteren i tankerne — selv var han ikke med i slaget — paa sagnhistorisk grund. Ialfald paa ham har dette gjort et mægtigt indtryk. Men det er ikke utænkeligt, at allerede enkelte af de personlig deltagende her har følt Hjadningernes usynlige nærvær, kanske selve kongen, som i de *þróttar orð* — som »lever« —, hvori han eggede sine mænd til tapper modstand (str. 2), kan have mindet om, at de som kristne kjæmpede mod den hedenske styggedom, som hvilte over egnen og ligesom var gjenopstaaet i deres »blotbolleslikkende« svenske modstandere.

Ved denne tolkning har vi faaet uddybet vor forstaaelse af flere enkeltheder i Hallfreds arvedraapa. Vel forberedt af digteren, klinger i strofen om »Hilds møs Ty«, som kjæmper i »holmens vide sund«, hørbart for alle en undertone fra et af heltedigtningens mest særprægede kampoptrin. Hvor kampen nævnes paa en saadan baggrund, trænger digteren to sidestillede, ensartede kenningar, *harðgǫrvan sverða vind* og **vigrþey*, og den første af disse synes egnet til at vække biforestillinger om *gerninga-veðr*, uveir — »tøveir« med »storm« —, som er 'gjort' ved trolddom, om

[1] Med folkenavnet Rugier har ønavnet Rügen sproglig intet at gjøre; se Zeuss, Die Deutschen s. 664.

hart veðr, som er voldt ved »*harðsnúin fræði, þat váru galdrar*«[1]. I forestillingskomplekset mangler da heller ikke en dunkel mindelse om »den af ondt fyldte« *fordæða* (troldkvinde) Hild[2], og Olavs død faar saaledes den samme dystre baggrund som Haakon den godes død ved »fleinen« udskudt af Gunnhilds skosvein[3], og som Hellig-Olavs død i kampmødet med den af »trolddomskyndige finners ramm-kraftige galdre« beskyttede Tore Hund[4].

At det er Hedin's navn, som saaledes løfter Svolderslaget op i plan med heltesagnets store, udødelige kampe, er en lykkelig indgivelse hos digteren. Ligesom Hedin kjæmper med Hogne, fader til den brud han har ranet, saaledes kjæmper Olav Tryggvason med Danekongen Svein Gormsson, dronning Tyres broder og overhovedet for hendes slegt, hvem han har krænket ved at tage Tyre til egte[5].

Det vil imidlertid være tryggest ikke at lægge afgjørende vegt paa denne lighed i den ydre situation mellem kong Olav og Hedin. Saa meget sterkere vil jeg derimod paany betone, at skalden, naar han nævner Hedin i samme aandedræt som »holmen«, Svolder nær Heðinsey, har villet — og har ikke kunnet undlade at — rette tilhørernes tanker mod Hjadningekampen paa Hedins ø.

Hvilken af øerne i farvandet ved Rügen det er, som i gammel tid bar navnet Svolder (*Svǫlðr* eller *Svǫlð* f.; *Swaldensis portus* Saxo), er ikke

---

[1] De sidste ord, i anførselstegn, er hentet fra Laxdœla saga, Kålunds udg. (Halle 1896) s. 104, kap. 35,38.

[2] Ragnarsdraapas omtale af Hild; se s. 25.

[3] Jfr. mine antydninger i Arkiv f. nord. filol. XL s. 166 f. anm. 3.

[4] Jfr. ogsaa bueskytten ombord hos Eirik jarl, »er sumir nefna Finn, en sumir segja, at hann væri finnskr«, som bragte Einar Tambarskjelves bue til at briste: »Nóregr ór hendi þér konungr!« (Heimskr. I 448).

[5] Jeg vover ikke her tillige at tage hensyn til den af Hjadningesagnet paavirkede Helgedigtning og lægge vegt paa overensstemmelsen mellem Sigrun, Helges elskede, og Tyre, Olav Tryggvasons dronning: Sigrun var mod sin vilje bleven fæstet til Hödbrodd Granmarsson, men Helge elskede hun, før hun havde seet ham, og blev hans seiermø og brud. Tyre var af broderen Svein mod sin vilje bleven fæstet til den vendiske konge Burislav, og nødig for hun til hans rige og holdt bryllup med ham; syv dage efter bryllupet flygtede hun i forklædning til Norge, hvor hun opsøgte kong Olav og blev hans dronning.

Paa det nævnte grundlag vilde det ikke være uden store betænkeligheder at gaa

bragt helt paa det rene[1]. N. M. Petersen (Annaler f. nord. Oldkynd. 1836—37 s. 222) antager, at derved menes enten »Svant-Wusterhausen eller en anden undergaaet større Ø henimod Greifswalde til«, altsaa paa sydøstsiden af Rügen. Men A. D. Jørgensen (Aarbøger f. nord. Oldkynd. 1869 s. 299 ff.) fremholder, at denne opfatning savner enhver direkte støtte, og han hævder, at de eneste sikre holdepunkter er de, som kan læses ud af beretningerne om danske tog til de vendiske farvande hos Saxo og i Knýtlinga saga. Han kommer til det resultat, at alle kildesteder, hvor Svolder udtrykkelig er omtalt, »synes at pege på et af indløbene til »die Grabow«, indhavet mellem Zingst og fastlandet, vistnok nærmest det østligste, ligeoverfor Hedinsø og Ryø [ɔ: Rügen], det, der nu kaldes »die neue Au«.« Han tilføier imidlertid, hvad der dog ikke synes at være af afgjørende betydning: »Iøvrigt skal det ikke fordølges, at dette sund udtrykkelig omtales engang under Vendertogene, uden at det kaldes for Svolder hverken af Saxe eller af Knytlingesaga.« Til A. D. Jørgensens stedfæstelse, som turde være den rimeligste — »ligeoverfor Hedinsø [Hiddensee] og Ryø [Rügen]« —, og hvormed ogsaa Johannes Steenstrups opfatning stemmer (»vistnok paa den vestlige Side af Rügen«, Danmarks Riges Historie I s. 373), passer min foregaaende udredning fortrinlig. Men selv om Svolder var at søge, ikke (syd)vest for Rügen straks i nærheden af Hiddensee, men sydøst for Rügen udenfor Greifswald, kommer dog Olav Tryggvasons *holmr* og Hedins ø til at ligge saa nær hinanden, i det samme gamle »holmrygske« farvand, at skaldens ord i strofe 17 ikke i noget tilfælde kan have undladt at vække tillive hos tilhørerne tanken om Hjadningernes kamp.

Dermed forlader jeg nu Hallfreds arvedraapa og tilføier bare nogle korte bemerkninger til Hjadningesagnets og Hjadningedigtningens historie.

Af kilderne til Hjadningesagnets historie har vi i det foregaaende berørt:

---

endnu videre og minde om, at det var Tyre, som drev kongen i døden; mod sine venners raad lod han sig af hende egge til Vendlandsfærden (»Hildr hefir þú oss verit«).

Dronning Tyre og sagaens vistnok delvis sagnhistorisk farvede overlevering om hende bør vel helst blive helt udenfor denne undersøgelse.

[1] Jfr. Finnur Jónsson, Hvor faldt Olaf Tryggvason? ([Dansk] Hist. Tidsskr. 8. R. III s. 184 ff.).

I. Wídsíð (folkevandringstid; Hagena og Heoden nævnes, den første som »Holm-Rygernes« konge; skueplads: Østersjøens sydkyst).

II. Dansk sagn hos Saxo (strid mellem Hogne og Hedin, foranlediget ved Hild, ved *Hithinsø* ved Rügen).

III. Brages Ragnarsdrápa (Hild kaldes *fordæða* og egger til striden; ikke bestemt stedsangivelse: *í holmi*).

IV. Helgedigtene (Sigrun sammenlignes med Hild, som volder strid og kan opvække de faldne [HH. II]; jfr. *Heðinsey* HH. I og Hedin i HHj.).

Som ikke tidligere omtalt kilde bliver at anføre:

V. Orknøjarlen Ragnvalds og islændingen Hall Torarinssons Hátta-lykill (ca. 1145), hvor (str. 23 a. b) Hedin, Hogne og Hild, samt Hjaðningar og Hjarrande, nævnes i almindelige udtryk. Stedfæstelse mangler, men sandsynlig *Háey* paa Orknøerne. — Udførligere er allerede omtalt:

VI. Snorre (*Háey;* kampens evighed fremhæves).

Endelig bliver som de to yngste kilder at tilføie:

VII. Sǫrla þáttr (islandsk fortælling fra 14de aarh.), i det væsentlige overensstemmende med Snorre (*Háey*), dog med en rammefortælling og tilføielse af det træk, at en af Olav Tryggvasons mænd i kampens 144de aar gjorde en ende paa Hjaðningavíg og den dermed forbundne natlige trolddom.[1]

VIII. Som en fri bearbeidelse af det norrøne sagnstof viser sig det shetlandske »Hildinakvad« efter Hægstads ypperlige behandling af den sene og i overleveringen sterkt forvanskede *norn*ske tekst (Orknøjarlen bortfører Hildina, men forfølges af hendes fader og indhentes ved Orknøerne; der kjæmpes, og jarlen falder).

Til disse kilder bliver nu at føie Hallfreds arvedraapa[2], som har lært os, at i den kreds af norrøne, hovedsagelig norske, mænd, hvor dette kvæde er blevet til, vidste man, at Hjadningekampen var stedfæstet til »Hedins ø« ved Rügen. Hallfred stemmer her overens med II og IV. Først (150 eller) 200 aar efter Svolderslaget møder vi i (V og) VI Hoy,

---

[1] Som bekjendt, skyldes indførelsen af kristendommen paa Orknøerne Olav Tryggvason. Der er altsaa ingen sammenhæng mellem denne episode i Sǫrla þáttr og hentydningerne til Hjadningekampen i arvedraapaen over denne konge.

[2] Forøvrigt medtages her ikke særskilt de kenningar i andre skaldedigte, som henviser til Hjadningesagnet.

en af Orknøerne, som kampens skueplads. Ifølge B. Symons[1] er Hjadningekampen alt i vikingetiden blevet henlagt fra Østersjøen til Orknøerne, og han mener, at det er keltisk indflydelse, som har gjort sig gjældende i dobbeltmotivet: den idelige gjenopvækkelse af de døde og kampens evighed. I den sidste antagelse turde han have ret, men ikke i sin tidfæstelse af den forandrede skueplads. Hallfreds digt synes at afgive et bestemt vidnesbyrd om, at skaldens samtid, ialfald den kreds, som omgav kong Olav Tryggvason, endnu tænkte sig Hedins kamp paa »Hedins ø« ved Rügen.

Et heltesagn, hvis enkelte optrin er saa fast udformede som Hjadningesagnets, maa gjennem aarhundreder have været overleveret gjennem digtningen. Vi tør paa Hallfreds tid antage et Eddadigt, som har havt Hedins og Hognes kamp til emne, og dette digt — der er ingen grund til at formode mere end ét —, hvorom vi endnu bliver mindet i Snorres replikveksel mellem Hedin og Hogne, har været overført til Danmark og Norge fra egnene syd for Østersjøen og har fra først af været paa ikke-nordisk, »holm-rygsk« (østgermansk), sprog. Dets historie bliver saaledes parallel med den historie, som man ved hjælp af det nedertyske digt om Ermanaríks død har kunnet trække op for Hamðismál. Og ligesom Brage i Ragnarsdraapa har øst af Hamðismál, saaledes har han dér ogsaa bygget paa et »Hjadningedigt« i Eddaversemaal til udmaling af, hvad han saa fremstillet paa det skjold, hvorom han kvad,—sikkert det samme eller væsentlig det samme som det »Hjadningedigt«, hvorav ogsaa den bildende kunstner, som har udsmykket skjoldet, har ladet sig inspirere.

Overførelsen af det oprindelig »holm-rygske« Hjadningedigt til Norge er efter al sandsynlighed yngre end de forbindelser mellem Rygerne i Vest-Norge og Rugierne (Rugii, Ulmerugi) ved Østersjøen[2], hvorom dette folkenavns udbredelse er et minde. Jordanes's *Ulmerugi* (= angelsaks. *Holmryge*) gjenfindes i Norge i formen *Holmrygir*, paa ét sted i den

---

[1] Symons's grundige, kritiske udredning om Hild-sagnet i hans 2den udgave af Kudrun, Halle 1914, giver den nyeste og bedste orientering i alle spørgsmaal vedrørende Hjaðningavíg. Jeg staar i stor taknemmelighedsgjæld til Symons for den hjælp, han derigjennem har ydet mig ved dette arbeide. Jfr. ogsaa R. Much, Zeitschrift für deutches altertum LVII s. 145 ff.

[2] Ifølge Ludwig Schmidt, Allgemeine Geschichte der germanischen Völker bis zur Mitte des sechsten Jahrhunderts (1909) s. 134 f. »müssen die Rugier in der ersten Hälfte des 4. Jahrhunderts ihre Heimat [im heutigen Hinterpommern] verlassen haben.«

norrøne digtning, i Torbjørn Hornkloves Haraldskvæde (str. 14)[1]. Der er dér tale om kvinder af forskjellige norske stammer, som Harald Haarfagre vragede (*hafnaði*, ikke: »forskjød«). Den almindelige mening synes at være den, at *Holmrygir* er et gjennem digtningen bevaret minde om Rygernes »Herkunft aus Ostdeutschland.«[2] At navnet helt og holdent tilhører digtningen, turde være utvilsomt. Det fremgaar allerede deraf, at *Holm-* her er brugt paa en maade som aldrig ellers i norsk navnegivning. *Holm-* om større, beboede øer (= *ey*) henviser til overførelse fra sydligere egne, hvor ordet kan bruges paa denne maade (jfr. *Borgundarholmr*, Bornholm)[3]. Men at *Holmrygir* skulde være kommet i brug i norsk digtning saa tidlig som henved et halvt aartusind før Torbjørn Hornklove, har jeg vanskeligt for at tro. Jeg vil heller tænke mig forholdet saaledes: Naar vi nu med sandsynlighed kan konstatere et digt, »Hjadningedigtet«, som er kommet fra »Holm-Rygerne«, da er det en rimelig formodning, at det er i og med dette digt, at *Holmrygir* er overført til norsk sprogomraade (hvor det passende, sekundært, kunde bruges om Rygerne i Ryfylke)[4]. Hjadningedigtet besang Hjadningerne, Hedin og hans mænd, og Hogne, Hjarrandes søn, og Hild. Her kan *Holmrygir* have hørt hjemme i fast allitterende forbindelse med et eller flere af disse navne.

Magnus Olsen.

---

[1] Desuden i Øivind Skaldaspilles Hákonarmál str. 3, som her er direkte paavirket af Haraldskv.

[2] Saaledes R. Much, Deutsche Stammeskunde, 3. Aufl. (1920) s. 120.

[3] Merk ogsaa *Garðarsholmr* om Island, efter »Garðarr Svavarsson, s œ n s k r at ætt«, som »átti jarðir í Sjólandi« (Landn.). Islands 4 »opdagere« er i traditionen knyttet hver til sin fjórðungr: Naddodd kom til Østfjordene, Gardar overvintrede paa Nordlandet, Floke paa Vestlandet, og endelig bosatte Ingolv sig i Reykjavík paa Sydlandet. Heri tør vi se merke efter en viss tillempning af et sagnhistorisk stof. Skal man ved *Garðarsholmr* stole paa prosaberetningen om Gardars svenske afstamning (og danske bosted) alene, eller bør man ogsaa regne med en overlevering, hvori dette stedsnavn har forekommet i et vers?

[4] Det er misvisende, naar R. Much (Hoops's Reallexikon der germanischen Altertumskunde IV s. 4) udtaler: »Für dieses *Holmrygir* ergibt sich aus der Beschaffenheit des nordischen *Rogaland*, dem nur etliche kleinere Inseln — und nicht mehr als der übrigen norw. Küste — vorgelagert sind, keine Erklärung«. Han tager intet hensyn til den udprægede modsætning mellem det nuværende Ryfylke, den nordlige, for en stor del af betydelige øer bestaaende del af *Rogaland*, og hele den lange, for større øsamlinger fuldstændig blottede kyststrækning østover helt til Viken.

HIMMELSFÆRENE I VÅR GAMLE LITTERATUR

En ramse (þula) i Snorre-eddaen opregner ni himler* i opstigende rekkefølge (jfr. F. Jónssons Skjaldedigtning I, 671):

Níú eru himnar á hæð talðir.
Veitk enn nezta, sá es Vindbláinn,
sá es Heiðornir ok Hreggmímir;
annarr heitir Andlangr himinn
— þat máttu skilja —, þríði Víðbláinn;
Víðfeðmi kveðk vesa enn fjórða;
Hrjóðr ok Hlýrni hygg enn sétta,
Gimir, Vetmímir;
getk nú vesa átta himna upp of talða;
Skatyrnir stendr skýjum efri,
hann es útan alla heima.

Jeg skal i det følgende søke å klargjøre hvorledes denne ramse er blitt til.

De middelalderlige kirkelærere antok oftest (i overensstemmelse med det bekjente sted om Paulus' henrykkelse) tre himler. I det enkelte er der dog store avvikelser. Man finner bl. a. en distinksjon mellem sky-himmel, stjernehimmel og ildhimmel (empyreum); eller mellem cælum sidereum, c. crystallinum og c. empyreum; eller mellem den synlige himmel (firmamentet), den åndelige himmel og den intellektuelle himmel. Den første inndeling gjenfinnes i Postula sögur s. 268, hvor der tales om Paulus' henrykkelse (jfr. s. 893): Første dag — heter det — skapte Gud himinríki, ok er þat kallat empyrium celum, en þat þýðiz *eldligr himinn*,

*) En annen þula (Skjaldedigtn. I, 674) gir 14 navne i vilkårlig rekkefølge; de nye navne er *heimr*, *himinn* og *leiptrhjóðr*, hvorav det siste stammer fra opregningen av solens heite (*leiptr*, *hrjóðr*).

eigi fyri hitaa sakir, heldr fyr birti sakir. Denne øverste himmel kalles den tredje himmel fordi først regnes *loptið* (s. 893 kalt *loptligr himinn*) for en himmel, og så følger *festingarhiminn*, er vér sjám himintungl á fǫst vera; denne var skapt den annen dag og har form av et kuleformet eggeskall.

Den siste av de ovennevnte inndelinger antas av Honorius av Autun (begynnelsen av 12te århundre) i hans Elucidarius, et skrift som vant en overordentlig utbredelse: Tres coela dicuntur, unum *corporale*, quod a nobis videtur; aliud *spirituale*, eo quod spirituales substantiae, scilicet angeli, in eo habitare creduntur; tertium *intellectuale*, in quo Trinitas sancta a beatis facie ad faciem contemplatur. I den norsk-islandske Elucidarius, s. 55, er dette sted gjengitt således: Þrír eru himnar, einn *líkamlegr*, sá er vér megum sjá; annarr *andlegr*, þar es andlegar skepnor byggva, þat eru englar; en þriði er *skilningar himinn*, þar es heilǫg þrenning byggvir, ok helger englar mego þar sjá. I hjemliggjort skikkelse, tillempet efter den gamle mytologi, gjenfinnes læren i Snorres Edda I, 80: Svá er sagt at annarr himinn sé suðr ok upp frá *þessum himni* (d. e. den synlige himmel), ok heitir sá himinn *Andlangr*, en hinn þriði himinn sé upp frá þeim, ok heitir sá *Víðbláinn*,*) ok á þeim himni hyggjum vèr þenna stað (nl. Gimle) vera, en ljósalfar einir hyggjum vér nú at byggvi þá staði (d. e. Andlang og Vidblåen).

Til disse himle svarer i vår þula de tre første sfærer, allene med den forskjell at her den første igjen er tredelt. I overensstemmelse med det anførte prosasted av Snorres Edda kalles annen og tredje himmel for *Andlangr* og *Víðbláinn*, mens Elucidarius har *Andlegr himinn* (spirituale coelum) og *Skilningarhiminn* (intellectuale coelum, av *skilning* »forstand«). Utvilsomt er *Andlegr himinn*, som også brukes i Erik vidförles saga, det oprindelige navn. Forvanskningen skyldes den mangelfulle islandske skolelærdom, som også ellers oftere her gjort sig skyldig i misforståelser av fremmed ordstoff. At Andlang på Island var gjengs form, fremgår av den kristelige skaldediktning hvor ordet brukes i betydningen »himmel«, således Gd. 29 (i hs. andlaugs herra) og Pét. 39 (i hs. andlags goeðir). Navnet *Víðbláinn* hører oprindelig hjemme i en toleddet himmelinndeling hvor det har dannet motsetningen til *Vindbláinn*, det første navn i ramsen. Dette er distinksjonen mellem *coelum aëreum* og *coelum aethereum*, som i oversettelsen av Gregors homilier i Leifar 25 har

*) Så Cod. R, mens U uriktig bytter om Andlang og Vidblåen.

navnene *veðrhiminn* og *loptríkishiminn* (»v. er næmari jǫrðu enn l.)«, jfr. Heilag. I, 105 hvor *aether* gjengis med *himinlopt* (ibid. 97: *himinslopt*, ibid. 17: *loptríki* hvor Guddommen bor): *veðr* betegner, i motsetning til *lopt*, den nedre del av atmosfæren, og er ofte ensbetydende med *vindr*. Mens Vindblåen hører jorden til, omfatter Vidblåen hele verdensrummet, derav »vid-«. Siste ledd »blåen« er hentet fra mytologien hvor *Bláinn* er navn på urjetten Yme (Vsp. 9) av hvis hjerneskall den blå himmel blev laget.

Den tredeling av første himmel som møter oss i vår þula, er grunnet på den bibelske skapelseslære: jfr. Gen. 1, 6–7 hvorefter Gud på den annen dag bygget himlen eller den utstrakte befestning til skille mellem de øvre og de nedre vanne. På denne vis får man i virkeligheten fem sfærer, således som de opregnes i Erik vidførles saga (Flat. I, 31, Fld. III, 164): Over jorden — heter det her — er luften (*lopt*), derover igjen firmamentet *(festingarhiminn)* hvori alle himmellegemer er som brennende ild (jfr. Gen. 1,14 ff.); utenfor den er vannet befestet som skyer (*vǫtn fest sem ský)*; over vannene er *andligr himinn* med englene; og endelig *skilningarhiminn* med Gud og hans velde. Eriks saga er fra 14de århundre og således yngre enn vår þula (som tilhører 12te årh.). Hvilken kilde sagaen her har fulgt, er uvisst; iallfall er det ikke riktig når Finnur Jónsson, Den oldno. og oldisl. litteraturs hist. III, 88, sier at dens viden bare er utskrift av eller erindringer fra den islandske Elucidarius (hvor vi bare gjenfinner de to sistnevnte navn). Hvad ramsens tre første navn angår, er Vindblåen omtalt ovenfor. *Heiðornir* (*-yrnir*) er dannet efter mønster av Skatyrnir (*-urnir*) av *heið* »skyfri luft, klarhet«: firmamentet var av gjennemsiktig klarhet, jfr. f. e. Stjórn 12: Gerði guð festingarhimin ... þí líkast skæran sem kristallus. *Hreggmímir* inneholder *hregg* »uvær, storm med nedbør« og betegner de over firmamentet befestede vanne (vǫtn fest sem ský i Eriks saga). Slutningsleddet har vel sin forklaring i Mimes egenskap av vannånd; det gjenfinnes i navnet på den ottende himmel.

Med de hittil behandlede 3, resp. 5 himmelsfærer er da den fra kirkelæren stammende del av vår þula til ende. Så langt er også alt i orden. Imidlertid hadde ramsens forfatter også et, om enn ufullkomment kjennskap til et helt forskjellig sfæresystem som han har søkt å kombinere med det kirkelige ved simpelthen å sette det ovenpå dette. I det fra den østerlandske astrologi stammende system har de om jorden roterende kretser navn efter planetene (hvortil regnedes sol og måne), og rekkefølgen — som bestemtes av avstanden fra solen — var: månen, Merkur, Venus,

solen, Mars, Jupiter og Saturn.* Hvor usikker forfatterens kunnskap har været, viser bl. a. den kjensgjerning at han snart legger til grunn den latinske betegnelse (Saturn), snart de greske (Φαέν, Πυρόεις), hvilke siste gjennemgående anvendes i Rimbegla og vel er innkommet gjennem Honorius eller Isidor. For å gjøre forvirringen fullstendig, går vår hjemmelsmann ut fra læren om ni sfærer, hvorved ikke alle planeter kunde komme med, likesom han for fjerde, femte og sjette himmels vedkommende emanciperer sig fra rekkefølgen i det lærde system.

Med Rimbegla stemmer følgelig ramsen på ingen måte. Bl. a. er i Rimbegla *festingarhiminn* navn på fiksstjernehimlen som dreier sig omkring og over alle planethimler, efter den gamle astrologi den ottende sfære og verdens grense. Rimeligvis er det denne videste av alle sfærer som oprindelig har været kalt V í ð f e ð m i r (den vidt favnende); men i ramsen omslutter Vidfedme bare det teologiske himmelsystem, og efterfølges så av planethimlene.

Den femte himmel bærer navnet H r j ó ð r. Da ordet i en annen ramse betegner solen, kan der ingen tvil være om at der her menes solsfæren. Antagelig har den egentlige betydning av Hrjóðr været »stråleglans« (jfr. rǫðull og lat. *jubar* om stråleglans og særlig om solen). Ordet stiller sig naturlig til gno. *hrýðr e=u* brukt om ild, damp el. lign. som bryter frem (f. e. *eldi hrauð* »der føk gnister ut«), no. dial. *rjoda* »spre ut, kaste ut, drysse«.

Som navn på den sjette himmel møter oss et poetisk ord for himmel av hjemlig oprindelse: H l ý r n i r, som tidligst forekommer i Alvissmál 12 (Himinn heitir með mǫnnum, en Hlýrnir með goðum), og ellers ofte i den kristelige diktning. Ordet er avledet av *hlýrn* »dagens og nattens omskiften, sol og måne (i flertall om begge)«, jfr. *hlýri* »bror«, *hlýr* »kinn, side« (se Arkiv f. nord. Fil. II, 216). Her i ramsen er *Hlýrnir* månesfæren.

De tre siste himler nevnes i samme rekkefølge som i det gamle planetsystem og bærer navne hentet fra dette.

G i m i r, den syvende himmel, er en avledning av *gim* »ild« og gjengir det greske navn for planeten Mars: πυρόεις (igne fervidus, efter Honorius), så kalt efter sin røde, om ild minnende farve.

*) Den avvikende ordning i ukedagenes navne er fremkommet på følgende måte. Hvis man tar planetene efter avstanden fra jorden og lar hver planet herske over en time av dagen, f. e. Saturn over første time, da vil solen herske over første time den følgende dag, derefter månen o. s. v., d. v. s. man får ukedagenes orden.

Den ottende himmels navn, V e t m í m i r, har — som de forskjellige lesemåter *(Vett-, Vetr-)* viser — ikke været forstått, naturlig nok, da Vet- ikke er noget eksisterende gno. ord. I virkeligheten foreligger her visstnok en forvansket omlaging av det greske navn for planeten Jupiter: Φαέν, i middelalderlig form Pheton, i Rimbegla skrevet Feton, men her — likesom hos Isidor — forvekslet med Fenon, d. e. Φαίνων (Saturn). Om Pheton er blitt Vet- ved feillesning eller ved feilerindring, er vanskelig å avgjøre. Hvor vidt denne siste kan gå, derpå yder Rimbegla et slående eksempel i navnet på planeten Mars: Fispena, som er det greske ἀμφίςβαινα, et også på Island i gammel tid kjent ord: jfr. Alfræði islenzk 1908, s. 39, hvor amfisbena forklares som en orm med hode i begge ender. Betydningen av tillegget *mímir* er for planeten Jupiters vedkommende helt uklar.

At S k a t u r n i r, den niende himmel, er Saturn, den øverste planethimmel, ligger i åpen dag. Omtydningen skyldes tilknytning til en ordgruppe hvortil bl. a. hører no. dial. *skat*, sv. dial. *skate* »tretopp«.

Himmelramsen har sin største interesse ved det innblikk den gir i beskaffenheten av den islandske skolelærdom i tolvte århundre, og av de bestrebelser som gjorde sig gjeldende for å sammenarbeide det fra forskjellige kanter tilførte nye stoff og uttrykke det ved hjelp av det hjemlige sprogmateriale. Intet navn i ramsen synes opfunnet av forfatteren; men den måte hvorpå han opererer med termini hentet fra flere forskjellige himmelsystemer, henpeker på en skolevisdom som har vært mere rettet mot terminologien enn beregnet på å gi en virkelig realkunnskap.

Hjalmar Falk.

INKJEKYN MINKAR

Det er ikkje so lite ymsing av kyn i dei norske namnordi. Ein finn kynsskifte fraa gamalt maal til maalføri, og det er nokre tylfter ord som ikkje hev same kyn i alle maalføri.

Ivar Aasen, som granska og skreiv um næstan alt i maalet, skreiv um dette og. I »Norsk Grammatik« 153 rosar han maalskipnaden med tri kyn, og meiner det var ille um den gamle triskifting kvarv, men det tarv ein ikkje ottast.

»Enkelte Afvigelser fra Ordenes gamle Kjøn ere vistnok at finde; men mærkeligt nok bestaae disse Afvigelser oftest i en Overgang fra Intetkjøn til Han- eller Hunkjøn, saa at de ikke kunne siges at være til nogen synderlig Skade.«

Men det kynskiftet som alt er ferdigt, er forvitnelegt. Ivar Aasen nemner det meste i »N. G.« 157, 174, 175. Det let seg skriva mykje um det; her berre noko lite. (Sæle er dei som fær bruka tidi til aa granska og skriva av hjartans hug).

Det er ein liten ordflokk som var næraste til aa skifta kyn. Det er desse ordi som ein mest nemner i slaktetidi: hjarta, nyra o. a. Dei liknar so mykje paa hokynsord at det var ventande dei hadde skift heilt yver. Det hev dei ikkje, men er komne godt paa veg soleis. Lunga er heilt yverskift, fraa inkjekyn i norrøna til hokyn i norsk. Leika likeins. Dei andre ordi som enno er i bruk av denne ordflokken, er inkjekynsbøygde i ymse maalføre; i Valdres og Hallingedal hev dei jamvel drege 6 hokynsord yver til seg. Men i andre maalføre er sume eller alle hokynsbøygde, eller er vortne hokynsord i alle maatar. Auga og øyra er hokyn paa Sunmøre og i Trøndelag (men eit vinnau, Innerøya). Hjarta er hokyn i Orkdalen, nyra i Innherad og sume »Foldamaal«; okla og. Denne ordflokken er jamnast vorte berre hokynsord i maalføre paa Nordmøre og indre Namdalen og Helgeland.

Men det er ikkje berre inkjekynsord som hjarta, i dette skiftet yver til hokyn. Det gjeld ogso andre tvostava inkjekynsord, som snøre, i sume maalføre. Ross, i »Norske bygdemaal« III skriv um dette paa s. 9:

»Dette, at dei tvostava inkjekynsord vinglar yve te kvennkyn, heilt eller berre i fleirtal, ter seg jamt i Mid- o Sud- Numedal o i O Telemark.«

Det er fleirtalsformer som klæu, merkju, snørur, eplur, stykkjur. Slike ord hev ogso hokynsbøygning i maalføri paa Nordmøre og nordre Helgeland (ei æpl, 2 æplaar).

*

Det hadde vore rimelegt um mange einstava inkjekynsord gjekk yver til hokyn og, av di at fleirtalsformene deira fylgjest so vel med hokyn eintal. Men so lenge gjerningsordi skilde millom eintal og fleirtal av subjektet, vart det nok skilnad til aa hindra samanblanding. (Sǫxin eru hvǫss, — daa er det fleirtal av eitt sax; sǫxin er hvǫss, det vart eit hokynsord soks i eintal).

Korsomer var det nokon yvergang, alt i det gamle maalet.

Sume ting eller tilhøve laut jamt vera tvo saman. Og daa n. pl. var lik f. sing., kunde det umsider verta samanblanding og yvergang til hokyn. Nokre slike ord:

Ei gogn (»er egentl. et Flertal af Gagn«. I. Aa.) I meiningi vevgogn er det parord, um dei tvo store sidestykki av vevstolen. I Sunnfjord er gogn inkjekyn enno (eitt par gongn; gongnaa æ nye).

Ei soks (ei saks) er fraa fyrstunne fleirtal av sax d. e. kniv, og meinte eit par knivar (Jfr. det engelske namn paa soks: a (pair of) scissors.

Sameleis ei saks d. e. sperrepar (Austlandet), og ei saks = framrom i ein baat, etter det norrøne sǫx n. pl. (Upphavsmeiningi var vel at dei tvo fremste bandi i skipsbordet stod saman som ei soks.)

Ei ski(d), Totn og Gudbrandsdalen og Sfj. o. fl., men i norrøna og landsmaal (og ymse bygdemaal) er det inkjekyn. Skid lyt og vera par.

(Vogn) hjul var inkjekyn i norrøna og er so i landsmaal. Men det er hokyn i Tel., Hall., Vald., Voss (I. Aa.)

Ei gil (Hordaland) og ei glurve (Sfj.), av dei gamle inkjekynsordi gil og gljufr, kann ogso tolkast som par-ord, — dei tvo sidor av gilet, gjuvet.

(Her kann det høva aa nemna at dei fleste a-endande inkjekynsord er namn paa organ som er par: auga, øyra, nyra, eista, okla; fyrr ogso lunga.)

*

Det var nokre andre gamle inkjekynsord som oftast vart nemnde i fleirtal i sume meiningar, og med tidi vart hokynsord.

Lǫg var n. pl. av lag (i meiningi skipnad, rettsregel). Alt i norrøna var ordet storkna i form, so det heldt ljodbrigdevokalen i samansetningar og (lǫgboð, lǫgrétta). Ordet vart til ei log.

Sameleis n. pl. jól, til ei jol.

Ei bjørg kjem seg av pl. av bjarg (»en klippe«); det er mykje so her i landet, at dei ikkje stend aaleine. (Men ein kann ikkje soleis finna orsaki til at tjørn (eit lite vatn) var inkjekyn eller hokyn i norrøna, og enno hev ymist kyn i maalføri).

Ei raad, ei bragd, ei lyv, ei tidend, no mest hokyn, men i norrøna inkjekyn. Det høvde med meiningi av desse ordi aa verta mykje nemnde i fleirtal (inkjekyn), og i akkusativ (som objekt); og daa vart dei som ord i fem. sing. Sameleis kann ein visst grunngjeva yvergangen av ber og tár (taara) fraa inkjekyn til hokyn.

*

Det er mange andre ord som hev skift fraa inkjekyn til hokyn, men det er vandt aa finna orsaki. Aasen reknar upp ogso desse:

Alda (jfr. ber), luft og sky, gjeld og løn (dansk-svensk, i staden for norsk laun), ærend.

Av vanlege stadnamn maa nemnast setr og látr. Men det er mange andre.

*

Aasen reknar upp desse skifte fraa inkjekyn til hankyn:

Adel (aðal), anger, faare (fár), gjelv (gjalfr), strid, kveld, haust, vaar, sumar.

— Det synest som kveld hev fenge nytt kyn av dag og morgon; og at vetren (saman med danskemaalet) hev sett sit kyn paa dei andre aarstidene. Kynskiftingi fraa inkjekyn til hankyn er likso mykje paa slump som brigdet fraa hankyn til inkjekyn (og dei fleste kynbrigde millom hokyn og hankyn).

Men naar ein ser paa saki, finn ein korsomer at dei fleste brigde »ere Overgange fra Intetkjønnet til et af de naturlige Kjøn«. (I. Aa.) Nokor svært stor mengd er det ikkje. Dei fleste inkjekynsord er framleis faste inkjekynsord, som fjell og berg.

Dette kynskiftet minner noko um liknande yvergang i romanske maal

(fraa 3 kyn i lattin til 2 i italiansk og fransk og portugisisk). Hadde dei norske maalføri fenge veksa fritt utan paaverknad av noko slag skriftmaal, so hadde inkjekynet kome til aa kverva endaa meir i sume maalføre. Men baade det danske og det norske skriftmaalet agar villvokstren, so at det er ingi von til at norskt maal fær berre tvo kyn (hankyn og hokyn), ikkje paa lenge. Ein kann berre peika paa at det er kome noko paa veg i den leid.

Albert Joleik.

TEIGENAMN FRÅ VOSS.

Med teigenamn er her meint namn på teigar av alle slag, større eller mindre stykke av åker og eng, slåttor, beite og skogstykke. Slike namn er ikkje alltid greide å skilja frå andre stadnamn. Dei gjeng på den eine sida ofte yver i namn på stølar, husmannsplassar og bruk av gardar, og på den andre sida blandar dei seg ofte med alle slag lendenamn (naturnamn), namn på haugar, bakkar odl. I mange høve vert difor slike namn òg nemnde her.

Millom teigenamni er det både usamansette og samansette namn. Ubundi form er no heller sjeldsynt, men finst stundom, t. d. *Sekk*, *'Vehaug*.[1] Då den bundne hankynsartikkelen *-en* oftast fell burt i vossemålet etter *dl*, *dn* og *tn*, so er former som *Mjølstødl'* og *Olsokkubotn* å taka som bundne former av *ein stødl* (støl) og *botn*. Samansetningane er jamnaste greide; men det finst òg ihopdragingar og umlagingar som kann vera vande å tyda. Serleg gjeld dette fyrelekken som hev lettast for å verta avstytt. Ofte vil ein finna at ei samansetning let seg tyda på ymse måtar. På Dukstad ligg t. d. nokre haugar som dei kallar *Ljoshaugane*. Segni segjer at dei er kalla soleis etter ei gamal kjempe Ljose Lofthus. På Rong er det ein haug dei kallar *Ljoshaugjen*, og det skal koma seg av at dei hev set ljos brenna yver haugen um nettene. Andre forklårar namnet av at dei hev brent brising der. Det kunde og koma av ljos let på haugen, av at han låg ope i skogen, av eit mannsnamn Ljot o. m. Soleis vil ein då ofte ikkje kunna segja noko visst um kva slike namn upphavleg skal tyda, av di ein hev for liten kjennskap til stad- og livshøve i eldre tider. Ved gardsnamni hev ein ofte eldre skriftformer av namnet til rettleiding; det vantar ein her ved teigenamni. Noko hjelp vil ein likevel kunna få når ein hev høve til å samanlikna namnet med liknande namn frå andre stader.

---

[1]) Einstavings- og tvostavingstonelag vert skilde soleis: *'elvi, gata'*.

Me skal fyrst sjå på dei namni som serleg høyrer teigar til, namn som inneheld ord for åker, eng, jordstykke, jordmål, inngjerding, bruk odl.

Åker m. Um åkrar er samansetning med *aokur* vanlegast. Fyrelekken nemner storleik og skap i: *Storaokurn* (det vanlegaste av alle åkernamn), *Langaokurn, Flataokurn;* — jordkynd: *Sandaokurn, Svartaokurn* (kolsvart mold, Saude i Viki); — godleik: *Gudlaokurn* (Flatekvål; nemnd i 1795); — lega: *Méaokurn* (mid-), *Noraokurn;* — hus innmed: *Buaraokurn, Kvednusaokurn, Lòfsaokurn, Øykjusaokurn (øykhus* = stall); andre ting innmed: *Skratlaokurn* (ved ei grov *Skratlo*), *Tuftaokurn, Brunnaokurn;* — trenamn: *Almaokurn, Bjørkaokurn, Heggjaokurn;* — dyrking: *Linaokurn* (Lydvo, Trodo); — lende: *Bakkaokurn, Dalsaokurn, Flòssaokurn* (av *flòt m*); — folk: *Kongsaokurn* (Mosafinn), *Goffaraokurn, Torsaokurn, Hermunsaokurn, Annaokurn, Hallbjøraokurn* (Grede, knytt til ei segn um eit landvette Hallbjørg). Med annan fyrelekk: *Elsaokurn* (Gjerstad; etter segni vilde Dolves-gardvorden, høg som eit hus, setja eld på Gjerstad, men Gjerstad-gardvorden mötte han og tok elden frå han der), *Veraokurn* (Graudo; vart etter segni utmælt med tarmane av ein vêr, — »etter heimaretten«), *Skaolaokurn* (Midtun); av *skål f,* eller av gln. *skáli m?*[1]

Ekra f. Når ein åker vert attlagd, vert endingi *åker* som oftast umbytt med ekra. Soleis heiter *Mauraokrane* på Æn no *Maurekr'na.* Ofte vert likevel *ekra* lagt til etter *aokur: Skogaokurekro* (Kyte).

Kylva f. For *ekra* hev Åsen ogso eit ord *kjelva* eller *kjølva f.* Dette ordet synest å finnast i *Kylvo,* namn på ei ekre på Hjernes, men stykket hev til det aller siste vore åker, segjer dei. Åkeren hev skap som ei klubbe, so namnet kunde og koma av gln. *kylfa f.* I eit gamalt brev frå 1772 vert namnet skrive »*Kalven*«.

Skurd m (skjering) finn ein ikkje so sjeldan i åkernamn: *Spannskuren* (m. st.), *Bratteskuren* (Gjerme), *Rembursskuren* (Jerald, ved *Remburs-* eller *Rembershylen,* av *Raunbergs-?*), *Skarveskuren* (Mosafinn), ofl.

Nøyte n er ei sjeldsynt, men gamal ending: *Vollnøyte* (stor, god åker, Leiddal). Jfr. ord som *vatsnøyte n.*

Fòrskòt n er mykje bruka i åkernamn. Ordet, som tyder ei fòrlengd eller åkerbreidd (jfr. Åsen), er helst bruka som sernamn um beste åkeren framanfor husi. Er åkeren stor, er det fleire forskot i han. Samanset-

---

[1]) På garden Bjørku var eit gamalt eldhus som vart bruka sams av alle i tunet; det vart kalla *Skaolen'.* Det vart rive for nokre år sidan.

ningar er: *Heimstaforskote*, *Giljaforskote*, *Kriksforskote* (Seim i Vest-bygdi), *Kòlaforskote* (Gjelle; knytt til ei segn um eit landvette *Kola'*).

Fere m (åkerstrimel) er ikkje so vanleg i namn: *Karvaferen* (Hylle; av *karve m*), *Steinferen* (Jerald). Jfr. gln. *akrfæri m* D. N. I 555 (frå Voss).

Reina f (åkerkant) stend samansett og usamansett i mange namn: *Reino*, *Rein'na* (m. st.), *Bròttereino* (åker, Grjotland ofl.), *Haoreino* (åker, Tvilde), *Skjemmreino* (Midtun). Reina vert og bruka meir ålment um bakke, jfr. stølsnamnet *Longereino*.

Fall n og *fella f* finst berre i få namn: *Aokurfadle* (Tvinno), *Aokur-fedlo* (Hjernes). Jfr. Ross: *åkerfall n*.

Bròt n vert bruka i samansetningi *Nyabròte* eller *Nybròte*. Namnet synest ikkje vera gamalt her.

Lenda f vert serleg bruka i *Nylendo* (m. st.) um nybrote land: *Vetla-nylendo* og *Storanylendo* (eldre åkrar, Lemme).

Bø m er enno bruka um heile innmarki, men i samansetning er det og bruka um visse stykke, helst eng: *Slettebødn* (Endeve), *Utlebødn* (Skutle; av utløde), *Runningsbøjane* (Skjeldal). Det finst og soleis i mange plassnamn (*Brynabødn* ofl.).

Voll m kann vera både åker og eng: *Vòdl* (bøteig på garden Voll), *Vødlne* (bøteig på Brekku i Raundal), *Frivòdl* (åker, Hovda), *Bjørvodl* (eng, Vestrheim), *Kleppsvodlane* (Væte), *Krossvodl* (Fenno), *Oksavodl* (åker, Brekku i Gullfjordungen), *Merkjesvodl* (Leiddal).

Eng f er ikkje mykje bruka i namn: *Vassengjæ* (ved elvi Vosso, Hjernes).

Jord f vert bruka um stykke av jordvegar, soleis i det nye: *Lærarjoræ*, jord som vert lagd til lærarbustaden. Elles finn ein det i mange gamle samansetningar um jordstykke som er uppdyrka: *Øyjoræ* og *Øyjerna* eller *Øyjorna* (m. st.) av gln. *eyðijorð*, i fleirtal *eyðijarðirnar*, eller stundom av *ey-*?) Hit høyrer vel og *Halsjedna* (Liland), som ser ut som ei um-laging av *Halsjerna*, nemnt som bustad og skrive *Halsierne* 1696. Udyrka skogteigar er *Kiggjerna* (Tvinno, av *kid n?*), og *Lùtajerna* (eldre bø, Reime). I sume av desse namni kunde ein òg hava fleirtalsformer av *gjerde* eller *gjerda*, s. s. 54.

Tun n finn inn i teigenamnet *Mittune* (eller *Raustòmittune*), ein teig som garden Raustad eig millom bøane på Brekku og Bauthus. Elles er *tun* mykje bruka i *Tunaokurn*, ein åker ved tunet, og i *Tunshovden*, på tvo stader namn på hovdar eit stykke frå tunet, utanfor bøen.

Vang m hev ein i namnet på ein kjend samlingsplass, *Helgavangjen*, på Hjernes. Ei gamal steinsetning er for nokre år sidan utgravi i jordi der. Der hev fyrr vore plass, no er eit bruk av garden flutt dit. *Vivangane* er ei fjellstrekkje nordanfor fjellet Hangur.

Rud n som ein hev i tvo gardsnamn på Voss, *Rùe*, synest og å finnast i ei fleirtalsavleiding *Rùùna*, part av Skutle; i samansetning *Rùteigjen*, *Rùbrunæ* ofl. Uttalen *Róuna*, som ein og høyrer, skal vera nyare. Teigen hev vore skift.[1]

Lùt m, som i eldre tid var mykje bruka um gardpartar, stend enno i *Risluten*, ein teig på Lid i Kvitli, nemnd i Bjørgynjar kalfskinn 71 b, og i *Mittluten*, ein teig på Dagstad.

Holvo er åkrar på Graudo og Olde, *Helmingjen* på Lirhus, *Hallfjoringjen* på Midtun. Namni kjem av *halva f* og *helming m* (halvpart) og *fjordung m* (fjordepart).

Teig m er no det vanlegaste ordet for eit stykke av jord. Det vert bruka både usamansett: *Teigjen* (m. st.), og samansett: *Dalarsteigjen*, *Groateigjen* (ved ei grov), *Pòddeteigjen*, *Skarpeteigjen*, *Kavlateigen* (Skiple), *Fendrikteigjen* (Kvåle i Gullfjordungen), *Flisateigjen* (Lydvo, av »flisagras«), *Hampateigjen* (Tøn), *Graossteigjen* (Gjerde; truleg av *gråt m*, fordi der er ilt gras), *Snagateigjen* (Grevle, med mykje ospesnag), *Belsteigjen* (Mølster) o. m. fl. Det er og mykje bruka i plassnamn.

Teigald n er eit stykke av ein teig som ein tek seg fyre å arbeida på. Det hev fest seg i berre få sernamn: *Hamrateigalde* (Seim i Vestbygdi), *Langateigalde* (Gjerstad) ofl.

Stykke n finn ein helst i nyare samansetningar: *Røysastykkje* (åker, Vike), *Heimstastykkje* (Rue i Giljane), *Misjonsstykkje* ofl.

So er det mange namn som inneheld ord for jordmål eller for pris som hev vore betala for å slå eller skjera teigen.

Saldsåd f er det vanlegaste ordet um åkermål, gln. *såldsáð f*, d. e. so stor vidd som ein sår til med eit såld korn. Såldet vert no på Voss rekna til 81,1 liter, og saldsådi til 12,5 ar. No brukar dei vanleg mindre enn eit såld frækorn til ei saldsåd, ofte berre vel helvti, men gamle

---

[1]) Til endingane *heim, land, stad, vin*, finn ein spor i nokre einskilde namn. Ein teig på Vinsand heiter *Soleimstræe* med elvi *Soleimo* (i 1852 skrive *Soleimen*). Stølsnamnet *Vindheim* er nytt. *Land* stend i tvo plassnamn: *Telland* (Tvinno) og *Hadland* (Helland). Ein åker på Væte heiter *Øspelandstræe*. Endingi *stad* finst i *Grønesta*, ein støl, og *vin* i *Velæ'* ein plass under Nedkvitn, som i uttale heilt svarar til gardsnamnet *Velæ* (jfr. Ngn XI s. 553).

pålitande folk minnest at fyrr vart det rekna eit såld til ei saldsåd når dei sådde blandkorn.[1] Som sernamn på åkrar brukar dei og saldsåd svært mykje, både usamansett og samansett: *Salsaoæ, Florsalsaoæ (flor m fjøs), Lòngusalsaoæ* (Finne).

Mål n vert helst bruka usamansett: *Maole*, og fleirtal: *Maolæ* (m. st.). Det er det gamle lovmålet.

Mæling m finst berre i eitt åkernamn: *Firmælingjen* (umlag 3/4 saldsåd, Mølster). Utsædet kann då etter gamalt ha vore umlag 4 askar à 16,2 liter (5 askar i eit såld). *Mæling* er ikkje no bruka som jordmål på Voss, men er bruka andre stader, og då um vidder av ymis storleik (jfr. Åsen under *mæling* og *såldsåd* og Fritzner under *mælingr*). Ordet finst i gamle gardsnamn som *Sjaumælingr* (jfr. Ngn. XIII 360).

Mæle m finst i *Femmælen* (Skjerpe), *Femtemælen* (Gjelland og Ringheim). Åkeren på Skjerpe er ei saldsåd stor, og utsædet var etter gamalt 5 askar, »og difor namnet« vert det sagt. Ogso ved åkeren på Gjelland er uppgjeve 5 askar utsæde. *Mæle* må svara til gln. *mælir:* so mykje jord som ein sår til med ein mæle såd. Mæle vert no ikkje bruka som noko mål på Voss; derimot er det vanleg i Sogn, og den sognske mælen svarar umlag til ein aske på Voss.

Sælding m. I eit par åkernamn finn ein endingi *-sælingjen.* Det er i *Aorsælingjen* på Haugo og i *Trissælingjen* på Endeve. Den fyrste er vel ei saldsåd stor, den andre berre helvti. Det er truleg at det er formene *Áttsældingr* og *Þrísældingr* som her ligg til grunn. I D. N. I 166 er nemnt eit namn *Tolfsældingr* på Sandvin, Kvam i Hardanger; det må vera eit åkernamn. Dette *sældingr* er då ei avleiding av *såld n,* og kunde tyda ein åker som vert tilsådd med 12 såld, eller ein som gjev 12 såld. Det siste er vel det rimelegaste. Det vilde då høva med viddi og avlingi å forklåra namni *Aorsælingjen* og *Trissælingjen* som åkrar som gjev 8 og 3 såld. Ljodyvergangen *ts* > *ss* > *rs* er ikkje uvanleg på Voss. Soleis vert namnet *Langevatsstølen* vanleg uttala *Langevarstødl,* og *ld* kann verta *ll* i ord som *eldhus* > *ellus* eller *øllus;* jfr. og gln. *apaldr,* no *apadl.*

Laup m, pund n, spann n er gamle norske jordskyldnemningar som ein enno finn att i mange teigenamn, men dei uppgjevne måli er noko uvisse:

---

[1]) Dei tali som her er uppgjevne 1 såld = 5 askar à 16,2 liter, er det som vart fastsett ved utrekning av tiendi på Voss. I »Bønder og stat« (s. 62) reknar prof. Hasund at i det 14de hå. var 1 saldsåd på Voss = 8,3 ar, og såldet 30,9 liter (= 2 mælar).

Hallaupateigjen (umlag 10 mål eng, Lid i Kvitli); *Hallpunde* (eng, umlag 4 mål, Gjelle); *Hallpunsteigen* eller *Halspunsteigjen* (slåtte, Lemme; 6—7 mål); *Spanne* (åker, 1½ saldsåd, lut av ein større på 5 saldsåder, Framberde), *Spannskuren* (m. st. um åkrar på 2 saldsåder eller vel det); *Spannsteigjen* (Ronve; viddi uviss).

Dalar, mark, skiling, og *ort.* Desse gamle mynteiningane stend ofte i teigenamn og nemner då prisen for slått, sjeldnare, i åkernamn, for skjering: *Dalarsteigjen* (m. st.) vart vanleg rekna til umlag 16 mål, 6 dagar slått, men elles tok dei umsyn til korleis der var å slå. *Firamarkateigjen* (Gjelle) er på umlag 12 mål. Andre namn er: *Tiskjelingsteigjen* (Nyre), *Ortateigjen* (Hjernes ofl.). Um åker: *Tomarko* (umlag 2 saldsåder, Vestrheim ofl.). Rekningi med dalarsteigar og markateigar er enno i friskt minne.

Inngjerde stykke på bøen fær vanleg namn med gard eller gjerde:

Gard m er bruka t. d. i *Kaolgaren* (Lemme, Skylje) um vanlege bøteigar no, men fyrr må det då ha vore dyrking av kålfrukter; jfr. gln. *kálgarðr.* Svært vanlege er namni *Humlagaren* og *Kvannagaren* som viser at humle og kvann hev vore mykje dyrka her. Det hev og vore svinagardar, som ein ser av namnet *Svinagarsfloten* (Skulestad).

Gjerde n er enno mykje bruka um eit lite jordstykke til potetor eller næpor (»*potegjere*« er det vanlege ordet for potetåker). Elles finn ein ordet i mange teigenamn: *Grimsgjere* (Norheim), *Steffagjere, Maonsgjere, Kleivagjere* (åker, Reime), *Hodnagjere* (Hornve; truleg av det same »horn« eller hyrna som garden er kalla etter, men som no er ukjent).

Gjerda f og *gjersla f* vert serleg bruka um stykke som er inngjerde frå utmarki: *Gjero* (slåtte, Øvsthus i Raundal), *Nygjero* (Herre); *Nygjerslo* el. *Nyørslo* (m. st.)

Kvi f (inngjerding) er eit ord som no er avlagt, men det finst i namnet *Kvinæ* um ein bøteig (Kyte ofl.) og i *Trodlakvinæ*, ei naturleg kvi millom berg i utmarki (Skiple).

Træde n er ei inngjerding for buskapen, men er no mest bruka um eit stykke som er inngjerdt mot buskapen, serleg på stølane. Det er mykje bruka åleine: *Træe*, og i samansetningar som *Kalvatræe, Sauatræe, Svinatræe, Verjutræe* (nedl. plass *Verjo*, Tøn), *Kveinatræe* (Hjernes, truleg av *kvein f* tunt gras), *Vaortræe, Hausttræe, Haokotræe* (Rokne, av Håkon), *Ulvatræe* (slåttor, Saude i Viki). Det er mykje nytta i plassnamn.

Trod f upptrakka plass, samlingsplass for buskapen (utanfor bøgarden

og stølsbui) er no sjeldhøyrt som samnamn, men det stend enno att som namn på eit jordstykke på dei fleste gardar. Det er oftast usamansett, *Tròæ* eller *Tròuna*, men og samansett, t. d. *Lambatròæ* og *Sjelltròæ* (Lydvo; *sjell?*), *ònntròæ* (Mølster). Hit høyrer vel og *Utròæ* på Vangen (av *út-troðin?*). Dertil og gardsnamnet *Tròo*.

Hage m er inngjerding (serleg i utmark), hamnegang, no ofte um stykke som er lagde inn i bøen. Ofte usamansett: *Hajen* og *Hagane*, og samansett: *Kalvahagjen* eller *Kallagjen* (m. st.); *Lambahagjen* (Skutle ofl.) er enno eit minne frå den tid dei mjølka sauene og difor skilde lambi ifrå. Andre: *Svinahagjen*, *Jolahagjen* (Gjelle; »der kunde dei slå til jola« er det sagt), *Riftahagjen* (med rifter som stykke i ei doss, d. e. stakk). *Hage* er nytta i mange plassnamn: *Himleshagjen* ofl. *Tròahagjen* (no plass) er nemnd alt i 1343 (*i Troda hagha).* Um eldre frukthage: *Aplahagjen* (Klyve).

Tveit f er mykje bruka i namn, oftast usamansett: *Tveitæ* og *Tveitane* eller *Tveit'na*. Namnet vert serleg nytta um engteigar i skogen, eit stykke frå garden, men og um stykke som no ligg i samanheng med bøen (Dagstad ofl.), og likeins i samansetningar: *Skartveitæ* (Fenno), *Ingetveitna* (utslåttor til Gjukastein og Byrkjo). I gards- og plassnamn finn ein og tveit ofte: *Tveitæ*, *Tveito*, *Hildestveitæ*, *Sverkvestveitæ* ofl. I stølsnamn i ubundi form: *Grotveit*, *Kolltveit*, *Hindartveit*.

Rudning m tyder eit rudt stykke og vert enno nytta t. d. i *rùnningsdyngja*, lauv og kvister som dei rakar ihop um våren. Som namn finn ein det mange stader i formene: *Runningjen* (part av Dolve), *Runningane* (gamal utmark, men no bø, Veka). Namnet vert no ofte av yngre umlaga til *Ryn(n)ingane* og fell då saman med *ryning m* ungt tre, som òg vert bruka i namn (s. ndf. s. 58). Då *Runningjen* ofte finst som namn på teigar med stor skog, so kunde ein tru at det hev vore bruka liksom brote på Austlandet um stykke som er rudt med brenning, og so sidan hev vakse til att med skog.[1] Nokon tradisjon um slikt er likevel ikkje funne.

Svida f (avsvidt land) hev ein i *Svéuna* med *Svéteigjen* på Nyre. Etter ei gamal segn vart stykket avsvidt av ein kolbrennar. Jfr. og *Své-*

[1]) Jfr. Sommerfelt i Efterretninger om Christians amt i Topographisk Journal for Norge 1755 (h. 14 s. 94): »Ved Rydning forstaaes her ofte Braatehugst, da et Stykke Skov nedfældes og brændes paa Jorden, hvor derefter i et eller to Aar avles Næper, Rug, Thorebyg, Havre, hvorefter man lader Jorden, om den kan, tilgroe med Græs og Skov.«

haugjen på Olde og *Svébakkjen* på Tren um stader der graset gjerne svid av i sterk sol.

Slåtta f er det vanlegaste nemnet på utslåttor: *Oddmunsslaotto, Lasaslaotto* (av Lars), *Guroslaotto* o. m. fl.

Slått m er mindre bruka um slåtteteigar: *Haus(t)slaotten* (Grjotland), *Øykjaslaotten* (Vinsand).

Glenna f, opning i skogen med gras, er ogso bruka i sernamn: *Glenno* (m. st.), *Skuteglenno* (Mølster, teig ved *'Skuten* ein hamar).

Grøde n, ein stad der eitkvart gror, t. d. i *kvannagrøe*, ein stad der det veks mykje kvann. I teigenamn er ordet bruka i *Lausgrøe*, eit stykke med lausbeitt gras (Kvitno i Bordalen),

Grøn f? ein stad som tidleg vert grøn (jfr. Åsen *grønd f*), synest å finnast i stølsnamnet *Grøn'na*, og i *Hamlagrøn* (no ogso sagt *Hamlagrø*) ved *Hamlagrønsvatnet* (upphavleg *Amle* av *Andblaði*? jfr. Ngn. XII 103). Jfr. og *Malmagrøn* (støl til Grindaland, Vossestrand).

Etter innbyrdes lege vert teigane nemnde med mange slag ord for side, kant, kro, bøygning odl.

Sida f vert bruka i *Lindesio*, namn på ei bakkeside av Ullestad og Rokne. *Graosio* er namn på ei fjellrad.

Ende m finn ein i *Bersenden* (Bryn ofl.), enden av eit berglag, *Slaoenden* (Løkjane), enden av *Slædna* (s. s. 61), *Landsendane* (*Øvre-* og *Nerelandsenden)*, ein lang teig som rekk endelangs millom merki på båe sidor (Rue, Giljane).

Rand f (stripe, kant) finn ein i *Ròndæ* (nedlagd husmannsplass, Mæringi), *'Rend'na* (engstrimel langs elvi, Bjørku), *Høydalsròndæ* (bøteig, Rykke).

Høk m (utkant, krok, bøygning inn eller ut) er bruka i mange namn, serleg um åkrar: *Høkjen* (Lemme ofl.), *Breihøkjen* (Vike), *Instehøkjen* (Saude i Borstrandi), *Smidjehøkjen* (Øvsthus i Raundalen), *Hampahøkjen* (no vanleg eng, Klyve). I fyrelekk: *Høkjateigjen* (Øvsthus i Raundalen).

Kjos m vert bruka um teigar som stikk seg som vikar inn millom skog eller bakkar: *Kjosen* (åker, Øvsthus i Raundalen), *Langjekjosen* (Haga), *Slettekjosen* (Klyve ofl.).

Kro f um teigar som ligg i ei krå på bøen: *Fabrokronæ* (Sygnaberde), *Hagakronæ* (Norheim), *Jedlakronæ* (Lemme), *Lambakronæ* (Dukstad; fyrr bruka til lambi).

Snytta f (hyrna, snipp) i: *Snytto* (nedlagd plass, Ullestad).

Krok m er mykje nytta i åkernamn: *Krokjen* og *Krokane* (Hjernes ofl.) Namnet siktar vel oftast til skapet på teigen.

Bùg m (bøygning) i: *Garbùgane* (Øvsthus ved Dukstad), *Òtlebùgane*, (og *Òtlebógane*, Litlere, ved elvi *Otlo*).

Krik m (krok, bøygning) i: *Krikjen* (bøteig, Gjelland),

Krikk m (krok, bøygning) i: *Krikkjen* (Brekku i Raundal), *Krikkane* (plass, Skiple).

Her kann og nemnast *'Taulen*, vårstøl til Uppheim i Gullfjordungen. Stølen ligg i ei glenne i skogen, noko avsides og burtgøymd og utan utsyn, men er elles lett å koma til. Jfr. Ngn XI 397.

Teigar i utmarki hev ofte fenge namn av at buskapen gjerne hev samlast der i kviletidene. Det vanlegaste namnet på slike stader er *Bulego*, eller i fleirtal: *Buleguna*. Ein finn ogso formi *Leguna*, som no vert bruka um nokre slåttor (Skutle). Eit anna namn for slike stader er *Stòuna* (Klyve; av stòda f.)

Gln. *látr n* (liggjestad) synest å finnast i *'Laotræ*, som er namn på ein teig ved bøgarden på Bø i Tjukkebygdi. Fleirtalsformi *Laotr'na'* vert på Mølster bruka um nokre bergskòrer i fjellet Hangur. *Litrane*, namn på ein vårstøl til Kvitno i Bordal, heng truleg saman med nyn. *letre n* liggjestad, lite skjol for buskapen.

Ordet *støl m*, på Voss *stødl*, er ei avleiding av *standa* og tyder upphavleg noko liknande som *stoda*, sidan mjølkeplass og sæter. Soleis vert samansetningi *Mjølstødl* på Voss bruka um ein mjølkeplass ved bøgarden. Stundom er no stykket innlagt i bøen til dyrking og fær då hava same namnet, soleis *Mjølstødl* um ein åker (Fagnastøl). Namn på *=stødl* finn ein ogso elles i utmarki utan at det synest ha vore nokon retteleg støl, soleis: *Smaostølane* (slåttor, Saude i Viki), *Rótastødl* (Nesthus). Elles finn ein då *støl* i mange namn på vår- og sumarstølar, t. d. *Haoarstødl* (av Håvard), *Grytestødl* ofl. Ogso berre *Vaorstødl* finst som namn.

Set n er serleg nytta til å laga stølsnamn: *Helgaset, Haoset, Tunnaset* ofl. Sume stader finn ein namn på *set* der det knapt kann ha vore støl, t. d. *Kaldeset* og *Vindeset*, tvo grasflatar høgt tilfjells i Raundalen.

Serlege namn på beiteteigar vert laga med *beite n, beita f, havn f*, t. d. *Grønabeite* og *Vetlabeite* (Haugamoen støl), *Dagsbeito* (Staup), *Middagsbeitna* (Norheimsstøl), *Heggjahavn'na* (Hegg). Elles nyttar dei vanleg dei namn som finst på lendet, *Hjedlane, Fløt'ne* odl.

Til å nemna skogteigar vert bruka ymse endingar:

Skog m er lite bruka: *Tollmilaskogjen* (Æn; der skal vera 12 mil frå Bergen, vert det sagt). *Vidlaskogjen* (Grovu i Raundalen) er no bøteig.

Ved m (gln. *viðr*) finn ein i *Mỳrkvane* el. *Merkvane* (skogteig, Himle). Det er og namn på slåttone der.

Base m (skogholt) i: *Lindebasen* (lindeskog med slåtte, Brurastolen).

Dùse m (tett ungskog): *Dusen* (namn på slåttor, Voll ofl.), *Granadusane* (Lid i Kvitli), *Ospedusen* (Uppheim i Vestbygdi), *Kvaolsdusen* (Bjørku).

Kjerr n (krat) i: *Kjerre* (plass, Helleve), *Pilekjerre* (Høyland).

Ryn(n)ing m (ungt tre) i: *Ryningane* (no bø, Gjelle), *Osperyningjen* (Seim i Gullfjordungen).

Tarr n kjerr, krat. Hit høyrer visst *Tarrane* (Rekve ofl.; på Tvilde namn på eit stykke av bøen). Jfr. og *tarre m* (Ross).

Um stykke med visse treslag:

Fỳre n i: *Fỳre* (Hornve ofl.).

Espe n i: *Øspe* (eit bard med nokre ospetre, Dymbe).

Vider m i: *Viren* og *Virane* (Fyrjo ofl.) um stader med vider. Ogso *Gren'na* (fl. av grøn f) vert bruka um ein teig der det stend nokre grantre. På *Eikuna* el. *Eikane* (bøteig, Graudo) er no ikkje eik å finna.

Elles vert skogteigar vanleg nemnde med andre ord som *mo, mark, ås, lid, holl,* t. d. *Jednesmodn, Nekvissmarkjæ* (Nedkvitn), *Liaraosen, Rastaliæ, Haomyrshodlna* odl. Eit par namn som er lite upplyste, kann og nemnast her:

Brèndé' (dat. *Brendæ*, sms. *Brendevegjen* odl.) er på Kyte, Flogo ofl. namn på ulendte stykke i utmarki med grisen skog. Sume stader fortel dei um at det hev brunne der. Jfr. Åsen *brend f.*

'Brùkjé og *Brùkane* er på Lunde, Kyte og fleire stader namn på slåttor i utmarki med stort stivt gras som blom (d. e. burkne), turt, kåpegras, hesteblokke odl., serleg i ulendt skredemark med småskog. Slikt gras vert kalla »*brùkje gras*«; det vart fyrr nytta meir enn no. Jfr. Ross *bruk n* og *bruke m,* Åsen *brok n.*

Me skal deretter sjå på dei ymse slag namn som teigane låner av lendet dei ligg på. Desse namni kann me då tenkja oss at stykket liksom hev havt fyrr det vart teke i bruk av folket. Faste grensor millom dei ymse slagi er det likevel vandt å setja.

Etter jordkyndet: *Leiro* (åker og eng m. st.), *Sanden* (åker, Lirhus),

Fagursanden (*Løno*). Her kann og nemnast namn som *'Skòbbæ* (åker på grunn jord, Litlere ofl.), *Skadlane* (åker med skarvknoltar i, Nyre).

Etter lega nedmed vatn eller elv: *Nautøynæ* (ved ei grov, Saude i Viki), *Magnanese* (Ukvitno) ofl. Hit høyrer då og namn som *Fitjafitæ* (Fitjo) og *Grytufitæ* (Rekve), *Storegranden* (Hjernes), *Lambatangjen* (Æn), *Odden* (plass), *Flùdvikane* (støl, av flud f). *Holm* og *holme m* vert mykje bruka um einannan; serleg den fyrste formi vert mykje bruka um teigar som ligg som holmar på bøen, t. d. *'Holmen* (Trodo, med bakke umkring), *Skituværsholmen* (Raustad, ein liten teig millom grøver; jfr. talemåten »*setja ein pao Skituværsholmen*« um når tvo kappast i høyslått, og den eine slær rundt um hin, so denne fær berre ein liten holme å slå på; *skituvær m* tyder ein stakkar). *Lonane* (Leiddal) ligg ved elvi; derimot er *Lonane* (utslåttor, Tveiti) bratte og ufsute utan elv eller vatn i nærleiken (jfr. Torp *lon m*).

Eit sjeldsynt namn er *'Hòm(m)æ* som er bruka um ein flat engteig (liksom ein holme) ved øvre osen av Lønavatnet. Jfr. Ross *homm m* og *f*.

Flatlende vert oftaste nemnt med *flòt m*, *fl. fløte'*: *Flôten* (m. st.), *Bjaosflòten* (Uppheim i Vestbygdi, i utmark), *Solskinsfløtne* (Klyve). Formene *'Flaten* og *Flatane* vert og bruka, helst av yngre. *Fløta f* er helst ein mindre flot: *Tausafløto*, *Øykjafløto* (Graudo). *Fly f* vert bruka både um flate bøteigar, t. d. *Flynæ* (Væte ofl.), *Skorpeflyane* (Øvsthus ved Dukstad) og um fjellviddor: *Flyane* (støl). *Mo m* i *Modn* (utslåtte, Gjukastein), *Hestamodn* (åker, Saude i Viki), elles mest um skogteigar. Um meir einslege plassar i skogen finn ein ofte namnet *Heiæ;* men ogso teigar som no ligg på bøen, heiter so stundom (Nesheim). I utmarki: *Heiane* (Gjerstad); i fjellet: *Ormaheiæ* (Litlere). *'Flædna* (av *flao f*) er namn på nokre fjellvidder (Skiple ofl.). *Sladde m* vert bruka um ein liten flot i skog eller berg: *Sladden* (Klyve).

Våtlende vert helst nemnt med *myr f*: *Myræ* og *Myrane* er mange stader namn på åkrar og engjar. Samansett: *Spildamyræ* (Ringheim), *Dapamyrane* (søylute slåttor, Brurastolen). Andre namn er *Sikje'* (bø, Kvarakvål ofl.) og *dike n*, t. d. i *Kòladikje* (Klyve). Ein myrut og »slabben« beiteteig med slåttor på Fjelastølen heiter *Slùbb*. *Pydl* er ein åker på Gjøastein.

Låglende, holor, botnar og dalar: *Bjødledòkkjæ* (Rue, Giljane), *Résholo* (eng ved *Rése*, Vestrheim), *Telghòle* (slåtte med telg, »blom«, Skiple), *'Potten* (utslåtte i ei hole, Mæringi; jfr. *Potten*, støl til Møn),

'Pytten (ein liten botn, Dymbe), *Gryvle* og *Gryvlo* um steinute holor, serleg ved grøver (Gjerstad ofl.), *Skogkvammen* (Vike), *Olsokkubotn* (Rapjane), *Kvannabøtne* (fleirtal av botn; Kulset); *Dalen* (m. st.), *Teldalen* (Midtun), *Sløkje'* (slåtte, Rjodo), *Gròpo* (Olde ofl.).

Tronglende: *Haugasunde* (åker, Saude i Viki; engteig, Skjeldal ofl.), *'Smògje* (skogteig, Tvinno), *Klipe'* (utslåttor m. st.), *Kòlaklipe* (Haugamoen støl).

Brattlende: *Glabakkjen* (Gjelle), *Brùkaliæ* (Langedalen), *'Leinæ* (Klyve ofl.), *Hòdlæ* (åker, Gilbakken), *Grønhòdlæ* (Brekkestøl i Raundal), i fleirtal: *Hadl'na'* og *Hodl'na'* (m. st.), *'Kinnæ* (Grevle ofl.), *'Bare* og i fleirtal *'Bòræ* (m. st.), *Storabare* (bø, Saude i Viki), *Brubròte* (slåtteteig, Bryn), *Bròtto* (teig, Tungeteigen), *Brekko* (m. st.), *Fògubrekkuna* (Fenno). I eit par namn finn ein og brekk m: *'Brekkjen* (bratt veg med slåttor og nedlagd plass, Rekve), *Langbrekk* (Kyte). *Borg m* er bruka i mange teigenamn um bratt bakke med flot yver: *Borgjæ* (åker- og eng-teigar Nyre, Rokne ofl.), *Vetleborgjæ* (Hjernes), *Grevlesborgjæ* (Grevle) ofl. Jfr. og *Seljeborguna* (støl til Selje, Vossestrand). *Staup n* er bruka i *'Staupæ* (tvo bratte åkrar, Hylle; bratte bakkar, Helleve — Vinje). Ordet vert og bruka som samnamn: »*d'æ godt staup*« d. e. det er godt fall for vatnet (i kvernsloket).

Høglende, um teigar som ligg noko høgre på bakkerygger og haugar: *Haugjen* (m. st.), *Kakkarehaugjen* (Lid i Kvitli), *Hólane* (Rjodo), *Kyrkjeleite* (åker, Endeve), *'Rése* (eng, Vestrheim), *Rinden* (åker, Eggjareid), *'Ròbbæ* (åker eller eng på skrinn sandhaug, Tvilde, Kyte ofl.), i fleirtal: *'Rebbuna* (Dukstad ofl.), *Svartenakkjen* (Finne), *Aorkòdl* (åker, Løno), *Nadl* og *Nadlane* (Haga, Lunde ofl.; på Skylje *Nòdlane;* av nadl m knoll, nabbe), *Byrkjatuo* (Gjukastein), *Einstabben* (slåtte, Haugo), *Buhagaskaggjen* (Olde, av skagge m, her um framskot av ein bakke), *'Kleppe* (slåttor, Væte), *Aosen* (utslåtte, Lunde), *Vodlrandane* (i fjellet, Voll). *Rod f* (langstrakt jordrygg) synest å stå i *Ròæ* (dativ *Ròénné*), eit gamalt namn på Tvildemoen. Jfr. samansetningane: *Rabergje* og *Rateigjen* som ligg der innmed. *Ròuna* (millom Gjerde og Trodo) kunde òg koma av *rod f* i tyding: rad, rekkje, av di teigane ligg i rad der.

Um teigar i hjellar og skorer i berget er dei vanlegaste ordi: *hjelle m* (gln. *hjalli;* uttala: *jedle*, i bundi form *jedl(n)* og ulikt *jedl* um veggehylle), *skòr f* og *to f: Einejedl* (åker, Uppheim i Vestbygdi), *Harbeinsskòrane* (Skiple), *Annhòdnetonæ* (Dymbe, med eit hyrna mot berget), *Franatøna* (slåtte, Lissheim) o. m. fl. Av andre ord for noko lik-

nande finn ein *stall m: Stadlane* (slåttor, Haga), og *slå f: 'Slædna* (Løkjane støl), jfr. samansetningane *Slaoenden* og *Slaobrekkuna* (s. st.), *stella f: Harkastedlo* (ei to, Tesdal; skal vera nytt namn).

Ord som, *urd, berg, knaus* odl. er heller ikkje uvanlege i teigenamn. Helst finn ein deim um utslåttor, beite- og skogteigar, men i ei fjell-bygd som Voss, finn ein det same lendet ofte på bøen og. Av døme på slike namn kann nemnast: *Blommuræ* (eng, Saude i Borstrandi), *Stolpuræ* (slåtteteig, Væte), *Bergje* (utslåtte, Gjukastein), *Legeknausane* (beiteteig). Andre dilike namn er: *Lindejilæ* (Klyve), *Bjørjæ* (m. st.), *Bjednehovden* (småeng, Rene), *Rustæ* og *Rust'na* (Skjeldal, Lemme ofl.), *Midtrustæ* (eng, Grede), *Nòltane* (slåttor, Hildestveiti), *'Svædna* (fleirtal av svò f, svadberg; Smågiljane støl), *Mòsasvòæ* med *Svateigjen* (Brurastolen). *Hædd f* (jfr. gln. *hæð*) finn ein i *Himleshæddæ* og *Hellandshæddæ*, nokre beite. Her kann og nemnast *Júé'* (dat. *Júæ'*) brattlendt og urdut slåtteteig (Grjotland og Saude i Borstrandi; i sms. *Juesteidn*). Der er mindre bratt enn i *ju* (djuv) *n* og *f*.

I mange av dei døme som er nemnde ovanfor, er teigenamnet lånt av lendet som finst innmed og ikkje nett på sjølve teigen. Dette er alltid tilfelle når ein hev teigenamn som endar på ord som *gota, stein, foss* odl. Slike namn er det ovleg mange av.

Etter namn på veger, stigar, odl. ei t. d. kalla: *Bròttegòto* (slåttor, Rekve), *Miggòto* (småeng, Nesthus; av mid-), *Rankagòto* (Dagestad, truleg av ranke m vedlad, som der hev vore), *Burekkje* (m. st. eigenleg buveg), *Geilæ* og *Geilane* (m. st.), *Røvestigjen* (slåtte, Lissheim), *'Treppuna* (utslåtte i ei bratt brekke, Tvinno), *Rỵkklỵve* (slåtte, Hefte; truleg av *rygg* og *klyv* n, gln. *kliv* som ein finn i namn på kleivar m. st. *'Klyve, Styggaklyve* odl.), *Kvitalaupe* (bøteig, Vele, ved Bordalselvi midt imot ei grov *Kvitæ;* der er no ikkje *laup* i noverande tyding: stokkebru), *Verkjen'* (teig, Hovda; ved vegmur), *Steingaren* (åker, Graudo; ved ein steingard), *Ilagje* (teig, Tungeteigen; av *ilag (n)* gjerde lagt inn millom naturlege stengsel), likeins *Ilòguna* (Skjerve).

Etter tufter, støde, steinar, tre og røter er t. d. kalla: *Tuft'na* (m. st.), *Brustøe* (Hjernes ofl.), *Stakkstøe* (m. st.), *Utlestøe* (slåtte, Saude i Borstrandi, av utløde f), *Apadl* (åker, Endeve; treet burte fyre manns minne), *Bjønnsteidn* (åker, Rogne), *Einhedlern* (teig, Nesheim), *Heggjeitedl* og *Heggjeitlane* (bøteig, Rekve; der er mykje heggjeitelstein (kvarts) i jordi),

Karvarotæ (teig med mykje karverøter i, Mølster), *Ormerøtna* (vedteig Mølster).

Etter vatn, elvar og vad er t. d. kalla: *Hampatjødnæ* (Gjerskvålsteigen; vatnet no utveitt), *Ho* (teig, Eide; ved elvi som der heiter *Ho*), *Bekkjen* (Vinsand) og *Nesthusbekkjen* (tvo låglendte teigar som i flaum fyllest frå Vangsvatnet; sandbakken utanfor heiter *Bekkrinden*. *Bekk* i tyding *grov* er ikkje bruka på Voss), *Breikvitlæ* og *Longkvitlæ* (slåttor, Eide, uppkalla etter elvar), *Laujólo* (åker ved ei liti grov, som no heiter *Matgroæ*, Uppheim i Vestbygdi; jfr elvenamn som *Vannjolo*), *Røvesløkjen* (slåttor, Fenno), *Seljevae* (ekra, Hovda), *Sarpen* (åker ved ein foss *Sarpen*, Klyve), *Aoveitna* (skogteig, Kyte, av *avveita f* avveiting for vatnet), *Raukjeldo* (slåttor, Klyve), *Dammane* (flatar, Nesthus), *Troppedammen* og *Troppedammane* (Ringheim ofl. um bakkar der det sig litt vatn nedgjenom). Her kann og nemnast *'Skavlen* (Væte; ein teig der det um vetteren alltid lagar seg ein stor skavl).

Etter veiding og ymse slag arbeid er t. d. kalla: *Røvahytto* (bøteig, Graudo; i ei lauvhytte der lurde dei på rev), *Røvovnen* (teig, Hornve ofl.; der tok dei rev med revomn), *Dyrahegne* (slåtte, Skiple). Jfr. og *Sjellskote* (ei to i Lønahorgi; jfr. gln. *sjalfskot??*).

Nævurfarje (Klyve; ein flot der dei fyrr fergde næver), *Skjevladungjen* (slåtte, Opeland), *Kòlgròvuna* (m. st.), *Jenngruo* (Tillung; gruva ukjend), *Beithoggje* (Gjerstad), *Hogstrane* (Rong ofl.), *Tjørehuse* (Klyve), *Kolmilæ* (Tundal ofl.), *Torvtakje* (Lid), *Dolveløype* (Tvinno), *Tymburløypo* (Klyve), *Tymburvelto* (slåtte, Kvarakvål). Hit høyrer kannhenda og *Tymbraodl*, i fl. *Tymbraolane* (tvo plassar, Bokkatun; der skal ha vore timberløypor).

Mange teigenamn vert laga med avleiding. Dei endingar som helst vert nytta, er hankynsendingane *=en, =aren* og *=ingjen*, og hokynsendingane *=æ* og *=o;* i fleirtal *=ane* og *=una (=na)*.

Hankynsavleiding på *=en* er t. d. *Øykjusen* = *Øykjusaokurn* av *øykjus*, øykhus, stall (Mala). Av same slag er *Kvednusen* (Grjotland), *Utløen* (åker ved ei utløde), *Linbaren* eller *Limbaren* (åker ved eit bard på Fagnastøl; *lin* av *lind?), Bulegjen* (åker, Endeve; av *bulega f)*. Soleis er vel og *'Musen*, ein åker på Saude i Borstrandi, å forklåra, av *mus f*, etter skapet. Her kann og nemnast åkernamn som *Edlingjen, Gubranden, Sveidn, Torbjødn, Tosteidn* odl., som er kalla upp etter folk. *Einaren* (Lydvo) ved sida av *Einarhaugjen* kunde og koma av *eine m. Sjovatn*

(Skjerve) kjem av *Sigvat*, i Hardanger enno uttala *Sjovat*. *Bidningjen*, ogso i fleirtal: *Bidningane* (Bø i Dyrvedalen), kjem visseleg av det gamle mannsnamnet *Birningr*, som hev vore bruka på Voss. *Kadl*, åker på Rogne, kjem vel helst av samnamnet *karl m.* Etter folk som hev havt med stykki å gjera, kjem teigenamn som *Klokkaren* (Brekku i Gullfjordungen) og *Skomakaren* (Mølster). Namni *Lonaren* og *Valdrisen* på Fletre skal koma av at ein mann frå *Lonane (ein lonar)* og *ein valdris* skal ha brote upp dei teigane. Av eit kvinnenamn *Steinvor* kjem *Steinvòren* (Eide), og åkernamnet *Lùkkrisen*, som ein finn tvo stader (på Seim i Gullfjordungen og på Gjelle), er visst og å forklåra av eit kvinnenamn *Lùkris (Lucretia)* som no er ukjent på Voss, men finst på Hordalandet. Teigar fekk ofte namn etter plassefolk som hadde det til pliktarbeid å skjera eller slå der.

Av adjektiv er avleidt: *Skarpen* (ein åker på skarp jord). *Matlausen* (ein engteig på Hjernes) vart etter segni bytt burt mot korn i ei dyr tid (nemnd *Madløseteigen* 1772).

Hankynsavleidingar på *-aren* vert helst laga av ord som fær samansetningsform på *-ar* eller *-a: Buaren* (Skiple, ved ei bu; jfr. *Buaraokurn*, Linberg), *Firamarkaren* (slåtte, Gjelle), *Flyaren* (Fenno; av *fly f*), *Kleivaren* (Ukvitno i Reppen), *Toaren* (Uppheim i Vestbygdi), *Tuftaren* (Endeve). Av gln. *øsp (aspar) f* kjem truleg *Asparen* (Skutle ofl.). *Klaffaren* (åker, Røte), som ligg ved ei klopp, er visst å forklåra som ei umtyding av »*klapparen*« av *klôpp (klappar) f.*

Av hankynsord er avleidt: *Haugaren* (åker, Tveiti ofl.), *Krokaren* (åker, Reime ofl.), *Sandaren* (på sandjord, Bjørku), *Steinaren* (Graudo).

Av adjektiv kjem: *Breiaren* (åker, Graudo), av verb: *Bytaren* (Brekku; teig som dei byttest um). Av ukjent upphav er *Bjødlaren* (fin åker, Vestrheim).

Hankynsavleidingi på *-ingjen* er greid å sjå av namnet *Gryvlingjen* (Finne), ein åker ved eit *gryvle*. Andre avleidingar av same slag er: *Trileitingjen* (åker, Gjelle; der er tri leite), *Rebbingjen* (åker, Bryn; av robb f). *Fyrebytningjen* (slåtte med berg umkring, Rjodo) vert forklåra av at der er »*bytna fyre*« eller stengt som i ein botn (jfr. og *fyrebytning*, Ross). *Hæringjen* (åker, Lunde) hev eit skap som minner um *ei herd*. *Skrỳlingjen*, ogso uttala *Skrỳdlingjen* (Mølster), kunde koma av *skryl* eller *skryll* (kryl o. m.) Same avleidingsending hev ein og i stølsnamni *Kviting* ved elvi *Kvitæ*, *Breiming* ved elvi *Breimo*, og *Skjevlingjen*, som ligg på ein ås som er som ein *skjevidl* eller avskaven kjepp.

Liksom hankynsavleidingane på *=en* og *=arɐn* helst er å taka som eit slag stuttformer for samansetningar med *åker* eller *teig*, so er hokynsavleidingane på *=æ* og *=o* helst eit slag stuttformer for *saldsåd, ekre* eller *slåtte*.

Hokynsavleidingar på *=æ* er t. d. *Tremarkjæ* (Lid i Kvitli), *Gommoræ* (åker, Nestås; av *godmor f*), *Magliæ* (åker, Nesthus, av kvinnenamnet *Magli*). Likeins: *Herboræ* (av *Herborg*), *Abluæ* (av *Ablu* d. e. *Abelone*) ofl.

Hokynsavleidingar på *=o* er t. d.: *Buo* (åker nær bui, Saude i Borstrandi), *Huso* (åker ved husi, Vike), *Høkjo* (åker, Graudo; jfr. *høk*), *Kòlgrôvo* (Fenno ofl.; av *kolgrov f*), *Kroko* (åker, Vesterheim, av *krok m*), *Skorvo* (Fenno, av *skarv n.*), *Skòtvôdlo* (åker på *Skotvodlane*, Lemme), *Tuno* (Nestås, ved tunet), *Tomarko* og i fleirtal *Tomarkuna* (åkrar, Vestrheim, Hovda ofl.), *Hômr'na'* (åker på hamrelag, Mön). Av kvinnenamn: *Randio* (Øvsthus ved Dukstad; av *Randi*), *Aodno* (Leiddal; av *Aodna* d. e. *Arna*). Av mannsnamn: *Jakopo* (Opeland; av *Jakop*).

Av adjektiv kjem: *Jupo* (Vike ofl., av *djup*), *Insto* (åker, Rokne; ligg inst), *Nesto* (åker nedst på bøen, Lirhus), *Miggjo* (åker millom tvo elvar, Saude i Viki; av *mid adj.*). Hit høyrer vel og *Skjerjo* (fin åker, Saude i Borstrandi; av (tidleg) *skjær* adj.; der er ikkje *skjer* (*n*) i han), og *Nôrsko* (tvo gamle åkrar på Lade og Hylle: *Laesnorsko* og *Hydlesnorsko*; men kvifor norsk?).

Namnet *Triggjo* (åker, Gjukastein, Rekve, Kvåle, Gjøastein) og *Fjɣgro* (Tillung, Tøn) kjem truleg av genitivformene *þriggja* og *fjɒgurra*, som i gamalnorsk vart bruka i ordlag som *þriggja mánaðamata ból* odl. Dei mål som er uppgjevne på desse åkrane, umlag 3 og 4 saldsåder, tyder på at det her er formene *þriggja* og *fjɒgurra sálda sáðir* som ligg til grunn.

Fleirtalsavleidingar er ikkje sjeldsynte. Ofte finn ein at namn som ein skulde venta hadde eintalsform, hev fleirtalsform. Grunnen er då ofte den at teigen er skift millom fleire menner, eller at fleire teigar vert nemnde under eitt. Soleis er det t. d. med *Nadlane* (Lunde) som er fleire teigar ved ein »*Nadl*«. I andre høve er teigen på naturleg måte (t. d. med ei grov) kløyvt i fleire; soleis t. d. med *Bakkateigane* (Gjerstad). Ofte er det og eigaren som sjølv kløyver upp teigen i fleire teigar til ymist bruk. Soleis er t. d. ein hage (hamnegang) på Norheim vanleg kalla *Hagane*, av di dei skil millom *Øpstehagjen*, *Nestehagjen*, *Hagakronæ* ofl.

Millom fleirtalsavleidingane finn ein ikkje sjeldan hokyns= og hankyns=former som synest å svara til ei eintalsform i inkjekyn. Soleis finn ein

ofte endingi *-bòr'na* som svarar til *eit bar* (bard): *Dalaborna* (Hauga-moen stol), *Sonvesborna*, *Harastettborna* (Mølsterteigen), og stølsnamn som *Vikaborna*, gardsnamn som *Jilborna*. I sume høve finn ein og ei nyare form *-borane* ved sida av, t. d. *Bjørkuborna* og *Bjørkuborane* (eldre plass). Men den regelrette fleirtalsformi *boræ* er ogso bruka i andre høve: *Jilboræ* (m. st. i Bordalen), *Brekkeboræ* (Lunde), *Støsboræ* (Dymbe) ofl. Andre døme på slike fleirtalsformer er: *Leitna* (teig med fleire eigarar, Helleve; av leite n.), *Bergane* (slåttor og plass, Rjodo), *Brôtane* (eit bakkebrot, Reime), *Skjedikane* (Klyve ofl.; av *skitdike n.*), *Træane* (teigar, Øvsthus i Raundal, av *træde n.*). I sume høve kann ein visst gå ut ifrå at det fyrr hev funnest eintalsformer til slike ord, um dei ikkje no er i bruk. Til *Skòrvuna*, *Brùkane*, *Tarrane* finn ein soleis ikkje tilsvarande eintalsformer no i vanleg bruk på Voss, berre inkje-kynsformer som *skarv*, *bruk* (i namn), *tarr*, men i andre bygder finn ein *skorv f*, *bruke m*, *tarre m* (sjå ordbøkene).

Preposisjonsnamn er vanlege mange stader, t. d. *Ni hagjen* (åker, Hjer-nes), *Unde Storaokrane* (eng, Skjerve), *Uppunde bergje* (åker, Øvsthus i Raundal), *Imidlo grøvo* (ei to, Staup).

Me skal so sjå på samanlikningsnamni, dei kallar, namn som er vel-kjende frå »Norske gårdnavne« (jfr. Indl. s. 32 f), og som ogso er my-kje bruka i namngjeving elles på fjell, vatn, steinar o. m. Samanlik-ningane vert tekne frå ymse kantar og gjeng oftast på skapet.

Med lekamsluter er samanlikna: *Bòttlangjen* (eldre åker, Gjelle; namn på fjorde mage hjå jortedyri, jfr. Ross), *'Bringjen* (namn på ein åker midt i »*Forskote*«, Lirhus; skogvaksen rinde i ei slåttemark, Lemme), *Bringo* (åker, Sæve), *Foten* (nedste stykket av ein teig, Dukstad), *Kalde-foten* (ein kald åkerteig, Saude i Borstrandi), *Halsen* (åker, Hornve), *Hòve* (øvste åkeren, Olde), *Hønsafoten* (Alland), *Fuglauga* (Lid i Kvitli), *Klonæ* (Skutle), *'Kverkjen* og *Kverkane* (m. st. um vinkelskapa stykke), *Langjetangjen* (åker, Gjelle; namn på langfingeren), *Mulane* (teigar som no er bytt millom Tvilde og Gjerdåk, men som visst hev vore ein gard for seg; jfr. *Mular* Ngn XI 558), *Nautalære* (Dolve), *Róo* (Bjørgo), *Fantaroo* (Klyve), *Sauaroo* (eldre plassnamn, Prestegarden), *Røfsalen* (d. e. revshalen; Nyre ofl.), *Tungo* (m. st), *Vòmbæ* (Væte).

Dyrenamn finn ein sjeldnare: *Gapunaute* (eller *Gapa-*) er ein teig på Gjerstad, *Galten* skal vera ein åker på Sæve, *Gaosæ* og *Gaosanebben* er åkrar på Rekve, *Uglo* er ein åker på Lirhus (upphavl. elvenamn?)

Samanlikning med klædeplagg er svært vanleg: *Bringkluten* (åker, Kvåle i Gullfjordungen), *Brokjæ* (åker, Tren), *Dukjen* (åker, Ullestad ofl.; jfr. og *Dukjen* um ei utviding av Raundølo ovanfor *Dukafossen*), *Hitæ* (åker, Bjørku), *Hòso* (åker, Vinjo), *Skinnhoso* (beiteteig, Olde; *hosa f* kvinnfolkbrok), *Hÿlikjen* (slåtte, Skutle; jfr. Åsen *hylk m*), *Lommo* (slåtte, Skutle), *Røyven* (eng, Lemme), *Sekk* (Eide) og *Sekkjen* (m. st.), *Skaute* (Lunde ofl.), *Stakkjen* (Dagstad), *Vampen* (Hæve ofl.). Hit høyrer visst og *Hÿpédl'*, eit jordstykke med nedlagd husmannsplass, Berge; nyisl. *hypill m*, vidt klædeplagg av grovt ty.

Med ymse slag kjerald er samanlikna: *Gryto* (Fenno), *Grytefoten* (åker, Dukstad, ofl.), *Kjelen* (Fenno), *Ostafate* (Gjerde), *Skjeppo* (åker, Berge; etter skap, ikkje etter mål), *Skÿrembaren* (eldre åker, Gjukastein), *Smøreskjo* (sers god åker, Rekve).

Samanlikningar med ting av ymse slag er: *Felo* (åker, Eimstad), *Kilane* (Linberg), *Kransen* (åker, Uppheim i Gullfjordungen), *Kringlo* (m. st.), *Lepso* og *Lepsna* (Kvåle i Gullfjordungen ofl.), *Ljostræ* og *Ljostrna* og *Ljostrane* (Hovda, Tvinno ofl.), *Ljostreklødna* (enden av *Ljostreforskote*, Øvsthus i Raundal), *Lòggjæ* (åker, Tøn; jfr. *Lòggsalsaoæ*, Hjernes, og Åsen: *logg f)*, *Luren* (engteig, Uppheim i Vestbygdi; der er fleire småhaugar, men namnet kjem av at teigen er lang og smalnar til som ein lur), *Naolæ* (lang smal åker, Hylle), *Nòvæ* (liknar ei nòv, Kvåle i Gullfjordungen), *Sengjane* (bø, Reime), *Skjoldæ* (Møn), *Spjote* (eng, Gjukastein; på Prestegarden er og i 1732 ein teig nemnd *Spiotet*), *Stongjæ* (lang åker, Hjernes; skriven »*Stangen*« i 1772), *Strengjen* (lang; Kvåle i Gullfjordungen), *Strutane* (Rjodo), *Saoto* (Klyve), *Terningjen* (åker, Kyte), *Vangsen* (Seim i Vestbygdi; av *vangsne m* plogjarn).

Samanlikningar med husrom hev ein i *Kleven* (m. st.), *Kòven* (m. st.), *Smørkòven* (Staup), *Kòvane* (Hjernes), *Skùkkjen* (Dale), *Svòlæ* (Skutle). Likeeins *Kórane* (Skutle, ofl.) um skog- og slåtteteigar; jfr. Åsen »*kor m* aflukke«. *Skjemmuna* (åker på Ygre, plass på Øvsthus ved Dukstad; berghyllor på Kulset) er visst på ein eller annan måte å taka av gln. *skemma f* bu. Same ordet finn ein att i D.N.I 763 (jfr. 210) som namn på eit stykke av Lekve. Liknande namn er ogso gardsnamnet *Lemme*, og *Laoen* (d. e. låven) um ein flot på Lønahorgi o.fl.st.

Ei samanlikning hev ein og i *Vetturn* og *Summarn*, namn på tvo stykke av ein åker på Kvåle i Gullfjordungen. Namni skal koma seg av at den fyrste er so sein, den andre so fljot. *Hønsadauren*, åkernamn på

Raustad og Olde, kjem vel av at åkrane er små (*daur m* dagverd). Same åkernamn er og bruka i Ulvik.

Ymse uppkallingsnamn er og grunna på eit slag samanlikning. Av slike kann nemnast *Danemarkjæ* (med *Danemarkafløto*), ei stor flat fin utslåtte på Uppheim i Vestbygdi, nemnd alt i 1695 (s. Ngn. XI 559). *Gullfjordungen* (åker, Skjeldal), er uppkalla etter den kjende gardegrendi i hovudbygdi. *Tyrlingjen* (eldre åker, Prestegarden) hev truleg namnet sitt av at det var pliktarbeid for folket på garden *Tyrlingjen* å skjera han. *Gullbrao(næ)* på Mølster kann vel vera uppkalling etter *Gullbrao* i Eksingedalen.

Tilslutt kann nemnast nokre meir einstaka namn som *Graoten* (um eit stykke som er ilt å slå), *Flokjen'* (Lunde; engteig i ein bratt kvelv i Vangsvatnet; jfr. flokje gras), *Hestasprengjen* (åker, Kvarakvål; »som sprengjer hestane«), *Tvangjen* (og *Tvangane*, Haugo og Nyre; etter segni vart folki der tvinga til å dyrka dei upp; jfr. offentlege påbod um tvangsrudning i 1632), *'Vèstùr n* (dat. *Vèsturæ;* åker som ligg mot vest, Rekve; jfr. gln. *vestr n*), *Rysko* (åker, Raustad; jfr. *ryska f* blandkorn).

Med ugreid tyding: *'Bavadl* og *Bavalstræe* (fin voll i fjellet, Ringheim), *'Dùnsen* (jordstykke med eldre plass, ogso leikarvoll, Veka; jfr. *duns m* og *dunsa ned*, detta), *Hỳlmo* og fl. *Hỳlmuna* (bratt fjellslått med grovt gras, Narheim, jfr. *hylma f* halmstubb), *Lýe'* (dat. *Lýæ'*, sms. *Lýes-*; ei halvbratt slåtte, Seim i Vestbygdi), *'Maksam* (skog- og beiteteig, Smågiljane, millom tvo elvar), *'Stìkje* (eldre åker, Gjukastein; av (sol)stik?), *Veggmannen* (åker, Kyte) og *'Vekkmannen* (åker, Ringheim), *Vòlmane* (i sms. ogso *Valmamyræ*, ufsut skogteig med slåttor imillom, Leiddal; jfr. *valm m* høykjembe til å leggja i hes, høy som ligg på kvar trode i eit hesjegolv, Voss)[1].

Av denne yversyni yver teigenamni i ei einskild bygd vil ein sjå at det mykje er dei same ord og same slag samansetningar som vert bruka i desse namni som i gardsnamni. Gardsnamni hev vel noko eldre former å syna fram, dei eldste av deim, men elles er skilnaden helst den, at i gardsnamni hev formene ofte stivna til; serleg hev dativformi i mange høve trengt seg fram og vorte den einaste formi. Teigenamni

[1]) Um åkrane hev det funnest gamle rim som eldre folk enno minnest sumt av, t. d. frå Viki: *Nest i husæ, midt i tunæ, vind i sandæ, Rùes Blakkjen, Dasta Stakkjen, Eimstò Felo, Mosafinns Delo, Vetlasaues Kadl, Storasaues Nadl, Grimasta Krokane, Lunda Flokane, Skjelda Skaolæ, Lilands Naolæ.*

derimot hev halde uppe samanhengen med det levande talemålet betre. Det syner seg både i det at dei vanleg hev fenge bundi form, og i at nominativformi hev halde seg som hovudform. Elles er det sjølvsagt millom teigenamni, som millom gardsnamni, både nye og gamle namn å finna. Av utskiftingsbrev og markegongor frå dei tvo siste hundradåri vil ein sjå at teigenamni då hev vore dei same som no i det heile og store. I skrifter frå eldre tider er teigenamn svært sjeldsynte. Frå 1626 finn ein i Suhms samlingar ei segn um kyrkjebyggjingi på Voss. Der er nemnt fire stadnamn: *Utrooen*, *Basterygg*, *Strengerhøy* og *Runarbakke*. Av desse namni er dei tri fyrste enno kjende: *Utròæ*, *Basteryggjen* og *Strengjarhaugjen*. I det kjende brevet um veghaldet på Voss, prenta i D.N. VI 167 (frå 1343) er det nemnt fleire namn som ligg teigenamni nær: *a Æidis myrum, Gærda klæif, Aasbreks bru, i Troda hagha, Tuilldis klæif, i Brunsberghe ok aurgatum firi ofuan Tøøn, firir nedan Fifel hæillu, til Suælghianda, halda vp foruodunum, Raundals klæif, Olafs too.* Desse namni er enno i bruk: *Eiesmyrane*, *Jerakleivæ* (Haga), *Aorsbrekkebrunæ*, *Tròahajen*, *Tvildeskleivæ*, *Brunsberje*, *Aurgoto* (ovanfor Tøn), *Fivelhedlo*[1], *Svelgane* (med umtyding), *Forvòuna*, *Olatonæ*. Berre *Raundalskleiv* er ikkje nytta no meir, det eg hev høyrt. Fyrr er og nemnt eit og anna døme på gamle namn frå eldre skrifter.

Det ser soleis ut til at namn av dette slaget hev halde seg godt gjenom hundradtals år, og me ser at mange namn som ser heller unge ut, viser seg då å vera like gamle som våre eldste bygdebrev. Umveges kunde ein vel og finna prov for at dei er endå eldre. Når ein held namni saman med islandske namn, soleis som ein finn deim i Landnámabók, so ser ein at dei namni i det heile er av same slag som dei me enno hev. Det er namn på *=brekka, =gerði, =hagi, =teigr, =vǫllr* osfr. Elles er dei islandske og færøyske teigenamni enno lite upplyste; på desse øyane hev dei heller ikkje havt noko større åkerbruk, so dei vantar visseleg ein stor lut av dei mest sermerkte namni. Forvitnelegare er ei samanlikning med shetlandske teigenamn, som er samla og utgjevne av Jakobsen i Shetlandsøernes Stednavne (Kph. 1901). Her finn ein ikkje berre likskap i dei ålmenne lendenamni som *bjørg*, *brekka*, *kinn*, *klepp*, *klyv*, *lein* ofl., men og i dei meir sermerkte teigenamn som *krik*, *kro*, *krok*, *bring*,

---

[1]) No ogso sagt: *Fibreldehedlo*. Hella er umlag 3–4 m² stor og låg ved vegen ca. ½ km. sud for Flatlandsmoen. No er ho nedøyrd med jarnvegsbyggjing. Det veks mykje fivel på myri umkring.

kringla, logg, streng, kove, kverk, skjold, skaut ofl. Denne likskapen viser at skikken med slike namn er like gamal som innflytjingi til Shetland. Ogso andre merke tyder på høg alder. Namnet *Eikuna* på Graudo stend soleis visseleg til minne um ei tid då det må ha vokse eik der, og det må ha vore ovleg lenge sidan.

Å gjera samanlikningar med teigenamn frå andre norske bygder er ikkje lett, av di dei enno er lite utgreidde. Ei samling med stadnamn frå Ulvik i Olafsens bygdebok viser sjølvsagt stor likskap med namni frå Voss, men det er og ein skilnad som er merkande. Ymse ord stoggar ved heradsbytet. Ei samling frå Haukedalen i Sunnfjord av dosent Indrebø (Mål og minne, 1921) viser og det same.

Det er ikkje tvil um at det er mange gardsnamn som hev vakse fram av teigenamn. Denne voksteren kann ein sjå den dag i dag på Voss. Når gardane vert utskifte, og mennene flytter ut, fær dei nye bruki vanleg namn av den teigen dei kjem på. Soleis hev det no på Voss vorte gardar på *Dishaugjen, Helgavangjen, Ljostrane* ofl., eldegamle teigenamn som no dukkar upp til eit frægare liv i nye gardar.

Tilleg: Um lund-namn på Voss.

Millom teigenamni finn ein ikkje sjeldan namnet *Lunden* eller samansetningar med dette ordet. Av stader der namnet er funne og etter alle merke må vera gamalt, skal eg nemna:

Matr. nr. 11, Flogo: *Lunden* (ei ekre).
—»— 26, Gjerme: *Lunden* (åker med gravhaug).
—»— 44, Ullestad: *Lundarteigjen* (med gravhaug: *Madamehaugjen*).
—»— 54, Ringheim-Gjerde (i bytet): *Lundaraokurn, Lundarvatne* ofl. med segn um ein gard *Lund*.
—»— 60, Gjerskvål-Flatekvål (i bytet): *Idlunden* (nedanfor *Gudlaokurn;* utlagt som *Idle-lunden*).
—»— 75, Leiddal: *Lunden* (stykke med husmannsplass).
—»— 113, Kyte-Norheim (i bytet): *Lundane* (med *Runakadlahaugjen*). Teigen er skift.
—»— 114, Graudo: *Lunden* (med gravhaug: *Lundarhaugjen*).
—»— 157, Skjerve: *Lunden* (bøteig).
—»— 189, Lid i Kvitli: *Lunden* (med gravhaug).
—»— 191, Bryn: *Lunden* (med gravhaug).
—»— 192, Haugo: *Lunden* (med *Huldahaugjen*).
—»— 198, Sonve: *Lunden* (no er eit bruk flutt dit).

Matr. nr. 238, Dagstad: *Lundaokurn* (og *-ekro*).
—»— 241, Saude: *Lundarskòdl.*
—»— 244, *Lunde*, gardsnamn.
—»— 247, Seim: *Lundarkòdl.*

Umfram desse namni finn ein: *Lunden* (plass på Tøn; uvisst um gamalt), *Lundhaugjen* (Rogne; skal vera uppkalla etter ein kapt. Lund umlag 100 år sidan), *Ospelunden* (Jerald), og dessutan *Frydenlund*, *Bjørkelund* ofl. tydeleg nylaga namn.

Når ein ser burt ifrå desse siste namni, vil ein leggja merke til at lund-namnet berre finst i dei eldste grender og etter måten svært jamnt utbreidt. Det er òg å merka, at Lunden på alle desse gardane ligg på bøen, og oftast ved ein gravhaug. Sjølve lunden, trei, er ikkje meir, det er åkeren eller engi som no ber namnet. Å tru at det her skulde ha vore heilage lundar, kann vel tykkjast vera underleg med det same; det vilde verta mange lundar på ei liti bygd. Det hev vore trui at ein heilag lund var noko stort som ein berre fann i Lund i Skåne og på andre sers utvalde stader. Men det er lite truleg at våre forfedrar gjorde lange ferder for å blota til gudane sine. Det reiste visst knapt nok ei kjyrkjeferd; helst hev dei vel havt blotstaden sin i grendi. Det høver vel med det me finn i dei gamle sogone. Um landnámsmannen *Þórir snepill* vert det fortalt at »*hann bjó at Lundi, hann blótaði lundinn*«. Og i Gulatinglogi stend det med greide ord um å »*trúa á landvættir, at sé í lundum eða haugum eða forsum*«. Det må då ha funnest mange heilage lundar kringum i Gulatinglag, og etter alt å døma ser det ut som Voss hev vore ein stad der det hev vore sers mange lundar, og at ymse av deim hev vore dyrka, treng ein visst ikkje tvila um, når ein ser kor dei ligg på bøen og ved gravhaugane.

Leiv Heggstad.

NOKRE STADNAMN

Vannen.

I Hemsedal, under det store fjellet Skogshorn, som er fremste utposten for høgfjellet paa sin kant, ligg eit lite vatn som heiter V a n n e n. Namnet er uttala *va'nnin*, dativ *va'nna*, i samansetning *va'nne-*. Vatnet er ca. 2 km. langt, og i den breidaste enden er det kring 1 km. breidt. For det meste er det smalare. Etter gradteigskartet ligg det 828 m. yver havet. Like vel ligg det ikkje yver grensa for busetjingi. Ein fjellgard som heiter Vanneviki, utt. *va'nnevíkji*, ligg ved nordvestenden av vatnet. Mogeleg hev det funnest ein gard til der uppe som hev heitt Vannedal; jfr. »Norske Regnskaber og Jordebøger« IV, s. 385 (1528). Aust og nordaust for vatnet er svære sætergrender, og ein 7 km. lenger nordaust inne paa fjellet ligg ei heil liti fjellgrend. Ho heiter Lykkja, og ligg paa lag i same høgd som vatnet Vannen. Alt 2—3 km. heimanfor Vannen ligg ei stor grend som heiter Eikregardane, og desse gardane og gardane nordvestetter derifraa ligg mest heilt uppe langs kamben paa det same plataaet som vatnet ligg uppaa. Heime i dalen finst fleire gardar som mun vera gamle; soleis Torset, Ulsaak, Joleim. Upp til sørenden paa Vannen gjeng det ein skrape køyreveg no. Frammed nordvestenden av vatnet gjeng ein annan køyreveg. Han kjem fraa Ulsaak, smøygjer seg fram yver smale eid millom fleire fjellvatn og fører upp til sætrane og til Lykkje-grendi. Desse vegane hev avløyst eldre ringare fjellvegar. Fraa Lykkja fører ein fjellveg yver til Flyvatnet paa Valdres-sida, og fraa Flyvatnet fører stølsvegar til Nord-Aurdal (Ulnes) og V. Slidre.

Eg nemner dette til aa visa at det visseleg alt fraa ovleg gamall tid hev vore mykje ferdsle, etter høvi, frammed Vannen og dei andre vatni som ligg i ei samling nedunder Skogshorn — ferdsle upp til sætrane, til fiskevatni lenger inne paa fjellet, og til veidestadene paa dei velduge fjellviddene. Um sumaren hev halling og valdris dessutan møtst til leik-

stemne her uppaa fjellet, paa Lykkja.[1] Stemna kann vel vera gamall, anten so staden hev vore den same som no for henne fraa fyrsten av, eller ei. Stundom hev hallingar og valdrisar fare til fjells eins ærend for aa slaast, etter det dei fortel. Uppaa den breide, flate ryggen millom Lykkja og Flyvatnet, Kjølen dei kallar, gjeng bytet millom Valdres og Hallingdal. Der hev stade slag millom valdris og halling, segjer segni. Rart vilde det vera um ikkje bygdemenn fraa kvar si side av fjellet skulde ha nappast som harde grannar ein gong imillom her uppe ved grenseskili.

Det kann ikkje vera tvil um, at so lenge og so mykje som folk hev fare uppi desse segn-rike fjelltraktene, so kann stadnamni der vera sers gamle. —

Um gardsnamnet Vanneviki (52,3 Hemsedal), som hev til fyrsteled innsjønamnet Vannen, stend det i Norske Gaardnavne V, s. 123: »[Gaarden ligger] ved sjøen Vannen, hvis navn rimeligvis hører sammen med Vannsjøen i Moss herred og videre med V a r n a, der er det gamle navn for Rygge sogn, og med Vannøen i Karlsø o. fl. Navne: se bd. I s. 350. .... Til grund ligger vistnok oldn. v ǫ r n f. [genitiv v a r n a r], »værn«, saaledes at herved er betegnet lokaliteter omgivne af en naturlig vold ell. lign.«

Samanstellingi her, so langt ho kjem namnet Vannen ved, lyt vera openbert rang. Ein gamalnorsk stomn *V a r n- skulde gjeva *V a d n- i maalføret i Hallingdal no, likeins som gamalnorsk t j ǫ r n f. hev vorte til *kjødn* (Hemsedal), *kjedn* (Lykkja), og k o r n, h o r n, j á r n til *kødn, hødn* — t. d. »Skogshødn« —, *jødn*. Jfr. Ross, Norske Bygdemaal IV, s. 19. A. B. Larsen, Oversigt over de Norske Bygdemaal, s. 58.

O. Rygh fører upp i »Norske Elvenavne« s. 290, under tvil, ein elvenamnstomn Vann- og nemner tri namn:

Vanndøla, utt. *va'nndøla*, ei elv i Jostedalen som renn framum garden Vamberg.

Vannjolo, utt. *va'nnjólo*, ei elv som renn ut i Vangsvatnet paa Voss.

Vannen i Hemsedal. Innsjønamnet her skulde altso etter Rygh vera avleidt av eit elvenamn.

Men Rygh hev ikkje noko framlegg til uttyding, og hev dessutan tvil

---

[1] Hallvard Bergh, Folkeminne ifraa Valdres og Hallingdal. Norsk Folkekultur 1923, s. 167.

um alle tri namni inneheld ein og same namnstomnen. Ikkje er det so mykje trulegt heller at eit elvenamn skulde liggja til grunn for innsjø-namnet. Vatnet hev berre smaa tilsig, etter kartet, og ein liten bekk til avlaup.

For kvart av dei tvo namni Vanndøla og Vannjolo hev det vore gjort ulike tydingsfreistnader. Sjaa Norske Elvenavne, s. 341 (S. Bugge). Norske Gaardsnavne XI, s. 572 (Magnus Olsen). XII, s. 3 (A. Kjær). Sams for alle desse uttydingane er at dei er utrygge; og for namnet Vannen er dei ubrukande. Dette namnet stend uforklaara, og ved dei tvo andre namni er vegen fri for nye tydingsfreistnader.

nn i namnet Vannen kann ikkje koma av *rn*, som nemnt. Ikkje heller kann *nn* koma av *nd* her, liksom det kunde ha gjort i ymse andre maalføre. Jfr. elvenamnet Hynda i dei same fjelltrakter, utt. *hy'nda* — elvi kjem fraa Hundsenn (utt. *hu'nnsænn*, for di *d* stend millom konsonantar). Sjaa òg Ross, Norske Bygdemaal IV, s. 20.

Ikkje heller synest *nn*, her, kunna koma av gamalnorsk *ðn*, som i sume maalføre kann gjeva *nn*. Bidne n., mindre kjerald, gamalnorsk **b i ð n i*, er uttala *bidne* i Hallingdal og Valdres (Aasen, Ordbok s. 55). Og gamalnorsk *haðna* f., ung geit, heiter i Hallingdal *haana* (Aasen). Ein — ukjend — gamalnorsk stomn **Vaðn-* skulde ha gjeve **Vadn-* her eller helst **Vån-*.

Germansk *zn* eller *nþ* vilde ha gjeve *nn*, men det stend vel knapt ferdig ein høveleg germansk stomn **Vazn-* eller **Vanþ-*.

Truleg er *nn* upphavlegt. Rett nok er ikkje kjend, det eg veit, nokon høveleg stomn innan den heimlege ordskatten som namnet daa kann utleidast av. Men ein hev eit nærliggjande ord i eitt av grannemaali til aa setja det i samanheng med. Det er adjektivet *wann (wan, wonn, won)* i angelsaksisk. Etymologien til det ordet er uklaar, men ordet er ikkje sjeldan brukt. Det tyder »dark, dusty, sable, lurid, livid« (J. Bosworth, An Anglosaxon Dictionary). Det er brukt um skuggen, den dauve, osande logen, skyi, ramnen, natti m. m. Men det som serskilt gjer det tiltalande aa tenkja paa dette adjektivet her, er at det ogso er brukt »as a (poetical) epithet of w a t e r« (Bosworth): ý ð g e b l o n d ú p á s t í g e ð, w o n tó w o l c n u m Béowulf 1373 f.; o f e r w o n n e w æ g; w o n n e w æ l s t r é a m a s. Ordet er i bruk i engelske maalføre framleides. Joseph Wrigt, The English Dialect Dictionary (1905), fører det upp fraa Skottland, Westmoreland, Yorkshire, og Warwick med tydingi »black,

gloomy«, ogso »filthy«, skiten. Jfr. John Jamieson, An Etymological Dictionary of the Scottish Language 2 utg. (1882). I desse nyengelske maalføri er det endaa til »g e n e r a l l y used of water«. Hjaa Alexander Warrack, A Scots Dialect Dictionary (1911, stuttfengd) stend berre: »wan, adj. u s e d o f w a t e r: black, gloomy«.

Ved sida av tydingi »myrk« hev ordet »wan« ei tolleg motsett tyding i nyengelske maalføre: »pale, sickly«. I nyengelsk riksmaal er det brukt i denne tydingi. Sjaa W. W. Skeats, An Etymological Dictionary of the English Language (»colourless, languid, pale«; av denne tydingi kann vel ei tridje tyding: »longing, wistfull« utleidast).

Er det same ord som angelsaksisk »wann« ein hev i innsjønamnet Vannen, skulde den gamalnorske formi ha vore *V a n n i; det er ei substantivering av adjektivet i linn form; jfr. t. d. B j a r t i til b j a r t r (Mine Norske Innsjønamn, s. 259). Namnet hev høyrt til den ovleg store klassa av innsjønamn som siktar til ljos- eller fargedaam. Det kann ha tydt noko slikt som anten »Svartsjøen«, »Skumsjøen« eller »Kvitingen«, »Lysingen«. Sidan det engelske »wan(n)« brukt um vatn tyder »myrk, svart«, er det rimelegast aa tenkja paa den fyrste tydingi. Etter kartet er det myrlendt eller i minsto laaglendt næmast vatnet paa fleire kantar. Botnen skulde daa vera myrk. Det veks lauvskog enno uppmed vatnet, og barskogen er ikkje langt undan. I eldre tid hev barskogen tvillaust rokke nærmare innaat vatnet, og det hev kunna verka noko paa fargedaamen.

Sidan adjektivet *v a n n r, *v a ð r er heilt ukjent i norsk or litteraturen eller maalføri, laut namnet vera dugeleg gamalt; men som fyrr nemnt kann ein venta aa finna gamle namn i desse fjelltraktene.

For formi skuld var det ikkje noko i vegen for aa forklaara namni V a n n d ø l a, V a n n j o l o òg av det same ordet *v a n n r. Vanndøla kunde kanskje innehalda eit usamansett elvenamn. Det slumpar so til at ved eit anna elvenamn med etterleden -jolo hev dei maatt gaa ut um historisk norsk for aa forklaara fyreleden: namnet Horjolo paa Voss hev vorte forklaara av *h o r n., svarande til ml.-høgtysk h o r n., »lort, søyle-grunn«, ags. h o r h (Norske Gaardnavne XI, s. 572).

Andre namn som ein kunde tenkja paa i samanheng med det supponerte adjektivet *v a n n r er t. d. gardsnamnet V a n v i k 15. 16 Sand i Rogaland, utt. *va'nnvík*, og V a n d v i k 26 Fusa i Hordaland, utt. *va'nnvíkjó*. Men det vert her berre tale um laus gissing. Skriftformer fraa midalderen finst ikkje for noko av namni. Andre forklaaringar hev òg vore nemnde. Sjaa Norske Gaardnavne X, s. 349. XI, s. 188.

Ordet w a n n, w o n n er kjent i ymse gamle engelske stadnamn. Sjaa H. Middendorf, Altenglisches Flurnamenbuch, s. 143.

Dette ordet hev som nemnt tvo innbyrdes heller motsette tydingar i engelsk maal: »myrk« (ags., nyeng. maalføre), og »bleik, glaamen« (nyeng. maalføre, nyeng. riksmaal). Parallel til dette tydingsskiftet hev ein t. d. ved adjektivet »blakk«. Gamalnorsk b l a k k r tyder »mørk, sort, om hest, om ulv, om skib, om blodet« (Lexicon Poeticum). Nyisl. b l a k k u r likeins »mørkladen, sortladen, mørk, mørkebrun; smudsig, mørk af snavs« (Bløndal, Isl.-dansk Ordbog). Nynorsk blakk derimot tyder »blegladen, blegfarvet, lyshaaret, om dyr« (Aasen), det identiske gl.-høgtyske b l a n c : skinande kvit (fraa tysk det franske b l a n c, kvit). Ei upphavstyding aat den germanske roti b l e (n) k, som dette adjektivet høyrer til, er »glinsande, glimande, blenkjande«.

Ein kann òg jamføra adjektivet »blaa«. Gn. b l á r tyder »blaa, glinsande svart« (brukt m. a. um kol, um negrar, um djevelen); det truleg rotskylde latinske f l a v u s tyder »gull-gul, blond«, irsk b l á: gul. Falk-Torp. Norw.-dän. Etym. Wörterb. fører desse ordi til det indogerm. grunnordet *b h e l, »skina«. — Fleire parallel-ordgruppor kunde nemnast.

Til upphavstyding for det ags. adjektivet w a n n vilde ein vel òg kunna tenkja seg »glimande, glinsande«. Ein torde vel daa stella det saman med gl.-saksisk w a n a m, »ljos, straalande«, som hev baade lang og stutt vokal (men einskild *n*).

Annleis um grunntydingi Oskar Schade, Altdeutsches Wörterbuch, og Skeats, An Etymological Dictionary of the English Language.

Bifr — Bjordalen.

Paa vestfjellet i Sør-Aurdal er ei elv som heiter B ø v i, uttala *bø'vé*, dativ *bø'v'n*. Det er ei sideelv fraa nord til Hølera. Ho renn gjenom B j ø r d a l e n, utt. *bjø'(r)dal'n*, og framum Bjørdalsfjellet og Bjørdalssætrane, som uretteleg er kalla »Bydalsfjeld«, »Bydalssætrene« paa karti. Sjaa Norske Elvenavne, s. 26. Norske Gaardnavne IV2, s. 224. I det 17. hundradaaret er skrive Biordals [-vand, -lac] (Norske Innsjønamn, s. 21).

Paa Lesjaskogen i Lesja er elvi B ø v r i, utt. *bø'vré*, dativ *bø'vern;* ho fell i Rauma nordanfraa. Ho renn framum garden B j o r l i d i, utt. *bjo'(r)lié*. (Sjaa Norske Elvenavne, s. 26. Norske Gaardnavne IV1, s. 14.)

Elvenamnet Bøvri finst andre stader òg, t. d. i Lom i Gudbrandsdal. Namnet paa dalen aat elvi i Lom, Bøverdalen, er skrive B i f r a (r) d a l r

i millomnorske diplom. Elvenamnet Bøvri svarar altso til gamalnorsk *Bifr. Men Bøvi òg gjeng nok attende paa *Bifr. Tilhøvet millom dei tvo uttaleformene i notidi speglar av ei ustøde som nynorske maalføre viser i handsamingi av gamalnorsk utljodande *r* i nokre serskilde gruppor av ord.

Ustøda viser seg i hokynsord som hev *r* til nominativsmerke i gamalnorsk (dei fleste er i ô-stomnar). I dei skifter det millom *r* og ikkje *r* i nynorsk utan synleg regel. Det heiter gygr (jøger, jyrr, jør, juver, jyvr, jur), men byrd, elv, erm, flø (Ross. Torp, Nynorsk Etym. Ordbok, s. 123), fyll, heid, helg, herd, av gn. gygr; byrðr, elfr, ermr, flœðr, fyllr, heiðr, helgr, herðr. I fleire ord stend former utan *r* og med *r* ved sida av einannan i maalføri. Soleis, etter ordbøkene: *brud*, utt. bru, og *brur; fest*, landtog, kjent fraa Nordland, ogso hjaa Knud Leem (fraa Avaldsnes),[1] og *fester*, som er det vanlege (Aasen); *mær* paa Nordmøre og i N. Gudbrandsdal, *meer* i Uppdal i Trøndelag, *mar* i Trysil, men til vanleg *merr*, som i mange maalføre sikkert, og vel alle vegner, skriv seg fraa at *rr* hev halde seg fraa gamalnorsk; *røy(d)*, ein fisk, salmo alpinus (Manndal), og dertil *røe* i Gauldal og Gudbrandsdal, *rye* i Austfold, men »mest almindelig« (Aasen) *røyr; æd*, ein sjøfugl, i Nordfjord og paa Sunnmøre, *æ* og *ê* lenger nord, men *ær* paa Jæren, og dertil *æra* (Lista); *myk* (møk(k)) oftast, men *myker* (mykr, møkker) i Nordland og Trøndelag. Gn.: brúðr, festr, merr, reyðr, æðr, mykr. — Same ustøda er det med hankynsord som endar paa *-ir* i gamalnorsk (i a-stomnar). Det heiter heller (hiller, heddir, hellar, hallar osb.), med *r*, og øyre (øre), ei jordskyld, mæle, eit maal, kornmaal, utan *r*; gn.: hellir; eyrir, mælir. Nokre ord er brukte baade utan r og med r: *eine*, juniperus i Nordland, Trøndelag, Sogn og Fjordane, Gudbrandsdal, Vestfold o. fl. st., men *einer* i Sirdal, Rogaland, Nedre Manndal, *eineer* i Dalane, *einiri* og *eineeri* i Raabyggjelag og Telemark, *einire* Sætesdal og Telemark, *ænere* NV. Telemark, *einar* Nedenes, V.Agder, Sunnhordland, *aenaar, ænaar* Øvre V. Agder; *mækje*, sverdlilje paa Jæren, men *mækjer* i Sunnhordland; *tydne*, tornbusk i Valdres, men *tynner* i Raabyggjelag og Telemark, *tynniri* Aamlid i Raabyggjelag, *tønnore, -ri* SV. Telemark, *tydner* Hallingdal, *tynnaar tydnaar* I. Manndal; *viiee*, treslag av pilfamilia i N. Gudbrandsdal og Sokndal i Dalane, *vii*, Hadeland, men *vier* mange stader, *viieeri* SV. Telemark, *vij(j)eere* V. Telemark, *viiar* Ytre V. Agder, Aust-Dalane, *viiaar* I. V. Agder. Gn.: einir, mækir (sverd), þyrnir, viðir. Vinglingi syner seg i stadnamn òg; t. d. nynorsk Tesse, men Eikeren, Lyseren (innsjønamn), av gn. þessir, *Eikir, Lýsir. Ogso personnamn er ustøde: nynorsk Byrgje, Bergje, Love, Løve, Tore, Olve ved sida av Berger, Lodver, Løver, Torer, Ølver. Gn.: Birgir, (Byrgir), Hloðvir, þórir, Ølvir (Aasen, Namnebok).[2]

Desse ordi er slike som fell utanfor det vanlege bøygjings-skjemaet i gamalnorsk. Det var ikkje vanlegt at hokynsordi hadde *r* i nominativ, og hankynsord paa *-ir* var ikkje

---

[1] Knud Leems Norske Maalsamlingar, utgj. ved Torleiv Hannaas, s. 57; jfr. óg »aa staae fæst«, »at troeloves«, ibd. s. 266.

[2] Formene Love, Løve treng ikkje, som Aasen meiner, ha til fyresetnad eit — ukjent — gn. Loðvi. — Austlandsk Torer kunde òg vera gn. þórarr.

so fælt mykje brukte i gamalnorsk prosa. For di formene var mindre vanlege, vart folk uvisse, um r høyrde med til stomnen eller ei; av det vinglingi. Nemneformi *Bifr (av *BifrR) let seg jamstella, fraa nyare maalsynsstad, med ei nemneform som festr, og so kunde ein faa baade Bøvri og Bøvi.[1]

Det er altso heilt einslaga namnepar ein hev i Sør-Aurdal og i Lesja. Men naar namni *Bifr — *Bjór[dalr, -hlíð] finst i ein sovoren karakteristisk lokal samanheng som tilfellet er paa tvo stader, lyt det vera spraakleg samanheng millom dei òg. Sofus Bugge hev forklaara denne samanhengen, visseleg med rette, soleis at namnstomnane Bifr og Bjór- inneheld baae dyrenamnet bjor m., gn. bjórr (Norske Elvenavne, s. 27. Norske Gaardnavne IV1, s. 14. IV2, s. 14).

Det som ein kann leggja til, er at det spraaklege tilhøvet viser daa at namnpari lyt vera heller gamle. Og det er forvitnelegt aa leggja merke til. For baade i Lesja og i Sør-Aurdal er det tale um lite merkelege situasjonar i avleides liggjande fjelltrakter. Bøvri i Lesja er eit lite vats-drag midt uppaa fjellet millom Gudbrandsdal og Romsdalen,[2] og Bøvi i Sør-Aurdal er ei liti elv uppaa fjellet millom Valdres og Hallingdal, langt undan bygd paa baae sidor.

Dyrenamnet bjórr gjeng tilbake paa eldre *bebura (av *bebru-); jfr. gamalhøgtysk bibar, nyhøgtysk Biber. Den spiransiske *b*'en fall burt framfyre *u* og so fekk ein beur-, bjór-. Namnparet *Bifr — Bjór- lyt vera laga fyre dette burtfallet. *b* fall burt framfyre *u* alt i frumnordisk tid. Dersom **haukoþur** paa runsteinen fraa Vånga i Sverike

---

[1] Vingling med umsyn til r viser seg ved nokre andre ordflokkar òg, som ein ikkje so lett kann draga til samanlikning her. Det er: 1. Ved hankynsord med stomnen utljodande paa tonetung vokal: t. d. skor, snjor, [ljaar] ved sida av sko, snjo (snø), [ljaa] (Aasen, Grammatik § 166 merkn.) 2. Ved ord som enda paa -ðr i gamalnorsk; r kunde høyra til stomnen, og vera nominativ-ending: gn. fóðr n., nyn., fôr og fod (det siste i Nordfjord og paa Sunnmøre); gn. gróðr m., nyn. gror og gro(d) (det siste »nogle steder«. Aasen); gn. hreiðr n., nyn. reir og rei(d); gn. hrúðr m., skorpe t. d. paa saar, nyn. rur og ru(d) (det siste Sogn o. fl. st.); gn. lúðr m., nyn. lur og lu(d); gn. róðr m., nyn. ror og ro(d) (fl. st.); gn. lauðr n., skum, nyn. laur, skum (Nordland, Namdalen) og lau(g) n., bad, som truleg er paaverka av og hev soge upp i seg lau(d); gn. fénaðr m., nyn. fenar, fænar, fænaar, fanar, og fena(d), fana(d). (Hokynsordi brúðr, reyðr, æðr som er nemnde ovanfor, hev òg -ðr i gamalnorsk.) Etter at ð var burtfallen, kom utljodande r til aa staa etter vokal i desse ordi likeins som i ordet skór. 3. Ved skyldskapsordi faðir, móðir, bróðir, i nyn. i regelen i maalføri far, mor, bror (fair, moir, moyr, broir), men stundom fade, fai, fa; brode, broe, bro; mode, moi, moe, mo.

[2] Rett nok er her gamall fjellyvergang millom Austland og Vestland.

er eit nomen agentis av verbet h a u k ô n, »jaga med hauk«, soleis som dei hev meint, skulde ein ha vitnemaal um burtfallet alt fraa det 6. hundradaaret[1] (Noreen, Altisl. u. Altnorw. Gramm.[4] § 235. Bugge, Norges Indskrifter med de ældre Runer I, s. 17. 165 merkn. 249). Namni skulde daa vera eldre enn lat oss segja aar 550. No hev full ikkje *b* falle burt paa ei og same tid alle vegner og i alle ord. Nokor trygg aldersfesting gjev difor ikkje dette.[2] Men det er ein annan ting som òg talar for aa gjera namni so vidt gamle som fraa det 6. hundradaaret. Det er ljodbrigdet i elvenamnet *B i f r, som ikkje mun vera analogisk. *i*-ljodbrigdet av *e* mun gaa attende til ca. 600 eller noko fyrr (Noreen, Grammatik[4] § 63,3), og elvenamnet er eldre enn *i*-ljodbrigdet. Dei frumnordiske formene for namni skulde ha vore *B e b (u) r i ô - (elvenamnet) og *B e b u r a [d a l a -].

Namni *B i f r — B j ó r [d a l r, -h l í ð] vitnar likeins som namnet Vannen um at det finst gamle namnelag uppi fjelltraktene vaare.

Rondane.

Nokre av dei fjelli her i landet som hev vorte best kjende baade fraa litteraturen og gjenom turistferdsla, er Rondane. Men namnet er ikkje forklaara.

Aa døma etter skrivemaatane, hev visst folkeetymologien nokso lenge stelt dette namnet saman med adjektivet rund: »Rundfjelli«. Paa nokre Noregs-kart fraa det 17. hundradaaret er skrive Rund Field[3] og Runt Fiell.[4] Gerhard Schøning skriv Rundane i reisemeldingi si fraa 1775, likeins heimelsmannen hans, soknepresten i Lesja Jens Krefting.[5] N. F. Hjorthøy, i sin »Physisk og ekonomisk Beskrivelse over Gudbrandsdalens Provstie« fraa 1785—86 hev Rundane, Runna. Fylkeskartet (»Amts-

[1] H a u k r av *h a b u k a, jfr. ght. h a b u h.

[2] Mot burtfall av *b* fyre *u* i det 6. h.aa. i eit namn som *B e b u r a [d a l a -] hev ein ikkje noko prov i ordet liubu i innskrifti paa Opedal-steinen som vert sett til det 6. h. aa. For her kann analogi fraa former der *b* ikkje stend framfyre *u* ha vore medverkande. Sofus Bugge hev lese eburinu i innskrifti fraa Auda-Motland (»Øde-Motland«), som han set til ca. 650—675 (Norges Indskrifter med de ældre Runer I, s. 249.262). Men lesemaaten er heilt utrygg (ibd. III, s. 237 f.), og H. Schetelig set innskrifti til »tiden henimod midten af 6te Aarh«. (ibd. III, 36 ff.).

[3] Soleis paa F. De Wit's kart fraa ca. 1650.

[4] Jansonius og Pit's kart, visst fraa det 17. h. aa.

[5] Samlingane aat Kjeldeskriftfondet, nr. 149. Universitetsbiblioteket (avskrift; orig.-mnskr. er i Det Kgl. Bibl., Kjøbenhavn).

kartet«) fraa 1851 hev Rundane. Og det herlege diktet aat Vinje[1] heiter »Ved Rundarne«. I »Ferdaminni« skriv Vinje um Rundarne og Runden og talar um runde fjell.

Men denne uttydingi hev ikkje fenge samtykkje hjaa alle stad-kjende folk. Amund Helland, Norges land og Folk. Kristians Amt I, s. 70 hermer etter forstmeister Berbom: »Lige til den tid, da turisterne begyndte at færdes omkring og baade døbe og omdøbe baade det ene og det andet, kaldtes fjeldgruppen altid baade i Vaage og Sel Raanaakampein. Raanaa betyder en stor uskaaren galte, og navnet skriver sig fra fjeldgruppens lighed med en flok store galter. Kun paa to af toppene hørte jeg i gamle dage navnene, nemlig paa »Høgraanaan« og »Digerraanaan«; Rond-slottet etc. er nyere lavning.« Helland, som rett nok vel ikkje var ser-skilt sakkunnig her, held fram for eigi rekning: »Denne forklaring af navnet synes ikke urimelig. Navnet Rondane er dog nu kommet saa almindelig i brug, saa det neppe vil lykkes at indføre benævnelsen »Raanaakampene«.«

Ivar Kleiven fraa Vaagaa skriv i boki »Lesja og Dovre«, s. 20: »Raann-dann, som no oftast i bøk og blad og millom byfolk er gjeve namnet Rundarne, eller Rondene, va i eldre tid taa bygdafolk nerast umkring i Gullbrannsdale kalla Raannkampan, med dativ Raannkampom eller Raan-dom. Di meste trur at namne kjøm taa »rund«, dei »runde« kampan, men de har helst kje noga med di aa gjera. De ha vore gjete paa at de kjem taa raanaa, ein galte; um dette ore er upphave te namne kan nok vera uvisst, men det høyrest kje urimeleg ut og ser ein Raankampan fraa summe serskilde stelle, likna døm kje saa lite paa nogre store, p o t n e[2] galte.«

At namnet paa nokre so merkelege og vidt synlege fjell som Rondane skulde ha upphavet sitt i det nyare laanordet »r u n d« er paa fyrehand ikkje sers rimelegt, um det so sjølvsagt ikkje er umogelegt. Vigtugare er at den gamle bygdeuttalen vitnar imot at ein hev aa gjera med ordet »rund«. Forstmeister Berbom, i det nemnde citatet, gjev upp at den gamle uttalen er Raanaa-. Den uppgifti er visselig ikkje heilt grannsam. Berbom hev skipa uttalen til etter eit kjent ord til aa faa ei forklaaring paa namnet. Ivar Kleiven gjev upp Raann- i samansetning og Raannd- i det usamansette namnet (Raanndann, Raanndom), og det er det som lyt vera den gamle egte bygdeuttalen; Kleiven er ein grannvar granskar

[1] »No ser eg atter slike fjøll og dalar«.

[2] Pôten adj., tett, rund, »trind«.

og ein framifraa kjennar av maaleti Nord-Gudbrandsdal. Kaptein Toralf Øyen, som hev arbeidt med kartleggjing i Rondane i fleire aar, segjer òg for visst at bygdeuttalen er »Raandein« (fleirtal), og i samansetning Raann- (Raannvatnet). Eg hev notert (1922), i samansetning, uttalen rånn[vattne] (ved sida av rónn[vattne]). Ein kann altso gaa ut ifraa at namnet er uttala fraa gamalt med ein *å*-ljod og *nd*, som fyre konsonant ljodrett vart til *nn*. Denne segjemaaten kann ikkje, trur eg, koma av *Rund-*. Etter Ross, Norske Bygdemaal V, s. 40 gjeng gamall *u* tidt yver til ein *o*-ljod framfyre *n* i Gudbrandsdals-maal. Men Ross nemner ikkje at han gjeng yver til *å*-ljod. For gardsnamnet Rundtom 11,3 Lesja er uttalen etter Norske Gaardnavne IV1, s. 16: *rónntóm*. Etter Johan Storm, Ordlister over lyd- og formlæren i norske bygdemaal, utgj. ved Olai Skulerud (1920), s. 54 segjer dei *ronn, ronde* i Vaagaa for rund, runde, og Storm hev skrive upp fraa bygder i N. Gudbrandsdal *honn, honde* og *stonn, stonde* for hund, dativ hunde, og stund, stundi — ikkje *rånn, rånde* osb.

Naar dei hev skrive Rundane etc., er det altso ei lett skynleg umtyding.[1] Og paa grunnlag av skriftformi Rund- (og ogso Rond-) hev vakse fram ein nyare falsk uttale *rónn-* (i s.-setning), *rónd-*; ho kann høyrast i bygdene no, men serskilt er det visst framandfolk som brukar den segjemaaten.

Vinje skriv i stykket »Rundarne« i »Ferdaminni«: »Rundarne stodo i hugen min heile vegen; eg saag fraa topp til topp, og daa eg spurde, um ikki det og det skulde vera Runden, so fekk eg gjerne til svar: »Jau han er rund denna.«

»Ja det trur eg vel,« svarade eg arg yvir all den faakunna um landet, »det er rundt altsaman her«.«

Naar han ikkje fekk mætare svar, so var det full ikkje berre for di han raaka faamute folk, det var for di han sagde ikkje namnet rett. —

Aa forklaara dette fjellnamnet av ordet r o n e m., galte, i Gudbrandsdals-maal raanaa, soleis som forstmeister Berbom og fleire etter han hev vilja gjera, gjeng ikkje heller. Den verkelege, rette bygdeuttalen, som ein hev aa halda seg til, stend i vegen for denne forklaaringi òg. Segjemaatar som »Raann-kampan«, »Raanndann« hev til fyresetnad at eit ord

[1] Denne umtydingi vilde dei ikkje lett ha kome paa um den gamle uttalen hadde vore Raanaa-, som Berbom segjer. Hadde skrivemaaten Rund- i dei eldre kjeldone sku gjeva att uttalen Raanaa-, so kunde ein ha venta at namnet paa fjellet Raanaakollen i Lesja burt imot fylkesgrensa skulde ha vorte skrive R u n d [kollen] det med; og det so mykje meir som Raanaakollen er merkeleg rund; »mærkværdig, lignende en rund hvælvet skaal,« skriv Krefting 1775. Men Krefting skriv Raannaakollen, og Schøning Raannaa- eller Rønnakollen paa same tid som baae kallar hine fjelli Rundane.

med lang rotstaving ligg til grunn; men ordet »rone« er stuttstava, som òg jamlagingsformi i Gudbrandsdals-maalet viser.[1]

Det er soleis ikkje noko tap um det ikkje vil lukkast aa føra inn nemningi »Raanaakampane«. —

Det ordet som ein, trulegast, bør forklaara fjellnamnet Rondane av, det er substantivet r ǫ n d f., rand, stripe, nynorsk rand, i maalføri ofte (»mest almindelig«; Aasen) raand. Det vil segja, det fell ikkje naturlegt aa forklaara fjellnamnet beinveges av dette ordet, men gjenom eit anna namn.

Rondane er eit fjellparti millom Gudbrandsdal og Østerdal, høyrande til heradi Dovre og Sel og Alvdal. Det er ei vel avgrensa fjellgruppe som lyfter seg, med tindar og eggjar og botnar, høgt yver dei umliggjande fjellviddene. Men fjellmuga er ikkje heilt samanhangande. Ei rive fraa nord mot sud kløyver henne tvers igjenom. Synst i denne riva ligg Rondvatnet, som hev avlaup gjenom Urda (»Ula«) til Gudbrandsdal. Ifraa Rondvatnet heiter det Rondvatsdalen nord til vatsskilet, som ikkje er høgt yver vatnet. Nordanfor der er Bergedalen, som sender avsiget sitt aust til Østerdal. Det mest karakteristiske stykket av denne riva er sudluten, sud med Rondvatnet. Der hev naturi arbeidt underleg. Det hev laga seg ei bergklove som er reint yverhendigt djup og trong og vill. Rondvatnet, som er ca. 4 km. langt, er ikkje meir enn ca. 300 meter breidt. Fjellveggjene reiser seg gruveleg bratt og stundom mesta ende upp mange hundrad meter. Vatstromen paa Rondvatnet er 1163 m. y. h. etter gradteigskartet. Men Svartnuten paa austsida stig mest beint upp til 1830 m. og paa vestsida stig det bratt upp til 1624 m. Paa austsida er i det heile ikkje framkjømt langs strandi, og paa vestsida er det vanskelegt aa koma fram. So fjellstigen som fører fram langsmed vatnet paa den sida, gjeng ikkje nede med vatnet, han set heilt upp paa fjellet. — Upp til sudenden paa Rondvatnet er det lett aa koma.

Dette lange vatnet, ihopklemt i den tronge fjellglipa, smalt som ei stripe, det er det, lyt ein no tenkja seg, som hev fenge namnet *R ǫ n d: »randi, smalvatnet«. Det er nett same namnet som Randsfjorden hadde fraa gamalt; Randsfjorden er òg eit langt og smalt vatn.[2] Eller kanskje

[1] Dersom den verkelege bygdeuttalen hadde vore Raanaa[kampan] (og daa usamansett i fleirtal *Raanaane), so hadde namnet ogso godt kunna koma av rane m., tryne, snute, noko framstikkande, eller av rune m., m. a. »nedstyrtet masse; hop av sammenkastede ting, stor flok, fremskubbet masse«.

[2] Namnet paa Randsfjorden er skrive R ǫ n d o. dil. mange stader i sogone, ein gong (i Fagrskinna) R a n d. Seinare hev namnet vorte samansett, og vokalen *a* hev trengt igjenom.

det kann vera fjellglipa sjølv, Rondvatsdalen medrekna, som dei hev kalla for *R ǫ n d: »dalen som er berre ei stripe i fjellmuga«. Ein vilde i det siste tilfellet ha ein god parallel i eit namn i det næmaste grannelaget, nemleg Dòraalen — det er det gamle namnet paa Dòraadalen (»Døraadalen»).[1] Namnet Dòraalen inneheld som sisteled ordet á l l m., nyn. aal, »rand, stripe« m. m. Dòraalen er ein trong og vill dal. Bergedalen, som er framhald mot nord av Rondvatsdalen, mynner ut i Dòraalen; so á l l og *R ǫ n d vilde i det tilfellet møtast paa ei vis. — Stort hev det no ikkje aa segja anten det er vatnet eller sjølve det skardet vatnet ligg i, som dei hev døypt *R ǫ n d. Namnet vert i baae tilfelle knytt til den karakteristiske, tronge situasjonen ved Rondvatnet, som alle fjellfolk maatte kjenna vel til.

Ordet r ǫ n d finn ein ikkje so sjeldan elles i norske stadnamn. Sjaa »Norske Gaardnavne«, t. d. Indl. s. 73. XII s. 507.

Gn. *R ǫ n d skulde ljodrett gjeva *Rånd* i Gudbrandsdals-maal; jfr. at h ǫ n d heiter *hånd* (Ross, Bygdemaal V, s. 41). Etter *R ǫ n d, anten det no eigenleg var namn paa vatnet eller heile skardet, hev vorte uppkalla R o n d h a l s e n (fjell paa vestsida av vatnet), R o n d h o l e t (botn paa austsida), R o n d k a m p a n e. Paa gamalnorsk skulde det, um namni var til daa, ha heitt *R a n d a r h a l s etc., med genitiv av R ǫ n d i fyrste leden. Det skulde ljodrett gjeva *Rand(a)hals etc. i notidi.[2] Men vokalen hev vorte paaverka av det usamansette namnet (so lenge det var til) eller av appellativet rònd. Det er liksom med t. d. gardsnamnet Bjørnstad 8. 9 Hedal i Gudbrandsdal. Det heitte B j a r n a (r) s t a ð i r i gamalnorsk; det skulde gjeva *Bjern(e)stad i notidi, men det hev vorte Bjørnstad ved paaverknad fraa det usamansette ordet »bjørn«.

Av namnet Rondkampane hev dei laga eit stuttnamn, R o n d a n e, med eintal -r o n d e n. Dette stuttnamnet hev retta seg i kyn etter ordet kamp m. og fenge regelrett hankynsbøygjing. Det hev ikkje retta seg etter ordet r ǫ n d f. Slikt er ein vanleg tilgang i namnlagingi.

Den freistnaden paa namntyding som er gjord her, hev den fyremunen at han forklaarar det spraaklege fullstendigt og hev god studnad realt set

---

[1] Sjaa »Norske Innsjønamn«, s. 43 f.

[2] Dersom det er skardet som hev heitt *R ǫ n d, so skulde Rondvatnet ha heitt *R a n d a r v a t n i gamalnorsk. Er det vatnet som hev heitt *R ǫ n d fraa fyrst av, so hev innsjønamnet gjenge yver fraa usamansett til samansett i seinare tid, likeins som t. d. namnet B j a r t i (tjørnnamn) i Odalen hev vorte til Bjerttjern. — Eg hev meint fyrr at det var fjellnamnet som var det primære her. Eg hev ikkje daa kunna gjeva nokor forklaaring paa namni (Norske Innsjønamn, s. 160).

i naturhøvi. Ein kunde kanskje nemna ein ting til som umveges kann vera med og styrkja forklaaringi.

Fraa Furusjøen paa fjellet aust for Otta gjeng det ein fjellveg nord-etter til elvi Urda. Der tek han upp i seg ein veg ifraa Mysusæter, og so fylgjer han Urda upp til Rondvats-osen. Der stikk han yver elvi og upp paa Rondhalsen, gjeng so langs Rondvatnet uppe paa fjellet, stig ned att i Rondvatsdalen straks nord for vatnet, og fylgjer so Rondvats-dalen og vidare Bergedalen, som er framhaldet av Rondvatsdalen, heilt fram til Dòraalen (Dòraadalen). Han kjem fram i Dòraalen straks ovanfor Dòraasætri. Fraa Dòraalen er det veg til Østerdal. Denne fjellvegen (fraa Furusjøen) kallar dei for Røyrosvegen.[1] Um denne vegen skriv topografen kapt. Toralf Øyen i den interessante rapporten sin til Noregs Geografiske Uppmæling for 1920: »Veien var i meget gamle dager brukt som færdselsvei over til Foldalen, Nordre Østerdalen og Røros av folk fra bygderne i Gudbrandsdalen fra Ringebu og — vist-nok — helt op til Lom og Skjaak. De kløvjet som regel mel over til N. Østerdalen og Røros og førte kobber og jernvarer og lignende med tilbake.«

Det hev altso ein gamall ferdsleveg millom Gudbrandsdal og Østerdal fylgt langs med det skardet som Rondvatnet ligg i, og gjenge gjenom sjølve skardet so mykje som det var raad. Ein kann vel òg trygt gaa ut ifraa at ferdsla er mykje eldre enn den tid daa dei kunde henta kopar og slikt fraa Røros. Men langs ein sovoren vigtug fjellyvergang trong dei namn, og hev gjeve namn tidleg. Og det vilde ikkje vera uventande um ei nemning som var knytt til fjellyvergangen, hev gjeve upphav til namn paa fjelli ikring. Skardet vart vigtugaste partiet i fjelli for den som skulde fara.

Det kann merkast at fleire av dei botnane som vender ut mot Rond-vatnet og Rondvatsdalen høyrer til dei beste »reinsbotnane« i fjelli paa dei kantar, det er botnar som dei stilte etter rein i den tid det var rein til. Ogso veidemennene hev soleis ferdast fraa gamalt i høgdene just langs med Rondvatnet og Rondvatsdalen, og hev maatt koma til aa rekna skardet aat Rondvatnet for midlina i heile denne fjellheimen, soleis som det i røyndi er.

Um nokon vil kaga etter, skal han merka at fjell og høgder er

---

[1] Denne upplysningi er fraa rapporten for 1920 fraa kapt. Toralf Øyen til Noregs Geografiske Uppmæling. — Paa gradteigskartet Sel fraa 1924 stend Rørosvegen.

m y k j e oftare uppkalla etter vatn, elvar, skard, dalar, i det heile noko nedunder fjelli, enn umvendt. Tanken gjeng oftare nedanfraa uppetter ved namngjevingi enn hin vegen; for folket bur i dalane. Aa utleida fjellnamnet Rondane fraa namnet paa Rondvatnet eller skardet det ligg i, er difor i beste samhøve med den vanlegaste namnskikken.

Av dei samansette namni med Rond- i fyrste leden vert serskilt nemnde Rondslottet, Rondkampane, Rondvatnet, Rondhalsen, Rondholet. Av desse er Rondslottet eit nyare namn; Rondkampane er eit samlingsnamn for ei heil fjellmuge (paa baae sidor av Rondvatnet) og soleis ikkje fest til nokon einskild situasjon. Hine tri, som ein truleg kann rekna for gamle namn, og som er sernamn for serskilde situasjonar alle saman, ligg samla soleis at ein hev Rondvatnet i midten og Rondhalsen og Rondholet upp ifraa det paa kvar si side. Det kunde ein òg taka som eit vitnemaal um at namnet Rond- hev upphavleg vore knytt til skardet aat Rondvatnet paa eikor vis (til sjølve skardet eller til vatnet).[1]

Etter den uttydingi som er framsett her, skulde ein kunna halda fast paa skrivemaaten Rondane, som hev vore i bruk ved sida av Rundane. Men uttalen skal vera med open ljod (Råndane), ikkje med trong ljod (Róndane). Ein bør skriva Rondvatnet, Rondhalsen etc., ikkje Ronde-vatnet, Rondehalsen.

Eg legg til at det er chefen for den Topografiske Deildi i Geografisk Uppmæling, oberstløytnant K. Gleditsch, som fyrst hev nemnt for meg den tanken at det gamle namnet paa Rondvatnet er R o n d, og at fjelli heiter etter vatnet.[2]

Aaborrtjørni — aaborr.

Eit sers vanlegt namn paa Austlandet paa smaa still-staaande vatssamlingar er Aaborrtjørni, Aaborrtjernet. Berre paa dei officielle karti finst namnet yver hundrad gonger, og so er det mange smaa vatshol som ikkje er namngjevne paa karti, som heiter soleis. Dessutan finst det Aaborr-putt'ar baade her og der; paa vestaasen i Fluberg hev dei Aaborrpullen, i Bagn i Sør-Aurdal er Aaborr-auga i aasen aust ved Gravvatni; Aaborr-sjøen og Aaborrvatnet finst nokre stader som namn paa smaavatn.

---

[1] Namn som Digerronden, Midronden, Høgronden osb. er òg »sernamn«. Men dei er sekundære etter vaar forklaaring i tilhøve til namnet Rondkampane og kann ikkje stellast paa line med namn som Rondhalsen, Rondholet.

[2] Korrekturtillegg: Fraa Dovre og Lesja hev det no vorte sagt at den vanlege uttalen er Róndan, Rónn[vattne]. Men skulde dette vera den gamle egte bygdeuttalen, vilde ein ikkje kunna forklaara uttalen Raand-, Raann- som er avheimla lenger sunnanfraa.

Desse stadnamni er eit moment av interesse naar dei skal døma um den sernorske formi paa det fiskenemnet som gjeng inn i dei som fyrsteled.

Dette fiskenemnet er ikkje uppskrive i gamalnorsk. Det heiter i gamalsvensk a g h b o r r e, i gamaldansk a g b o r r e, i nysvensk hev det vorte til abborre (dial. abbar), i dansk til aborre. Den vanlegaste formi i norske maalføre er vel a a b o r (r), som hev vorte skriftformi. Sjeldsynt er ikkje heller a a b b o r (r), og i Valdres segjer dei ø b b ø r (r); kanskje finst òg a b b o r (r).

Det hev vore noko uvisse um korleis formi aabor(r) (aa- < ag-) skal forklaarast. Falk og Torp, Norwegisch-dänisches etym. Wörterbuch (1910), s. 10 skriv: »Neunorw. *aabor* scheint mit *aa* »fluss« verknüpft zu sein.« Hellquist, Svensk Etym. Ordbok (1922), s. 1 skriv at denne norske formi »kräver sin särskilda förklaring«. Nokor forklaaring er like vel ikkje fyreslegi. Torp, Nynorsk Etym. Ordbok (1919), s. 19 hev ikkje teke upp att si og Falks forklaaring fraa 1910 i Norw. d. Etym. Wörterb.

At ljodyvergangen a g- > a a- skal koma av tilknyting til substantivet aa f. er no ikkje so svært rimelegt. Andre leden hadde daa helst turvt vera eit ord som kunde gjeva ei meining i samansetning med aa f.; men plantenamnet borre, som dei hadde maatt tenkja paa, gjev ingi meining her. Fisken skulde daa òg fyrst og fremst ha havt tilhald i elvar, men han held seg i innsjøane.[1]

Former som »aabborr«, »øbbørr« viser ved sjølve uttalen at folk tenkjer ikkje ved dei paa ordet aa f. Dei mange innsjønamni paa Aaborr- som er nemnde her ovanfor vitnar tydeleg um at det er vatni folk lyt tenkja paa naar dei nemner aaborr, og ikkje elvane. Bekkjenamn paa Aaborr- kjenner eg berre eit par døme paa.[2]

Norsk a a b o r r er vel helst framkome ved ein reint ljodrett framvokster av *a g b o r r i.

Ein kjenner ymse døme paa at *g* (ɔ: *gh*) fell burt framfyre labial. Fyre *v* er *g* burtfallen i elvenamnet A a v e l l a i N. Land, som hev heitt *A g v e g l a i gamalnorsk: »Agweglæ kwerhws stødhe »DN III 385 (1394). Gamalt burtfall fyre *v* hev ein i mannsnamnet Á v a l d r, som visst er ei sideform til Ǫ g v a l d r. Gamalt burtfall fyre *m* hev ein

[1] Jfr. t. d. Helland, Norges Land og Folk. Kristians Amt I, s. 405: »Den [aaborren] er ikke nogen elvefisk, men en indsjøfisk.«

[2] Or eit materiale som umfatar Uppland og Hedmark fylke.

i Ámundr, Amundi, som ein fær stella saman med Ǫgmundr, Agmundr. Jfr. Noreen, Altisl. u. Altnorw. Grammatik[4] § 293, 3. Skriftformer som: Haaberslanndt 1593. Hobersland, Haabersland 1601, av gn. *Hagbarðsland (no Haabbesland 76. 77 Birkenes; Norske Gaardnavne VIII, s. 165);[1] Haabestadt 1593. Haabestad 1610. 1611, av gn. *Hagbarðsstaðir (no Haabbestad 43 Fjære; NG VIII, s. 121);[2] Habardzem 1464. Habersuam 1593. 1602. Haabershuamb 1612, av gn. *Hagbarðshvammr (no Haborskvammen, utt. *ha'bbars-*, 106 Selgjord; NG VII, s. 337); Haabosland 1591. Haboslannd 1594, av gn. *Hagbarðsland (no Hobbaasland 92 Hægebostad; NG IX, s. 269); Haborst 1520. Habast 1563, av gn. *Hagbarðsstaðir (no Habbastad 95. 96 Finnaas; NG XI, s. 133);[3] Haabastad, Haabustad 1603, av gn. *Hagbarðsstadir (no Habbastad 28 Stranda; NG XIII, s. 129) — synest vitna um at *g* hev kvorve framfyre *b* i desse gardsnamni, og *-bb-* so vakse fram sekundært. I minsto synest det ha vore ein alternativ tilgang. Gardsnamnet *Hagaberg i Fitjar hev vorte, visst yver *Hagberg, til *habærg* (skrive Hageberg; NG XI, s. 158). Gardsnamnet *Hagabœr i Erestjord hev vorte, yver Hagbøen, (*Hawbøen) til *hābø'n* (skrive Hagbøen no, Houbøll 1610. Hagebøen 1633. Hagbøen 1669. 1723; NG XIII, s. 258). I Innherad hev bygdenamnet Bagabú vorte yver *Bagbu (*Bawbu; skr. »Baggboen« i Olav Engelbretssons jordebok ca. 1530) til *båbua*.[4]

g-en som hev vore i »aaborr« er kvorven likeins som i namni Aavella, Habardzem. Naar *a* hev vorte lang, heng det saman med at konsonanten etterpaa fall burt. Naar vokalen dertil hev vorte runda til *aa*, kann det anten vera av di han stend i framljod, eller det kann ha samanheng med burtfallet av *g* det òg.

Maalføre-formene »aabborr«, »øbbørr« (stutt vokal) kann ein jamføra med gardsnamni Haabbesland, Haabbestad, soleis som dei vert uttala no. I »aabborr«, »øbbørr« hev vel òg framljoden vore lang i si tid.

Gustav Indrebø.

---

[1] Haabbersland 1611.
[2] Hobbestad 1601.
[3] Habbesta 1567.
[4] K. Rygh i NG XV, 219 held fyre at den formi som er no, er framkomi ved jamlaging millom vokalane (Baagaa-). Formi i Olav Engelbretssons jordebok talar ikkje for det.

EI GAMAL NORSK VISE I SVENSK UPPSKRIFT

Våren 1677 skulde ein ung svensk adelsmann *Johan Gabriel Sparfwenfeldt* fara med eit skip frå Sverike til England. Men det var ufredt i Norderlandi på dei tider, og no bar det soleis til at skipet vart teke av danske kryssarar og ført inn til Noreg. Her vart Sparfwenfeldt kversett og laut sitja krigsfange i Skien i åtte månader. Det var elles ikkje so harde bandi dei lagde på honom. Han fekk lov til å arbeida med kva han vilde. Ja, han kunde endåtil fritt ferdast ikring i byen og dei næraste bygdene. Og det var ikkje lenge fyrr den kurteise svenske krigsfangen var ein velsedd gjest i dei finaste heimane i Skien.

Sparfwenfeldt hadde studera i Uppsala, og m. a. lagt seg etter norrøn målgransking. Og han var — han som so mange andre lærde menn i Sverike og Danmark i dei dagar — ein ihuga samlar av gamle bøker og handskrifter.

Det er då ikkje å undrast på at han nytta dette uvilja upphaldet i Skien til å leita etter gamle norske handskrifter. Og ikkje skulde han leita fåfengt heller. Det var endå ikkje so audt her i landet for norske og islendske skinnbøker frå millomalderen. Men folk skyna lite kor verdfulle kulturminne dette i grunnen var. Og det er grøtelegt å sjå kor slepphendt dei lét ifrå seg dyrverdige handskrifter til denne utlendingen, endå han ein »fiende« skulde vera.

Me veit at Sparfwenfeldt i det minste drog av med tvo eldgamle norske codices.

Den eine var ei stor lovbok frå ikring 1350, med avskrifter av landslovi åt Magnus Lagabøtar og mange andre norske lover og rettarbøter. Den fekk han av Gjerpen-presten *Nils Hallvardsson*, etter det han sjølv hev skrive inn i boki: »Ex liberalitate Reverendi Domini Nicolai Halfwardi Gierpensis ecclesiæ prope urbem Scheenensem in Norwegia pastoris vigilantissimi factus est hic legum Norvegicarum codex Jahannis G. Sparfwenfeldii. Scheenæ die 9 Augusti anni supra millesimum septua-

gesimi septimi.« [ɔ: 1677]. Boki finst no på Det kongelege bibliotek i Stockholm, Perg. fol. nr. 11.[1]

Den andre var òg ei handskrift av landslovi og Bjørgvinjar bylov, venteleg skrivi i Bjørgvin fyrstundes på 1300-talet. No i Kgl. bibl. i Stockholm, Perg. 4to, nr. 32. Ei innskrift i boki fortel at han hev fenge henne til gjevande av borgmeister-frua i Skien: »Denne Gamble Gule-tingz Laugbog är migh förähret aff H. Borgmester Anders Anderssens käreste i Scheen in Norvegen d. förnehme Matrona Margreta Wolfgangs dotter, ner jagh schulle resa til Sweriget igen d. 25 Februarij A:o 1678. J. G. Sparfwenfeld. m. pria.«[2]

Dei hev fyrr trutt at han òg fekk den vidgjetne »Bergsbók« i Skien. (Kgl. bibl. i Stockh., Perg, fol. nr. 1)[3]. Men dei siste etterrøkjingane syner at denne islendske handskrifti av norske kongesogor (frå siste helvti av 1200-talet) som tidleg hadde kome til Noreg og som var her endå inn-på 1500-talet, ho var på 1600-talet komi til Kjøpenhamn. So det må vera der Sparfwenfeldt hev fenge henne.[4]

Bispen *Georg Wallin* d. y. segjer um Sparfwenfeldt i Skien: »Libros quoque rariores & manu exarata ultimae vetustatis monumenta conqui-sivit«. (Han samla ogso sjeldsynte bøker og handskrivne monumenta av høgste elde).[5] Det kann godt vera at han hev fenge tak i andre gamle handskrifter òg enn dei me no veit um. Og kva det var han kom yver av gamle bøker, det hev me ingi greide på.

Sparfwenfeldt totte sjølv at han hadde gjort rike fengder i Skien. Og dei merkelege bok-skattane han der hadde vunne, provar til fullnads det Wallin segjer um honom: »Scivit praeterea artem devinciendi sibi vel ipsos hostes.« (Elles kunde han den kunsti å vinna for seg endåtil sjølve fiendane).[6]

Det var elles ikkje berre gamalnorske mål-minne Sparfwenfeldt hadde samla i Noreg. Han hadde òg gjeve gaum på nynorske stev og bygde-

---

[1]) Sjå R. Nyerups Rejser til Stockholm i Aarene 1810 og 1812, Kbh. 1816, s. 131. — P. A. Munch, Samlede Afhandlinger, II, 640. — Gustav Storm i Norges gamle Love, IV, 652. — V. Gödel, Katalog öfver kgl. bibl. fornisländska och fornnorska hand-skrifter, Stockh. 1897—1900, s. 31.

[2]) Sjå Nyerups Rejser, s. 141. — Gustav Storm i Norges gl. Love IV, 665. — Gödel, Katalog, s. 91—93.

[3]) Gødel, Katalog, s. 4. — Gödel, Fornnorsk-isländsk litteratur i Sverige, Stockh. 1897 s. 62.

[4]) Gödel i Arkiv för nordisk filologi, bd. 28, s. 264.

[5]) I ein latinsk parentation yver Sparfwenfeldt, prenta i Stockh. 1730.

[6]) Same staden.

Hool i moht kär syskon baan 182
Rusla forsainst mag wa paa jaan
joan wild grannen Hidalme
Twi wärt saa illt en leit
a wa som en ha haft enke weit
ey ondrast en feck ecki fändan

Frackare kar är dekki sälle
uthi hela stiri grälle
när han sig uthpryder
mä alla de monor som en har
mä säcker og gille sko par
ock tijna kläder nyä

Tryjå. has og den ä grä
kwahlm kring bä röj og blää
masseny i Flaske=lyni
kräiejn högt i nattkin ständ
Flipen mitt i Bringio häng
Twij wärt hai stält lä pimiar.

Brokin has i widd og längd
Räck frä å kla åp ond händ
myrki ständ hos skrücki.
Da sar icke ondrast hos ä wij,
döre fämptan alna lij
därför ständ hos krücki.

Tiokt lär bälte spänd hon kreng
som wa bäslaij mä masseny
hön ändan tällen ara
späng å söllia satt så fatt

183 Bart åth ändan som läiki käëk
ner till niftslijr barn.
Nifwar digra had' en tre
väko från bälte ner tell kne.
Stord mattany holka
Skaftä var af räuäm kä
bladët wa he finger brä.
på kiör hon mitt i folki & Foki = folcki
Ibländ qwinfolk är hon kär
för sitt styfwa digra när
hä dä som kraga bälten
när hä ä i fägrom lagh
ärä wäkl öi näfwa = lagh
från klåddanä fram tälle hälkin.
Gott mänhälle så höde dä:
Täke dä Fan, förbänne dä Gu!
åg mijket annat mäirä. som lijt är att
säij liath är att räkna opp
Gu wäte däg wäl, fän bräne däg opp. brinne
wan äy kot illt the jäia.
wändeny hwad ondt the giöra.
Specimen hoc linguae, vel dialecti Norvegicae
montanorum in Thul-markia subiectorum,
qui et mos illorum rhythmicas cantilenas
faciendi, et etiam metrice litigandi, et in-
sultandi invicem suas, in conviviis, dum ter
pocula, dirimuntur a [illegible] tales, et verbis
altero [illegible] duobus simul singulo [illegible] connexis,
[illegible] ad [illegible] separentur. [illegible]
[illegible] tell alla [illegible]
[illegible] [illegible] gröna [illegible]
[illegible]

visor. Det hev me eit prov på i den vise-uppskrifti frå hans hand som her vert prenta for fyrste gong.

Eg fann denne visa i Uppsala våren 1911, og det var dr. *Bengt Hesselman* (no Uppsala-professor) som sette meg på faret. Han fortalde at han hadde sét ei norsk bygdemåls-vise i ein usignera foliant på Universitetsbiblioteket. Eg tok då til å leita, og fann henne i handskrift H. 285. Det er eit samleband med Sparfwenfeldtiana som Wallin hadde fenge av son åt Sparfwenfeldt i 1727 då han skulde skriva parentationen yver far hans.

Visa vert her prenta etter uppskrifti, so noggvart som råd er. Men som facsimilet syner, er handskrifti åt Sparfwenfeldt ikkje alltid lett å lesa.

[1.]
Heel j moth kär syskon baan
Guslæ for sæinst mæg wa paa jaan
joan wild grannen Hiælme
Twi wärt saa illt en leit
æ wa som en ha haft enke weit
eg ondrast en feck ecki fændan

[2.]
Frackare kar är æcki tæll
uthi hela Sliri giæll
nær han sig uthpryder
mæ alla de monar som en har
mæ såckor og gill sko par
och sijna klæder nya

[3.]
Tryjå has og den æ grå
kwahlin kring bå róy og Blåa
masseng i Flaske-hyni
kräiejn högt i nattkin ständ
Flipin mitt i Bringio häng
Twij wärt hos' snilt hæ timiar.

Den bokstaven som her er prenta med æ, er skriven a'. Merket yver å finst i alle former, frå bein strik *á* til ring *å*; sume staden er *á* tydeleg retta til *å*; her er alle desse formene prenta *å*. Handskrifti hev tvo slag *e*: *e* og ɛ; her er dei båe prenta *e*.

V. 3. *róy*: millomste bokstaven ser ut til å vera retta frå *e* til *ó*; siste bokstaven kann òg vera *g*. — *hos'* eller *hor'*? — *snilt*, soleis retta frå eitkvart anna.

[4.]

Brokin has i widd og längd
Råck frå åkla åp ond händ
mycki ständ hoo skrúcki,
da tar icke ondrast hoo æ wij,
där æ fämptan alna tij
därför ständ ho skrúcki.

[5.]

Tiokt lär bälte spänd' han kreng
som wa bässlaij mæ masseng
från ændan täll en ara.
Späng å söllia satt så tätt
Bårt åth ändan som läcki käck
ner till nifslijr Bara.

[6.]

Nifwar digra had' en tre
råko från bälte ner till kne,
stora massäng holka,
skaftä war af råuåm trä
bladæ wa tre finger Bræ,
hæ kiör han mitt i foki

[7.]

Ibland qvinfolk är han kär
för sitt styfwa digra rär
hä dä som kraga Bältin
når hä ä i fägrom lagh
ärä wähl tú näfwa-tagh
från klåddanä fram täll hålkin.

V. 4,3. *skrúcki:* kann henda *strúcki,* retta frå *krúcki?* — *da*: misskrive for *du?*

V. 5. *masseng: e* retta frå *i?* — *käck:* nærast skrive *käek.* — *späng:* ser ut som det fyrst var skrive *spáng,* og so etterpå sett til ein strik til yver *a.*

V. 6. *bladæ:* so retta frå *bladet,* — *hæ,* eller *tæ.* — *foki*: so retta frå *folki,* og sett til i margen: *Foki* = folcket.

[8.]

Gott múnhäll så hörde dú:
Täke dä Fan, förbänne dä Gú!
åg mycket annat mäira
som lioth är att räkna öp
Gú wäre däg wree, fän bränne däg opp.
van äy kot illt the jära.

Specimen hoc lingvæ, vel dialectus Norvegicæ montanorum i Thulmarkia, ubi et notandus est mos illorum rhytmicas cautilenas faciendi, et etiam metrice litigandi, et insultandi inimicos suos, in convivijs et inter pocula, derimuntur a hoc talium, lites ei verbera cultro, (duobus simul cingulo fortissimo connexis) uti usque ad necem non seperentur. dy förer och hwar hustru Swepekläder med sig til alla Samqwäm för sin man, den som intet år säker om: Sördeflor grööna frys-strumpor til swepning.

Me ser at Sparfwenfeldt held visa for å vera frå Telemark. Men sidan ho sjølv gjev seg ut for å vera dikta um ein mann i *Sliri giæll*, er det ingen grunn til å tvila på at ho upphavleg hev kome frå Valdris.

Det er fulla sume målformer som viser til Telemark, og nærast til Vest-Telemark, som *nifsljir*, *nifwar*, *foki*, *ständ*. Men ei form som *kwahlin* (*hl* = tjukk *l*) dreg austyver att, til Aust-Telemark eller bygder endå lengre austpå. Like eins *har;* og det er rimord, so det må ha høyrt visa til frå fyrst av. Mangtalet *ärä* finst no i Valdris, men ikkje i Telemark.

Elles er målet ikkje so stødt at det gjev noko litande grunnlag for ei heimfesting til ei viss bygd. Mykje kunde vera både frå Valdris og Tele-

---

V. 8. *lioth:* i ei retting i margen er det skrive *ljot.* — Til siste lina er det sett attåt denne umsetjingi: wånde ey hwad ondt dhe giöre.

Den latinske etterskrifti er sume stader so uskili at ein kann vera i tvil um kva der stend. Lesemåten her er sett upp etter samråd med professor Oluf Kolsrud. Utfyllte avstyttingar er prenta med kursiv, Etterskrifti vil då segja so mykje som so:

»Dette er ei prøve på det norske målet hjå fjellbøndene i Telemark. Det er òg å merka seg at der hev dei den seden å gjera verseremsor, ja endåtil å antrast på vers og hæda uvenene sine i gjestebod og drykkjelag. Av dette kjem deira strid og trættor, som vert løyste med kniven på den visi at dei tvo vert bundne saman med ei sterk gjord, so dei ikkje skal skiljast fyrr i dauden.«

Dei svenske ordi til sist er òg so uskile skrivne at dei er vande å lesa.

mark, som *broki*(n), *skaftä*, *bladæ*, stænd ho *skrúcki*. *Tryjå* og *bringio* er korkje tele- eller valdrismål; men dei hev vel vel kome inn her ved samanblanding med tilsvarande former av linne kvendkynsord med stutt rotstaving, som *heile viko*, *stogo* (Kvitseid, Seljord), *veko*, *stogo* (Valdris). Dativar som *af råuåm trä*, *i fägrom lagh* hev nok vore so vanlege på den tid at dei kunde vera både frå den eine staden og den andre. No finst dei einast i faste ordlag og formlar.

Samanhengen er gjerne den, at denne slarve-visa frå Valdris hev gjenge millom soldatane i desse krigsåri, og so kann Sparfwenfeldt ha høyrt henne av ein soldat frå Telemark, isprengd med telemarkske målformer. Og når visa var blanda i målform, so var det ikkje ventande at den framande uppkrivaren skulde kunna gjenomføra noko fast bygdemål. Som ein ser, hev han mykje skrive med svensk bokstavering, og han hev òg blanda inn svenske former, som *ändan*, *tú* (tvo), *från*, *mycket*, *annat*.

Visa er venteleg ikkje so lite skipla og rengd. Serleg i fyrste verset er meiningi ofte uklår.

Til einskilde ord og ordlag skal eg berre gjera nokre fåe merknader.

V. 1. *Heel j moth* er ei gamal helsing *heil i mot* eller *heil i mote*, gln. **heill í móti*. Ho er òg nemnd i ei uprenta norsk ordsamling frå siste helvti av 1700-talet som finst i handskriftsamlingi på Ledreborg i Sjælland.[1] Der stend det: »*Heilimodi*, en Maade at hilse paa, som God Dag; Guds Fred«. I Sætesdal hev helsingi livt til våre dagar i ei gamal rogle »Maluren« som *Johannes Skar* hev skrive upp. Men helsarordi »hel i moti, syste mi!« hev vorte mistydde soleis at dei trudde det var systeri som heitte *Helimoti*.[2] *Heil* hev i denne samanheng vorte so ljodlett, at tviljoden *ei* hev veikna av til *e*, like eins som i *helsa*, f. og v., av gln. *heilsa*.

Mot, n. møte, vert enno nytta mange stader i helsingi *godt mot!* i Sætesdal i dativ, *gu moti!*

Guslæ: denne formi finst ofte i gamle visor, for *Guds løn!* ein gamal takke-formular. Like eins i ei uprenta ordsamling frå Vest-Telemark frå 1700-talet: »*Gus Læ*, tach, Guds Løn«.[3]

---

[1]) Um denne ordsamlingi sjå Hannaas, »Norske bygdemåls-arbeid fyrr Ivar Aasen« i Festskrift til Amund B. Larsen (1924) nr. 10, s. 94.

[2]) Skar, »Fedraheimen« 1879 nr. 68 (ikkje nemnt av I. B. Halvorsen millom dei stykki Skar hev skrive i »Fedraheimen«); i Garborg og Mortensons Lesebok (1893), s. 52; Bygdeliv (Gamalt or Sætesdal IV) s. 240.

[3]) Arna-Magnæanske saml. på Universitetsbibl. i Kph. Additamenta nr. 3. 8vo. Sjå Hannaas, Norske bygdemåls-arbeid, nr. 11.

mæg: mistak for *eg* eller *me.*

jaan: Det kann vera eit stadnamn som dyl seg her, og ein kunde då tenkja på garden *Jome* i Vestre Slidre. Eller det kann vera *hjårn,* n, = gln. *hjarn,* n. tjukk skare, hardfrosen snjo. Å *vera på kjådne (kjåne),* å møtast på skaren til leik, det er eit gaman som er kjent på Vest-Agder og andre stader.

Hiælme: visst eit mistydt og rengt ord.

leit: vel fyrrtid av *lita,* lyda ein (Valdris).

V. 2. *monar: muner,* m. pl. eignemuner.

V. 2. *Flaske-hyni:* hyrno av flaskone, d. e. flikane på trøya (flaske-trøye).

nattkin: det er den eksplosive palatal *tkj* som er skriven *ttk.*

timiar er vel snaudt rette ordet her.

V. 4. *Brokin:* Endekonsonanten *—n* var utsliten i bygdemåli på denne tid.

skrúcki: Det hev visst ikkje vore same rimordet i l. 3 og 6. Og på fyrste staden er ordet retta frå *strúcki* eller *krúcki.*

V. 5. *läcki käck:* vel mistyding av *lekkji hekk* eller *lekkji gjekk.*

V. 6. Siste ordet i verset er fyrst skrive *folki,* og den formi høver best saman med rimordet *holka.* Kann vera at Sparwenfeldt reint vilkårleg hev brigda det til *foki* etter at han hev høyrt den formi i telemålet.

V. 7. Eg hev ikkje vilja brote sund visa med å skjota ut dette verset.

kraga Båltin: kragebolt, m. jarnbolt, slede-bolt, med ein vidare krage eller ring i eine enden.

klåddanä: vel mistak for *koddane.*

V. 8. *wan äy:* vel *vanda* i tydingi taka det nøgje med = gln. *vanda,* vyrda, bry seg um.

Um Sparfwenfeldt skal eg elles berre nemna at han sidan fór heile Europa igjenom på leiting etter gamle bøker og handskrifter. Han kom òg radt til Nord-Afrika. Han var halden for å vera so mål-lærd at han kunde tala og skriva fjortan mål. Det største litterære arbeidet hans er eit »Vocabularium germanico-turcico-arabico-persium«.

Dei store samlingane sine gav han til Det kgl. bibliotek i Stockholm, universitetsbiblioteki i Uppsala og Lund, og gymnasbiblioteket i Vesterås.

Torleiv Hannaas.

NOEN BEMERKNINGER OM »STØD« OG TONELAG

Det kan kanskje synes formastelig av en utlending å ta op dette omstridte spørsmål til drøftelse i en liten artikkel, så meget mere som en dansk videnskapsmann, mag. H. Sandvad, nettop i denne tid foretar omfattende undersøkelser på dette område. — Når jeg allikevel gjør det, så er det ikke så meget for »stødets« egen skyld som for de ledsagende musikalske aksentfenomeners og for å søke å konstatere, hvorvidt det er en mere eller mindre utpreget tonalitetsforskjell tilstede i homofone ord (»dubletter«), som bare skiller sig fra hverandre henholdsvis ved mangel på eller tilstedeværelse av stødet, samt om mulig å fastslå overensstemmelser med og avvikelser fra hovedformene av de norske tonelag. Mine tidligere undersøkelser av norske målføre (Oslo, Bergen, Stavanger, færøisk, rindalsk) har tillatt mig å opstille visse generelle, schematiske hovedformer for fasesammensetningen i de to tonelag (forslag, fall, dypleie, høileie, ansats, avsats osv.), og det er derfor et nokså naturlig ønske å forsøke å bringe også de danske tonelag inn i en lignende »tvangstrøie«. Det kurvemateriale på i alt 16 optagelser som jeg råder over, er selvfølgelig et nokså spinkelt grunnlag å bygge på; men da taleren, — dosent dr. Brøndum-Nielsen — må sies å ha alle betingelser for å levere et produkt i »renkultur«, tror jeg at disse seksten opt. fullstendig ekvivalerer det mangedobbelte antall fra en mindre egnet forsøksperson, selv om muligens et større materiale vilde fremby et mere avvekslende og broket billede.

Stødets natur er som bekjent meget problematisk. Allerede hos eldre, ikke eksperimentelt arbeidende sprogforskere finner man hyppig ytret tvil om hvorvidt stødet virkelig er et »coup de glotte«, et absolutt stemmerisselukke, eller bare en sterk innsnevring av stemmerissen, ledsaget av en spenning og delvis forrykkelse av strupehodet. — I »Dania« IV, S. 218 sier Jespersen at stemmebåndene »klapper ved stødet et øje-

blik helt sammen, så at der ingen luft kan komme ud mellem dem«, og han karakteriserer derfor fenomenet som »en svag hosten eller et svagt hik«. — Men i »Modersmålets Fonetik« (2. utg. 1922, S. 64) heter det at »fuldstændigt lukke av stemmeridsen kun hører med til den mest udprægede form av stødet« og at man ofte nøier sig med »den antydning der består i at stemmebåndene nærmer sig til lukkestillingen og derved strammes og ligesom stivner i deres bevægelse«. Her er Jespersen i overensstemmelse med Rousselot, som i sine »Principes etc.« II, S. 873 ff. meddeler resultatene av endel undersøkelser, hvor »la suppression de la voix« (altså stemmerisselukke) har vært fullstendig bare i noen ganske enkeltstående tilfelle; av hans kurvemateriale synes det imidlertid å fremgå at larynxlinjens svingninger gjennemgående er temmelig sterkt redusert, samtidig som »l'avancement du larynx« gir sig tydelig uttrykk i hele linjens sterke utslag opover fra nullstillingen. — Poirot har i »Vox«, 1913 offentliggjort en verdifull artikkel om aksenten i lettisk, som jo også opviser stødfenomenet. Også han hevder (S. 233) at han aldri, hverken i lettisk eller i dansk, har kunnet konstatere en »interruption complète des vibrations laryngiennes dans les sons frappés du *stoss*«. De få kymografiske tracéer som ledsager hans artikkel, tyder på at han har ubetinget rett for lettiskens vedkommende, og at stødet her kan karakteriseres som »une chute subite et très forte de la hauteur et de l' intensité«. — Men at spørsmålet heller ikke i lettisk er helt utdebattert fremgår av en avhandling av Bogoroditsky (Revue de phonétique, III, S. 152 f.) hvor der eksperimentelt konstateres »coup de glotte« med »interruption« av larynxsvingningene midt inne stammevokalen. — Det nyeste bidrag til spørsmålets løsning bringer J. Forchhammer i sin nettop utkomne »Grundlage der Phonetik« (Heidelberg, 1924, S. 182) hvor han definerer stødet som en »Stimmlippenakzent, der — — durch übermässige Kompression der Stimmlippen zustande kommt.« — Meget tyder på at Forchhammer her er på den rette vei. Men efter alle disse vekslende angivelser å dømme, må dels emfase, dels dialektiske varianter foreligge i enkelte av optagelsene.

Av eldre undersøkelser på den *musikalske* aksents område fortjener her å nevnes K. Verners skildring i »Anzeiger f. d. Altert.«, VII, S. 1, f., som angripes av Jespersen i »Dania« IV, S. 232 ff. Verner begynner med å beskrive aks. 2 som den ubetinget letteste: han sier at de danske ord *karre, fare* og *fa'r* »werden rücksichtlich der Betonung ganz wie die deutschen Wörter *karre, haare* und *gefahr* ausgesprochen«. I den føl-

gende (vel vilkårlig transponerte?) musikalske transkripsjon benytter han sig selvfølgelig av de almindelige notetegn og femlinjesystemet og gjengir f. eks. *fare* med: $d^1 - c^1 - h - a - a$, med den naturlige bemerkning, at talestemmen ikke overholder intervallene, men at der foreligger en kontinuerlig toneovergang (»portament«). — Aks. 1, til hvilken jo stødet kan knytte sig (efter hovedloven som bekjent i opr. enstavelsesord i sterk (aksentuert) stilling, og når de enten har lang vok. eller kort vok. + lang stemt kons.) illustreres ved ordene *maler* (vb.) og *baller*. Her setter stemmen »in tiefem Tone an« på den dynamisk sterkest aksentuerte første stavelse *(minst én tone lavere enn avsatsen av aks. 2)*, holder sig jevnt en stund og går så med »ein jähes portament« ved slutten av stavelsen, (altså henholdsvis på det lange *a* i *maler* og begynnelsen av *l* i *baller*) omtrent en kvint opover; på det høieste punkt inntrer stemmebåndlukke og ophør av enhver stemmedannelse under en »ganz kleine pause«, og »nach einem momente« åpnes igjen stemmerissen, hvorpå siste stavelse *(-ler)* kommer på samme lave tonetrin som begynnelsesstavelsen. I Verners transkripsjon:

$$g - \overbrace{g - h - d^1} \ (1/32 \text{ pause}) - g$$
ma —»— ler
bal —»— ler

Jespersen kritiserer i »Dania« (under påberopelse av autoritetene Thomsen og Storm) intervallene som »dels altfor bestemte, dels altfor store« og vender sig særlig mot Verners påstand at der hersker helt analog musikalsk forskjell mellem *drikker* (aks. 1, hvor det ventede stød som bekjent er uteblitt på grunn av kort vok. + stemmeløs kons.) og *drikke* (aks. 2). — Efter Jespersen finnes der ikke noen adskillelse ved ordmelodi mellem de to aksentgrupper, eller i hvert fall spiller de ingen rolle i nutidens danske riksmål.

Som man ser er meningene delte, og det siste ord er ennu ikke sagt i denne sak. Og selvfølgelig kan tonelagsproblemet kun ad eksperimentell vei bringes til endelig løsning. — Før jeg går over til analysen av kurvematerialet, må jeg redegjøre for de betingelser under hvilke forsøkene blev gjort. Ved begynnelsen av våre optagelser forsøkte Br.—N. og jeg oss først frem med »leksikalsk«, svak uttale av eksemplene, men da optagelsenes larynxlinje i dette tilfelle ikke opviste noen særlig tydelige og skarpt avgrensede, karakteristiske partier, men gjennemgående bare en svak reduksjon av svingningenes amplitude, — altså omtrent nøiaktig det samme kjennetegn som Rousselot's kurver, — gikk vi

over til å fiksere tonalitetsforløpet i emfase. Resultatet blev et forholdsvis langt stemmerisselukke i enkelte av optagelsene (se nedenfor) og at det musikalske kurveforløp i noen grad blev påvirket herav, i form



av større intervaller enn i helt affektløs tale. Optagelsene blev foretatt med de sedvanlige apparater (kymografion, munntrakt, larynxkapsel osv.) og med minst ett sekunds pause mellem hvert ord. Tonehøidene blev målt med E. A. Meyers apparat. På originalkurvene svarer 30 cm. til 1 sek., altså 3 mm. til centimen ($^1/_{100}$ sek. = 1 hsk.). De horisontale linjer

angir tonehøidene (*E, F, G, A, H, c, d* osv.). Tonehøidene angis her i *halvtoner* (= ht.). Ved henvisninger betyr f. eks. N2,3 det tredje lydelement i annen opt.

Eksempler

Aksent 1		Aksent 2	
N1, N2 *ann*	(die Ente)	N3, N4: *ann*	(anderer)
N5, N6: *rosn*	(das Lob)	N7, N8: *rosn*	(die Rose)
N9, N10: *bruðəd*	(der Bruch)	N11, N12: *bruðn*	(gebrochen)
N13, N14: *bruðn*	(die Braut)	N15, N16: *ruðn*	(die Fensterscheibe)

Det fremgå av materialet, at jeg, likesom i andre av mine arbeider, har undlatt å betegne den dynamiske aksent, kvantiteten, samt stødet. Det lønner sig nemlig alltid å eksperimentere før man går til å transkribere.

a) *Aksent 1.*

Her har N1, N2, N9, N10 kort vok. + stemt kons., de fire øvrige lang vok., og skal altså »lydlovmessig« ha stød. Vi mangler her materiale til å bedømme Verners ovennevnte, av Jespersen angrepne teori om musikalsk forskjell i ordparret: *drikker: drikke.* — Vi begynner her med eks. med lang stammevok. som i N13 og N14 følges av stemt kons. Selve fasesammensetningen i tonekurven stemmer her nokså godt overens med Verners notetranskripsjon, når man ser bort fra at den sterke emfase har utviklet »das jähe portament« til et veldig tonesprang, i N13 ca. *Gis — h.* (15 ht.) og i N14 litt mindre: *A — ais* (13 ht.); i motsetning til det forholdsvis pyntelige portament *g — d*^{1} (7 ht.) hos Verner, hvis jevnt holdne begynnelse (på *g*) dessuten mangler i begge disse opt. Men den mest iøinefallende forskjell er allikevel den, at tonekurven i N13 og N14 efter å ha kulminert i den talendes høie toneleie, faller minst like bratt ned igjen gjennem stammevokalen; i N14 ned til *cis*, og i N13 til *f*. Her inntrer nu stødet som ytrer sig på forskjellig vis: i N 14 som et 7 hsk. langt stemmerisselukke (den prikkede linje i N14,4 betegner stemmeløshet); men i N13 er stødets første $^{2}/_{5}$ og den siste $^{1}/_{5}$ stemte, midtpartiet derimot stemmeløst, med en samlet tidsvarighet av 7,25 hsk. — Resten av ordet opviser både i N13, 5—6 og N14, 5—6 helt like fall: *H — E*, altså ned i det dype toneleie, med stemmeløs avsats av *n*. I motsetning til Verners avsats i jevnhøide med ansatsen *(g)*, altså utvilsomt i *midtre* toneleie, opviser samtlige våre opt., både de med aks. 1 og aks. 2, avsats i det *dype* toneleie.

I N5 og N6 har vi lang vok. + stemmeløs kons. Efter det helt stemmeløse uvulare *r* får vi også her et »portament« som dog er mindre utpreget enn i forrige gruppe; i N5 ca. *Gis — dis* (7 ht.) og i N6 ca. *Ais — cis* (3 ht.), altså større overensstemmelse med Verner. I N5 følges kulminasjonen av et voldsomt fall på de siste 3 hsk. av vokalen: *dis — G*, ned til det stemmeløse stød (N5,3 = 8 hsk.), fulgt av det stemmeløse N5,4, hvorpå tonekurven gjenoptas på N5,5 og synker ut gjennem resten av ordet, med fallet *Gis — E*. — I N6 slutter for første gang i våre optagelser stødet sig umiddelbart til kurvens kulminasjonspunkt, *dog uten å være stemmeløst* (legg merke til det 9 hsk. lange, steile fall på N6,3 ned til dypeste toneleie *(E)*, med delvis rekapitulert fall *Fis — E* på N6,5.

Av de kortvokaliske opt. tar vi først for oss N1 og N2, hvor kurveforløpet teoretisk sett skulde hvile på de 2 sonore elementer *a* + *n* (det sistnevnte inneholdende et konsonantisk og et sonantisk *n*). Her er således alle betingelser meget gunstige for å konstatere stødets plass. Begge kurver er temmelig like i begynnelsen, idet stemmen i N1,1 fluktuerer omkring *c*, og i N2,1 omkring *H*. Men så inntrer et avvikende forløp, idet det korte (3,5 hsk.) konsonantiske *n* (N1,2) i det ene tilfelle slutter sig svakt synkende eller nærmest i jevnhøide til stammevokalen; i det annet tilfelle (N2,2) opviser samme konsonantiske *n* (3,5 hsk.) et steilt fallende kurveforløp ca. *c — Gis* (4 ht.), i begge tilfelle fulgt av det *stemmeløse* stød, som er omtrent like (eksepsjonelt) langt i begge opt. (N1,3 = 21 hsk.; N2,3 = 21,5 hsk.). Det sonantiske *n* har synkende tendens : N1,4 ca. *Ais — E* (6 ht.) og N2,4 ca. *G — E* (3 ht.) ut gjennem resten av ordet. I motsetning til østnorsk *a'nn* hvor stavelsesgrensen ytterst vanskelig lar sig eksperimentelt konstatere, har vi her i det danske stød et fortrinlig middel til å dele lydmassen i to stavelser, hvor nettop stødet skiller mellem det konsonatiske *n* og det sonantiske *n̥* og danner det klangminimum som betinger opdelingen av lydmassen i to stavelser (cfr. Broch og Selmer § 110). Når vi i N1 og N2 helt mangler det Vernerske »portament«, kan dette delvis ha sine lydkombinatoriske årsaker, idet nasaler meget ofte har en senkende innflytelse på kurveforløpet.

N9 betegner en ny variant. Efter de stemmeløse anlydende N9,1—2 gjenfinner vi her portamentet på stammevokalen N9,3: ca. *H — a* (10 ht.), derpå et fall ca. *a — f* ned til begynnelsen av N9,4, hvor den dentale, opr. stemte spirant *ð* og stødet (8,5 hsk.) er falt sammen og assimilert til et stemmeløst *d* = *Þ* med stemmerisselukke. Resten av ordet har

fallende tendens *A* — *F* (4 ht.), hvorpå størstedelen av den utlydende dentale klusil avsettes stemmeløst. — I N10 har vi et portament ca. *c* — *f* (5 ht.) på N10,3—4, derpå et kort først stemmeløst, derpå stemt stød (3,5 hsk.) ved slutten av stammens konsonant, og så synkende kurve ned gjennem N10,6—7: *H* — *E* (7 ht.).

Vi sammenfatter nu til slutning de vunne resultater i et par hovedpunkter. Et teoretisk fullstendig kurveforløp består altså av følgende faser:

I. Undertiden en jevnt holdt *ansats* (i midtre toneleie).

II. Et »*portament*«, ansatt i midtre toneleie, mellem *Gis* og *c*, og i regelen stigende opover til (grensen av) det høie toneleie. Portament finnes i seks og mangler i to opt. Det fluktuerer mellem 15 og 3 ht. De største verdier skyldes utvilsomt emfasen; i gjennemsnitt må der vel sies å råde overensstemmelse med Verners angivelse (7 ht.). Portament følges i regelen av et fall, varierende mellem 9 og 4 ht. ned til (undertiden inn i eller gjennem) stødet.

III. *Stødet.*
   A). kan være *stemt*, helt i N6, partielt i N10 (slutn.), N13 (begynnelse og slutn.), *stemmeløst* i de øvrige fem opt.
   B). faller i *langvok.* opt. efter stammevok., i *kortvok.* opt. i slutten av stammekons. i N1, N2, N10; helt sammen med stammekons. i N9.

IV. Efter (kulminasjonen på) stammevokalen opviser alle kurver *synkende* tendens gjennem resten av ordet, eventuelt avbrutt av stemmeløst stød og stemmeløse fonemer i lydsubstratet, med avsats i det dype toneleie, i motsetning til Verner (smlgn. s. 25).

V. *Tonebeltet* varierer mellem 19 og 8 ht. Den store bredde i enkelte opt. skyldes det emfatiske portament.

b). *Aksent 2.*

Efter den forholdsvis omstendelige gjennemgåelse av den viktigste aksentform 1 kan vi fatte oss forholdsvis kort om aks. 2 som i dansk i motsetning til norsk og svensk er minst interessant i musikalsk henseende. — Vi følger her samme prinsipp som i foregående avsnitt og begynner med de langvokaliske stammer.

N15 og N16 opviser identiske kurveforløp og forholdsvis klare faser: en forslagsstigning på N15,2: *Gis* — *c* (4 ht.) og på N16,2: *A* — *d* (5 ht.), fulgt av et fall, på N15,2—4: *c* — *E* (8 ht.) og på N16,2—4: *d* — *E* (10 ht.) Både stigning og fall er her likesom i de følgende opt.

forholdsvis langsomme og jevne (smlgn. begrepene »stigningshastighet« og »fallhastighet« i mine tidligere arbeider), i motsetning til de bratte og steile former i kurvene med aks. 1. Samtlige kurver avsettes også her ved *E*, og Verners påstand at aks. 2 skulde avsettes en tone (= 2 ht.) høiere enn i aks. 1 blir således ikke bekreftet. — Ennå enklere og monotonere er N7 og N8, hvor i begge tilfelle kurven fluktuerer omkring *A* på stammevokalen og efter det stemmeløse *s* synker ned i dypleie (*A* — *E*, (5 ht.)) på siste stavelse. En påfallende forskjell i den »lange« vokals kvantitet lar sig konstatere ved sammenligning av N15, N16, N7, N8 med de homofone partier av stødordene N13, N14, N5, N6; de førstnevnte opviser gjennemsnittlig 32,5 hsk. mot ca. 17 hsk. i stødordene, altså omtrent forholdet 2 : 1 (stødet er ikke medregnet i vokallengden). Ved et større materiale vilde dog utvilsomt talverdiene utjevne sig med større kvantiteter i siste gruppe.

I opt. med kort stammevokal konstaterer vi i N3 og N4 den samme senkende innflytelse ved nasaler som i N1 og N2. Vi får i N3 forslagsstigningen *Gis* — *A* (1 ht.) og fallet *A* — *E* (5 ht.); i N4 (efter en kort, synkende ansats): forslag *A* — *Ais* (1 ht.) og fallet *Ais* — *E* (6 ht.). I samtlige kortvokaliske optagelser kulminerer kurven inne i (begynnelsen av) stavelsens kons. (smlgn. f. eks. N4,2), hvilket kan tydes som et smukt og synlig bevis for at også den musikalske (ikke bare den dynamiske) aksent ved sterkt skåret stavelsesaksent blir »klippet av« like ved overgangen fra stammevok. til kons. (smlgn. Broch og Selmer § 121), mens kurven i de langvok. kulminerer et stykke før konsonanten (»løs tilslutning«). — De siste eksempler N11 og N12 opviser litt større modulasjon, idet vi i N11 får en forslagsstigning ca. *Gis* — *cis* (5 ht.) og et fall *cis* — *E* (9 ht.), og i N12 henholdsvis *Ais* — *dis* (5 ht.) og *dis* — *E* (11 ht.).

En kortfattet definisjon av den danske aks. 2 vilde efter dette, på grunnlag av våre opt. få følgende form: Den danske aks. 2 opviser i regelen to faser, en forslagsfase, ansatt i midtre toneleie (mellem *Gis* og *Ais*) og med kulminasjon på grensen av det høie toneleie, samt et fall som avsettes i det dype toneleie. — Begge faser kan sies å ha et forholdsvis jevnt (stigende og fallende) forløp, hvorved særlig stigningsfasen i aks. 2 adskiller sig skarpt fra det steile (og ofte store) portament i aks. 1. Tonebeltet varierer mellem 5 og 11 ht. og er således betraktelig smalere enn ved aks. 1. Fra Verners musikalske transkripsjon avviker vårt kurveforløp ganske betraktelig, i det V. bare har én (fall) fase; han har altså

med sitt øre ikke opfattet den nokså utpregede forslagsstigning. Dette kan neppe legges ham til last, da Storm i sin definisjon av den østnorske aks. 2 og den vestlandske (bergenske) aks. 1 heller ikke auditivt har konstatert denne fase som så tydelig fremtrer på mine kurver over Oslo og Bergens bymål. (Prof. Sievers skal med sitt øre ha hørt denne stigning, efter hvad en av hans tilhørere meddeler mig.)

Men på grunnlag av det foreliggende materiale synes det ikke å være berettiget å adskille to forskjellige *musikalske* aksentformer i dansk. Både aks. 1 og aks. 2 opviser samme fasesammensetning: I) Forslag (»portament«) og II) fall. Den omstendighet at portamentet i aks. 1 (ved emfase?) ofte er større (i ht.) enn forslagsstigningen i aks. 2, er en sekundær forskjell som ikke bør veie særlig tungt. Efter dette har visstnok Jespersen rett, når han i motsetning til Verner (se s. 25) hevder at der i dansk ikke finnes noen adskillelse ved ordmelodi mellem de to aksentformer. Men muligens finnes der forskjeller av *dynamisk* art; dette kan jeg imidlertid ikke komme inn på i denne forbindelse.

Det kunde være fristende, i tilslutning til de eldre forskere (Kock, Verner, Storm osv.) å drøfte de teoretiske muligheter for de skandinaviske urformer av aks. 1 og 2. Men materialet er for spinkelt å bygge på; dessuten anser jeg en slik historisk rekonstruksjon av en tonelagskurve for et ytterst problematisk foretagende. Men sammenligner vi disse *moderne* danske kurveformer med de samtidig optatte fra Bergen, Færøyene og kanskje spesielt Stavanger (ennu ikke offentliggjort), så finner vi delvis iøinefallende musikalske overensstemmelser, nemlig overalt, både i aks. 1 og 2 et kurveparti, hvis fasesammensetning kan skrives: og altså betegnes som stigende — fallende. Dersom jeg skulde fordriste mig til å fremsette en hypotese, måtte efter min mening dette faseparti inngå som et meget viktig ledd i den oprindelige kurvestruktur. Men endelig standpunkt vil jeg ikke ta, førenn forhåpentlig i min levetid de viktigste norske tonelagsformer foreligger analysert, og førenn (likeledes forhåpentlig) lignende systematiske undersøkelser foreligger fra svensk og dansk sprogområde.

Med interesse må den nordiske sprogforskning følge mag. Sandvads videre undersøkelser på dette område. Og intet skulde glede mig mere enn om disse spredte bemerkninger blev prøvet, videre utviklet og imøtegått på en bred eksperimentell basis.

Ernst W. Selmer.

OM TALORDET 100 I NORSK

I.

I »Vestnorske maalføre fyre 1350. Indre sudvestlandsk I« (s. 198) nemner Hægstad ei mellomnorsk form *hundradha:* »Merkelegt er *firir tri hvndradha marka* II. 559₄ (1399), der *marka* vel er gen. plur«.

Med rette har Hægstad kalt denne forma merkelig. Men forma er brukt alt tidlig på 1300-talet. Her er noen eksempel før 1400 (i parentes er vist til Diplomatarium norvegicum med band og nummer):

1311: *þa er lidit var fra burdar tima vars herra Jesu Christi þushundrada vettra iij hundrada vettra oc [X]I veter.* (VI. 80; Høland, Romerike). Brevet er utsendt av Hølands-presten Sigurd og to mann til.

1316: *þa er lidnnir varo fra burd vars herræ Jesu Christi þushundrada vættra ok XVI væter.* (II. 127; Oslo). Brevet er rimeligvis skrivi av en av de to korsbrørne frå Oslo, som er nemnt i brevet »mæistære« Tore eller »siræ« Pål

1319: *liðnum fra burð uárs herra Jesu Christi þushundraðe uetra þrimr hundraðum ok nitian vetrum.* (III. 150; Vigg i Børsa). Brevet er utstedt av Grim, abbed i Nidarholm.

1330: *þa er liðnir varo fra burd vars herra Jesu Christi þushundræðe vettra, iii hundræðe vettra vii vetter ok XX. (I. 209;* Follo.) Brevet er utsendt av Torbjørn, vikarius på Ås.

1352: *Item hafum ver gefuet gudi til heidærs ok os ok ollum þeim sem ver erom viliughar oc skyldugar gott firir gera till salo hialpa oc æuenlegs bœnahaldz Hofudœy claustri tuau hundrada marka fornt* ... (II. 312; Varberg). Brevet er utsendt av hertuginne Ingebiorg (på norsk).

1366: *iattade ek Ragnildi Aulfuirsdotter kumpane minom henne till hæimanfylgiu hundrada marka tireth nørøna ganghs pæninga.*

(I. 389; Oslo). Brevet er utsendt av Þorstæin Einarsson, korsbror i Oslo.

1375: *ek hefuir gefuet ok gefuer .... ærelegha men .... kwitta ok lidugha .... firir hundradha skilling grot.* (II. 440; Tønsberg). Brevet er utsendt av »profaster at Marie kirkiu j Oslo« Henrik Henriksson.

1385: *er lidhit var fra burdar tiidh vars herre Jesu Christi þushundrada aar. þryu hundrada. attatighi ok fim aar.* (I. 493; Stavanger). Brevet er utsendt av drottseten, Ogmund Finsson.

1388: *... hefwir gefuet til kirkiu hins hælgha Haluardz i Oslo hundrada løduglia merker* (I. 510; Akershus). Kongebrev utsendt av dronning Margrete.

1388: *at ver æder varer æftirkomanda hafuum þæim loket twau hundradha lødhuga mark ok ænkti af sla af þy þau vpbera vttan kronunnar vissu jngiold ader en þæim ero vploknar adernæmfd twau hundradha lødhuga mark.* (I. 511; Akershus). Kongebrev utsendt av dronning Margrete.

1389: *æftir gudz byrdh thusanda arom oc thry hundradha arom oc attatighu arom ok wppa nionda* (XV. 32; Oslo). Brev om jordsal på Romerike. O. R y g h mener at dette brevet er yngre, se D. N. XVI s. 916.

1389: *a þui are er lidit var fra burdar tiið vars herra Jesu Christi þushundrað vættra þryu hundrada vettra attatiu vettra ok a nyunða vettræ* (IV. 563; Oslo). Testamente frå lagmannen i Oslo, Þorbiorn Asgrimsson.

1395: *.. at hon gaf til Mari kirkiu j Oslo ..... fyrst hundradhe mark peninga.* (IV. 649, Sande i Vestfold). Brev utstedt av presten Eirik Kolbiornsson.

1396: *... oc hundræde mærker reidha pæningha* (IV. 657, Oslo). Brev utstedt av erkeprest i Oslo Erik Toweson.

1397: *.... firir hundrada merker ...* (I. 559; Tønsberg). Brev utsendt av Jon Karlsson lagmann.

1399: *æitt skip sæm ek vil sigla til Færeyia med gudz hialp firir tw hundradha marka.*

þann dagh ær minir ærfvinghiar løysa þat after firir tw hundradha mark. (II. 559; Skien). Brevet er utsendt av Greip Ivarsson, syslemann på Færøyene (jfr. Hægstad, I svl. I s. 198). I samme brevet også: *fyrir fyrsaghd tw hundradh mark.*

1399: *at han hafde sælt .... þen gardh firi fiorar mærker ok þretighio*

mærker oh tireet hundradha marker. ..... at han hafde vp boret a kirkiunne væghne þæær fiorar mærker ok þrætighio ok hundrada mærker sæm fyr seghir (VII. 331; Tønsberg). Brevet er utsendt av biskop Øystein i Oslo.

Også i gsv. blir brukt *hundraða*. Axel Kock jamfører uttrykk med *hundraða* med slike uttrykk som *þriggia ara gamal; twæggia alna breþ, innom twæggia ara fræst; þriggia marka bot osv.* (Ark. XIV, s. 240 ff.). Derved fikk vi etter Kock *hundraþa ara gamal* for *hundraþ ara gamal*. Frå slike uttrykk kom *hundraþa* inn f. eks. i *hundraþa ar, hundraþa marker*. Slik forklarer Kock også skiftet *þusand — þusanda*. A. Noreen følger Kocks mening (Altschw. gr. § 487, og med noen tvil i Geschichte § 232). I nsv. og nda. har en enda trestavingsformer *(hundrade, hundrede)*.

Nå ser vi altså at denne forma på *-a (-e)* også er brukt i gno. Naturligvis vil en kunne forklare disse formene i norsk på samme måte som Kock har forklart dem for svensk. Men en vil finne det litt merkelig at orda for 100 og 1000 skulde rette seg slik etter orda for 2 og 3. Iallfall i årstal var orda for 100 og 1000 mye mer brukt enn orda for 2 og 3.

Det er rimeligvis rettere å forklare formene på en annen måte. I *hundrað vetra* er *hundrað* substantiv og styrer genitiven *vetra*. Men nå kunde *hundrað* også bli brukt som adjektiv, og da vilde ordet rette seg etter det subst. det hørte i hop med.

Nå er det rimelig at *hundrað* også der det ophavlig var subst., kunde bli kjent som adj. til det substantiv det styrer, og komme til å rette seg etter det. Og herved går den ophavlige genitivus generis styrt av et adjektiv over til en fast formel. Frå slike formler løiser *hundraða* seg ut og blir sideform til *hundrað*. Særlig eksemplet frå 1319 kaster lys over denne formelbruk. Her skulde vi vente *þushundraðum vetra*, men dativen retter seg etter genitiven *vetra*, visstnok med *e* for *a* i *þushundraðe* slik som en skulde vente det skulde gå med *a* i slik stilling (jfr. *kastaða* > *kastaðe* svært tidlig, Noreen Altisl. gr.[4] § 534.). Men det står *hundraðum ok nitian vetrum* fordi *vetrum* her kommer like etter *nitian*.

En kan visstnok av ei form som *hundraðe vetra* (1319) slutte at forma *hundraða* er *mye eldre* i norsk. Ser vi på formene i brevet frå 1311 eller i det frå 1316 og det frå 1330, kan vi si at vi her skulde vente *vetræ* og *hundrade* eller *hundræde*. I skrift blir ofte tradisjonelle former brukt mot talemålet.

Både kasussystemet og det gamle syntaktiske systemet er på dette punkt opløst i det talemålet som ligger til grunn for skriveren.[1])

Ei form som *hundraða* måtte snart falle bort igjen i vanlig norsk. Ved *ð*=bortfallet, som Hægstad har påvist eksempel på i endinga *=að* alt i 1325 (Isvl. I, s. 60) i somme målføre,[2]) måtte *hundraða* og *hundrað* gå i hop igjen i forma *hundra*, som også kommer til syne i skrift ei stund etter 1350, f. eks. I. 404, Orkenøi 1369 og XVIII, 27, Lærdal i Sogn 1370. Bare i somme nordvestlandske målføre som den dag i dag har *ð* eller *d* for gno. *ð*, kunde vi vente å finne den gamle trestavingsforma i live.

2.

I gno. blir *hundrað* bøid som nøitral *a*=stamme, som *barn*, altså i pl. *hundrad* eller *hundruð* (< *hundrǫð*); i dat. pl. har østnorsk *hundraðum* eller *hundræðum*. I gsv. og gda. er ordet ubøid, men det fins spor etter at ordet hadde samme fleksjon som i gno. (Noreen, Altschw. gr. § 487).

Også i gno. kan *hundrað* bli brukt i pl., f. eks. *þriu hundrad* Stavanger 1315 (IV. 109), *þriu hundrað* Voss 1315 (V. 61), Stavanger 1322 (IV. 152), *tuau hundrað* Valdres 1337 (II. 225)[3], *þriu hundrat* Valdres 1348 (I. 312)[3], Tveit, Agder 1379 (I 495), Oslo 1381 (III. 433), *þriu hundrad* Ringsaker 1381 (III. 434), *þriuhundrat* Valdres 1381 (III. 436), *þriugh hundrat* Nedre Telemark 1385 (VIII, 211), *þriu hundrat* Stavanger 1387 (IV. 536 537), *þriu hundradh* Oslo 1389 (IV. 570), *þry hundrat* Båhuslen 1393 (III. 523) o. m. fl. Omvendt blir stundom *hundrod* brukt for sg., iallfall i *þushundrot*, f. eks. Stavanger 1384 (IV. 525)[4]) og 1387 (IV. 538), Halsnøy 1388 (IV. 549).

Vi har sett at *ð* skulde falle bort tidlig iallfall i somme norske målføre Også vokalen i siste staving kunde tidlig i mange norske målføre gå over til en annen vokal. I oplandsmål frå det indre av Oslofjorden og

---

[1]) At talord helt mekanisk kan få fleksjonsending som det substantiv det er attribuert, viser uttrykket *nokrom sex arom ædr seawm firir stora mandaudhan* (D. N. IV. 601; Oslo 1392). Her er dativen også merkelig. Jfr. før 1400 slike former som *af andro halfuo* som naturligvis aldri var talemål, bare uriktig grammatisk skjematisering.

[2]) Jfr. også *meal* for *meðal*, Oslo 1319 (I. 158); *klæ* for *klæðæ*, Ringerike 1345 (I. 295), for bare å nemne et par eksempel.

[3]) Jfr. Hægstad Isvl II s. 34. og Rygjamaalet s. 15.

til vi møter fjellmåla skulde *hundrað* gi *hun'drə* Samstundes skulde pluralforma *hundruð* gi *hun'drə* både her og over store deler av landet elles både i øst og vest; her kunde saa formene bli utjamna. Endelig må vi minnes at ordet ofte stod relativt trykklett, f. eks. når et tal kom etter: *hundre og femti, hundre og fem og femti* osv. Derfor kunde vi vente å finne *hun'drə* eller andre reduserte former også der fulle vokaler vilde være uredusert i ord som stod i trykksterk stilling. Vi skal også se at nynorske målføreformer høver med det vi kunde vente, at vi også har fullt bortfall av siste vokal i mange målføre.

Men fyst skal vi se på en del gamle eksempel med redusert vokal.

Ovafor er nemt et slikt eksempel frå Follo 1330. Andre slike eksempel før 1350 er: *hundræd*, sg. (I. 183, Oslo 1325); *ii hundræd* (II, 252, Øyer i Gbrd. 1342); *at lidnum ... þushundræd vættrom þriu hundræd fiorætighi ok þræmmer vettrom* (I. 287, Hamar 1343); *fim hundræt* (bis; II, 271, Øyer i Gbrd. 1345); *thusundret vættre þriu hundret vættre fioræthii wættre ok atte* (V. 198, Oslo 1348); *firir tiret hundræt laxsæ* (IV, 345, Oslo 1349).

I nynorske målføre er det tre hovedformer av dette ordet: *hundra, hundrə, hunnər.*

Forma *hundra* er så vidt en kan se av dialektlitteraturen fyst og fremst i bruk i Hordaland (Aasen, Ordbog, Ross, norske bygdemål, 1909 s. 132, Hægstad Indre Sudvl. I, s. 198); dertil i dei fleste bygdene i Indre Sogn (A. B. Larsen Sognemålene I, s. 106). Ross fører op frå Vest Telemark *hondre* som talord, men, *heilə hondra'i, nokle hondra* som substantiv; Ross, Bygdemål 1906, s. 30.

På andre kanter av landet synes forma *hundra* å være ukjent. Det er naturlig at vi finner denne forma fyst og fremst i central-vestlandske målføre, som også på andre måter viser lite vokalreduksjon i trykklette stavinger.

Forma *hundrə* er den vanlige forma på Østlandet både i flatbygder og fjellbygder); jfr. A. B. Larsen, Solørdial s. 70; Hogstad, Elveroms-maalets grammatikk, s. 29; Tvedten, Bærumsmaalet s. 8; Flatin, Flesbergmaalet, s. 19; Bjørset, Nord-Rollagmålets lyd- og formlære, s. 11; Skulerud frå Hjartdal i Tinnsmaalet, s. 197., Ross frå Vest-Telemark i Norske bygdemål, 1906, s. 30. Like ens er forma *hundre* i bruk i Agder og Rogaland, jfr. Ross om Niddalsmål, i Norske bygdemål 1909, s. 29; Hægstad om Hylestad og Valle i Setesdal, om

Vest-Agder Indre Sudvestl. I s. 198 og om Jæren Rygjamaalet s: 15; Seip, Åsdølmålet § 125 og § 126.

Også på Nordvestlandet møter vi denne forma, som er vanlig i Ytre Sogn og i somme bygder i Indre Sogn (jfr. A. B. Larsen, Sognemålene I, s. 106; i ei bygd Sulen *hundr'ö*). Elles finner vi på Nordvestlandet den fulle forma *hundrede*, nettop i den landsdel som har bevart gammal *ð* som *d* eller *ð*, jfr. Aasens ordbok om Sunnmøre og hans »Søndmørsk Grammatik«, s. 31.[1]) Denne forma blir også brukt i Bergens bymål, som her følger Nordvestlandet som så titt elles (jfr. Larsen og Stoltz Bergens bymål, s. 131); alle bymåla i Sør-Norge har *hundrə* (jfr Larsen, Kristiania bymål, s. 117).

Nordafjellsforma er den fullt apokoperte forma *huŋ'dr hoŋ'dr* 1 *huŋ'ŋər* o. s. b.; jfr. Ross om »Austfjellmaal« i Norske bygdemaal, 1903, s. 33, Reitan, Aalens maalføre, s. 54; Braset, Sparbumaalet s. 21; Eilert Mo, Todalsmålet s. 21; Sivertsen, Maalet i Hemna, s. 18; Riksheim, Ljodvokstren i Vefsnmålet, s. 37; J. Hveding, Tysfjordmålet, s. 24.

Apokoperte former fins også til dels sønnafjels, men som det synes jamsies ei fullere form: f. eks. *hunder (hundr, hunn'ər)* i Nordfjord Aasens ordbok), i Tinn (Storm, Ordlister, s. 20). Med disse formene kan vi jamføre ei oplysning om sjellandsk av Dyrlund, som sier: »*hunr'ðe*, når det står alene, ellers f. e. *hunn'r* daler, halvlyden kort *æ*, = »hunder« hos mange ældre forfattere« (Årbøger for nordisk Oldkyndighed 1885, s. 309, note 14).

Det kan naturligvis være grunn til å spørre: skriver bygdemålsforma og bymålsforma *hundrə* seg frå skriftmålet.

Til det kan en svare med å peke på det faktum at *hundrað* og *hundruð* også etter norske målregler måtte bli *hundrə*, og at vi finner former som *hundræd*, *hundred* lenge før dansketida. Endelig at dialektene har just slike former som vi kan vente etter norske målregler.

---

[1]) Også Nord-Gudbrandsdal synes å ha *hondredə*, jfr. Ross, Norske bygdemaal s. 1907, s. 48. — Kannhende må vi her jamføre med *snørede*, bunden form av *snøre*, n.

Didrik Arup Seip.

DATIVBRUKEN I ÅLBYGGMÅLET

Alle mål i Trøndelag, så nær som Fosen-måla, bruker dativ. I somme halvfosenske grensemål er det berre gamle folk som bruker dativ. Hovudreglane for bruken ser ut til å vera pålag like eins alle stader.

Eg giv her ei stutt utgreiing om dativbruken i Ålbyggmålet. Det er litt skilnad på bruken hos gamle og medalders folk og hos ungdommen. Dei avvik som ein finn hos unge er nemnt særskilt. Det er også somme høve der ein kan bruke både dativ og akkusativ, uta at det støyter øret eller kjennes som noe frammandt; dei høve vil òg bli nemnt. Alle stader der ikkje anna er sagt, er derfor dativ fast regel.

I namnorda er det berre dei bestemte formene som viser ein levande dativbruk. Dei sjeldsynte eksempel på ubestemt dativ i namnord, og ømse andre meir sjeldsynte, stivna dativformer i andre slags ord, er ikkje medteke. Om formene for dativ kan her vera nok å nemne namnorda og noen pronomen.

Nom. & akk. *hæs'tn — byg'da — hu'se. Dativ hæs'ta — byg'dn — husa.* Linne namnord har same endinga som dei sterke; dat. flt. ender på *-öm.* Dat. flt. *fōtöm, bōköm* hører ein no svært sjelda; istaden brukes *fōt'n, bōk'en;* ungdommen seier også tidast *sōinn* istadenfor *sōöm* (sauom).

Formene for han — ho — det er: Nom.akk. *hann,n — hō,a — de.* Dativ *hønnøm,a — hinna,n — di.* Den trykksterke forma *hønnøm* er no tidast bytt med *hann;* men forma *hinna* er vanlig (*hinna* er genitiv òg). All dativ av *minn, dinn, sinn, vår* heiter *mïne, dïne, sïne, våre.*

Dativ står tidast til verb, anten verb som foruta vanlig objekt i akkusativ også har eit omsynsobjekt (»hensynsbetegnelse«), eller verb som »styrer« dativ og berre har eit dativobjekt. Dessuta står dativ etter somme preposisjonar. I andre høve er dativ meir sjeldsynt.

Dei ord som krev dativ er:

1. Verb som har omsynsobjekt og vanlig objekt: *ho gā gū'ta māt.*

Slike verb er: *bȳ — fēle* vante: *de fēle a iṭṭnå* det vanter honom ikkje noe — *finne: finn gu'ta mātt! — flḭ̈* rekke, sende — *förbȳ' — fårke* åtvara: *du må fårke gū'ta at'n iṭṭ jær de* du må åtvara guten at han ikkje gjer det — *förṭäḷ'* fortelje — *jḭ̈* gi — *jørrå* gjera — *kȫpe — kåste: de kåste a* (honom) *iṭṭnå — låvvå* lova — *lēre* lære — *låne — løn(n)e — nękte — rękke — sęi(e)* segje — *säḷ* selje — *sęnne* (gamle folk seier *sęnde*) — *skaffe — ṣikke* skikke — *ṣęŋke* skjenke, by drikk — *ṣylle* skylde: *e ṣylle man'na i* (ei) *krōne — svårrå* svara — *sȳne — traktēre — unne* og *messunne — vanṭe — vænn* venje: *du må vænn gū'ta å takke — vill* presens: *e vill a iṭṭnå vont* eg vil honom ikkje noe vondt — *åtvårrå* åtvara (sml. *fårke*).

2. Verb som berre har dativobjekt. *bḭ̈e*: *du må bḭ̈e gū'ta — jēte* gjæte: *jēte sȫöm sauom — gḷømme*: *han ha gḷømt* (*att, å*) *stā'va sine hēme* han har gløymt (sett att) staven sin heime, *du må iṭṭ gḷømme mōr dine* (ein kan vel òg somme gonger høre *gḷømme* med akk.) — *hælse — jäḷpe — hȳse* skaffe husrom: *hȳse fanṭöm, du må hȳse a te mårrås* du må skaffe honom husrom til morgons — *høve* måte, »anstå«: *de høve iṭṭ hinna — liṭṭe*, lite, »adlyde«, »stole på«: *du må liṭṭe mōr dine ti dḭ̈ — lystre: du må lystre fār dine — møte: e møṭṭe a* (*honom*) *på vē'ga, møte præs'ta* gå på overhøring — *nøgg* presens: *han nøgg ȫ̊göm åt me* han blinker med augom, gjer miner åt meg; om naturlig augblinking heiter det: *knepp ȫ̊göm; nøgg* og *knepp* brukes både om notid og førtid (som interjeksjonsverb) — *nå: e nådde att a* (honom), *han nådde tāka me hā'nn* (med handa) — *sakne — skålle* skålde: *skålle grḭ̈'sa — stāne* eller *staŋse* (*staŋse* brukes helst med tydinga: få til å stane): *staŋs hæ'sta! han ha stāna* (*staŋsa*) *voks'tra* han veks ikkje meir — *stæmme* brukes vist berre i uttrykket *stæmme bḷōa* få blødinga til å stanse på overnaturlig vis — *sytṭe* passe, »pleie«, helst om sjuke folk: *sytṭe kḷēnfȫḷka — takke — tru: tru du dḭ̈? döm ha truḍḍ a* (honom) *för gått — tȳne — vęnṭe: e vęnṭe dḭ̈* eg tenkjer det er så, *når vęnṭe du fār dine? — vålle* volde: *de va du söm vålla di.*

3. Verb med objekt i dativ eller akkusativ. Mange verb tek objektet i dativ i somme høve og i akkusativ i andre. Dativ brukes helst i stutte faste ordlag når det ikkje står andre tillegg attåt verbet. Like eins har somme verb dativ når objektet er ein person eller eit anna levande vesen, men akkusativ når objektet er ein daud ting. Slike verb er:

bøtte bytte: *bøtte hæstöm, knïvöm, ʂoʈʈöm* skjortom, osfr.; meininga er her å bytte bort ein (eller fleire) ting imot å få att ein (eller fleire) ting av same slaget, men: *haɳ ha bøtta boʈʈ knïvaɳɳ sine, haɳ ha bøtta (boʈʈ) hæs'tn ti i ku* i ei ku — *fɐlle: fugɬaɳɳ fɐlle stū'va* men: *haɳ fɐlʈe (ne) bjøɽ'ka, haɳ fɐlʈe ihōp' dē söm va suɳʈ — fæste: fæste såm'na*, men *fæst dø'ra! fæst a attåt vɐg'ga! — fɬøtte: fɬøtte sētröm* ɔ: flytte frå ei seter til ei anna; *fɬøtte sētraɳɳ* vilde seie å flytte setrane til eit anna rom; *fløtt hæs'ta* eller *hæs'tn!* om ein hest som er bunde på beite, men: *fɬøtt stō'ɳ* (stolen), *fɬøtt'n te sïes! — halle eller hålle* halde: *hall hæs'ta!* hald hesten fast! *hɐll du a? halle grå'ta, pus'ta, ø̈'ɬa (yl* m.*), hall kjæf'ta dine!* (Selbu: *hall ɧæf'tã dinåm!*), men: *halle hæs'tn ætte bella* etter beislet, *halle ø̈'ɳ ti kråp'pa* halde ølen (*yl* m., varme) i kroppen, *hall bō'ka boʈʈåt lampen! — hanle* handle: *hanle hæstöm*, men *haɳ ha hanɬa boʈʈ hæs'tn sinɳ* (sml. *bøtte* og *fɬøtte*) — *hɐŋŋe: haɳ hɐŋŋte jē'pa* hengte geipen, men: *hɐŋŋ de på vɐg'gen, hɐŋŋ lampa punni tā'ke — kaste: ku'a kasta käɬ'va* (eller *käɬ'ven?*), elles akk. — *ɧæmme: du må ɧæmme gū'ta, drå'ken*, men *ɧæmme hå're* — på same måten *fɬɐʈʈe, kɬøppe, råkkå* raka (men ikkje *pyŋʈe, fɬï*) — *likne: haɳ likne fār sine*, men *likne haɳɳ attåt hinɳa — mjöɬke ku'öm*, men *mjöɬke tu mjöɬ'ka — måte: de måte a* (honom) *itt*, men: *måte kɬēa ætte kråp'pa — nyʈʈe* eller *nøtte: de nyʈʈe a itt*, men: *nyʈʈe ut kɬēa si (kɬēe* om ein dress er hokjønn) — *skåkkå* skaka: *fug'geɳ ʂēk vɐŋŋöm*, elles akk. — *ʂysse* skysse: *haɳ ʂysse præs'ta, dåk'tra*, men *ʂyss oŋŋaɳɳ på dø'ra!* skyss (jag) ungane på døra, *haɳ ʂyssa sø̈iɳɳ boʈʈi skō'gen — ʂlæppe: ʂlæppe hæs'ta* sleppe ein hest som ein held fast, elles er det det vanlige uttrykk om å sleppe ein hest på beite, *ʂlæpp knï'va!* men *ʂlæpp iɳɳ hæs'tn! ʂlæpp 'n åt maɾ'ken, haɳ ʂlæfte ne knï'ven, ʂlæfte 'n nei gø̈ɬ've — snȳt gu'ta!* men: *snȳt tå a snø̄ɳ* (snøren)! — *stille ku'öm* fore, passe, men: *stille kɬåkka — stȳre bå'ta, ɧäɬka*, men *stȳr bå'tn åt lanɳa (=ndₔ), ɧäɬken ætte vē'ga — sȳpe snø̄'ra*, men *haɳ sȳp ti se mjø̈ɬ'ka — tēne kåŋŋa*, men: *tēne løn'na si — vaske gū'ta*, men *vaske sø̈iɳɳ (=öm?), gø̈ɬve — vatne hæs'ta* gi hesten vatn, *vatne bɬomström* eller *bɬomstraɳɳ*, men: *vatne jō'ɬa, å'keɳ — vɐŋŋe (=ŋdₔ) vēra*, vende veret, blir sagt på spøk når ein vil at vinden ska blåse frå ei anna leid, så ein kan vente godver; elles akk. — *vï̈ke hæs'ta*, men *vï̈ke hæs'tn te sïes, vï̈k sā'ga mi!*

4. Verb i konjunktiv og ømse ordlag. Her finns berre noen få eksempel: *fȳ vø̈ɬe hinɳa!* fy verde (være) henne! — *(gu) bēre hinɳa!* — stakkars *hinɳa*. Ein kan visst òg bruke akk. i desse ordlaga; objekt tredje person, der

dativen kan syne seg, er elles lite brukt i slike uttrykk. — *byssе* i ordlaget *byssе bāna* synge barnet til sømns; når dei syng, heiter det: *byssa, byssa bāna! (-grȳta hęŋŋ på jāṇa).*

5. Adjektiv og adverbiale ord. Her er heller ikkje mange eksempel. *fri̊* fri for, av med: *haŋ vaṭṭ fri̊ a* honom (det ekte heimlige uttrykk her er *haŋ vaṭṭ å mē a*) — *för gått* for godt: *de e för gått a* det er for godt honom — *hȯre jetti* gjete: *ha du hȯḍḍ jetti a* har du hørt gjete honom? — *kvett* kvitt, fri for, av med — *lē* leid: *e vaṭṭ lē di* eller *tå di*) eg vart leid av det — *li̊k: haŋ e li̊k fār sine, han ē iṭṭ ōli̊k mōr sine* ikkje ulik mor si — *ōręḍḍ* uredd, trygg for: *nō e me ōręḍḍ a* no er vi kvitt han, treng ikkje å vera redd han (derimot: *ręḍḍ hū'ŋŋ* hunden) — *ṣyll* skyld: *e e ṣyll di da gū'ta* eg er skyld (med) den der guten; oftast heiter det no *ṣyll me* med — *ṣylḷȯg, skulḷȯg (=lḍ=): haŋ e ṣylḷȯg a i krōne* han er skyldig honom ei krone — *vān* eller *vant: haŋ e van(t) di,* eller: *mē di — vār: e vaṭṭ vār a* honom — *vāḷȯg verdig: haŋ ē iṭṭ vāḷȯg hiŋŋa.* I somme høve står dativ til verb med adverb, eller med preposisjon brukt som adverb; det er ikkje svært mange eksempel av det slaget heller: *de jikk a* (honom) *vāḷ, i̊le* (ille), *gått, imōt' — haŋ jōḷ a imōt', telaks'* han gjorde honom imot, til lags — *du må jī̊'te a* tilgi honom — *bō'ka høre hiŋŋa te.*

6. Preposisjonar med dativ. Dei preposisjonane som berre styrer dativ er: *frå (ifrå') — miḷ'ḷa* millom — *mōt (imōt');* når *mōt* blir brukt med tydinga »samanlikna med«, er det konjunksjon: *ē fikk li̊te mōt dū, hō fikk li̊te mōt haŋŋ,* men *du ga hiŋŋa li̊te mōt hønnøm* du gav henne lite mot honom — *tu* (< ut + ur) — *tå* (< ut + av) — *uŋŋa (oŋḍa)* undan — *åt.*

åt er no den vanlige preposisjon til å uttrykke eit eigedomshøve: *bō'ka åt gu'ta, åt gu'ta våre* med pronomen i dativ; pron. står òg i dativ når *hass* eller *hiŋŋa* blir brukt framfor namn: *hass pēr våre, hiŋŋa mæret våre* hennes Marit vår.

7. Preposisjonar med dativ og akkusativ. Mange preposisjonar styrer dativ i eitt høve og akkusativ i andre. Tidast er det såleis at dativ brukes med meininga »på staden« og akkusativ om »til staden«. Slike preposisjonar er:

ætte etter, har akkusativ om tida, i alle andre høve dativ: *ætte häṭ'ja* etter helga, *ætte nȳåre,* men: *haŋ jikk ætte vē'ga, ætte lassa, haŋ tō ætte*

knī̊'va, haŋ hȯḍḍe iṭṭ ætte di söm vaṭṭ sakt han hørte ikkje etter det som vart sagt. Ungdommen bruker tidt dativ også om tida: *ætte häḷ'jen.*

før f o r, har dativ i dei høve som er nemnt i Aasens ordbok, sjå »fyre, B, 6—12«: *de låg mett för fōtöm, låsså för præs'ta* lesa for presten, *för stoṭṭ för* (eller *åt*) *hiŋŋa, te jäḷp för föreḷ'dröm* (eller *åt*), *ręḍḍ för kḷēöm, haŋ tør iṭṭ för fār sine, jēte för ōdȳröm;* i andre høve akkusativ: *haŋ lā de fræmför føt'n på a, för hēle å're, takk för lå'ne;* »f y r e 2« hos Aasen (om tida) heiter f ø r r i, sjå neste prep. —

førri f y r e føre, har akk. om tida: *førri häḷ'ja, førri nȳåre;* unge folk kan bruke dativ om tida, sml. det som er sagt om *ætte.* Elles brukes *førri* med dativ om noe som skrid fram der noe anna kjem etter: *haŋ jikk førri fār sine* (i denne setningen kan *førri* bety både »foran« og »tidligere enn«), *kvęḷ'ḷn ḳæmm førri nat'tn.* Om det som står eller steller seg framom noe anna som er i ro brukes *för,* tidast samansett med eit adverb: *de låg mett för ȯ̊göm på a* midt for augom, *haŋ står fræmför fār sine, stęḷḷe se fræmför (fræmöm) fār siŋŋ.*

ī̊, svært ofte samansett med adv. (u t + i > *ti,* u p p + i > *pi*); *i* har dativ og akkusativ etter som meininga er »på staden«, eller »til staden«: *haŋ ē iŋŋi husa, oppi fjella,* like eins *i med'daga, i häḷ'jen, mett i vukkuŋŋ* midt i veka, *gå i såm'na, de ē i æmniŋŋen,* men: *haŋ jikk iŋŋi hu'se, oppi fjel'le, de lī̊ uti vukku* det lid ut i veka; — *ho ē uti f(j)ø̄'se* vil seie: ho har gått ein sving uti fjøset og kjem snart att, men *ho ē uti fjø̄sa* har vanlig påstadstyding.

I fleire grender i bygda blir to grannegardar kalla *us'tu* og *noṣ'ṭu* d. e. *ust-i-stuggu* og *nōḷ-i-stuggu* (*ust* a u s t blir tidt brukt som motsetnad til n o r d). Her er preposisjonen bortfalle, så det berre er kasusforma som viser om meininga er »på staden« eller »til staden«: *haŋ ē us'tuŋŋ, haŋ jikk us'tu; haŋ ē us'tu* vil da seie: han har gått ein snartur borti Ustu.

mē m e d, også = v e d og h j å, styrer akkusativ når det vil seie »attmed einstad«, sjå Aasen: »med 2«: *ē såg 'n me ḳørḳa, döm sētre me rī̊astn, me öyoŋŋeŋ* dei er i setra ved Riasten, ved Øyungen (to sjønamn, hankjønnsord), *haŋ stō attme vē'gen, gḷī'se,* men: *haŋ stō attme fār sine, attme hæs'ta.* Like eins kan ein bruke akk. om noe ein ska ha med seg; *kåmm hī̊t me bō'ka, me gū'tn.* I alle andre høve styrer *me* dativ. Unge folk, tidt også gamle, bruker aldri akk. etter *me.*

på styrer dativ med tyding, »på ein stad« og akk. »til ein stad«: *bō'ka ligg på bōḷa, lęgg a på bō'ḷe,* såleis om tida: *mett på dā'ga* midt på dagen, *de e joṭṭ på dā'ga* det er gjort på ein dag, men: *de lī̊ ut på dāgen,* sjå

Aasen, »u p p - a a, 1. 2 og 3«. I andre høve styrer *på* dat. når det brukes om det som hører ein ting til: *tā'ke på husa, lō've på trēa* lauvet på treet, *mā'ŋŋ på gå'ḷa* mannen på garden (upp-aa, 4.), like eins om det som ein legg merke til: *e ɣęŋŋe 'n på måḷa, de sȳnes på a* på honom (8.); *på* styrer akk. når ordet som kjem etter er å seie eit objekt for gjerninga, t. eks. i ordlag som: s j å, h ø r e, l i t t e (lite), v e n t e p å, v e r a v o n d p å — r e t t e, l ø f t e, r i s t e p å, like eins når meininga er »med omsyn til«: *spāre på mā'tn, de ruve mye på høg'da.* I somme høve står *på*, liksom ømse andre preposisjonar, berre attåt namnord i ubestemt form, så det er vandt å sjå kva kasus det kan vera. Det er same skilnaden på: *ho ē på bū'a* og *ho ē på bū'n* (ho er på butikken) som *ē uti fjø'se* og *ē uti fjøsa.*

tē t i l, brukes tidt saman med ubøygde namnord eller namnord i ubest. form: t e R ø r o s, t e b y e n (»byen« med fastvakse ubøygd artikkel vil seie Trondheim: t e b y e n, f r å b y e n, »frå bya« vilde gi ei anna meining), *de e myɣky te kār, haŋ e mēr te stäḷp hęll te jäḷp, ker me ska å te māt?* kva ska vi ha te mat; *tē* styrer i somme høve genitiv, helst i faste ordlag: t e s k o g s, t e s e t e r s, *haŋ jikk te håfs, te grønnlis* (gardane Hov og Grønli); *kåmmå te bygdas,* ny gen., like eins *ṣḷå te låttås* (av h l u t r), *te kvęlls, te mår(r)ås, te maŋŋs.* I andre høve styrer *tē* dativ: *te vå'ra eller te våṣ, te nat'tn* (*nat'tn* kan her vera påverka av gammal gen., sml. t e n a t t a n, t e h a u s t a n i mange trøndermål), *de e likt te dī, ha du hòḍḍ nå tē' a* har du hørt noe til honom; *tē* blir brukt med tilstadstyding berre framfor ubøygde ord og ord i genitiv; *tē* blir ikkje brukt om eigedomshøve; når ordet har best. form, er *åt* den vanlige preposisjon både for »til staden« og for eigedomshøve i all trøndsk: h a n g i k k å t k j ø r k j e n (-ån), å t p r æ s t a, b o k a å t p r æ s t a.

puŋŋ(i) < u p p + u n d e r, *uŋŋi*, eldre *(p)oŋḍi.* Formene uta *p* brukes helst i figurlig tyding: *å lęgg uŋŋi se* å legge under seg. *puŋŋi* styrer dat. i tydinga »på ein stad« og akk. »til staden«: *de ligg puŋŋi bō'ḷa*, men: *lęgg de puŋŋi bō'ḷe, gā'ṇ* eller *gå'ṇ* (garden) *ligg boṭṭuŋŋi fjella*, men: *gå boṭṭuŋŋi fjel'le* såleis *tēne uŋŋi dī kåŋŋa — gā se uŋŋi ḍęŋŋ kåŋŋen.* Når meininga er »mindre enn« styrer *uŋŋi* akk.: *de vaṭṭ säḍḍ uŋŋi krōna* de vart selt under krona, under ei krone, *uŋŋi ḍęŋŋ prī'sn.*

Merknad. Preposisjonar som berre har akk. er: *förbī' (sml. öm) — jøn'nøm* gjennem — *öm* om — *øvvi* over. *hęŋŋ grȳta øvvi værmen* heng gryta over varmen, elden! — *grȳta hęŋŋ øvvi værmen.* Med påstadstyding blir *øvvi* tidast bytt med *oppför: oppför bō'ḷa.*

8. Adverb brukt som preposisjonar. Preposisjonane blir svært ofte brukt saman med adverb. I mange høve kan preposisjonen vera utelate, såleis at adverbet gjer teneste som preposisjon. I slike tilfelle synes hovudregelen å vera at adverbet styrer same kasus som den preposisjon som er utelate. I somme høve kan ein ikkje sjå om det er noen preposisjon utelate, eller kva det kan vera for ein, og dermed blir det vandt å finne årsaka til kasusbruken. Kasusbruken er heller ikkje alltid heilt stø. Dei viktigaste av dei adverb som blir brukt som prepositionar er:

bāk, »til staden« akk.: *haŋ jikk bāk vęg'gen* eller *bāköm vęg'gen;* med tyding »på staden« heiter det *bāk vęg'ga* eller *bāk vęg'gen*, det siste helst hos gamle.

kriŋŋ har alltid akk.: *döm sett kriŋŋ bō'ļe* eller *kriŋŋöm bō'ļe* dei sitt kringom bordet, *döm sætt se kriŋŋ (=öm) bō'ļe; ruŋt* rundt, kan ein òg bruke på same måten.

laŋs langs, eller *laŋs me* (alltid som to ord) har dativ: *haŋ jikk laŋs (me) äļ'ven.*

nēre nær, har alltid dativ: *haŋ stō nēre (attme) gļāsa, gå nērar boţţåt gļāsa! e komm iţţ nēre a* eg kom ikkje nær honom.

Fråstadsadverb på -an: *iŋŋa, uta, åvvå, nēa* o. fl. blir brukt med påstadstyding; her er kasusbruken ustø; dei unge vil helst ha dat.: *haŋ står iŋŋa dø'ra,* eller *iŋŋa døŋ, uta, åvvå, nēa vē'gen* eller *vē'ga.* Når adverbet er samansett med *för*, er dativ det vanlige: *haŋ står iŋŋaför dø'ŋ.* Med tilstadtyding heiter det: *iŋŋöm dø'ra; ūtöm, åvvöm, nēöm, nōļöm vē'gen.* — *sēa* blir sjelda brukt som prep.; det kan heite: *haŋ ha vørri hēr sea månda'n* eller: *sea öm månda'n;* men det heiter: *sēa i ju'ŋ* (i julen, dat.), *sēa i häļ'jen.* Fråstadsadverba kan ikkje brukes åleine med fråstadstyding; dei må da vera samansett med proposisjon: *vi'ŋŋ* (vinden) *ķæmm åvvåfrå fjellöm, utafrå hāva* (ikkje: *uta hāva). — uŋŋa* (gl. *cŋḍa*) er no å rekne for ein preposisjon (som alltid styrer dativ.): *akt de uŋŋa hæs'ta! katta komm uŋŋa seŋ'ŋen.*

9. Gardnamn brukt som tilnamn etter døpenamn. Når eit gardnamn i bestemt form blir sett som tilnamn attåt eit døpenamn, står det alltid i dativ; grunnen må vera at ein preposisjon som krevde dativ er utelate. Når garden heiter *bakken, mȳra, bær'je, vål'ļaŋŋ,* så heiter ein mann frå garden t. eks. *pēr bakka, mȳ'ŋ, bærja, vålļöm;* men når garden heiter *fiļļaŋŋ* Filland, *grønnli* Grønli, så heiter mannen *pēr*

fiłłaŋŋ, jæns grønnli. Eit merkelig undatak er gardnamnet *håv* Hov; garden heiter i nom. -akk. *håv*, og i dativ (hos eldre) *håvi*, ei dativform som ikkje noe anna namnord i Ålbyggmålet har som levande kasus. Det heiter såleis: *håv, te håfs, frå håvi, lōș* (Lars) *håvi*; dei yngre seier vel helst *frå håv, lāș håv.*

Jørg. Reitan.

TIL DRAUMKVÆDET

Den som berre kjenner Draumkvædet frå Landstads, Moltke Moes og Ivar Mortenssons restitusjonar, fær ikkje nokor full kjensle av kor ille vår herlegaste folkevise er medfari i folkeminnet.

Me hev fulla mange uppskrifter av Draumkvædet; men det er synbert at dei alle er mykje uheile, ja dei allerfleste er berre brot å rekna. Og ikkje berre det: mange er uppblanda med framandt tilfang, so det kann vera vandt å vita kva eigenleg høyrer Draumkvædet til. Dessutan hev ikkje strofane nokor fast rekkjefylgje i uppskriftene. Det finst nok ei episk råme for diktet: Olav Åsteson fell joleftan i ein lang svevn, vaknar ikkje fyrr trettandedagen, gjeng so til kyrkja og fortel draumane (synene) sine. Men igjenom synene gjeng det ingen greid episk tråd. Det er ei rekkje mektuge einskildbilete, som ofte kann byta plass utan at det skader diktet, og både det eine og det andre kann ha falle burt utan at ein med visse kann segja at her vantar det eitkvart. Det ser ein um ein fer igjenom variantane: einskilde bolkar skifter plass frå uppskrift til uppskrift; ein kvedar hev hugsa det draget og ein annan det, so det i alt vert eit heller langt kvæde, men ingen einskild kvedar, ikkje ein gong dei allerbeste hev hugsa nåme nær alle strofane. Alt i alt fær ein ei kjensle av at noko stort hev falle ifrå einannan, og at so mykje må vera burtkome at det er ovleg vandt å setja broti saman att til noko heilt.

Draumkvæde hev ikkje variantar eller sidestykke millom folkevisone i andre land; berre eit par strofar gjeng att i det færøyske Gongu-Rólvs kvæði. Og når ein tek undan ein einskild strofe frå Vest-Agder, er uppteikningane avgrensa til Telemark og Setesdal, og dei er ikkje eldre enn frå det 19de hundradåret. Ein hev difor ikkje den studnad for granskingi som uppteikningar frå vidt skilde stader og ulike tider ofte kann gjeva.

Heller ikkje innum visionsdiktingi, der Draumkvædet tydeleg høyrer heime, vil ein finna nokon greid parallell eller noko som ein beint fram

kunde kalla eit litterært fyrebilete. Samanhengen millom Draumkvædet og Sólarljóð synest å vera mykje tvilsam, anten ein so reknar det eine eller det andre av dei tvo dikti for å vera det eldste. Den skotske lyke-wake dirge er nok ei utforming på vers av dei same fyrestellingane um den andre verdi som ein møter i Draumkvædet; men det er eit anna dikt, og det syner ingen *serleg* litterær samanheng med det norske kvæ-det. Av dei tallause visionane på prosa er det fleire som likjest meir eller mindre på Draumkvædet. Landstad jamførde med Ansgars syner. Både Sophus Bugge og Moltke Moe hev serleg fest seg ved Gottskalks vision og Thurkills vision, og synt at dei i mangt stend nær Draumkvæ-det. Men likskapen ligg helst i einskilde spreidde drag, og han er aldri fullkomen; ingen stad finn ein noko som er sermerkt for Draumkvædet og desse visionane og som syner so stort samsvar at ein kann segja: her *må* det vera lån. Dessutan må ein rekna med at mange visionar er burtkomne. Ein kann gå ut ifrå at sume vart aldri uppskrivne, og at sume som vart uppskrivne, hev sidan kome burt. So rik som millom-alderen var på visionar, vilde det vera eit forunderlegt tilfelle um me skulde vita um alle slike syner her i landet i den tidi. Samanhengen millom Gottskalks og Thurkills visionar på den eine sida og Draum-kvædet på den andre kann vera *umveges*, soleis at visionar som no er burtkomne, kann ha vore millomlekkar. Berre den ting at ein må søkja fyrebiletet for dei einskilde dragi i Draumkvædet stundom hjå Gottskalk og stundom hjå Thurkill, syner at ingen einskild av desse visionane kann ha gjeve inspirasjonen. Det er ikkje so at ein av dei er hovudgrunn-laget og hev gjeve råma, medan den andre berre hev gjeve einskilde drag. Dessutan må Moe på eit einskilt punkt gå ut ifrå at Tundals vision hev vore kjelda. Og likevel vert det i Draumkvædet mangt att som ikkje let seg tyda ved hjelp av desse tri visionane.

I grunnen er det ikkje anna å venta. Draumkvædet er ikkje nokor litterær etterdikting. Det er eit sermerkt og originalt kvæde, og det sy-ner ei poetisk evne som må ha makta å smelta gamalt tilfang um og skapa nytt på det gamle grunnlaget. Det som Draumkvæde-diktaren for-tel må på ein eller annan måten vera upplevt. Ein kann tenkja seg at ein som het Olav Åsteson røynleg hev havt ein vision, som hev vore so merkeleg at han hev inspirera ein stor, men unemnd og ukjend diktar til det mektuge Draumkvædet. Men ein kann au tenkja seg at Olav Åsteson berre er ein person som Draumkvæde-diktaren legg sine eigne syner i munnen, sameleis som Garborg i »Haugtussa II. I Helheim«

let Veslemøy hava synene. Anten det no er det eine eller det andre, so syner dei mange einskilde drag i Draumkvædet som ein finn sidestykke til i andre visionar, at diktaren eller visionæren ihuga må ha samla på dei upplysningane som visionane gav honom um den andre verdi. Han hev levt med i det andre hev set, og til slutt hev so spaningi i hans eige kjensleliv funne utløysing i Draumkvæde-visionen.

Når Draumkvædet er so ille medfare i tradisjonen at ein ikkje veit korleis det upphavleg hev set ut, og når ein ikkje med visse veit kva visionar Olav Åsteson hev kjent, kunde ein tru at det var uråd å segja noko visst um dei litterære fyresetnadene for Draumkvædet. Men det er ikkje fullt so vandt og vonlaust som det kunde synast.

Det visionæren fortel at han hev set, må byggja på dei fyrestellingane han fyreåt hev um tilstandi i den andre verdi. Det er sameleis som når einkvar trur at han hev vore bergteken: det han hev upplevt i berget syner seg å vera bygt på det han hev høyrt fyrr i bergtakingssegner. I visionane er det tale um høge og heilage ting. Synene vert i nokon mun bundne av kyrkjelæra, av den ålmenne tru um helheim, skirseld og himmerike, um løn og straff i den andre verdi. Og i ei tid full av barnleg tru, og av trong til å gjeva fyrestellingane um den andre heimen ei konkret form, vil visionane vera med og forma ut i detalj dei tankane ein gjer seg um livet attum gravi. Trur ein at visionæren hev vore i den andre verdi og talar han sant, må det vera soleis laga i den andre verdi som han hev sagt. Ein visionær kann nok koma med mykje nytt til utfylling av det gamle; men det nye må ikkje stå i strid med ålmenne godkjende meiningar eller avsanna det eldre visionærar hev sét. Visionane fær difor lett noko stereotypt ved seg. Det ein vision fortel gjeng att i seinare visionar. Av den grunn kann ein byta visionane i fleire flokkar, og ein kann stundom syna korleis den eine er avleidd av den andre.

Vil ein setja Draumkvædet inn på sin plass i visionslitteraturen, gjeld det fyrst um å finna sermerkte likskapar med andre visionar anten i einskilddrag eller i kombinasjonen av einskilddrag. Kann det lukkast, um so berre på eit einskilt punkt, å syna at Draumkvædet botnar i ein annan vision, vil det vera eit godt utgangspunkt for vidare gransking.

Det ligg utvilsamt nærast å jamføra Draumkvædet med dei visionane som me finn i den norrøne bokheimen, og som me veit var kjende på norsk umråde. Den største er Tundals vision, Duggals leizla, som han

heiter på gamalnorsk. Tundal var ein irsk riddar som levde i det 12te hundradåret, og visionen er lagd til 1149. Den norske umsetjingi byggjer på ei latinsk skrift frå ca. 1150, men må vera gjord i det 13de hundradåret. Prologen segjer at kong Håkon let den latinske boki »norrœna«, og denne Håkon må helst vera Håkon Håkonsson. Målføringi syner at umsetjingi snaudt kann vera gjord so seint som i Håkon Magnussons tid.[1] Duggall ser både helheimen og himmerike, og visionen er uvanleg rik på takande og storfelte bilete. Han må ha gjort eit sterkt inntrykk på samtidi. Han vart umsett til mange mål og hev sett djupe merke på dei seinare visionane.

I Duggals leizla er det fortalt at Duggall kom til ei bru »mjǫk lǫng ok var lófa breið, en lengd brúarinnar var hǫlf rǫst«. Ho var »ǫll sett stálgǫddum svá hvǫssum, at engi fótr manns mátti yfir komast« (s. 339). Den engelen som fylgjer Duggall, segjer at Duggall skal gå yver brui »ok eigi tómum hǫndum, því at þú skalt leiða með þér útaminn uxa,[2] ok gefa hann mér, er þú vildir eigi selja frænda þínum«. Då gret Duggall og klaga seg, men engelen spurde um han hugsa »þá er þú vart í lífi þínu, þá staltu kú guðfǫður þíns«. Duggall leider då dyret med seg, og når han stend, fell dyret, og når han fell, stend dyret. Midt på brui møter Duggall ein mann som ber ei tung byrd med kveitekorn[3] som han hadde stole, og dei veit ikkje korleis dei skal koma framum einannan. Men so merkar Duggall brått at han er hjelpt or vansken, og engelen er atter hjå honum.

No heiter det i Draumkvædet um Gjallarbrui (Landstads tekst A):

24. Kem eg meg at gjallarbrui,
hon henge så høgt i vinde,
hon er all med jønni slegin
og saum i kvorjum tinde.

25. Eg hev farið gjallarbrui,
hon ligge så høgt i vinde,
gullið er etter straumo lagt
og saum etter kvorjum tilje.

---

[1] Sjå Finnur Jónsson, Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie[2] II, s. 973. Den norske teksti prenta i Heilagra manna sögur I, s. 329—58.

[2] Det er sidan sagt at han leider ei ku.

[3] »Hafði mikla byrði á baki af sjóðum hveitikorns« (s. 339); »er hveitilúðr bar« (s. 341).

26. Eg hev gengið gjallarbrui
hon er ekki goð at gange,
bikkja bít og ormen sting
og stuten stend og stangar.

Og sidan, i »sæl«-strofane, heiter det:

34. Sæl er den i føðesheimen
fatike geve ku,
han tar inki sumlug gange
på høge gjallarbru.

36. Sæl er den i føðesheimen
fatike geve konn,
han tar inki ræddast på gjallarbrui
fer kvasse stutehonn.

Moltke Moe såg den likskapen det var millom Duggals leizla og Draumkvædet her, og fann at han var so stor at ein måtte rekna med ein beinveges samanheng. Når Tundal lyt leida med seg ei ku han hev stole, so »er dette billede gaat over i Draumkvædet; ikke bare positivt, saaledes at en okse møter visionæren paa Gjallarbroen og »stend og stangar«, men ogsaa negativt: den som her i verden gir fattige en ko, han behøver ikke at ræddes og svimle, naar han skal over Gjallarbroen.«[1] Det er berre i den norrøne umsetjingi ein finn ein »útaminn uxi« umtala, og denne umsetningi er knapt eldre enn frå midten av 13de hundradåret. Men Moltke Moe meinte at Gottskalks og Thurkills visionar var grunnlaget for Draumkvædet, og at det var dikta ikr. 1220. Han måtte difor her tenkja seg ein sekundær påverknad frå Duggals leizla. Men no er det ingen ting i sjølve desse strofane som gjev ein grunn til å tru at dei er sekundære. Tvert imot, dei høyrer organisk med til diktet; på tvo stader, i skildringi av Gjallarbrui og i »sæl«-strofane kjem dei same fyrestellingane att. Og likskapen er endå større enn ein varest ved fyrste augnekastet. Sermerkt for Duggals leizla er at ein ukse, ei ku og ei kornbyrd er umtala i samanheng med brui. Alt dette kjem att

[1] Maal og minne 1911, s. 444.

i Draumkvædet: *stuten* som stend »midt på leidi« og stangar, den som hev gjeve ein fatig ei *ku*, tarv ikkje gå sumlug yver brui, og den som gjev fatige *korn*, tarv ikkje ræddast for stutehorn på brui. Ein kann ikkje tyda dette på annan måte enn at Draumkvædet her byggjer på minningar frå Duggals leizla. Diktaren hev i hugsyni havt brui fyre seg. Han hev set sjæli med kornbyrdi; ho møter den utamde uksen, som rettar horni imot henne og stengjer vegen. Han hev set Duggall korleis han streva seg fram på brui, av di han ein gong hadde stole ei ku. No er det fulla ei mengd med skiftande bilete i visionane, men ei so karakteristisk samanknyting av drag som me her hev i Duggals leizla og i Draumkvædet, kjem ikkje upp på tvo stader uavhengig av einannan. Og når dette hev vorte klårt for ein, ser ein straks andre likskapar au. Utan samanheng med skildringi av brui, men næst fyre er det i Duggals leizla tale um »hunda bit« og »orma hǫgg ok eitr«, dette minner um »bikkja bit og ormen sting«. Under brui såg Duggall mange skræmelege dyr. Brui er i Duggals leizla »ǫll sett stálgǫddum«, og i fleire variantar av Draumkvædet er ho »all med jønni slegi, og saum i (el. krok på) kvorjom tinde«, eller der er »saum etter kvorjom tilje«, eller ho er kalla »hekklebru«. Ogso ved fleire andre drag kunde det liggja nær å sjå Duggals leizla som grunnlaget for Draumkvædet; men det er vandt å føra avgjerande prov, og ei rekkje drag i Draumkvædet let seg ikkje tyda på den måten.

Me vender oss no til ein annan stor vision som me hev i den norrøne litteraturen: *Gundelins vision.*

Dette synet ligg fyre i tvo formingar i Maríu saga (s. 534—41 og 1162—68). Det finst på latin hjå Helinandus i hans »Chronicon«[1] og er lagt til året 1161. Helinandus døydde i slutten av 1220-åri, so uppteikningi må i alle fall vera gjord tidleg i 13de hundradåret. Det er nær skyldskap millom Gundelins vision og Thurkills vision, som er frå året 1206. Vincentius frå Beauvais tok med Gundelins vision (etter Helinandus) i sitt vidgjetne verk »Speculum historiale« frå ikr. 1250, og det er vel serleg gjenom denne boki at visionen hev vorte kjend.

Det Gundelins vision fortel er i hovuddragi so: Den heilage Benedikt førde Gundelin »í lopt upp um marga palla«. Då dei var komne upp yver pallane, såg Gundelin ein fager og bjart stad. Inne i eit kapell sat det ein stor mannfjølde, og der var jomfru Maria au, skinande som

[1] Patrologia latina, ed. Migne CCXII, 1060 ff.

soli millom stjernone. Gundelin talar med henne og lovar å tena henne. Maria byd den heilage Benedikt å føra Gundelin attende. Dei ferdast so på fagre stader, og Gundelin råka ein avliden munk frå det klostret der Gundelin var, og fekk med ei helsing til abbeten. Sidan førde engelen Rafael visionæren til paradis. Der var det ei gullborg med ein fager port, og inne i borgi var det angande urter og herleg frukt og syngjande fuglar. Under eit tre var det ein brunn med skirt vatn, og frå den rann det fagre bekkjer. Han såg au »frumskapaðr faðir alls mannskyns, Adam«. — So førde engelen han til myrke stader »sem full eru af dauðans skugga«. Der såg han nokre skræmelege tårn, som han trudde var sjølve helvite, men fekk vita at det var »eigi sjalft helvíti, heldr helvítis ofnar, því at um þessa sǫmu ofna ferr ut reykr ok logi helvítis elds«. Etter det såg dei ein mann som sat på ein brennande stol, medan djevlar i fagre kvinneskapnader pinde honom; engelen fortalde kvi han leid ei sovori straff. So såg dei ein annan mann som dei flådde skinnet av og salta og steikte. Endå ein tridje mann såg dei; han sat på ein gloande hest og bar ein gloande skjold; yver hestehalsen hekk ei geit, og i hestehalen var det bunde ein munkebunad. »Eptir þat sáu þeir ýmisligar sálir þeira manna sem í verǫldu hǫfðu siðlætismanna búnað borit: munka, systra, byskupa ok klerka;« dei vart pinde på ymis vis. Ved alle desse synene fortalde Rafael um grunnen til pinslone. Til slutt vart Gundelin leidd til »hins neðsta helvítis pytts« og såg korleis svikaren Judas vart pind på eit eldhjul.

Ein ser her det same som ved Tundals syn: Det er mangt som minner um Draumkvædet. Men Draumkvædet hev ogso mangt som ein ikkje finn att i Gundelins vision; og sumt som *kunde* vera kome derifrå, kann likso gjerne vera teke or andre kjeldor, av di det er vanlege visionsdrag. I ein einskild bolk er likskapen millom dei tvo visionane so merkeleg at ein må tru at Draumkvædet (beinveges eller umveges) byggjer på Gundelins syn.

I Draumkvædet heiter det i ei uppskrift frå Brunkeberg av H. G. Heggtveit:

Eg tog paa min Vintersti
og paa mi høgre Haand,
daa saag eg meg i Paradis,
de lyste i kvor den Laan.

Så kom eg te Pilegrimskjørkja
og ingen der meg kjænde,
eg saag atte Gudmo mi,
rot [raudt] Gul bar ho paa Hænde.

Det same finn ein att variera på ymse måtar i fleire uppskrifter. Jørgen Moes uppskrift etter Anne Lillegaard i Eidsborg hev (sjå Universitets- og Skoleannaler 1850, s. 285):

Kjem eg meg at Pilegrimskjyrkja,
Dær va meg ingjen Mann kjende,
Bære mi goe S(t)jukmoir (Var: gamle Gumoir)
Mæ røe Gullband kring Hende.

Kjem eg meg at Pilegrimskjyrkja,
Der va meg Ingjen go,
Bære mi gamle S(t)jukmoir,
Ho ga meg nye Skor.

Landstads B-tekst (etter Ingeleiv Ramberg) hev:

Sá tok eg pá ei vetters tið
alt pá mi høgre hand,
sá ság eg meg til paradis
deð lyser ivir viðe (vene) land.

Sá ság eg med til paradis,
meg mone inki beðre hende,
der kende eg atte gullmo'r mi
með rauðe gull pá hende.

Sá ság eg atte gullmo'r mi
deð mone meg 'ki beðre gange:
Reis du deg til broksvalinn
fer der skal domen stande.

Andre variantar hev »mi sæle gudmoer« eller »sæle gullmor mi«.

Her ser ein at ved inngangen til paradis, eller i sjølve paradis råkar Olav Åsteson ei kvinne i ei kyrkje. Det er det same som er fortalt i Gundelins vision, og eg veit ikkje av at denne sermerkte tilburden finst andre stader.[1] Han er au av det slaget at han snaudt kann vera skapt tvo gonger uavhengig av einannan. Det er trulegt at »sæle gudmor mi« i Draumkvædet er jomfru Maria, soleis som både Sophus Bugge og Moltke Moe meinte, endå dei ikkje synest å ha lagt merke til likskapen med Gundelins vision. Bugge segjer: »Maaske har oprindelig været ment »Guds moder« Jomfru Maria; naar hun da her siges at have »røde Guldbaand paa Hænde«, stemmer dette med et Træk i Eventyret »Hanen og Hønen i Nøddeskoven« (Asbjørnsen og Moe No. 16), hvor nemlig Hanen faar røde Guldbaand til Linden af Jomfru Maria«. Og i ein merknad til denne staden segjer han: »Mulig kunde og Drømmeren kalde hende sin Gudmoder, jfr. Asbjørnsen og Moe norske Folkev. No. 8, ‚Jomfru Maria som Gudmoder'.«[2] Moltke Moe tyder »sæle gudmor mi« som gamalnorsk »sæl Guðs móðir«, og nemner at »*gull* kan både på gln. og i vore bygdemål betegne »ringer« (svarende til det almindeligere udtryk *fingrgull*, som også lever i vore dialekter): »med røde guldringer på hånden«. I angelsaksiske digte kaldes jomfru Maria i lighed hermed 'den ringprydede brud'.«[3] Ogso i folkevisa um Agnusdei er jomfru Maria gudmor; ho kallar Agnusdei »sæle gudson min«. Det er vel ei samanblanding av gudmor og gudsmor som hev ført til dette; det er merkande at i bygdemåli kann ein finna gudsmor = gudmor (Hallingdal). — I Draumkvædet er gudmori karakterisera ved det raude gull på hende. I Gundelins vision heiter ho »móðir miskunnarinnar« i båe formingane. Symbolet for guds miskunn er nettupp armbandet eller ringen, so Draumkvædet synest beint fram å ha ei umskriving av det gamalnorske abstrakte uttrykket »móðir miskunnarinnar«. Gudmori i Draumkvædet hev same rolla som jomfru Maria elles i visionane: ho hjelper og rettleider sjæli. Det synest etter dette å vera tvillaust at den kvinna Olav Åsteson råkar i pilegrimskyrkja må vera jomfru Maria, nettupp som i

---

[1] Thurkill kjem til ei kyrkje der alle sjælene samlast straks etter dei hev fare ut or lekamen. Frelsaren hadde bygt denne kyrkja etter bøn av jomfru Maria, og ho heitte »basilica beatae Mariae eller »congregatio animarum«. Men Thurkill råkar ikkje jomfru Maria der, og kyrkja ligg heller ikkje ved eller i paradis.

[2] Mythologiske Oplysninger til Draumekvædi i Langes Tidsskrift for Videnskab og Litteratur 1854—55, s. 117.

[3] Merknader til teksti i »Sommerkursus ved Universitetet 1899«.

Gundelins vision. Og likskapen gjeng endå lenger. Etter Gundelins vision synest jomfru Maria å vera den einaste som visionæren kjenner i kyrkja, og Draumkvædet segjer beint ut: »der var meg ingjen mann kjend'e, berre ho sæle gudmor mi.« I Gundelins vision segjer Maria til den heilage Benedikt at han skal føra Gundelin ut att or kyrkja; i Draumkvædet gjeng det ikkje Olav betre enn so at gudmori segjer at han skal reisa til Brokksvalin. I båe visionane er det soleis kvinna i kyrkja som byd visionæren å fara derifrå.

Både i Gundelins vision og i Draumkvædet er pilegrimskyrkja lagd innmed paradiset, og sjølve den knappe skildringi som Draumkvædet gjev av paradis: »de lyser ivi vene land«, er merkeleg lik dei stutte skildringane me finn i den norrøne bokheimen: »fagran stað með svá miklum bjartleika«, »grœnan stað mjǫk fagran ok bjartan« (Gundelins vision, Maríu saga, s. 536 og 1163), »fagrt herað ok bjart at sjá« (Maríu saga, s. 965). Ogso i den originale islendske visionen Rannveigarleizla merkar ein atterljomen frå dei umsette latinske visionane: »ok því ljóse fylgðe Maria drotníng, guðs móðir, en hon var svá björt sem sól, svá at hon mátte eige í gögn henne sjá; þar voro fire þeim vellir slèttir ok fagrir með allskonar blóme ok unaðe ok ilm« (Biskupa sögur I, s. 454).

Ein kunde vera freista til å sjå påverknad frå Gundelins vision fleire stader i Draumkvædet. Det er ein viss ytre likskap millom synene. I Gundelins vision heiter det: »lítr hann hvar einn maðr sitr á brennanda stóli«, »eptir þat sá hann annan mann«, »eptir þat sáu þeir ríðanda mann«, og i Draumkvædet er det fortalt: »eg såg meg einom drengjen«, »kjem eg meg åt manne dei«, »kjem eg meg åt monno dei«, o. s. b. I båe visionane fær ein so for kvart syn straks vita kvi vedkomande lid pinslone. Då Gundelin vaknar segjer han: »Så ek helvíti ok sá ek paradísum«, og Olav Åsteson fortel:

> »Eg hev set at heite helvite
> å ein deil av himmerikje.«

I Gundelins vision kjem visionæren fyrst til paradis, og sidan ser han helheimen[1]. So vidt me no kann sjå, synest det å ha vore sameleis i

[1] Um Gundelins vision segjer Wright at han »has nothing very remarkable about it, except that the visitor was taken first to paradise, and afterwards to purgatory, contrary to the order observed in all the other legends« (St. Patricks Purgatory, s. 39, merknad).

Draumkvædet: då Olav Åsteson kjem til den andre verdi, tek han av til høgre og kjem til paradis med pilegrimskyrkja; sidan ser han straffestadene.

Me hev no Gundelins vision i tvo islendske formingar, som me her (etter Unger) vil kalla D og E. D er ei avskrift etter ein membran, som truleg hev vore frå slutten av 14de hundradåret. E er ei pergamenthandskrift, som fulla ikkje er eldre enn frå fyrstningi av 15de hundradåret, men som er avskrift av ei eldre handskrift. Tvo blad frå fyrste luten av 14de hundradåret (i den Arnamagnæanske Samling) inneheld ei legende, som berre finst i E, og i registret til andre luten av E stend det at Kong Håkon (d. v. s. Håkon Magnusson den eldre) let desse jartegni umsetja. Legendesamlingi som me hev i E må difor ha vore til i fyrstningi av 14de hundradåret.[1] — Men som me alt hev nemnt (side 118), kann Gundelins syn snaudt ha vorte kjent her i Noreg fyrr i andre helvti av 13de hundradåret; og var det fyrst gjenom Håkon Magnussons umsetjing, kjem me so langt ned i tidi som til ikr. 1300.

Når no Draumkvædet byggjer både på Tundals og på Gundelins vision, kann det ikkje vera eldre enn frå siste luten av 13de hundradåret. Kanskje det tryggaste vilde vera å segja at det er frå tidi ikring 1300. Stort yngre kann det heller ikkje vera; for det fell tydeleg inn i ein krins av visionar som var serleg godt kjende og umtykte i det 13de hundradåret.

Ei sovori tidfesting høver med det me elles veit um alderen på dei norske folkevisone. Dei visone som byggjer på norske umsetjingar av framande bokverk, kann ikkje vera eldre enn frå siste helvti av 13de hundradåret. Dei som byggjer på fornaldarsogor synest helst å ha vore dikta i det 14de hundradåret. Dei historiske folkevisone våre samlar seg um hendingar frå tidi ikring 1300. Det er denne tidbolken som hev vore bløming stidi for den norske folkevisa, og i denne bløming stidi er Draumkvædet skapt.

[1] Um handskriftene til Maríu saga sjå Ungers innleiding.

Knut Liestøl.

RINGSKO

I folkediktingi raakar ein av og til paa eit verbum, *ringsko*. I visa um Falkvord Lommansson heiter de um Falkvord at »han lét sine hestar *ringskóe*« (M. B. Landstad, Norske Folkeviser s. 297). Herre Svein i visa um »Knut i Borg« let hestane sine skormeite og ringsko (Ld. s. 308). Eit aalgjengt stev segjer:

Aa eg skal *ringsko* hesten min
og klinke upp under með hamro,
så skal eg riðe brúrferði di
så með i bergi skal glama

(Ld. s. 416; avbrigda s. 417) Og eit noko liknande:

Eg skal *ringsko* hesten min
og með skal ingin gá,
i morgo skal eg riðe brúrferði di
og klinke på bergi blá

(Ld. s. 420; jfr. Skar, Gamalt or Sætesdal IV, s. 226). I stevrekkja um Torgeir Folkesson finn me avbrigde:

No vi eg *ringsko* Hesten min,
so han ska inkji skrie,
aa fygj' 'o Targjei[1] Fokkjisson
norive dei Bergji kvite

(Skar, Gamalt or Sætesdal IV, s. 83; VIII, s. 35).

I Segnine raakar ein au orde, med eller utan tyding. Hallvard Bergh fortel um ei nedlagd kyrkje i Valdres, i staulsdalen til Vangs-prestegarden. »Dæ maa kji ha vøri so liti Bygd der paa Helestrønden heldan, før dæ gaar enno Seigdn um, at dæ va ei Gong, dæ kom kji mindre en »tølv *ringskodde*, *bingselgrima* Øykji derifraa te Vange ein Joledag« (Segner fraa Bygdom IV (ɔ: III), s. 60). De same fortel And. Mehlum um Helestrands-bøndane (Hallingdal og Hallingen s. 37).

[1]) Eller Gunnar (NLF IX, Nedenes amt I, s. 589).

Han fortel ein annan stad um bøndane i Vasfare, eit dalføre millom Valdres og Hallingdal som no ligg ubygt, at dei køyrde til kyrkje jole-dagen med ringskodde hestar (sst. s. 134—35).[1] De er likt til vera ei villsegn, dette; for til den gamle Borgaaskyrkja i Elvrom kom de au 12 ringskodde hestar, gjeng segni (Sig. Nergaard, Segner fraa Elverom s. 39—40).

Kva er meiningi med *ringsko?* At de gjeld noko sereigi ved skoingi av hesten, skynar alle. Men gjeld de gjerdi paa hestskoen eller gjeld de paasetjingsmaaten? Folk er ikkje samde um de, og dei ymse kvedarar og sogumennar held kvar paa sitt. Eg skal reikne upp dei tydingar eg kjenner:

1. »*ringsko*, [v. a.], sko paa alle fire Fødder« (Skar IV, s. 83). Same tydingi hev eg høyrt av einskilde kvedarar i Telemarki; men alle trivla, so de var tydelegt dei gissa. Derimot hev eg um de same høyrt orde *kringsko*, som er rimelegt etter meiningi.

2. »*Ringsko*, m. ringformig Hestesko« (Ross, Ordb.) Denne tydingi, som Ross hev fraa Austfold, hev eg au høyrt soleis av ein hovslagar: »Ringsko gjekk heilt rundt; de va' før hestar som ha' skadde høvar« (Leiv Jensson Lundefare, Lunde). Fraa Elvrom kjenner Sigurd Nergaard same tydingi: »So hev dei funne nokre rare hestskor, *ringskor* som dei kalla deim fordi skoen var rund som ein ring med grev baade bak og framman og hakar paa sidorne« (Segner fraa Elvrom s. 39).

3. »Paa dei Øykjo, so vøro ringskodde, vøro Hesteskosaume neatt-bøygde, o i kort Saum hekk dæ ein liten Ring« (Segner fraa Bygdom IV (ɔ: III), s. 60). Hestane Helestrands-bøndane reid paa »havde en li-den Sølvring fæstet til hvert Søm i Hestskoene. Det blev ialt 240 Sølv-ringe[2] som ringlede« (Hallingdal og Hallingen s. 37). Daa Vasfar-bøndane køyrde til kyrkje med sine ringskodde hestar, so var de altfor ulendt til aa hava sylvringane paa upp fraa Vasfare. »Derfor holdt de Rast oppe paa Fjeldet ved et Berg, som endnu kaldes Klinkenberg; der bandt den ene efter den anden sin Hest og satte Ringene i Skoene[3]. Saasnart alle

---

[1] Dette er nok helst kjelda for K. Knutsen (Olaus Islandsmoen, Søre Aurdal og Etne-dalen s. 102). Men upplysningi um jarnringar i fjølle er fraa folkemunn.

[2] De var 12 hestar.

[3] Jarnringane dei batt hestane i minnest folk aa hava sétt (Islandsmoen, Søre Aurdal og Etnedalen s. 102). Islandsmoen fortel at dei paa Klinkenberg »slo hestskosaumen fastare i«, men nemner ikkje ringane.

var færdige hermed, kjørte de med sine 40 ringskoede Heste i Rad og Række til Flaa Kirke« (sst. s. 134—35)[1].

— Naar ein no skal velja millom desse tydingane, so er de greidt med ein gong at tyding *1* kann setjast utanmed; den er ei gissing tilkomi for di rette meiningi var gløymd.

Tyding *2* kann høyrast, og eg held for at her hev funnist ringlaga hestsko. Men reine undantak var de. Naar min sogumann — som var reint ein ekspert paa gamle hestskoformir og hadde ei typesamling sovorne — fortalde at ringsko vart bruka for skadde høvar, so høyrest de rimelegt ut. Men slike kann de ikkje vera visur og segnir talar um.

Forvitneleg er den grunnen Nergaard hev høyrt for bruke av ringsko: »Dei bruka slike skor i utrygge tider. Saag ein daa ferderne etter ein hest, som hadde slike skor, var de ikkje so godt aa segja kva leid hesten hadde fare«. Likevel er denne tydingi sekundær, ei avleiding av de kjende drage i visur og sogur um at rømingar snur hestskone bak-fram, til aa villeide forfylgjarane.

»Seg meg no den raai du kann!«
»Sko hesten din om, snu hakane fram,«

heiter de i visa um kong Frederik i Ditmarsken (RB CI, s. 144)[2] — Ein annan ting motsegjer au grunngjevingi hjaa Nergaard. Baade i visur og segnir er »ringskodde hestar« framhaldne som noko svært gildt; de kann ikkje høve her i rømingsmotive.

Att stend daa den tridje tydingi; etter baade ytre og indre mark er den rett. *Ringsko er hestsko med laushangande smaaringar.* Smaaringane er dingel til stas, ringskone stassko. Naar diktingi talar um ferdir med ringskodde hestar, so er de ferdir i brudlaup (eller bêlemaal, festarmaal) alle ihop. Jamvel eit so utætta stev som dette peikar til ei bêleferd, der dei ringlande hestskone fortel kvar ridaren fér:

Eg sko ringsko hesten
aa pikke uppunde mæ hamro;
eg sko' ríe ti Sætersdalen,
jaga gjeitane unda kamro

---

[1] Etter ei av desse kjeldune hev kannhende Sigurd Nergaard si upplysning (Segner fraa Elvrom s. 39, fotm.).

[2] Jfr. i segnine: R. Berge, Bygdedikting fraa Telemarki VI, s. 15 (misprent »bakane« for »hakane«); Tov Flatin, Flesberg I, s. 158; Magnus Breilid, Dei gamle fortel s. 30, 37 o. a. st.

(NFS, Sophus Bugge III, s. 88). Dei kyrkjeferdine med 12 ringskodde hestar som dei fyrrnemnde segnine fortel um, er gjerne au brudlaupsfylgje. Um Marit Haugsrud i Bagn, Aurdal, er fortalt at de i hennar brudlaupsfylgje var 50 ringskodde hestar (»Valdres« 8/9 1917, 103). Er no de yvidrivi, eller mogleg laan fraa eldre sogur, so viser i kvart fall skikken seg tydeleg. De same kjem fram i ymse barnereglur og sullar. Men du veit de hende vel at ringskodde hestar vart bruka til kyrkjeferd paa dei store haagtidsdagane med.

Er de no ikkje noko utenkjelegt at de fanst ringsko? Var dei ikkje fælt upraktiske? Hestane maatte daa snaave i ringane eller hengje seg fast med deim? Og tro lause skone?

Segnine svarar oss paa de. Der som var ulendt kunde ridarane ikkje hava ringane paa. Og naar dei maatte »klinke paa bergi blaa« og »pikke uppunder med hamrom«, so siktar de nok til at dei laut stelle med ringskone, t. d. træde ringane paa hempune, slaa skone betre under hoven eller dl.

Eg veit ikkje av eg hev sétt ringsko paa noko museum eller i privateige; difor kann dei finnast, spaar eg.

Men me kjenner væl ringstasen fraa skylde bruksting. Tek me utbunaden av hesten, so veit me at de millomalderske *ringbeisle* (eller *ringlebeisle*) var lutgjort, med ihangande smaabjøllur, ringar og vingar. Skormeitt maan, ringskodd hov og ringsette beisltyglar var laglegt etter einannan og vart bruka samstundes.

Me finn au ringar, vingar, lauv og blokkur i *kyrklavane*, som med heile si prydkunst soknar til same tidi.[1] Og tek me mannsbunaden, er ringsette slirehengsle og belte vanlege, liksom me paa kvendebunaden hev ringar hangande i beltestølar og sylgjur.[2] Alle ber dei same stil- og tidsmerke og høyrer i de heile til noko med beste me eig av bondearbeid i metal. Rimelegvis gjeng de ei lang fraasegnline fraa 1600-tale — daa denne bunaden seinst var i brage og bruk — attetter gjenom seinmillomalderen og vert burte i ei forntid som hev leivt oss altfor faae fund til at me fullt kann fylgje ho. Her er »kulturminne i ord« ein god studnad for granskingi, og eit slikt ord maa *ringsko* segjast aa vera.

Rikard Berge.

---

[1] Sjaa R. Berge, Norskt bondesylv sp. 387.
[2] Sst. s. 375, 377—78, 463 og fr.

ULLINS ØYRA

I dei norske ordbøkene leitar ein fåfengt etter upplysningar um hjarte-øyro, *auriculae cordis;* og heller ikkje frå dei andre Norderlandi har ordboksforfattarane fått med noko nemnande um dette anatomiske umgrepet. Under innsamlingi av truer og skikkar, med tilhøyrande nemningsbruk, har det på dei einskilde norderlendske umrådi kome fram ymse nemningar og fyrestellingar knytte til desse to »øyro« på hjarta i slaktefe, som eg her skal leggja fram. Fyrst tek eg in ekstenso alt det eg har av norske uppteikningar, og dinæst dreg eg fram til jamføring uppskrifter frå grannelandi, soleis at stoffet fyrst får tala for seg sjølv. For kvart landområde skal tilfanget dessutan rubriserast etterkvart etter nemningane.

Dei norske uppteikningane, som er sværande stereotype, er mest alle or samlingar um slike emne som med den største velvilje er sendt meg av folkeminnesamlarar i dei ymse bygdene.[1]

A. »*Uljoøyro* skulde kastast burt« (Varaldsøy: I. Mundheim). »Ein skar av og kasta vekk *uljoøyrene* på hjarta når ein slakta; dei var ureine og ikkje etande« (Kinsarvik: Å. Bu). »Hjartebladi, *uljoøyro*, skar ein burt« (Aurland: K. Lie). Sameleis på Voss, sjå nedanf. »*Oljoøyro* på hjarta skar dei av og kasta« (Vrådal). »*Uliøyra*, overtro at det ikke kunde spises« (Dalane: J. Kjos-Hanssen). »*Oliøyrudn*, noko lappar på hjarta, skulde kastast vekk« (Gol: S. Viljugrein). »*Olyøyran* vart burtkasta« (Hemnes: W. Theting). »På hjarta er noko lappar som heiter *ulyøyro;* dei skar slaktaren av og kasta« (Seljord: T. Flatin). »*Ulyøyro* blir slengt vekk (Røldal); i Suldal heter hjerteøret *ulyingsøyra* eller *ulyøyra*« (H. Delgobe). »De to små lapper: *ulysøyran* blir alltid skåret vekk og kastet til katten. Nogen særskilt grunn har jeg ikke hørt for dette« (Bakke i Vest-Agder: S. Lenne). »*Uleoøyro* er ureine,

---

[1] I dei tilfelli det ikkje er uppgjeve kjelde, gjeld det eigne uppteikningar. Ved avstyttingar er det gjeve tilvisning til Norsk Folkeminnesamling, Oslo (»NFS«), Uppsala Landsmålsarkiv (»ULA«), Nordiska Museets arkiv i Stockholm (»NMA«), Västsvenska Folkminnesföreningens arkiv, Göteborg (»VFF«), Lund Universitets Folkminnesarkiv (»LFA«), Svenska Litteratursällskapets samlingar i Helsingfors (»SLS«) og Dansk Folkemindesamling, Kjøbenhavn (»DFS«). Uppteikningane frå Island er velviljugt uppsette av agentar for Livstrygdelaget Andvake.

aa 'an kastar dei, fyst 'an slaatrar« (Setesdal: NFS, Skar 20, s. 164). »*Uløyro* eller *ulydighetsøyro* vert kasta den dag i dag« (Tysvær: E. Næsse). »*Ulydighetsørene* måtte ikkje brukast, men kastast vekk« (Austre Moland). »Hjarteøyra heiter *uvliøyra*« (Flatdal). »Skar burt og kasta vekk *uljobjølla* av hjarta, ikkje noko mat i den — urein« (Øystese: O. Tjosås).

»*Ljoøyro* er navn på hjerteørerne. Disse skjæres væk ved uttagningen« (Kinsarvik: S. Tillier). »*Ljoøyro* av hjarta skar slaktarane laus og hivde« (Vik i Sogn). »*Ljoøyro* på hjarta var det fårleg å ha i maten« (Voss). »*Ljoøyro* kastar ein burt, dei er giftige« (Granvin). »*Lydøyro* kasta ein vekk« (Eidfjord: S. Bøyum).

B. »*Vidløyro* måtte kastast burt« (Odda: S. Bøyum). »På hjarta er nokre lause lappar me kallar *villøyro*; dei skjer slaktaren alltid av og hiver« (Numedal: T. Flatin). »*Villøyro* skar dei stødt vekk ved slakt, for dei var »giftige«. N. N. fortel at alle dei gjentor (12—15 stykke) ho har havt frå ymse kantar av landet, alle har havt den skikken« (Modum: J. Sæland). »*Villorån*« ogso i Melhus og Leinstrand, sjå nedanfor (C).

C. »*Styggemannsøyro* av hjertet må altid skjæres væk« (Ulvik: S. Tillier). »Hjartelappane, »*ørån hans Erik*« eller *villorån* skulde ikkje brukast, for dei høyrde den vonde til« (Melhus og Leinstrand: E. Jagtøyen).

D. »Hjarteøyro vert her kalla *ugleøyro*, og dei skal alltid skjerast av« (Vinje: K. Berdal). »Desse små lappane kalla dei *værgørån* og dei vart skorne vekk, og blir vel det enno den dag i dag, av di dei reknast for »ureine«. Hadde ikkje desse vargøyro vore, sa folk, so hadde ikkje vargen teke krøtera« (Hegra, Stjørdal: E. Hermstad). »*Hundsøyro* av hjarta kasta dei burt« (Evanger: J. Horvei).

E. »*Ullsøyro* på hjertet blev kastet bort. Hvorfor vet man ikke« (Skafså: S. Skrede). »I Ullensvang skar dei av *ullsøyro* og kasta dei burt« (I. Fosse). »*Ullsøyro* vart skorne av, men ikkje nytta; grunnen ukjend« (Eksingedal: A. Bergo). Nemningi *ullsøyro* um hjarteøyro ogso i Bruvik og på Voss.

F. »Øyro av hjarta skar dei av; ikke noko serskilt namn på dei« (Stokken). »Øyro på hjarta vart burtkasta« (Kvinnherad: A. Stuland). »Eit stykke av hjarta vart burtkasta, ein veit ikkje kvifor« (Ornes, Sogn: H. Dale).

Nemningi har elles sumstad havt eit vidare umgrep enn berre dei eigenlege hjarteøyro.[1] Soleis etter denne uppteikningi frå Voss: »Eg har sét at sume ogso skjer med framromi *(atria)* og reknar dei ogso for *uljoøyro*. Det skulde vera fårleg å eta dei. — No er det vanleg å lata vera å skjera uljodøyro av, og ingen gjer då nokon skilnad på dette og anna kjøt.« På liknande måte er det upplyst frå Ulvik at å skjera burt styggemannsøyro »vistnok skulde bestå i at hele atria cordis blev skåret væk. Hvad der bestyrker dette er, at slik er det gjerne gjort på de hjerter som sendes ind av folk på landet til undersøkelse i Bergen« (S. Tillier).

I Sverike har det funnest same skikken med å kasta burt hjarteøyro av

[1] Når det derimot i sume uppteikningar heiter at »øyro« er »*ventilane*« på hjarta, er det berre ei mistyding.

slaktet, og dei fleste nemningar kann grupperast på tilsvarande vis. Men sume av uppteikningane gjev meir upplysningar um fyrestellingsgrunnlaget.

A. Frå Småland (Östra Hd. og Berga Sunnerbo) er det uppteikna slik: »Vid slakt bortskäres och bortkastas *olydingsöronen* på hjärtat« (ULA, G. Hedström). I Sunnerbo er dessutan uppskrive: »Omedelbart efter slakten öppnades djurkroppen och för att förhindra trolltyg, så uttogs hjärtat, i vilket man skar ett kors; därefter bortskars och kastades *olydingsöronen*, som hjärtklaffarna benämdes. Dessa ansågos för bärare av det onda, som djuret möjligtvis haft, och ansågos farliga« (LFA, W. Olsson). Frå Östergötland (Bankekind) er det sameleis gjeve den upplysningi, at »på hjärtat är två klaffar, som kallas *olydingsörena;* dessa skuros bort« (LFA, L. Johansson). Frå Småland heiter det ogso: »När man slagtar, så skär man alltid bort ett litet stycke af hiertat, det man kallar *olydiga örat*, och kastar det bort« (NMA, 7488). Hertil skal ogso reknast nemningi *oduglingsöron*. I »Bidrag till Södermanlands äldre kulturhistoria« 5, s. 106, heiter det um dei: »Dessa utväxter på kreaturens hjärta kunna svårligen upptäckas förr än djuren slaktas; de måste, såsom sjelfva namnet antyder, frånskäras och bortkastas«. Frå Södermanland er dei ogso nemnde saman med »fölungfötter« på lunga: »*Fölungfötter* är en utväxt på lungorna, och *oduglingsöron* en utväxt på hjärtat. Dessa måste ovilkorligen bortkastas såsom skadliga« (NMA, 8482). Eit par andre svenske nemningar skal ogso førast upp under denne rubrikken: »Auriculae cordis kallades *lönnöron* och kastades alltid bort« (Umeå: ULA), »de kallas i Viksta socken, Uppland, för *tjuvöron*« (ULA).

B. Frå Värmland skriv N. Keyland i »Svensk allmogekost« 2, s. 52: »De s. k. »*villöra*« (två »luckor« på hjärtat) skuros bort. (Somlige låta numera dessa sitta kvar)«. Ordet *villöra* um hjarteøyra er ogso uppteikna i Härjedalen, Linsälls sokn (ULA). Sameleis i Dalarna; i Floda sokn »kastas endast tvenne delar av slaktdjuret bort som odugliga: *villöronen* och *villhjärnan*. Hjärtöronen ha ratats över hela Dalarna, lilla hjärnan företrädesvis i norra Dalarna« (ULA, O. Bannbers). »*Villöron* är en vanlig benämning i Övre Dalarna på auricula cordis« (ULA, L. Levander).

C. På Gotland heiter hjarteøyro *pukören*,i Malung i Dalarna *ondmansören* (ULA). Frå Mattmar, Jämtland, er det uppteikna: »En bit av hjärtat kastades bort. Det kallades för *illkallsöra*« (ULA). Med det same kann leggjast til at i Jämtland (Åre) har dei havt ei tilsvarande nemning på ein lut av levri: »Förr hade man för sed att vid slakt kasta bort den del av levern, som man kallade för *illkall-lävra*« (ULA).

D. I Kila og Romfartuna sokner i Västmanland har dei havt nemningi *ulvören* på hjarteøyro. »De anses skadliga att förtära. Bruket håller sig allt fortfarande« (ULA). Under denne rubrikken fører eg dessutan upp *olycksörer* som er uppteikna i Närke, soleis i Askersund (ved I. Lindquist) og i Viby og Hardemo: »Vid hjärtat på nötboskap sitter ett par små bitar, som kallas *olycksörena;* de skuros bort« (LFA, G. Olsson). Sameleis i Östergötland: »*Olycksörona* vid hjärtat skars bort« (Hällestad: LFA, G. Olsson). Hit set eg ogso det smålendske *oäringsöra* som det er gjeve umstendelege upplys-

ningar um frå Kristdala hjå P. Söderbäck, Skrock, sed och sägen (1921), s. 46 f.:

»Oäringsörat är den del av djurets hjärta, där stora kroppspulsådern utgår från detsamma. Inifrån betraktat, ser det med litet fantasi ut som ett öra, men varken namnet eller styckets beskaffenhet förklara på ett tillfredsställande sätt, att man är så noga med att kasta bort detta stycke, som gott går att äta, — man äter nog det som är sämre. Och i många fall har man inte ovan angivna följder att angiva som skäl för sitt handlingssätt utan säger: »Ja, det där är odugligt till mat«. Tilläggas bör kanske, att oäring även betecknar en individ, som är klen och svag, och som vantrivs o. s. v. Dock förekommer ordet i den betydelsen mer och mer sällan. Möjligt er ju, att man med uttrycket, »om någon får äta av oäringsörat, blir han en oäring«, har menat, att han kommer att tyna av och vantrivas.« — Det heiter nemleg same stad, s. 40, at born ikkje må eta dette »oäringsörat«, »ty då blir det en »oäring« d. v. s. en latmask och odåga, som bara blir föräldrarna till sorg«.

E. I Slöta, Västergötland, har dei meint at det var for fremmelege det var fårleg å eta hjarteøyro, *ullesörena* (og lungelappane, *hundtungan* og *fölfoten*): »Man måste noga iakttaga att från hjärtat och lungorna avskilja och bortkasta *ullesörena* (= klaffar eller lock på hjärtat) samt *hundtungan* och *fölfoten* på lungorna, innan de användes till korv och lungmos, ty om dessa delar tagits med i maten och en havande kvinna kommit att äta därav, skulle hennes kommande barn få utväxter på sin kropp, som liknade »ullesöre«, eller skulle födas med »fölfot« och »hundtunga«« (VFF 318, s. 2). Sameleis er det fortalt um *ullesöra* og lungelappane frå Göteve i Västergötland:

»Vid slakt kastas bort: 1) *ullesöra*, av yngre kallade *hjärtlocken* (auricula cordis), 2) alla snibbarna på lungorna. De utgöra fem stycken. En av dem kallas *fålafoten*, vilken sitter emellan högra och vänstra lungan och liknar hoven av en fölunge. Vidare är det en lång snibb vid sidan av den ena lungan, den s. k. *tassatungan* (tasse = varg; vargatungan). — Alt detta skär man bort för att förhindra, att en havande kvinna ska få i sig något av de uppräknade sakerna (i korv el. liknande). Hände detta, skulle barnet få sådana märken i ansiktet, t. ex. ullesöra, en fålafot eller en tassatunga enligt de gamles tro« (ULA, nr. 981).

I Fristad i Västergötland har namnet på hjarteøyro formi *ullasöera*, og dei skar ein vekk; »ty om en havande kvinna åt mat av dessa, kunde hennes barn få *ullasöer* (hårväxta vårtor)« (P. Heurgren, Husdjuren, »Västsvensk forntro och folksed«, 1923, s. 133).

Det er å merka at i Vedum (Laske hd.) i Västergötland er *illesöron* »vassa spetsar på lungorna, som pläga rensas bort vid slakt. Om en kvinna, som är med barn, äter lungorna efter ett kreatur och inte *illesöronen* äro bortrensade, så får barnungen blå och röda märken på kroppen« (ULA, nr. 348, 5). Um desse lungelappane er det frå svensk område gjeve ei mengd uppteikningar. Attåt dei fyrrnemnde upplysningane skal her berre attergjevast denne karakteristiske uppteikningi frå Multrå, Ångermanland: »Spet-

sen av »lilla lungan« skars av och kastades bort. Man sade, att det var för att »de osynliga skulle få med av det, som jorden frambringade« eller att »man skulle dela med sig av vad man fick, til de osynliga«« (ULA).

F. Ogso i Sverike er det uppteikningar um hjarteøyro utan at nemningi har nokon karakteristisk fyrsteled. Frå Åre i Jämtland er det fortalt um det av slaktet ein laut kasta burt m. a: »Av hjärtat det översta, som kallades *hjärtöre*« (ULA). Frå Våla, Uppland: »Den högra hjärtklaffen kallades *hjärtats dörr*, den ansågs vålla olycka, om den förtärdes och skärs därför bort och »användes ej ens till korv«« (ULA). Frå Göstring, Östergötland: »De små hjärtklaffarna av djur kastades bort av obekant orsak« (LFA, H. Flemming). Frå Blekinge er denne uppteikningi: »Klaffarna vid hjärtat de s. k. *öronen*, skuros noga bort, ty om en havande kvinna kom att äta dem, så fick hennes barn stora öron. För öfrigt burtskuros alla skarpa snibbar på hjärtat, lungor och lever, innan de koktes och användes. Om dessa kommo med i maten och åtos av en havande kvinna, så trodds hennes barn få snibböron, d. v. s. öron vars nedre del är fastväxt vid kinden« (LFA, A. Olofsson). Og frå Bjäre, Skåne: »Vid slakten kastade man bort den del av hjärtat, som kallades *den krusiga*. Om en havande kvinna skulle få det bland sin mat, skulle barnet få lyte« (LFA, G. Strömstéen).

I Danmark finst nokre fåe upplysningar um hjarteøyro:

A. I Kollerup er det uppskrive: »En Lap paa begge Hjærtets Sider, som blev kaldet *Kællingeører*, blev skaaret af og kastet væk« (DFS, $^{06}/_{23}$, 1535). På Mors er ogso etter Feilbergs ordbok (tillegget s. 262) *kjællingeører* 'lapperne på ko- og svinehjærter'.[1]

F. Frå Falster: »Svinehjertet har to »Ører«; fra disses Plads skæres en Ridse ned forat Blodet kan løbe fra. Ørerne blev afskaarede og bortkastede« (DFS, $^{06}/_{23}$, 833).

Frå Færøyane er det gjeve eit par karakteristiske uppteikningar:

A. Um *ólætisoyra* har Símun av Skarði, Tórshavn, sendt meg denne uppteikningi: »Der blev ikke kastet bort noget af nogen særlige Grunde —saavidt jeg ved — undtagen *ólætisoyra*, d. e. den hudagtige bløde Lap, der sidder som en Krave om den øverste Del af Hjertet. Den, der spiste ólætisoyra, fik den Egenskab, at han aldrig kunde tie med en Hemmelighed. Om den, der ikke kunde holde Tand for Tunge, blev der ofte sagt: »Hann man hava etið ólætisoyra«.«

D. Til denne typen reknar eg sameleis som svensk *olycksöra* ogso den færøyske nemningi *ólívsoyra* som finst i Miðvág etter uppteikning av M. á Ryggi: »Hjertets Forkammer kaldtes *ólívsoyra*, og den der spiste det, mentes at skulle dø, inden et Aar var omme«. Sameleis som i sume tilfelle i Noreg er her ogso atria medrekna som hjarteøyro.

På Island finst mange ulike nemningar på hjarteøyro, slik som desse uppteikningane viser:

---

[1] *Kællingeøre* er visstnok parallelt med det nedannemnde færøyske *ólætisoyra*. På Fyn har eg høyrt ordet brukt som skjellsord (= slarvekjerring).

A. Frå Lækjamót, Húnavatnssýsla: »Hjerteøre, islandsk *óhljóðseyra;* hvad navnet kommer af, og hvorfor disse ører bortkastedes, er mig ukjendt« (J. Líndal).

Frå Ögmundarstaðir, Skagafjarðarsýsla: »Hjartalokurnar kallast *óhljóðseyru, ólánseyru, óljóseyru* eða *Ólafseyru.* Þau voru aldrei etin, því þau voru talin baneitruð« (M. Jónsson). »Ólánseyru« høyrer med under D, sjå nedanfor. Derimot høyrer attåt »Ólafseyru« det nedannemnde »Úlfljótseyru«.

D. »Frå Heiði, Vestur-Skaptafellssýsla: »Ytri hjartalokurnar, *úlfseyrun* eða *Úlfljótseyrun,* voru skorin burtu og voru hundum gefin, sökum þess, hve óálitleg þau eru til átu« (Ó. Pálsson).

Ólánseyru som svarar til sv. *olycksöron* er umfram frå Ögmundarstaðir uppskrive i Flateyri, Ísafjarðarsýsla: »*Ólánseyrun* av hjarta vart kasta burt« (S. Sigfússon). Og frå Hraun, Fljót, i Skagafjarðarsýsla heiter det: »Af skrokknum sjálfum var engu fleygt, en af innvolsinu (þ. e. innýflunum) var þessu fleygt: *Ólánseyrum,* tveimur smávöðvum, sín hvoru megin á hjartanu (etc.: milti, brisum, ýmsum smákirtlum úr mörnum, hlandblöðru úr sauðfé og krókasteyk, meinum ýmiskonar, sullum, skemdum lungum og lifrum)« (G. Davíðsson).

Hit må vel ogso reknast nemningi *ólögseyru* som er uppteikna i Bolungarvík i Ísafjarðarsýsla: »Aðeins kastað svokölluðum *ólögseyrum,* og er sá síður enn« (A. Bjarnason).

E. I tidsskriftet »Det nye Nord« 1921, s. 27 fortel Sigfús Blöndal frå Island um »den endnu brugelige Skik ved Slagtningen af Dyr at bortsmide en lille i Nærheden af Hjertet liggende øreformet Muskel, som i Folkesproget kaldes *úllinseyru* (af og til ved misforstaaet Etymologi kaldet *ólánseyru,* Ulykkesøren)«.[1]

F. *Hjartablaðka* er ogso ei islendsk nemning på hjarteøyra (M. Einarson).[2]

All denne varieringi og dei ugreide grensone for dei einskilde nemningane synest alt i fyrehand å visa til umtydingar av ein fyrsteled etter serlege fyresetnader, t. d. ved noa-bruk eller ved at upphavsordet på annan måte har gått ut or språket. Korleis umtydingi kann bera til, viser formingi *ullasöera* (ub. *ullasöer*) frå Fristad, Vgtl., som eg har ført upp under rubrikk E. Dette er ei folkeetymologisk umstøyping med ledene vgtl.

---

[1] Tilvisingi til denne artikkelen skuldar eg dr. Ivar Lindquist frå Göteborg. — Etter velviljug upplysning av dr. Blöndal finst uppteikningi um *úllinseyra* (visstnok frå Vestlandet) i Reykjavík i arkivet til hans islandsk-danske ordbok som no er under utgjeving.

[2] M. Einarson, dyrlækjar i Reykjavík, har dertil velviljugt upplyst um dei isl. nemningane på hjarteøyro: »Det almindeligste er uden Tvivl Ordet *ólánseyra.* Saaledes kaldtes det i min Fødeegn, Østfjorden, og her på Sydlandet er det ogsaa det almindeligste; men *óhljóðseyra* er heller ikke ualmindeligt«. — I dei isl. ordbøkene er berre uppført *óhljóðseyra.*

söer (=sauer) og *ull*, f.[1] (jfr. »hårväxta vårtor« i uppteikn.). Formingi finst ogso berre i ei bygd i Vgtl., medan *ullesöronen* som må vera utgangspunktet, er den vanlege vgtl. nemningi.

Av type A kann no. *uljodøyra* (og *ljodøyra*, med vekkfallen *u*[2]), isl. *óhljóðseyra* og sv. *olydingsöra* vera ei umtyding etter (eller ei samangliding med) det gn. *úhljóðanseyra*, 'dauvøyra', 'Øre paa hvilket man ikke hører' (Fritzner), no. *uljodsøyra*, »egentl. et døvt Øre; ellers om en ligegyldig Person. En som ikke vil høre eller agte hvad man siger ham. Sønd-mør i Formen »Oljøsøyre««« (Aasen), *ulyøyra* »vrangvillig ulydig Tingest; især om Fæ. Dalene, Jæderen. Vel af lyda. Men og: Uliøyra. Jæd. Dal.« (Ross), sv. *olyings-öra*, »1) eg. olydingsöra, 2) olydig menniska«, Småland (Rietz). Ei vidare utvikling i *ulydighetsøyra* og *olydiga örat*. Nærliggjande umtydingar er ogso dei isl. nemningar med personnamn: *Ólafseyra*, *Úlfljótseyra* (jfr. *óláns-*, *óhljóðs-*, *úlfs-*). Som eit kleinare slag øyro er hjarteøyro tekne når dei har nemningar som isl. *óljóseyru*, sv. *odug-lingsöron* (»såsom sjelfva namnet antyder«). Sv. *lönnöron* og *tjuvöron* har kome upp på grunn av det avgøymde lægjet og ved at dei er mindre enn vanlege øyro, jfr. no. *løyndarnetja* og *tjuvanetja* um omentum minus i motsetning til *netja* som det vanlege namnet på omentum majus.[3] Nær til »uljodøyra« *(uljod=ulæte)* står det færøyske *ólætisoyra* (jfr. da. *kællinge-øre*), som elles ved den fyrestellingi at det gjev serlege eigenskapar å eta det, viser til sume av dei nedannemnde fyrestellingane.

Til type B kann jamførast det fyrrnemnde sv. *villhjärna*, ei nemning som finst på fleire stader i Sverike, og som sameleis er uppteikna ymse stader på norsk område: vestl. *vidleheile*, austl. *villhjerne* um cerebellum; denne trudde dei måtte vrakast ved slakt, meden sjølve heilen vart nytta. *Vill* tyder her det kleinare, uvanlege eller uekte slaget, jfr. no. *villharg*, *villbust*, *vill-lever* (og *villkjøt*, *villhegg* etc.). *Vill-lever* som er uppteikna i Gudbrandsdal og i Sogn *(vidlelivri)* er lobus spigelii av levri, og denne beten skulde ogso skjerast av og kastast med det same levri vart teki ut, jfr. nedanfor (C, D).

---

[1] Dr. J. Götlind, Landsmålsarkivet i Uppsala, har velviljugt gjeve denne forklåringi av *ullasöera*. Dr. Götlind har ogso gjort meg den store tenest ved brevskifte å samla inn mykje av det tilfanget eg har frå ULA.

[2] Jfr. det overlaups (eig. forsterkande) bruket av fyrestavingi *u* i adj. og adv., som serleg finst i Hordaland: *ugikkaleg=gikkaleg*, *ubegjerleg=begjerleg*, *uhire(n)=hire(n)* etc.

[3] Bidrag til norsk folkemedisin 1 (= Maal og minne 1921, s. 1—98) s. 83. Her er gjeve det mest fullstendige oversynet over norsk anatomisk nemningsbruk, s. 77 ff.

Sameleis er type C å rekna til ein større krins av anatomiske nemningar. Liksom det nemnde sv. *illkall=lävra* attåt *illkallsöra*, finst det på norsk område *styggemannsstykke* og *=lapp* um lobus spigelii, og det på fleire stader, medan *styggemannsøyra* som nemning på hjarteøyro berre er uppteikna på ein stad. Sameleis *styggemannsbete* og *=stykke* um atlasstykket som ogso høyrer til dei lutene av slaktet som det var fast skikk å skjera av og kasta.[1] Den andre norske og dei svenske nemningane viser likevel at fyrestillingane um eit hopehav millom hjarteøyro og den vonde har vore mykje utbreidde.[2]

På liknande måte er det til ein viss mun med dei nemningane av type D som har dyrenamn til fyrsteled; på norsk område finst det namn som *hundabete* um lobus spigelii, *hundesteik* um milten, og serleg namn som *hunde=stykke, =bete, =bein, =mole* over heile landet um atlasstykket; sameleis i Danmark *hundestykke* um det siste (elles *bøddelstykke, banestykke* etc. og liknande i Sverike). Um uppkomingi av denne nemningstypen er denne uppteikningi frå Bohuslän upplysande:

»När man slaktade boskap, skulle man alltid komma ihåg att giva hundarna hälften av vridleden, som fäster huvudet vid bålen. Man fick dock inte giva dem vilken del som hälst, utan skulle hundarnas del utgöras av ledkapseln med det kött som åtföljde denna, då den rivits ut av slaktet. Detta ansågs skydda de levande kreaturen mot »ulven« och andra vilda djur« (VFF 242, s. 7 f.).

Ein kann jamføra den isl. upplysningi at *úlfseyrun* »voru hundum gefin«. Til *værgøran, ulvöron, úlfseyru* jfr. ogso det sv. *tassatunga* um ein lungelapp.

Den fyrestillingi at visse dyr (klodyr, villdyr) skal ha visse luter av slaktedyret, viser seg på norsk område serleg i namni på milten: *ramnesteik, =stykke, =bete, krumtastykke, salmunds=, salemonssteik, kråkesteik, hundesteik*. Hunden er ved magiske fyregjerder identisk med ville rovdyr, serleg ulven. Sameleis er det på ein viss måte med ramnen som vert sett i samband med rovdyri etter ei vanleg røynsle som i Setesdal vert forma slik: »Fyrst Ramnen klunka, var Skrubben paa Henderne« (Skar, Gamalt or Sætesdal 4, s. 186).

Korleis sjølve burtgjevingi av milten til ramnen kunde verta sett i verk, viser desse to uppteikningane av T. Flatin:

---

[1] Jfr. ogso *styggemannsklysa, fansauga, =sputt, =klysa, tykjesputt* som no. namn på »kastanjane« på hesteleggene.

[2] Jfr. den smålendske uppteikningi (under A) at hjarteøyro »ansågos för bärare av det onda, som djuret möjligtvis haft«.

»Salemonssteika (milten) steikte dei på glørne og kasta ho ut til ramnen; men kom ikkje han og tok ho og reiste med ho, hadde dei den trua, at dei fekk ulukke på krøtera um vinteren« (Numedal).

»Salemonssteiki kasta dei. Den skulde korpen ha, og kom han ikkje og henta steiki si, varsla det ulukke på krøteri. Korpen kalla dei Salemon, for han var so vis, han visste når dei slakta« (Seljord).

I samsvar med denne skikken vart ramnane godt varsel ved slaktingi. »Fyrste Ramnan' kome, me 'an slaatrar, so 'an høyre, dei laate, e de Merkje ti a go Lykke«, heiter det frå Setesdal.[1] I Storakers samlingar er det uppteikna:

»Det er et godt Mærke at Aadselfugle samles der, hvor Slagtning foregaar; det Modsatte er et slemt Tegn; thi saa venter Ulykke den øvrige Buskap (Guldal). — Det er et godt Mærke, at man i Slagtetiden hører Ravneskrig; thi hvis ikke, skal man faa »Okjøt«, ɔ: Bjørn eller Ulv til Slagter den efterfølgende Sommer, eller andre Ulykker vil ramme Kvæget (Nordmør). — Det ansees for et godt Mærke at Skjærene ledsage Kvindfolkene til Bækken og søge at stjæle, naar de skulle skylle Indvoldene i Slagtetiden; thi man vil da have Lykke af sit øvrige Kvæg, men i andet Fald lide Tab derpaa (Mandal)«.

Av dei andre nemningane som er uppførde under D, tek eg fyrst det smålendske *oäringsöra* som eg sameleis skal gjeva ein utførleg umtale.

Svarande til dei upplysningane um sjølve ordet *oäring* (f.) som finst i uppteikningi, heiter det um tydingi i Rietz' ordbok (m. a. frå Småland): »varelse (menniska eller kreatur), som är liten och vantrifves. »Dä ä en uäring te kalv«.« Dessutan tyder det 'uår', og det finst etter Rietz i samansetningar som *oäringsfogel*, Upupa epops (Halland), som »anses förebåda dyr tid, hvaraf namnet«, og *uäringsgräs*, Lolium arvense (ɔ: temulentum) (Skåne).

Den fyrestellingskrinsen som nemningane *oäringsöra*, *oäringsfogel* og *uäringsgräs* ber bod um, har si motsetning t. d. i fyrestellingane um *äringsnek* som i Småland[2] er namn på siste kornbandet. Dette har i folketrui vorte teke som ein konsentrasjon av grorkrafti or heile åkeren, og det er tenkt å kunna overføra denne krafti frå eine året til hitt. Det har vore brukt til band åt fuglane i joli eller til smak åt krøteri då, eller det vart brukt til baking av det største jolebrødet som atter vart nytta til »såkaka« eller »plogbrød« um våren. — Bruk som botnar i ålmennmenneskelege fyrestellingar um kontinuiteten av grøderikdomen. Med det siste av grøda (siste kornbandet, »plukkaksi« etc.) har dei kunna ha

[1] NFS, J. Skar 19, s. 18, Gamalt or Sætesdal 8, s. 121. Jfr. K. Flatin, Trolldom og tussar, s. 57 (Telemark).

[2] Sjå H. Celander i »Västsvensk forntro och folksed«, s. 62.

magiske fyregjerder for god åring i næste voksterepoke,[1] men »det siste« har dei ogso tenkt seg som ein »vegetasjonsdemon«, som har kunna utvikla seg til ein høgare mytisk skapnad.

Ved desse skikkane vert det teke umsyn ikkje berre til grøderikdomen av jordi men ogso av buskapen, med di den siste har grunnlaget sitt i den fyrste.

Fyrestellingar som er knytte til luter av det slakta dyret, går ogso parallelt med fyrestellingane um siste kornbandet.

Etter praktisk røynsle (um lause hår som vert liggjande att) ligg det nær å tenkja seg »det siste« av krøteret som vert teke ut til slakt, som ein dott hår. »När man uttager slaktdjur ur huset, så måste hår och tjäder inläggas på den plats där djuret stått«, heiter det i ei uppteikning frå Södermanland (NMA, 8472). Jfr. frå Dalsland: »När slaktdjuren togos ut ur sin kätte eller bås, kastade man dit råg- eller havrekorn, något som grodde« (VFF, 732, s. 7).[2] På liknande måte med visse bein av krøteret (med di beini plar halda seg lengst). I Svensk-Finnland er det t. d. uppskrive: »Svinbenen skall man spara till våren och föra dem ut i skogen, så skola svinen trivas bra« (Tenala: SLS 202, 1, s. 264); dette bruket galdt (i Pyttis) beini or griseføtene som dei åt i joli.[3]

Etter nærliggjande fyrestellingar har det vore mykje vanleg å gøyma genitalia av slaktedyret frå eine hausten til hin for liksom å føra den eine generasjonen over i den næste.[4] Juret har ogso vore nytta i slike uppattnyingsfyregjerder. »Spenarna [av purka] skulle tagas väl tillvara och gräfvas ner i svinhusets läger för att bevara svinturen«, er det uppteikna i Västergötland (VFF 259, s. 2). Og liknande frå Småland: »Spenarna skars bort på svin och nedgrävdes tillsammans med klövarna i svinhuset under det ställe, der grisen legat, ty därigenom trodde man sig få tur med svinen» (LFA, E. Hertz).[5]

Serleg luter av innvolane i slaktedyret har vore tenkte å kunna representera felukka og fetrivnaden.

Frå Västergötland er det uppteikna um gåseslakt: »*Gåselöcka* kallades en

[1] Til denne uppfatningi av »äringsnek«, jfr. no serleg J. Storakers uppteikningar frå Heidmark i »Elementerne i den norske Folketro«, s. 135.

[2] Vedkomande dette draget, sjå vidare N. Lid, Norske slakteskikkar 1, II, 2 og E. Klein i Etnologiska studier tillägnade N. Hammarstedt (1921) ss. 64, 65.

[3] Folkloristiska och etnografiska studier 1, Helsingfors 1916, s. 157.

[4] Sjå M. Olsens framstelling i Norges Indskrifter med de ældre Runer 2, s. 652 ff.

[5] Jfr. ogso F. Enestrøm, Finvedsbornas seder och lif, s. 101 f.; D. Arill, Tro, sed och sägen, s. 25.

liten bit inuti gåsen, som skars ut vid slaktet och gömdes till julaftonen, då den blandades i gåsmaten för att man skulle ha tur med gässen«.[1]

På Island er slike fyrestellingar knytte til *fékvörn*, 'en haard Fedtknold, som findes ved den udvendige Side af Nætmaven' (Blöndal, Ordbog). Um denne er det uppskrive soleis i »Huld« 6, s. 14: »Hún er innan undir magálnum; kann vera fleiri en ein. Hann[2] skal taka og láta millum brjósta sér, strax volgan, en taka ei á honum með berum höndum. Þar skal hann vera þann dag út. Síðan skal hann í hveiti geymast. Þeir skrifa, sá maður hafi lán með sauðfé, síðan hann á«. I Ögmundarstaðir er det uppteikna: »Jeg veit, að það er alkunn hjegilja, að sá sem týnir fjekvörn missir skepnur, eða eign sína. Og jeg þekki þess dæmi, að þær sjeu geymdar vel og rækilega« (M. Jónsson). Ogso hjå Olaffsen og Povelsen, Reise igiennem Island 1 (1772) s. 213 heiter det, »at den som eier en Fæeqværn, bliver en riig Mand, især paa Faar, hvilke han ei skal miste ved ulykkelige Hændelser«.[3]

I diametral motsetnad til slike umgrep som *fékvörn* står tradisjonen um hjarteøyro (på same måte som *äringsnek* til *uäringsgräs*). Medan *fékvörn* er tenkt som ein konsentrasjon av holdet (feittet) d. v. s. krøtertrivnaden og representerer framhaldet av denne: felukka, vert dei vesalle, skrukkute, »krusiga«, ihopkropne og vanskapte »øyro« på hjarta[4] ein representant for vantrivnaden og vanlukka på krøteri og anna levande, eit fyrebod um vesalle kvikjende i næste generasjon.

Difor er dei »skadelege«, »fårlege«, »giftige«, »ureine«, må skjerast vekk so dei ikkje kjem i lag med det som skal leggjast upp i forråd, og må gjevast til hunden eller liknande. Dei høyrer då ogso vargen, den vonde eller »trolltyg« til,[5] og vargen og »trolltyget« har ved dei makt over krøteri. Soleis vert dei årsak til eller fyrebod um uår *(oäringss-)*, ulukke *(olycks-*,

---

[1] H. Celander i »Västsvensk forntro och folksed«, s. 66.

[2] [Hér hefir ef til vill vakað steinn fyrir höfundinum, því fékvörn er opt talin til steina í gömlum kreddubókum.]

[3] Sjå ogso J. Árnason, Íslenzkar þjóðsögur og æfintýri 1, s. 655.

[4] Jfr. serleg type F der øyreskapnaden er det einaste karakteristiske element i namnelagingi. På tysk område går nemningar som *Hertzleffel, Ohrläpplin des Hertzens, Zippfelin, Herzohr, Herzläppchen, Herzlappen* og den tilsvarande terminus technicus *auricula* tilbake til millomalderen, sjå J. Hyrtl, Die deutschen Kunstworte der Anatomie, s. 181, Grimm, Deutsches Wörterbuch 4, 2, ss. 1252, 1258.

[5] Jfr. den nemnde uppteikningi frå Ångermanland at ein skulde kasta burt ein lungelapp so »de osynliga skulle få med av det, som jorden frambringade«, og samanstellingi nedanfor med Ullin.

óláns-), livstap (*ólívs-*) og ulov (*ólögs-øyra*). Difor er dei ogso tenkte å ha serleg skadeleg innverknad på fosteret hjå fremmelege.

I samsvar med desse fyrestellingane har det funnest mykje utbreidde skikkar å taka varsel um daude på fe og folk og um vinterkulden med dei luter av slaktet som må kastast vekk: milten, gallet, blåsa, kalvsbelgen etc. Til klårleggjing av dette fører eg fram nokre av dei norske upp-teikningane um varseltaking med milten, som etter dei ovannemnde upp-teikningane høyrde til villdyri som »krev« sitt av slaktet (kråkefuglar og klodyr):

»Milten vart kalla »vinteren«. På denne såg ein korleis vinteren vart, um han vart lang eller stutt, kald eller mild. Var milten lang og smal, so vart vinteren lang og hard (vindsam og kald)« (Foldereid: B. Paulsen).

»Miltet i grisen fortel kva vinter ein får. Den enden næst ryggen svarar til hausten, og den som er laus, er vårenden. Er vårenden breid, vert det hard vår, og er han smal, vert det linn vår« (Herøy: O. Torset).

»Av grisemilta tok dei ymist varsel. Var ho tjukkast fremst, vart det mykje snø i fyrste bolken av vinteren, var ho tjukkast på midten, vart det mest snø midvinters, og var ho tjukkast i attarste enden, vart det mest snø mot våren« (Davik: J. Aaland).

Um milten brukt til å taka varsel med um daude kann det visast til Feilbergs ordbok under *milt*.

Slike meir ålmenne fyresetnader har ogso sambandet millom hjarteøyro og dei skadelege, vinterlege maktene, vinterrovdyret ulven og uår.

Dinæst går eg over til nemningstypen E: isl. *úllinseyra*, no. *ullsøyra*, sv. *ullesöra*.

Fyrsteleden i isl. *úllinseyra* ligg det nær å taka som gen. av det gamle gudenamnet Ullin[1] (sekundær lengjing av *u*). Hertil svarar no. *ullsøyra* som i Eksingedal og Voss (og visstnok i Bruvik) har open *u*, men i Ullensvang og Skafså trong *u* [2]. Skilnaden kann liggja i den større tendens til open *u* i indre Hordalands-målføri.[3] Eg har havt høve til å konstatera at fyrsteleden vert uttala sameleis i *ullsøyra* i Ullensvang

---

[1] Soleis er det ogso slege på i S. Blöndals nemnde artikkel (etter A. Olrik).

[2] Ved lektor S. Skrede har eg frå Skafså fått denne upplysningi um uttalen: »*u* utt. som i *ull* og »spiss« som i *hus*, men altså kort«.

[3] Jfr. Ross, Norske bygdemaal 1909, s. 122. I dei bygdene som har open *u* i nemningi, kunde *ulls-* ljodrett koma av *ulvs-*; men dette spursmålet kann ikkje avgjerast med di ein ikkje kjenner ei slik form som heimleg no (fl. *ulva-* er einerådande), og det vert upplyst at *ullsøyra* ikkje vert sett i samband med ulven (i Ullensvang *ulv* med open *u*).

som i gardsnamnet *Ullsåk(er)* i Hemsedal som upphavleg er **Ullinsakr*.[1] Ogso *ulles-* i sv. *ullesöra* kann ljodrett koma av *Ullins-*.[2]

Den gamle norske guden **Ullinn* er det elles berre direkte vitnemål um i nokre få (7) norske stadnamn på *-vin* (1), *-vangr* (1), *-akr* (2) og *-hof* (3), på Austlandet frå Romerike til Gudbrandsdal og Hallingdal og eit einstaka namn i Hordaland (*Ullinsvangr*). Geografisk vilde det ikkje vera noko urimeleg i at eit »Ullins øyra« som namn på hjarteøyro kunde ha fylgt med over til Island og ha fått ein utlaupar inn i Västergötland etter det me veit um hopehavet frå den gamle tidi.

Korleis vert dinæst eit eventuelt »Ullins øyra« som namn på hjarteøyro å setja i samband med guden Ullin?

Fyrst eit par merknader frå ein ålmenn synsstad.

Merke etter høgmytologiske element i eigenleg meining, og etter den offentlege gudedyrkingi som dertil høyrer, vil ein i regelen ikkje finna att i notids truer, skikkar, segner og nemningsbruk. I vårt tilfelle kann me soleis knapt venta å finna noko prov for at eit »Ullins øyra« t. d. har vore »vigt« til Ullin, eller har vore tenkt å likna på guden Ullin's øyra eller liknande. — Det er å merka at mytologiske ting i notidstradisjonen sumtid har kome inn som eit nytt og ytre tillegg med grunn i litterære reminisensar. Når det gjeld Ullin, kann denne faktor ikkje ha spelt inn, med di det vel aldri har funnest nokon litteratur um Ullin i vår meining av ordet.

Ein viktig faktor er dei etiologiske tilknytingane. Tek me ei nemning som gn. *ulfliðr* um handleden, som ein finn att både i nyisl. og nyn. og som etymologane fører tilbake på segni um Fenresulven (Torp, Nyn. etym. ordbok), er vel dette ordet berre umforma under tilknyting til myten, vel eig. eit **ǫlnliðr*,[3] jfr. isl. *úlfliður* = *úlnliður*,[4] no. *åled* (Ross, Ordb.). — Korleis ei segn soleis etiologisk har vorte knytt til ei anatomisk nemning, er det sameleis døme på ved no. *brurabete*, patella hjå krøter. Denne nemningi vert vanleg haldi uppe ved ei segn um korleis ei brur kom til å setja eit slikt bein fast i halsen. Men sjølve upphavet til nam-

---

[1] Sjå Norske Gaardnavne 5, s. 125 og M. Olsens utgreidingar i Hedenske kultminder 1, s. 98 o. fl. st.

[2] J. Götlind har velviljugt gjeve denne upplysningi til spursmålet um det vgtl. ordet: »En utveckling *Ullins* > *ulles* blir ju lika med utvecklingen till *dränges*, den vanliga formen i målet för *drängens*«.«

[3] Soleis er det ogso sett upp i Cleasby-Vigfússons ordbok, s. 668.

[4] Thorkelsson, Supplement 3, 2, s. 1177.

net botnar i ei av dei vanlege fyrestellingane um at ein ved ymse karsstykke kann visa at ein er »giftande«. —

I den heidne tidi har umtydingar lett kunna bera til når umgrepet sjølv høyrde med til den grorbotnen som myteskapnaden har vakse fram or, når dei mytiske einskildfyrestellingane som gudeskapnaden er uppbygd på, fyrr har havt samband med det same umgrepet.

Det ligg i sjølve saki at ein ved slike mytologiske spursmål ofte må lita seg med induksjonsprov. Spursmålet vert i dette tilfellet korleis dei folkelege fyrestellingane som knyter seg til hjarteøyro, svarar til det me veit um trudomsgrunnlaget for guden Ullin.

I sine idérike etterrøkjingar um »Hedenske kultminder i norske stedsnavne« I, har det lukkast professor Magnus Olsen på ein overtydande måte å føra saman ei mengd med upplysningar som med eitt slag fører denne fyrr so godt som ukjende guden fram i dagen.

**Ullinn* har til grunnord det same ordet som det gn. gudenamnet *Ullr* som eigenleg er identisk med got. *wulþus*, 'glans, herlegdom'. Ullin tyder då eigenleg visstnok 'den med herlighed (anseelse) forbundne, han som pleier vise sig i herlighed'. Ullin vert eit sekundært namn på Ull, som det finst nokre fåe upplysningar um i den gamle mytologiske litteraturen og i norske og svenske stadnamn, og som svarar til Ty på dansk område. Han har vore ei norsk innlandsform av Ull skapt med grunnlaget i sjølve naturtilhøvi på Upplandi. Ullin og Frøy (som har havt tilnamnet **Fillinn*, av **felþa*, 'mark'), båe guddomar for grøderikdomen,[1] har vore dyrka som eit gudepar på kvar si *vin* og *akr* (seinare i *hof*) i same bygd. Magnus Olsen viser deretter at Ull-Ullin eigenleg er tenkt som representanten for himmelklåren medan Frøy eigenleg er tenkt å representera den overskya himmelen. Dette er det fyrste naturgrunnlaget som dei har vakse upp or. Ull-Ullin vert ein representant for den naturmakt som er tenkt å stå attum skinår og uår, og har framum alt dei same karakteristiske dragi som det frostvettet som er ei personifisering av turrfrosten den kaldaste tidi av vinteren like over jol. Eg låner her Magnus Olsens eigne ord (s. 237):

»Den klare himmels repræsentant maatte tænkes i intim sammenhæng med den del af vinteren, som kommer nærmest efter jul, da, som det heder i et barnerim, der er bygget over en primitiv mythisk opfatning af den 4de vintermaaned *Þorri*:

[1] Ullin synest umfram dei nedannemnde hovuddragi ogso å ha teke upp i seg drag frå kornvettet, sjå M. Olsens framstelling, s. 219 ff.

»Torren med sitt skjegg
lokkar borni under sole-vegg.«

Derfor er Ull ski-aasen, bue-aasen, og veide-aasen; han tænkes ud paa vinteren at gaa paa ski efter vilde dyr, væbnet med bue. Men ved vinterens begyndelse, naar klarveir og frost har indfundet sig, kan han bruge 'islegger' paa sjøer og elve; det er dertil Saxo sigter, naar han (Müller's udg. I 131) siger, at Ollerus (Ull) »ad trajicienda maria osse, quod diris carminibus obsignavisset, navigii loco uteretur.«

Ull — guden — bliver saaledes en parallel til (det vil her sige det samme som: arvtager efter) det klare vinterveirs eller tørfrostens vætte »kung Orre« (oprindelig *Þorri*, maanedsnavnet, se Maal og minne 1912 s. 1 ff.[1]), som efter svensk folketro maa tænkes at knuge den frosne, snedækte jord; men, heder det i en optegnelse fra 1564: »Hvad kongh Årre hafver hender emillan, behåller han väll, men thet sker väll en dagh, att han skall spy thet svart utt igen«, d. v. s. den dag kommer nok, da frostvætten maa give sit rov fra sig igjen som blød, sort muldjord.«

Þorri og den mytiske skapnaden *Góa* som er ei personifisering av den vintermånaden som fylgde etter, har vore dyrka ved *þorrablót* og *góa-blót* som det er fortalt um i »Hversu Noregr bygðist« og »Fundinn Noregr« (Flateyjarbók I) og i nyare isl. kjeldor med di skikkane har halde seg til vår tid. Båe bloti botnar visstnok i primitive nymåne-skikkar. *Þorri* er tenkt som ein mannleg skapnad, Góa som ein kvende-leg. Dei rår for veret og åringen og er tenkte som mann og kone. Si-dan har dei gått over i høgare guddomar, den fyrste i Ull-Ullin, den andre i disene eller i hovudgudinna (*Hærn* o. fl.), eigenleg »jord-gudinna« (som vel upphavleg er »kornmori«, ein gudeskapnad dana av siste kornbandet). *Góa* er frå fyrsten representanten for grøderikdomen i vidaste meining, og månaden *góa* var »ekteskapsmånaden«.[2]

---

[1] [Jfr. hertil H. Jungner, smst. 1914 s. 123 ff. (merk s. 146 anm.!).]

[2] Merke etter dette finst ogso i notidi, jfr. denne uppteikningi frå Aurland (ved K. Lie): »Her var det skikk at friaren skulde gå og »seia te« fyrste vaksandelaurdagen (ɔ: fyr-ste laurdag i vaksande måne) i henne *Gjø* (ɔ: gjømånad). (»Seia te« = fri formelt hjå foreldri åt gjenta). Denne dagen heitte difor »storelaurdagen«. Andre vaksande-laurdagen gjekk òg an; det var »vetlelaurdagen«.« Det som vedkom giftingi, og anna som dei trudde måtte utførast ved veksande måne, kunde då verta knytt til Gjø (sjå Storaker, Rummet, ss. 66, 67), sameleis som slikt dei meinte laut utførast ved min-kande måne vart knytt til Torre (januar). Det siste gjeld kastrasjon. »Veirekloppingi gjekk fyre seg i *Torra* (Torsmånen) i minkande måne«, er det uppteikna i Nordfjord (ved J. Aaland). Det har vore mykje utbreidt at minkande måne og januar vart sette i samband i reglar for arbeidet, sjå J. Wilse, Beskrivelse over Spydeberg, tillegg s. 21;

Ull-Ullin den personifiserte himmelklåren som har teke upp i seg dei karakteristiske dragi ved vinterfrost-vettet, kjem soleis etter Magnus Olsens samanstellingar til å stå i motsetnad eller i vekselverknad til dei guddomar og makter som eigenleg rår for grøderikdomen.

Denne uppfatningi av Ull-Ullin som ein guddom med rot hovudsakleg i fyrestellingar um vinter- og skademakter samferst nøgje med det resultat ein kjem til um det fyrestellingskomplekset som knyter seg til hjarteøyro.

Det motlegget at det er for djervt å jamføra det nye tilfanget med ein rekonstruert fyrestellingskrins i fyrrhistorisk tid, kann møtast med dei ålmenne synspunkt at til den eine sida har livsvilkåri, fyrst og fremst tilhøvet til naturi gjenom striden for føda, vore stort sét dei same her i Norderlandi so langt tilbake som me i det heile kann ha nokor grunngjevi meining um, soleis at dei har vore eit sams grunnlag for einskapa fyrestellingar. Og til den andre sida er anatomiske nemningar meir konstante enn anna nemningsbruk; nemningar som vedkjem reidskapar, husebyggjing etc., i det heile namn på det som er menneskeverk, og til ein viss mun ogso naturnamni, dei får stendigt umgrepi brigda etter som tidi går og etter som folk flytter, i medan dei anatomiske nemningane har umgrepi sameleis som då sjølve målet kom upp. Einaste umbrøytet er millom ulike skapningar.

Av di serleg samansette nemningar ovleg lett kann verta umtydde innanfor den fyrestellingskrinsen som knyter seg til sjølve umgrepet, kunde det i vårt samanhang høva godt um ein kunde tenkja seg at »ulvsøyra« var upphavsordet til hovudparten av nemningane, ogso »Ullins (Ulls) øyra.« Ein kann merka seg at gudenamnet Ull-Ullin etter si upphavlege tyding fyrst vert forståeleg når ein tek det som eit noa-namn. Vilkåri for at denne guden har vorte strids- og tinggud,[1] kann ogso ha lege i naturgrunnlaget. Det er ein velkjend tankegang i gamalnorsk tid at ulven, det verste skadedyret som er meir noa-nemnt enn noko anna,[2]

J. Thiele, Den danske Almues overtroiske Meninger, s. 71; J. Frazer, Adonis, Attis, Osiris, 2, s. 133, note 3 (Italia). — *Torre* må vel då ha samanhang med *tverra(nde)* ikkje med *turr*. Um dei to alternativ jfr. Maal og minne 1912, s. 15.

[1] Sjå M. Olsen, Kultminder 1, ss. 129, 230.

[2] Av norske noa-namn på ulven nemner Storaker: *tass, skrubb, skrogg, varg, gråbein, trollskap;* av svenske finst hjå Hyltén-Cavallius, Wärend och Wirdarne 1, s. 339; 2, till. s. 36: *tussen, (grå)tassen, de grå, de farlige grå, gråbenet, gullbenet,* gullfoten, *odjuren, ohyran, vargen, luffen*. Jfr. I. Reichborn-Kjennerud i Maal og minne 1924, s. 166 f.

er tenkt som fullbyrdar av retten, som »hemnaren«[1]. På 1600-talet hadde dei i Småland til fast vending um å lysa utlæg på tinget: »att ljusa ulfsgäld öfver någon«.[2] Etter Storaker trudde dei i Sunnfjord at »mange Ulve varsle Krig«. Ein kann jamføra *ólögseyra* attåt *oäringsöra*, *ólívsoyra* etc., og det vanlege namnet på Upupa epops, *herfugl*, attåt det nemnde *oäringsfogel*.[3] Det synest vera lite rimeleg å tru at eit ord som *uljodøyra* i tydingi 'dauvøyra, øyra som vantar evna til å høyra' kunde vera ein meir upphavleg type.[4] Ved ordet *úhljóð* må ein vel heller gå ut ifrå den meir ålmenne tyding som Fritzner fører upp i si ordbok: 'Støi som volder at man ikke kan høre og fatte hvad der tales'; han viser til Njåla 106: »varð þá svá mikit óhljóð at lögbergi, at eigi nam mál annars«.

Med dette får det vera som det vil. Eg har ikkje her havt til fyremål å slå fast rekkjefylgja millom alle dei ulike nemningane. Teiknar ein nemningstypane inn på eit kart over Norderlandi, vil ein straks sjå kor misjamt tilfanget er; og det synest vera von til at tradisjon um hjarteøyro vil det kunna skaffast i dei fleste bygdene, slik at det kann verta eit heilare grunnlag for etterrøkjingi både um nemningane og det saklege samanhanget.

---

[1] Sjå M. Olsen, Norges Indskr. med de æ. Runer 3, s. 153 f.

[2] Hyltén-Cavallius, Wärend och Wirdarne 1, s. 340, jfr. 2, s. 400.

[3] Her skal ogso nemnast at det skånske *uäringsgräs*, Lolium temulentum, i folketruene er eit typisk »skadegras« i likskap med tistelen som etter den agrarmytiske bakgrunnen for Skírnismál høyrer med til ein fyrestellingskrins som står i motsetnad til truene um Frøy, jfr. M. Olsen i Maal og minne 1909, s. 21 ff. Um tistlar i åkerbruksritar sjå A. Rantasalo, Der Ackerbau 4 (FF Communications No 55) passim.

[4] Merk dei avbleikte fyrestellingane som knyter sig til denne typen.

Nils Lid.

EIT UPRENTA VINJE-DIKT

I den handskrift-samlinga som etter Thv. Boeck kom til Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab i Trondheim, fins det mellom andre Vinje-manuskript også eit som til denne tid ikkje har vore prenta — det eg kann sjå. Det er eit dikt som fins i eit lite hefte (Mscr. nr. 533 in octavo), i lag med to andre Vinje-manuskript som har vore prenta før (»Professor P. A. Munch«, fyrste gongen i Ill. Nyhedsbl. 1863, nr. 25, og »Til den nye Salen min«, i samme bladet for 1860, nr. 44).

Det tridje diktet, som vi no legg fram her, er på 7 vers. Det er skrive på baksida åt ein »Priis-Courant fra F. Busse & Co.« i Hamborg. Venteleg har denne prislista vore brukt til pakkpapir om eitkvart, som Vinje har fått med seg heim frå krambua. Dei sju versa tek opp heile sida. Noka underskrift har det ikkje vore frå fyrsten; namnet A. O. Vinje er sett til etterpå med blyant — med ei anna hand, er det likt til. Men diktet er tvillaust av Vinje. Det kann ein sjå ikkje berre av ytre merke som handskrifta, men likså mykje av indre merke som tankegangen, huglaget og skrivemåten i det heile.

»Da jeg ikke kunde være med paa Studenterferden« har Vinje kalla dette diktet. Emnet er då gamalt og vel kjent: det er fuglen som gjerne vil ut og prøve vengene, men som ikkje slepp ut or buret. Og Vinje vart då »fangen som song«; han laut døyve utferdshugen i seg — »ligge her i Læ blandt en Examensflokk«, som han segjer.[1]) Det var endå berre »Lehrjahre«, og ikkje »Wanderjahre« for han. Men i 1862 kom han då likevel med på ei slik studentferd, og i »Dølen« fortel han då òg friskt og morosamt om denne turen.[2]) Det er ikkje vandt å sjå av denne skil-

[1]) Det må ha vore i juni 1856 Vinje skreiv dette diktet (sjå merknad til 1. verset her nedanfor). Vinje las då til juridisk embetseksamen, som han tok i desember same året.

[2]) Sjå »Dølen« for 29. juni og 6. juli 1862.

dringa at han har havt mykje glede og hugnad på ferda, både ombord og iland, av samværet med dei akademiske brørne, av det milde og mjuke danske landslaget, av festane og folkelivet.[1]) Vinje har her verkeleg vore ung med dei unge og glad med dei glade. Men då han sju år etter skriv om desse studentferdene,[2]) er det vorten ein annan låt i bjølla; då er det kritikaren og skeptikaren Vinje som har ordet. Og nokon skikkeleg og retteleg »skandinav« hadde han no vel aldri vore heller, for den skuld. Det kan ein m. a. sjå av v. 6 i diktet her nedanfor.

Når dette diktet ikkje har vore prenta før, kann det vel ha ymse grunnar. Ein kann snautt setje det langt framme eller høgt oppe i rekkja av alt det fine og fagre Vinje har skrive om livsens strev og strid, sorg og sut, gaman og glede. Men dette diktet er no likevel skrive av *Vinje* då, og har, om ikkje for anna, så berre av den grunn krav på vår interesse. Og noko fortel det då òg om Vinje sjølv, både om mennesket og om diktaren.

Da jeg ikke kunde være med paa Studenterferden.

Med Gange-Rolf, med Gange-Rolf
nu vor Studenterferd
de seile ud mod Klokken tolv
med Aandens skarpe Sværd.
De gamle Upsal gjæste vil
og Kongens Kjøbenhavn
og hvor de reise fra og til
er kjært Studentens Navn.

Jeg vilde gjerne være med
og le som andre lo,
og sprede ud den Aandens Sæd,
som engang op skal gro;
men jeg maa ligge her i Læ
blandt en Examensflok,
for Æblerne paa Kundskabs Træ
bli'r aldrig mange nok.

---

[1]) »Det var eit Æventyr; og det var tidt eg liksom spurde meg: »Er det daa sannt, at Du endaa liver og er eit Menneske«?«

[2]) I »Dølen« for 20. juni 1869.

Jeg vilde gjerne komme ud
fra dette trange Rum,
og være fra mit Land et Bud
og vaskes hvid i Skum,
og se den rike Sællands Ø
og Herthas gamle Lund,
og Nøgelen til Østersø
det fagre Øresund.

Jeg vilde gjerne komme hen
og se, hvor Holberg var,
og Daarskab med sin hvasse Pen
til Blods i Latter skar,
og sidde efter lange Strid
i denne Lund saa glad,
hvor Wessel lynte med sit Vid
og Øelenschlager kvad.

Hvor Evald lig den sorte Muld
lod bedste Blomster gro,
og Baggesen saa yndefuld
igjennem Taarer lo;
hvor Thorvaldsen den Islands Mand
i sine Værker slaar.
Som Sagastilen lever han
lig ung i Tusind Aar.

Jeg vilde se paa dette Land
— mod Sletten styrter Fos —
det Land, som engang var istand
at underkue os,
og Modersmaalet skjæmme ud,
det Land eg vilde se.
Det var ein Straf, som kom fra Gud,
og det var Tidens Ve.

Jeg vilde lig en Fjeldets Bræ
se dette flade Land;
den skurer Fjeld og knuser Træ

og — smelter bort i Vand.
Men op fra Sletten stiger den
igjennem Taagevæld.
Med Vindens Magt den driver hen
tilbage til sit Fjeld.

MERKNADER.

V. 1, l. 1: »Ganger Rolf« gjekk frå Christiania den 7. juni om kvelden (sjå Mgbl. for 1856, nr. 161).
l. 3: *de* — Vinje har fyrst skrive *dei*.
seile — —»— » » » *drog* eller *drag*.
l. 5: Vinje har stroke heile fyrste opplegget til denne verslina: *og hvor de reise fra og til*, men ho kjem att i same forma nedanfor (l. 7).
V. 3, l. 5: merk *rike* (i staden for den »rette« forma *rige*).
V. 4, l. 3: *Daarskab* — Vinje har fyrst skrive *Daarskap*, med hard konsonant.
V. 6, l. 2: Vinje har fyrst skrive *iler* i staden for *styrter*, og *Foss* i staden for *Fos*.
l. 6: *eg* } Naturam furca expellas!
l. 7: *ein* }

Ragnvald Iversen.

VINJE I »NO SER EG ATTER SLIKE FJELL OG DALAR«

Det er vel ikkje noko dikt av Vinje som hev vorte so vidgjete og umtykt som »No ser eg atter slike fjell og dalar«. Noko hev vel den meisterlege tonen aat Grieg gjort. Men mest er det vel av di alle som les det, hev ei endefram glede av diktet. Det er ei rik, fin diktarstemning som slær ein i møte og fær sjelestrengene til aa bivra hjaa ein. Kvart menneske kjenner att noko fraa seg sjølv og si eigi tankeverd. Det er hugsyner, draumar og lengting som hev rørt seg hjaa alle.

Men naar nokon let vel yver dette diktet for Vinje sjølv, skal han ha svara: »Aa, det er no etterdikting det.« Vislie nemner dette i boki si um Vinje, og han peikar paa at Vinje daa truleg hev tenkt paa »Zueignung« som Goethe skreiv daa han skulde senda ut fyrste bolken av Faust. Um Vislie hev noko visst aa halda seg til her, veit eg ikkje. Men den samanlikningi han gjer (s. 327), kann ikkje heilt yvertyda ein um at det er so at Vinje maa ha tenkt paa diktet aat Goethe. Sars nemner det same i sitt stykke um Vinje i »Nyt Tidsskrift« (ny række II, s. 207). Men um han hev anna eller andre aa byggja paa enn Vislie, som han nemner like etter, er uvisst. Sars meiner og at »ved nærmere sammenligning viser det sig imidlertid, at overensstemmelsen ikke er saa stor at der er nogen skjellig grund til at tale om »etterdiktning«; det er næsten bare versemaal og rhytme Vinje har laant fra det goethiske dikt — (se Vislie s. 327—28); men herpaa la han jo ogsaa fra sit æsthetiske standpunkt en urimelig stor vægt.«

Ser ein paa diktet aat Goethe, er daamen og tonen i røyndi noko annarleis. Det er skrive i 1797, etter han hadde arbeidt med dei meir realistiske verki Wilhelm Meister og Hermann og Dorothea. Det er vandt for han aa finna attende til den døkke, hildrande millomalderen, og det

er fyrst gjenom arbeid med balladane at dei gamle velkjende skapnadene stig fram att for han fraa skodd og dust, og denne gongen hev han mod til aa halda dei fast. Han kjenner ei skjelving, naar dei no atter stig han i møte (Bielschowsky). Men det er ikkje berre slike fantasiskapnader han tenkjer paa med saar hug. Daa han kom attende fraa Italiaferdi si, fann han ikkje same huglaget i den gamle venekrinsen sin og heller ikkje den same kjærleiksgleda. Hjaa han er heile diktet knytt til meir røynlege hendingar og menneske og det vanlege vonbrotet yver at livet skifter for ein.

Det kann vera at dette diktet hev kome Vinje i tankane daa han sat paa fjellet og saag attende yver livet sitt og mintest ungdomslivet og elskhugen sin. Men det er helst truleg han hev tenkt paa versemaalet, rytmen, som alt Sars og Vislie er inne paa. Det er ei stanza, det same rolege, tunge versemaalet som Goethe hev nytta. Det skriv seg truleg fraa Provence, og det finst mange og lange diktverk paa det. Soleis av Ariost og Tasso som Goethe hev lese; og Vinje truleg; for han nemner ein stad at det er av Ariost og Byron han hev lært aa vera »vidræsen« eller »vagabond ut ifraa Tankens Beinveg«. Like eins finn ein same versemaalet hjaa Byron baade i Child Harold og Don Juan og i »Adam Homo« av Paludan-Müller som Vinje i »Ferdaminne« kallar ei etterdikting etter Byron.

Men truleg er det endaa eit dikt som hev svive Vinje i hugen. Det er eit dikt i Tegnér: Fritjofs saga*). Det er XXIII song: »Fritjof på sin Faders Hög«. Han sit og minnest all den ulukka som der hev hendt, — at garden hans er brend og at han sjølv hev valde at Balderstemplet brann upp, so han vart »varg i veum«. Daa syng han ut si stemning:

»Hur skönt ler solen, huru vänligt hoppar
dess milda stråle ifrån gren till gren!
Allfaders blick, i aftondaggens droppar,
som i hans verldshaf, lika klar och ren!
Hur röda färgar hon ej bergens toppar!
O! det är blod på Balders offersten!
I natt er snart det hela land begrafvet,
snart sjunker hon, en gyllne sköld, i hafvet.

*) Det er lektor Enok Opsund som fyrst hev peika paa dette for meg.

Först låt mig dock bese de kära ställen;
min barndoms vänner, dem jag älskat så.
Ack samma blommor dofta än i qvällen,
och samma fåglar än i skogen slå.
Och vågen tumlar sig som förr mot hällen, —
O! den som aldrig gungat deruppå!
Om namn och bragder jemt den falska talar,
men fjerran för hon dig från hemmets dalar.

Jag känner dig, du flod, som ofta burit
den djerfve simmarn på din bölja klar.
Jag känner dig, du dal, der vi besvurit
en evig tro, som jorden icke har.
Och björkar I, uti hvars bark jag skurit
de runor många, I stån ännu qvar,
med stammar hvita och med kronor runda,
allt är som förr, blott jag är annorlunda.

Är allt som förr? Hvar äro Framnäs salar
och Balders tempel på den vigda strand?
Ack! det var skönt uti min barndoms dalar,
men derutöfver har gått svärd och brand,
och menskors hämd och Gudars vrede talar,
till vandrarn nu från svarta svedjoland.
Du fromme vandrare, ej hit du drage,
ty skogens villdjur bo i Balders hage.

So tenkjer han paa og nemner forsoning med gudane og han fær som eit varsel um aa byggja uppatt Balderstemplet. Diktet endar so med dette (16.) verset:

Välkomna stjernor, som deruppe tågen!
Nu ser jag åter glad Er stilla gång.
Välkomna norrsken, som deruppe lågen!
I voren tempelbrand för mig en gång.
Uppgrönska, ättehög! och stig ur vågen,
så skön som förr, du underbara sång!
Här vill jag slumra på min sköld och drömma,
hur menskor sonas, och hur Gudar glömma.«

Og so kjem forsoningi og slutten paa diktverket.

Som ein ser hev dette diktet og same versemaalet og sumt i tankane er likt og serleg heile stemningi. Vinje kjende »Fritjofs saga« og nemner ho ofte, so han hev truleg kunna diktet. Det er ogso ymist i sjølve tilhøvi som er samsvarande, denne stillvorne livsforsoningi etter mange saare stridar som maatte tala sterkt til Vinje.

Men elles gjev Vinjediktet slik ei levande avspegling av livet hans, av livssyni og livsrøynslone hans, at det slett ikkje treng vera etterdikting, eller rettast: det er so nær knytt til det mest sermerkte i huglyndet og givnaden hans at det berre er det ytre som kann vera etterdikting. Det fær ein til fullnads sjaa naar ein gjeng gjenom diktet i det einskilde.

Fyrst kann det likevel vera grunn til aa faa sett diktet inn i den rette raama. Kva er det for fjell og dalar han ser? Alle vil vel straks svara Rundane! Men er det so visst? Etter den staden diktet stend i »Ferdaminne«, maa det vera ei utsyn paa vegen fraa Storelvdalen til Sollidi. Diverre hev eg ikkje fare der, og ingen hev skildra kva ein kann sjaa paa ei ferd der, eller fare etter Vinje, so eg veit ikkje um det finst fjell og dalar som høver uppe ved Hirsjøen eller Storfjell og som svarar til Veggsfjell eller store Midtfjell i Vinje. Eller um ein ser Rundane derifraa. Namnet »Ved Rundane« sette Vinje fyrst paa diktet i »Diktsamling«. Men i »Ferdaminne« tykkjest det tydeleg staa at han ikkje hadde set Rundane daa han forma det ut. For det er fyrst ei tid etter han fortel at »Rundane stodo i Hugen min heile Vegen; eg saag fraa Topp til Topp, og daa eg spurde um ikki det og det skulde vera Runden, so fekk eg gjerne til Svar: »Jau han er rund denna«.« Og han fortel seinare korleis han etterkvart fekk sjaa dei, større og røslegare til kvar tid.

No finst det forteljingar um minst fire andre stader der diktet skal ha vorte til. Ivar Sæter hev upplyst etter mange heimelsmenner at det skulde vera paa Krokhaug i Folldalen Vinje var. Daa fyrst fekk han sjaa kor storfelte Rundane var, i samsyn med Snøhetta i nord. Andre hev vilja ha det til Illmannsdalen, inne ved Illmanntjørni eller fraa flatfjellet ovanfor Mysusætri. Endeleg vil sume vita at han skal ha byrja paa det ved Losnastrandi i Gudbrandsdalen. Det maatte daa vore aaret fyrr.

Alle desse forteljingane er visst seinare uppdiktingar, paa grunnlag av det namnet Vinje gav diktet. For truleg er samanhengen rett i »Ferdaminne«. Det er fjell aust for Rundane som hev »elda han upp«. Han hev sjølv ogso nøgje stadfest det. »Tri Mil gjekk eg«. Ein maa dertil minnast at dette er fyrste turen Vinje gjer til fjells, etter han kom ut

heimanfraa. Daa han kom upp paa fjellbruni her, var det fyrste gongen han møtte fjellnaturi utanum heimbygdi si. Det er uppe paa Trønes-sætri han møter att sæterstellet fraa ungdomen sin, og som han litt etter skildrar kor sterkt det tok han og minte han um ungdomstidi. Det var som um dei tjuge aari som laag imillom, kom heilt burt for han. Det er daa rimeleg han hev vore i denne stemningi som diktet gjev ord for, alt fyrr han kom fram paa stølen.

Sjølvsagt kann Vinje av litterære umsyn ha sett diktet her, endaa um det hev vorte til ein annan stad og til ei onnor tid. Han hev likevel knytt det framifraa saman med den skildringi av »Til Sæters« som han her gjev. Det er ikkje sundags-bønder og sundags-stell han fortel um, men eit sant bilete av livet, samstundes poetisk og stemningsfyllt. Slik skal det vera, meiner han. »Draum og Dikt og Kunst ero bleike og blod-lause mot det fyrste Augnekastet af Livet i si Sanning, naar me sjaa det i rette Laget«, segjer han mot slutten.

Det er elles i seg sjølv eit heller uviktug spursmaal kvar diktet hev vorte til, for at ein skal skyna det og njota det.

Det er dei same fjell og dalar han ser, som i ungdomstidi. Kva er det han hev fest seg ved? Det er motsetningi millom dei høge toppane og dei døkke søkki, — bratte, myrke stup og smilande dalar. Han hev kjent den same svale svalande vinden mot den heite panna. Det kostar same strevet aa koma upp paa høgdene, so han hev lote sett seg og turka sveiten av panna. Det er vel ikkje berre det ytre strevet som hetar han; tankane og tankearbeidet gjev og uppelding. »Heit Aand maa hava eldfast Ved«. »Naar Sveitten uten brenner Blesa mi, daa dansar Tanken spræk der inne i«, syng han i »Skreppa mi«. Det er strevet uppetter som gjev utsynene og yversyni. Den heite, harde livsstriden finn ogso roing og svaling ute i naturi, uppe paa fjellet, naar »Gullet ligg paa Snjo som fyrr det laag«, naar det straalande solskinet spelar paa den kalde snøen, og gjev glitrande atterglans. Og han hev same evna til aa sjaa det og gleda seg ved det.

»Det er eit Barnemaal som til meg talar«, det er barndoms- og ung-domsminne fraa den tidi han daa var til fjells, som stig fram for han, og det er det barnslege, einfelde, upphavlege ved livet som møter han her, det usamansette, storlagde, grunndraget ved tilværet. Det gjer han tanke-full — yver samanhengen i livet, og reiser spursmaal um livsgangen, livs-underet. Men endaa er han fjaag og glad, — for alt det han hadde levt og set, — og kanskje mest for at han enno hadde noko av ungdoms

livsevna i seg. Han vert glad ved aa høyra paa livsens barnemaal, ved aa sjaa styrken i livsmaktene, og møta sine eigne ungdomsminne og tanken um det. Han lever uppatt herlege stunder i barne- og ungdomsaari paa fjellet, fyllt av ungdomslengslar og fyssande diktarsyner.

Heile hans tankeliv, heile hans sjeleliv er knytt saman med fyrestellingane og hugsynene ute i naturi, heile hans syn paa tilværet fekk si form der. Ein ser det i eit dikt som gjev att barneminne som »Storegut gjeng med Otte« at det er livsproblemet han hev streva med. Like eins »Storegut er bukjær«.

Alt dette strøymer paa han so han knapt kann anda; alt det som han hev drøymt i ungdomsaari kjem so levande innpaa han — og melder seg og krev uppgjerd, krev at han ser paa livet sitt.

Difor kjem andre verset med »Livet strøymer paa meg som det strøymde, naar under Snjo eg saag det grøne Straa«. Denne tvi- eller tri-takingi av »strøyma« aukar sterkt kjensla kor livstankane braatek han. Det er styrken i livsspirone, krafti i livstrongen som kjem so levande fram her paa fjellet, og som han kjenner so sterkt hjaa seg sjølv. Det er det som hev drive han fram i livet. Me møter mange gonger den tanken hjaa Vinje um livet som bryt seg fram gjenom is og snø, og nett paa den maaten fær fram dei rikaste fargane og den finaste angen.

»Det kjære Liv i Alting er aa sjaa,
det slær seg ned so snart det finst eit Straa.
Og jamvæl her inn med den kalde Snjo
stend Blomen med sin Livsens Glans og Glod.«

Um Saamund Tormodsson som døydde so ung, skreiv han: »Der grodde du upp liksom Traneber, der mognar innunder Snjoen«.

»Og difyr var der so frisk ei Saft
i alt det du skreiv og rødde,
og var ein av deim, som fekk beste Kraft
av det, du stridast blødde.«

Det er motgangen som mognar eit menneske, som gjer ein til mann og herder ein. Det er berre dei sterkaste, kraftfullaste som greider seg i

slike livshøve. »Du paa Ruinerne maa staa af Livet dit, fyrst rigtig daa du rett kan sjaa ikring deg vidt«. I det kjende ordskiftet med Bjørnson i Studentsamfundet 17de mai 1865 hevda han at diktaren ikkje maatte ha det for godt, daa miste han tankeodden sin. Det store vert fyrst skapt gjenom strid og sjølvoffer. Og i »Skulemeistersong« held han fram at »av alle Skulemenn Armod er den beste«. Paa denne maaten freista Vinje aa trøysta seg sjølv og vinna det beste ut av vanskane. Difor fekk han styrkjing av aa sjaa livsspirone under snøen.

Men fjellet gjev han ogso draumane — »eg drøymer no som fyrr eg alltid drøymde«. Det er same fantasi-floget som fylgjer tindane upp i himmelrømdi.

»Og Tanken, denne Fugl fraa Ljos og Dag
her slær han sine sterke Vængeslag,
og fyker fortare en alle Vindar
burt over alle desse haage Tindar.«

Det hev vel ogso vore ein draum hjaa han sjølv aa verta ein tind i aandsheimen, til aa naa upp yver mugen, og han kjenner han er paa veg mot det.

Og der paa fjellet gløymer han »Dagsens Strid som fyrr eg gløymde naar eg mot Kveld af Sol eit Glimt fekk sjaa«. Han gløymer motgangen og alt vondt han hev røynt, naar han fær sitja ute i naturi og i ro sjaa ein glimt av soli, naar ho gjeng ned, — naar han fær litt straaleglans yver livet sitt, litt medkjensle og skynsemd, litt kjærleik. Teoretisk kunde det vera bra med motgang, men litt godvilje smaka og. Det er mange forteljingar um kor barnsleg glad han vart for eit godt ord. Sars fortel um han (i Nyt Tidskrift I, s. 795): »Han blev paa disse fjeldferder som en anden mand; det bitre og hadefulde i hans væsen strøg ligesom af ham; han var den snildeste, medgjørligste kammerat, altid i godt lune og ofte saa straalende glad ved den friske luft, det kolde rene, vand silrende frem under mosen, den herlige hunger og den gode maden, naar vi kom frem til sæter eller fiskebod, de store syn, naar vi kom op paa et udsigtspunkt, at det for dem, der var med ham var umuligt andet end at smittes deraf og bli glad som han. — — Han kunde, naar han kom i aande ved et eller andet stort eller vakkert syn, faa det paa sig med en slig veltalenhed, at han formelig tabte veiret og næsten stupte i bakken; — Men et rigtig førsterangs udsyn kunde ta ham saaledes at

han blev helt taus. Da han og jeg for første gang saa Jotunheimen ligge udbredt for os oppe paa Stugunøset (vi hadde forud bare havt et og andet gløt af den nede paa landeveien i Valdres), fik han ikke et ord frem i lange tider, men sat bare og graat.«

Det finst andre skildringar og av kor eit natursyn eller onnor hending kunde taka han og føra han burt fraa »Dagsens Strid«. Serleg Brandt's paa Haugerud hadde mange forteljingar um det.

Naar Vinje kunde vera so takksam for lite, kom det av at han var ikkje for godt van eller for kravsam. Han var ogso mykje fatalist, og var budd paa aa taka livet som det kom. »Eg finner vel eit Hus som vil meg hysa, naar Soli heim mot Notti vil meg lysa«. Han hadde heller ikkje so mykje av denne verdsens gods som kunde tyngja, eller sut og tankar for det som høyrer dagleg-livet til. Han hadde det alt i skreppa si, og han »slepper syta for ho vert for tung«. Han er ikkje so nøgjen um husværet for natti, det synte han daa han kom til Trondheim; — han kunde endaa ha lege under ein kvelvd baat. Sume tider hev han kjent det saart. Daa han segjer vel-leva til den sovande Malene, skriv han: »Eg kan kje vera Guten din, afdi eg er ein heimlaus Gut, som stiger stødt til Andre inn, for atter snart at draga ut«.

Han ser roleg dauden i møte. Det er ikkje av noko slag likesæle eller sløskap. Det er ei tilstridd yvertyding. Det er heller sjeldan ein møter noko fraasegner um det røynlege religiøse synet hans, etter han vart kvitt den dogmatismen dei hadde freista køyra han inn i paa skulen. Det er ingi aandelege krisor hjaa han etter at naturvitskapen hadde frigjort han og han hadde vunne fram til si »Døletru«. Men det er likt til at han sume tider i minsto fann det naudsynleg aa ha religion, endaa han vyrde lite paa desse »handgrip og fotslag i trui«, som han peikar paa fyrr i »Ferda-minne«. Daa venen hans, Botten-Hansen, braadøydde, daa han saag kor meiningslaust det kunde gaa, »d'er daa du nøydest til paa Gud aa tru, som retta vil paa det som gjeng aa tverke«. Han hadde vyrdnad for ei aalvorleg religiøs tru. Men sjølv hev han slege seg til ro med dette at me ikkje veit noko um korleis det vil gaa. Daa han laag paa det siste, var han glad for at han ikkje hadde nokon aa takka for noko, og han var ikkje redd for aa døy, laag leika med dødstanken og sa etter Lavoisier: »Je vais voir le grand peutetre«. Men bibelen og naturvit-skapen hev gjeve han »mi fyrste Tankekvessing til aa skyna og sjaa Livet i sin store vedunderlege Samanheng«. Ingen kann røma fraa lagnaden sin, og ein maa taka alt som ein mann. Daa han hev mist kona si, skriv han:

»Men takke til at Livet heng og sleng;
det dreg seg fram um det paa Stubbar gjeng,
det gror og seg til nye Vanar venjer,
og finn som aa ein Os for den du stengjer«.

Trøysti lyt vera at livet rettar seg sjølv, det er den indre livskrafti som held det alt saman. Difor trur han paa det gode og paa livsframgangen. Det er ogso ei sterk attergjelding i livet. Det vonde ein gjer, kjem att; syndi maa faa si refsing, og ein maa vera budd paa aa betala for det ein gjer gale. I eit dikt fraa desbr. 1859 skriv han: »Sundt maa bøtast«.

»Tru aldri at du slepper fraa
det vonde, som du gjerer!
Nei, Alt, du arme, bøta maa,
fyrr burt herfraa du ferer.

Er Syndi løynd, so dubbelt heit
deg Samvits-Elden brenner.
Det lettar deg, sosnart du veit,
at Andre Syndi kjenner.

Og dersom Ingen du kann tru
til rett at fella Domen,
so gjeng du burt og skriftar, du,
til Foss og Fugl og Blomen.«

I »Diktsamling« set han innaat tvo vers han hadde fjortan dagar etter i »Dølen«: »Sæla«:

»Og Naar du hever syndat, du
kjenner vel
at Straffi maa fylgja paa
og at inkje annat kann faa deg sæl
en netupp Straffi at faa.

Til meir du lider, du vexer i
Fynd:
det vonde verdt fraa deg lagt;
for just i Pina for eigi Synd
er Livsens lækjande Magt.«

Han hev difor med ro sét fraa dag til dag, freista aa gjera det beste ut av livsens mange hende og vona paa hus og rom for seg. Godkjenning, vyrdnad og minnestyttor vil fulla koma; men han kann venta med resignasjon og skynar at det maa so vera.

Livet lærer ein resignasjonen. »Alt er som fyrr, men det er meir forklaarat.« Han hev lært aa sjaa alt klaarare, tydelegare i sin samanheng, so »Dagsens Ljos meg synest meire bjart«. Livet hev ikkje gjort han beisk eller svartsynt. Tvertum, han er framleis »Verdensgangens utrætte-

lige Laudator«, som Botten-Hansen kalla han. I eit lite utsyn han gjev yver livet sitt i »Blandkorn«, skriv han: »Du liver og lærer«.

»Eg var ung og litet viste,
og eg vondt ifraa meg gav.
Men eg dette Leide miste,
ettersom eg eldes af.

Saart eg gret paa Livsens Ferde.
Elden brann i Merg og Bein.
Det var liksom heile Verde
laag paa Bringa mi som Stein.

Aldri kom eg fram til Tidar,
alt med det eg sprang og sleit.
Up eg gjekk so bratte Lidar,
at eg mest i Bakken beit.

Liksom fraa meg sjølv eg rømde;
og eg trudd', eg døydde snart.
Eg var harmfull, og eg dømde
som ein Tyrk om Livet hardt.

Om eg tek so stygt til Orde,
er eg endaa like snild:
Ettersom eg Synder gjorde,
lærde eg at vera mild.

Verdt deg Vit og Alder givet,
finn Du Fred og Soning let.
Dette at forstanda Livet,
netup er at elska det.«

Alt det som var vondt i livet, det som beit og skar so det saara, det hev gjeve han det rette, fulle syn paa tilværet, — og paa naturi. Han ser skuggane mindre svarte no enn fyrr. Og det harde i hugen hans, eller det som fekk daara han til aa synda, det hev lært han aa døma mildare um andre. Det er so mykje hardt og stridt i hans eigen hug, so no ser han ikkje lenger fjellet heller so hardt. Han hev forsona seg med livstil-høvi, det maa gaa soleis, det høyrer med til livet. »Forsonad koma atter gamle Tankar: det sama Hjarta er, som eldre Tankar.« Mangt av det som fyrr hev eggja og harma han, ser han no i ny og betre forklaaring, at det kann henda var til gagn for han; og alt høyrer med til aa gjeva livs-biletet farge og avbrigde. Men endaa er det same hugsyner og lengslar som fyller han, og han hev same glede og hugnad ute paa fjellvidda. Det er same hjarta, endaa um det hev vorte eldre og spakare.

Han trur heller ikkje paa illusjonane, endaa han veit dei maa til, um ein skal kunna leva livet. Det kjem so tydeleg fram i eit anna samhøve hjaa han, kor ein maa leva livet vidare, endaa so hardt det kann vera, og taka hendingane som livsupplæring. Eit av dei tyngste slagi for Vinje hev visseleg vore daa det kom ein kurre paa traaden millom han og Jenny Brandt. Han hev vore sterkt dregen til henne med ei djup kjensle; men so er det eitkvart som hev hendt millom deim. Ho freista gjera det

godt att noko med ei sending til han som minte um dei gamle dagane. »Men, saa forunderlig er vor Natur, idetmindste min, at alt sligt bare bringer Lidelse, naar et Brud, saaledes som imellem os, engang har fundet sted.« Og til slutt skriv han: »Det er dette som saa ofte er det tragiske i Livet, og jeg trøster mig altid med, at dog noget er lært med alt dette. Jeg lærer mig selv og Verden bedre at kjende og sættes derved bedre istand til at skrive og tale mere sandt og naturligt, og, hvad der kan synes det mest forunderlige, jeg forsones mere med Livet netop fordi jeg lærer det bedre at kjende. Jeg vil haabe det gaar Dem ligedan.« Motgangen hev vore ei hjelp i diktingi hans.

Det hev vore ymis vingel med aa tolka dette verset, serleg midtlinone. Men naar ein gjeng nøgje inn paa meiningi, vert det alt heller klaart, og svarar heilt til setningsbygnaden. Paa denne maaten kjem sjølve grunntanken i verset um forsoningi tydelegare fram. Den andre tolkingi med »Skuggen« og »harde Fjellet« til subjekt, gjev meining og. Men det vilde daa meir fyregripa tanken i næste verset um at naturi er som ein ven og kjenning, so dei svarte skuggane og det harde fjellet døyver minni um det som var saart og tungt og det som hev fenge han til aa synda. Men dermed kjem noko med det viktigaste i diktet burt, og det vert ikkje samanheng millom linone i tridje verset.

I siste verset er det som han gjev liv til heile naturi. Han finn kvar ein stein som ein gamal kjenning fraa barneaari. Nutane vert til levande kjempor som stridest um aa vera størst og sterkast. Han spør kven som vinn av dei, der dei stend og tøygjer seg mot himmelen. Det minner han alt atter og atter, til den siste straaleskimt av soli sloknar ut i snøen med si vedunders fargebragling. I »Fjøllstaven min« teiknar han klaarare ein slik solnedgang. »Det tok til at kvelda og klaarna reint upp. Soli seig ned i Ishavet og maalade Snjo og Jøklar og Tindar eldende raude. Fullmaanen steig fram yver Glitretinden liksom stridande um Herredømet med den døyande Sol, som vardt bleikare og bleikare, alt til ho rømde fraa Galdhøpiggen, det siste Festet sitt, og foor til Himils uppigjenom Skyfloret med Elden sin.«

Det var som han vart eitt med naturi naar han var paa fjellet. »Breden vil meg ikkje noko vondt,« sa han, daa venene ein gong raadde han fraa aa gaa yver Mjølkedalsbreden som var full med sprekkar. Paa same visen var det som han saag tindane vera venlege naturmakter han kunde tru seg til. »Da jeg hørte, at han, øiensynlig dødssyg som han var, havde forladt hospitalet og var reist paa landet (upp til presten A. Chr. Bang i

Gran paa Hadeland, der han laag død i sengi um morgonen 30. juli 1870), havde jeg en følelse af, at det skete ifølge et lignende instinkt som det der bringer det vilde eller halvvilde dyr til at gjemme sig bort, naar det mærker dødsstunden kommer. Jeg tror næsten, at jeg ikke vilde være blevet forundret, om man havde fortalt mig, at han havde lagt sig til at dø oppe i en ur, langt borte fra folk.« (Sars: »Nyt Tidsskrift« I s. 796—797).

Det er som ei fyrekjensle han her hev, korleis fjellnaturi og barneminni vil fylgja han gjenom livet inn i dauden. Det var dette siste verset som steig fram for han ved ei av dei største stundene i livet hans. Det var daa han og Sars og Berner sat paa Skineggi ved solrenningi ein gong. Dei hadde havt ein fæl tur fram til Eidsbugarden og vorte heilt gjenomvaate. Dei laut leggja seg i dei vaate klædi og fraus ille. Til aa faa varme i seg gjekk dei snøgt upp paa Skineggi til solrenningi. »Han gløymde seg sjølv, han fann at det var so vænt, at ingen mann, og han minst, hadde fortent aa sjaa somykje« (Vislie).

Daa han laag paa det siste, levde han i tankane heime i Telemarki eller i Jotunheimen. Berner som ofte vitja han paa sjukehuset, hev skildra det soleis: »Hans idylliske skaldenatur braut her fram sterk og frisk; her gjekk dei poetiske Stemningsbyljur milde og friske, daa alt anna liksom var stivnad under Dødens kalde Andardrag. Det var heiltupp gripande aa høyra paa han, liggjande der i Sengi, talande um sitt Liv som Gjætargut uppe i Fjellet, mangt eit Hugsyn gleid daa forbi Augo hans. Soli skein paa Snjofennerne, Hornet let som Orgeltonar i den store Kyrkja paa Fjellviddi; han laag der med Nisteskreppa under Hovudet i den mjuke Mosen og stirde djupt, rett djupt inn i den blaa Himelen. — — Og so Fjellturane i Jotunheimen! »Kann du minnast Utsynet fraa Skineggen den Morgonen, du?« sa han til Sars. »Daa den kvite Skodda dreiv burt millom Skagastølstindarne, og Kaldedalsbræerne lyste som Gull i Solglansen! — — Aajei, aajei, at eg inkje skal koma dit i Sumar!« sukkad han. Men etter aa ha leget stillt eit Bil, sa han: »Men naar eg no er lagd i Kista, so vil mi Aand slaa upp sin Heim deruppe millom Fjelli, og so vil eg sitja der paa Falketind og sjaa ut yver Norig, og Fjellradirne skal stiga fram — —«.

Det er soleis god samanheng i livet aat Vinje og i livssyni hans. Han er ikkje so ustød som dei tidt vil ha det til. Det er berre i ytre, uvikatuge spursmaal. Det er same grunntankane og grunnsyni paa livet, naar han ligg og skal døy, som han hev forma ut her ti aar fyrr. »Og inn i

siste Svevn meg eigong huggar, dei gamle Minni og dei gamle Skuggar«. Heller ikkje daa vil han løypa fraa skuggane, og det vil alt i si samsyn roa hugen hans. I den vene Kvitsunnsalmen fraa 1862 hev han noko same tankegangen til slutt. Han lovprisar guds heilage ande, sannings-anden, som skulde koma att og tyda livsgaatone, naar menneskja kunde bera dei. Men naar anden kjem, daa fyrst vil ein kjenna Gud. »Det tungt deg var og saart deg skar vil faa sin sæle Ende«. Daa kjem eldtun-gone til menneskja. »Gud late daa kvar av os faa ein Gneist' av denne Elden! som visar Veg og heimatt' dreg, naar Soli sig' mot Kvelden«.

Samlar ein so heile diktet i eitt, maa ein faa ein sterk tokke av det klaare, einfelde, endeframme i ordleggjingi, ein heilt naturleg stil, fyllt av ein djup, ekte naturstemning, med open hug og frisk sans for natursynene. Han hev funne ord til fargerike naturbilete, som løyser ut ein bivrande hugleik og lyfter ein paa nuten til storfelte utsyner. Det stig fram for ein ei manndomsam aand med underleg forute drag, »sun-dersprengd av underjordisk eld«, rik paa kjensle, men fri for all sentimen-talitet, med noko visst kjøleg, roleg, avdøyvt yver seg, trass alle dei brag-lande fargane. Og det ligg ein vedkjømeleg daam yver ordi fraa tanken um livet som glid fraa ein, som skifter og skifter og berre gjev ein minni att. Alt det herlege ein ser og møter, vert burte i minne og døkke skuggar, det »glepp or dei hepne hender«. Det serlagde i diktarhugen hans finn seg ord i dei tvibotna naturbileti; dei lyriske stemningane er bundne til refleksjon, speglar av tankar og livsrøynsle, tilstridd gjenom motgang og vanskar. Trass all lærdom, kunnskap, kritikk, flir og gjøn er det attum ein underleg barnsleg hug, eit naturfriskt, uskipla kjensleliv som fær lov til aa dirra med som understrengene paa fela. Det er alle natur-bileti av det slag som gjer diktingi aat Vinje so sermerkt. Det æser av livstrong og lengt etter glede, hugnad; men otten ligg attum paa lur, at livet svik ein; ja vissa er der, so det sig burt i tunglynde. Livs-giren er faafengd. Men lel maa me traa og lengta, endaa so vel me veit det vert vonbrot. Du rekk aldri dit du vona, naar du lengtande saag inn i det lova landet. Men du fær noko anna, noko meir, noko verd-fullare for deg. Og du fær røynt motgangen, og »fær i deg den sleipe kvasse Lut som Livet tvær«.

Ein kann og sjaa »No ser eg atter« som ei poetisk utforming av ei utgreiding Vinje hadde gjeve av »Mi Livstru« same vaaren. Han mæler mot at han finn alt mislukka ved seg sjølv. Han hev havt sine ungdoms draumar og dei hev gjeve han livskraft. »Men ettersom vi veksa til og

faa denne Kraft, so kverver denne Draumen burt, og daa hava vi heller ikki lenger Bruk for honom, naar vi hava lært rett og fengit den rette Merg og Magt. Daa ero vi vaksne og finna Livet godt, som det er udrøymt, og det, vi ikki finna godt i Livet, det kjenna vi os sterke nok til at strida imot og sigra yvir. Vi faa ikki alt det, som vi ynskte i Ungdomen, og faa vi det, so faa vi det som tidast paa ein annan Maate, enn vi tenkte. Men so finna vi, at vi ikki hava fortent meir, enn vi fingo, ja vi plagast kannskje verst med det, at vi hava fengit meir, enn vi fortente, naar vi skulde segja, som det er til. Vi finna Grunnen til vaare Ulykkur i vaare eigne Gjerningar, og vi ero glade i Livet, fordi vi finna det so so viist, at det fann vaart mindste Lyte og vitste at refsa os. Det er eit Liv, som er værdt at liva i, det, og vi skjelva for eit Liv, som var so villt, at det ikki saag Armodsdomen vaar.

»Ein Hugnad er i desse Ordi.
at Syndi hevnar seg paa Jordi.«

Raakar os daa utilreiknande Ulykkur, so bera vi deim med Tolmod og Gudstru. Derfor taka vi Livet so:

Som Jutulen kreistad' Vatn or Stein
med sterke Haandi,
so draga vi Dygd or dei fleste Mein
med sonad Aandi.

— — Eg vil ogso finna Forsoning *inne* og ikki *ute*. — Klage vil eg aldri vita af, naar ikki Klaga med det same kann vera ei Sigersong. Sjølve Schiller er full af uforsonade Motsetningar. Goethe er den mest fredsæle. Der ligger aandeleg talat inkje tomt Rum imillom Himil og Jord, men dei renna umerkjeleg ihop.« Det hev Vinje og freista: aa verta herre yver sine »daarade Vonir«. Han hev havt mod til aa sjaa sitt eige sundsprengde liv. Difor endar han og det »Attersyn« han gjev i 1867 med:

»Det heile Liv kjem att i solblank Dag
med Tungsinn i sit fagre Andlitsdrag,
D'er søtt, um endaa det i Hugen svider.«

»No ser eg atter« er daa eit fullt og sant uttrykk for Vinje og livssyni hans og merkt med hans »Fadermerke«. Likskapen med Goethe og Tegnér røyner seg vera mest i det ytre, naar ein daa ikkje vil rekna med ein viss aandeleg skyldskap, serleg millom Goethe og Vinje.

Diktet vert ei utsyn yver livet hans, skapt av natursyner og kjenslor. Det gjev hans tankar um tilværet, hans religiøse, fatalistiske tru og hans rolege, manndomsame syn paa livsstrid og livsslutt. Det er so inderleg i samsvar med all hans hug og haatt at det kann ikkje vera etterdikting. Nett difor hev det ogso vorte so aalmennmenneskeleg som all sann og stor dikting maa verta, naar ho er sprungi fram av det inste og mest upphavlege i diktarhugen.

Olav Midttun.

ET PAR BEMERKNINGER OM NASALVOKALER I GAMMELNORSK

Det er vel kjent at der fantes nasalvokaler i gammelnorsk. Forfatteren av den første grammatiske avhandling skjelner mellem f. eks. *hár* 'hår' og *hár* 'hå' med nasalvokal (av eldre **haṅha-*, jvf. skr. *çaṅkúḥ*, gsl. *sąkŭ*).

Utviklingsfonetiske grunner viser at nasalvokalene *ę*, (*ē*) og *ǫ* må har vært almindelige i tilfeller hvor i forbindelsen *i* (*ī*) og *u* + nasal + konsonant, nasalen er forsvunnet. Et par eksempler på denne alment kjente lydovergang vil være tilstrekkelig:

drekka: got. *drigkan, ags. drincan; klettr:* gsv. *klinter; lérept: lín; þokke:* ggutn. *þunki; kroppenn:* gsv. *krumpin* o. s. v. (se håndbøkene, f. eks. Noreen, *Aisl. u. anorw.* Gramm[4]., §§ 110,1; 111,1 112,1; Kock, *Svensk ljudh.* I §§ 130, 172, II § 641; Pipping, *Inledning* s. 118 f.; Boer, *Oudn. handb.* §§. 72—3, 78—9; Heusler, *Elementarb.*[2] s. 27.)

Senkningen kan bare forklares gjennem en nasalering av vokalene, som f. eks. Heusler allerede har sett (op. cit. s. 27). Nasalenes munnartikulasjon er opgitt, men ganeseilet har beholdt sin gamle stilling; vokalene er blitt nasalert og har så senket sig. En slik senkning kjennes også fra andre sprog; man behøver bare å minne om utviklingen i fransk.

Hvordan skal man forklare denne senkning?

Ganeseilet er som bekjent ett av de organer som arbeider minst presist. Under artikulasjonen av vokalene følger det tungestillingen. Det er tettest lukket for *i* og *u*, mindre for *e* og *o* og minst for *a*, forhold som for lenge siden er påvist ved Czermak's eksperimenter. *e* og *o* er altså lettere å nasalere enn *i* og *u*.

Psykisk er dette lett forklarlig. Ved full nasalering av vokaler med trang munnkanal og energisk muskelspenning som *i* og *u* opstår der to artikulasjonscentrer som begge krever anspennelse. Det er da naturlig at der slappes av på en av sidene. Og slapper man artikulasjonen av *i* og *u* vil de tendere mot *e* og *o*.

At det er motsetningen mellem de to artikulasjonscentrer og ikke tungens høidestilling i og for sig som spiller den avgjørende rolle ser man av forholdet i fransk. Der har man to forskjellige *a*-lyd, en fremre og lukket og en bakre og åpen (*dame: pas*). Den tilsvarende nasalerte *a* tilhører den bakre og åpne type; den ligger endog noget høiere enn den unasalerte og tenderer henimot åpen o (jvf. Grammont, *Traité pratique de prononciation française*[3] s. 55). De nasalerte typer har altså den minst energiske munnartikulasjon og tenderer henimot de vokaler i systemet som ligger nærmest tungens indifferensstilling. Sammenlign overgangen av oprinnelig nasalerte *a*-lyd til *o*-lyd i flere sprog.

Ved denne senkning eller hevning og åpning av nasalerte vokaler står vi overfor en naturlig tendens i fonetisk utvikling og ikke overfor absolutt nødvendige overganger. Nasalerte høie vokaler kan godt forekomme. Fremstillingen i den første grammatiske avhandling synes å vise at det har vært tilfelle på norrønt område og slike vokaler er meget almindelige i nord-irsk, for bare å nevne disse eksempler. Det er betegnende at senkningen ikke har funnet sted i gammelnorsk hvis der stod en *i* eller *u* i næste stavelse; her er den altså forhindret ved bevarende dilasjon (for dette tekniske uttrykk se *Festskrift til Amund B. Larsen*, s. 83). I trykkløse stavelser finnes den heller ikke hvad enten den skyldes tap av nasaleringen i denne stilling eller det er kvantitetsforholdene som har spillet den avgjørende rolle. Vokalenes absolutte kvantitet står som bekjent i omvendt forhold til deres høidestilling. En *i* er kortere enn en *e* under ellers like forhold.

Denne utvikling av nasalvokalene er altså et utslag av en naturlig tendens, parallell med mange andre som man finner igjen i alle sprog, for eksempel med svekningen av utlyden eller med tendensen til å konstituere stavelser med en harmonisk overgang i fonemenes åpnings- og stemthetsgrad. Den forklares ut fra de almene trekk i individets organisk-psykiske konstitusjon.

Alf Sommerfelt.

TONELAGSVALD OG STAVINGAR

For meg fell det mest naturleg å dele orda i ein setning i ord som blir uttala med tonelag eller høyrer med til ei ordgruppe som blir uttala med tonelag, og i ord som er vektlause og kann segjast å stå utanfor tonelagsvalda.

Fyrste stavinga i eit tonelagsvald (tonelagsumråde, tonelagsfelt) hev hovudtrykket i tonelaget; ei eller fleire av dei andre stavingane i tonelagsvald kann ha »bitrykk« (ogso kalla »sidetrykk«; kunde kallast »sidretrykk«?).

Visse ovringar i nordanfjelske mål gjer det naudsynt å halde det tonelaget som blir bruka åt einstavingsord greitt ut ifrå dei tonelaga som blir bruka åt fleirstavingsord eller åt ordgruppor som blir uttala med tonelag. Desse tonelaga hev det vorte brukeleg å kalle enkelt og dobbelt (eller samansett) tonelag.

Grunnen til at ein ikkje bør blande saman det eigenlege einstavingstonelaget og det enkelt-tonelaget som blir bruka i fleirstavingsord, skal eg her freiste å gå litt meir inn på.

Når eg segjer *knappen*, blir ikkje uttalen den same som når eg segjer *knapp* med det tonelaget eg brukar i einstavingsord og deretter uttalar eit vektlaust *en*. I *knappen* hev ikkje fyrste stavinga avslutta tonelag; i dette ordet er ikkje tonelaget avslutta fyrr andre stavinga er uttala. Når eg på norskdansk les: »Mig er given all makt« o. s. b., uttalar eg ikkje dei tvo fyrste orda like eins som namnet Meier. I »mig er« blir fyrste ordet uttala med avslutta einstavingstonelag; men dette er ikkje tilfellet med fyrste stavinga i namnet Meier. Jfr. Krogsrud og Seip: Rettskrivningslære for riksmålet, side 33: »Merk forskjellig uttale i *her på stedet* og *herpå kom ikkje noget svar*.« Her på, sml. mig er; herpå, sml. Meier.

Skilnaden her på — herpå, mig er — Meier, er so stor at ein burde gjera uppmerksam på han i nøgnare lydskrift. I nokre arbeid um tone-

lagstilhøve hev eg freista gjera dette på denne måten: *her: på, her'på; mei: er, mei'er.* Eg hev bruka kolon til å syne kvar tonelagsvaldet endar (hev sett det etter siste stavinga).

I mitt bygdemål (rindalsk), og visst ogso i sume andre målføre, må det gjerast skilsgrein millom tvo slag tviteken vokal: Tviteken vokal uttala med det enkelt-tonelaget som vi brukar i fleirstavingsord, og tviteken vokal uttala med »brote« tonelag (ɔ: eit einst· tonelag med tvo trykk, fyrst eit hovudtrykk og seinare eit bitrykk, på vokalen). Dette »tvitoppa« einstavingstonelag:t som eg hev kalla »brote tonelag«, blir nok tildels bruka i målføre som ikkje kjenner til det vokaltvitaket som hev sin grunn i burtfall av endevokalar (apokope). Til teikn for brote (tvitoppa) einstavingstonelag kunde ein bruke cirkumfleks-teiknet: *gô.* Denne uttalen er ikkje den same som tviteken vokal uttala med det enkelt-tonelaget vi brukar i fleirstavingsord, t. d. i uttrykket *te gō''* (til gode).

Brote tonelag likjest so mykje på eit avslutta einstavingstonelag med ei vektlaus staving etter, at ein kunde bruke uttaleteikna like eins som i slike tilfelle. I staden for *gô* kunde ein soleis skrive *gō: o* eller *gō:'.* Men det fylgjer nokre vanskar med å syne brote tonelag på denne måten, og lydskrifta vilde bli vandare å lesa; for når ein skriv *gō: o,* ser det ut som at dette er tvo ord (sml. *nō: o,* ɔ: no ho).

Det er nok ogso tilfelle då ein kunde vera freista til å bruke cirkumfleks i staden for kolon, t. d. i *»de va da=n kom«,* og *»de va her=n låg«.* Orda *da=n* og *her=n* (da han, her han) blir ofte uttala *dā:'n* og *hē:n,* og uttalen er den same som når eg skriv *dân* og *hên;* men her vil eg helst bruke kolon etterdi vi i desse tilfelle hev tvo ord (adverb og pronomen).

Når eg skriv um tonelag, tykkjer eg at eg bør halde sundt og kor *dā''n, dân* og *dā:'n.* Det fyrste av desse døma er bunda form av ordet *dāg* (dagen) Det andre kann ein tildels høyre i uttrykk som: *»du ē'veḷitṭ: så dân:«* (ɔ: du er vel ikkje istand til det, greier det vel ikkje). Det siste dømet, *dā:'n,* er orda da han samandregne i uttalen. For å skilje åt *dā''n, dân* og *dā:'n* brukar eg her teikna akutt aksent, cirkumfleks, kolon og apostrof (dette teiknet hev eg bruka til å syne tviteken vokal). Med berre eitt teikn, t. d. akutt aksent eller cirkumfleks, fekk ein ikkje til å gjera nokon skilnad i slike tilfelle.

Det eigenlege einstavingstonelag umfatar berre ei staving; men dei andre tonelaga er delt på fleire stavingar, og dei kunde difor kallast delte tonelag. Einstavingstonelaget kunde ein kalle udelt tonelag (d. v. s. at det ikkje er delt på fleire stavingar).

I nordanfjelske mål blir ord som fugl, tagl, skalv, avl, vatn, botn, uttala som tvostavingsord, og for oss her uppe vilde det difor vore naturlegare å s k r i v e dei òg som tvostavingsord: fugel, tagel, skavel, avel, vatten, botten. Etter uttalen av bunda form av hankynsorda fug(e)l og og skav(e)l, vilde vi helst skrive fugeln, skaveln (eller fugelen, skavelen, dersom ein lika å ha tvo vektlause e-ar i same ord), ikkje fuglen, skavlen. Derimot høver det godt med uttalen å skrive taglet, vatnet (kanskje ogso botnen).

Når ein er upmerksam på at det i ein setning kann vera eitt eller fleire ord eller stavingar som ein må segje står heilt utanfor tonelaga i setningen, kann ein koma til å tenkje på at det måtte vera godt um ein i lydskrift kunde syne kva det er for ord som høyrer med til det og det tonelagsvaldet, og kva det er for ord som vi kann segje står utanfor tonelagsvalda. Vektlause fyrestavingar, »proklitiske« ord, og vektlause tiltaleord og småord som kjem tilslutt i eit ordlag eller ei utsegn, blir å rekne med til dei ord og stavingar som står utanfor tonelagsvalda.

Eg hev freista å greie dette på den måten at eg hev bruka eit teikn (kolon) til å syne kvar tonelagsvalda sluttar, hev sett dette teiknet etter siste ordet eller stavinga i tonelagsvaldet. På dette viset kann ein ogso undgå å bruke nokon aksent etter einstavingsord som hev eit tonelag åleine, eller etter stavingar som hev sterkt bitrykk når desse stavingane står sist i tonelagsvaldet.

Når eg segjer *støggvēre* (ɔ: styggveret), er ikkje uttalen den same som når eg fyrst uttalar den ubundne forma av ordet *(støggvēr)* og deretter ein kort, vektlaus *ĕ*. Sml. *støgg'vēr'e* og: »*de e ⁺støggvēr: ĕ÷dāg:*«. Den vektlause e-en i *støggvēre* høyrer med til dette tonelagsvaldet; men den vektlause e-en i setningen høyrer ikkje med til tonelagsvaldet åt ordet *støggvēr*. Det høver difor ikkje rett godt å bruke same uttaleteikn (t. d. aksent) etter andre stavinga i bunda og ubunda form av ordet. Eg hev funne det best å bruke aksentteikna berre i fleirstavingsord, og tunn aksent for å syne sterkt bitrykk berre når det kjem ei staving etter den som hev sterkt bitrykk (soleis *støgg`vēre med*, men *støgg`vē'r* utan den tunne aksent).

Det kunde nok ogso vera ein annan måte å syne kva det er for ord som høyrer med til det og det tonelagsvaldet, ein annan måte enn den å setja kolon etter kvart tonelagsvald. Når det er fleire ord i eit tonelagsvald, kunde ein setje bindestrek millom orda i tonelagsvaldet. Setningen (rindalsk): »*vēt du tå'i:?*« kunde ein skrive slik: »*vēt'-du-tå'-i?*«

(= veit du av det). Men denne måten vilde ikkje bli noko betre enn den hin, iallfall ikkje snåpare; for det vilde bli so mange bindestrek i setningane. I staden for å bruke kolon ein gong, kunde ein bli nøydd til å bruke bindestrek ein tri-fire gonger. Og ved einstavingstonelag vart ein nøydd til å bruke aksent.

Men korleis skulde ein då syne at det ikkje er same uttalen i *dā''n* (dagen) og *dā:'n* (da han) o. s. b.? Det tok seg vel ikkje vidare godt ut i ei utgreiing um tonelag å skrive t. d.: »Det er ikkje same uttalen i *dā'n* (dagen) og *dā'n* (da han), i *hē'ṇ* (heren) og *hē'ṇ* (her han)«. Når ein brukar kolon til grensemerke for tonelagsvaldet, slepp ein denne vansken: *dā''n* og *dā:'n; hē''ṇ* og *hē:'ṇ*. Hev ein eit serskilt teikn etter tonelagsvalda, brukar ein ikkje nokon aksent attmed einstavings tonelagsvald, og ein treng ikkje bindestrek millom orda i fleirstavings tonevald. Aksentane brukar ein då til å syne kvar hovudtrykk-stavinga i tonelagsvaldet er, sumtid ogso til å syne kvar det er sterkt bitrykk.

Men kvar skal ein so setje aksentane? Etter vokalen i stavinga, eller etter stavinga?

Det er eitt gode med å setje aksenten etter vokalen i stavinga, og det er det at ein då slepp å tenkje på kvar skilnaden er imillom stavingane. Denne måten hev ogso vorte nokså mykje bruka i språklege utgreiingar i den seinare tid. Men det fylgjer ulempor med denne måten òg. Dersom ein brukar aksent i einstavingsord òg, og set han attmed vokalen i ordet, men ikkje brukar noko teikn for vokaltvitak, kjem ein tilkort når ein vil skrive um nordanfjelske mål. Lat oss til døme ta gardnamnet Hell (Stjørdalen). Set vi her inn aksentteikn, og elles òg brukar lydskrift, lyt vi skrive *hē'll*. Men korleis skal den som ser dette ordet i ei bok, uttala det? Skal han uttala dette gardnamnet like eins som ordet held (utt. *hēll*), eller skal han uttala det like eins som den rindalske forma av ordet heller: *hē''ll*, med tviteken vokal? (Den stjørdalske uttalen av dette gardnamnet er *hē''ll*, med tviteken vokal).

Dersom ein set akutt aksent etter vokalen i einstavingsord og i hovudtrykkstavingar, men ikkje brukar fleire hjelpeteikn for å syne uttalen, må ein t. d. skrive *dā'n* enten uttalen er *dā''n*, *dā:'n*, *dân* eller *dān*. Men i nøgnare lydskrift burde ein syne at det ikkje er same uttalen i desse tilfelle.

Dersom ein vel å setje aksenten etter stavinga ist.f. etter vokalen, melder den vansken seg: Kvar endar stavingane? — Dette hev vore eit noko umstridd spørsmål; sume vil setje grensemerket her, andre der. For resten

hev spørsmålet ikkje vore mykje aktuelt no ei tid; men dr. Alf Sommerfelt hev freista å vekkje interesse for spørsmålet att med ein artikkel i Festskrift til A. Kjær: »Sur la théorie de la syllabe« (side 48—52).

Etter dei reglane um deling av ord, vi no skal øve inn i skulen, skal den siste av dei konsonantane som står millom tvo vokalar i eit fleirstavingsord som ikkje kan reknast for eit samansett ord, takast med til stavinga åt den vokalen som kjem etter. Etter Krogsrud og Seips rettskrivningslære (§ 67) skal ein dele: ta=le, ro=se, al=le, beg=ge, bin=de, kon=ge, mag=re, kas=te, gjes=te, blomst=re. Ord som magre, kaste, blomstre skulde vi fyrr dele slik: ma=gre, ka=ste, blom=stre. Det var nok litt rart at ein skulde dele kan=te, men ka=ste, og døt=re, men sø=stre. Difor vart vel den forandringa gjort, at ein heretter skulde dele kas=te, søst=re. — Den regelen um orddelinga som vi no skal innøve i skulen, er nokso grei, og lett å lære. Men det er slett ikkje til viss gjort at han er den rettaste og beste å bruke i fonetisk skrift.

Eg hev funne det best i fonetisk skrift å rekne med til stavinga åt fyrste vokalen so mange av dei konsonantane som står millom tvo vokalar, som ein utan nokon vanske kann uttala saman med vokalen i fyrste stavinga (når ein segjer berre den stavinga). Dette hev eg tykt høver best med uttalen òg.

Her nedanfor skal eg ta med det viktigaste av det som for meg hev vore det avgjerande når eg skulde dele ord i stavingar.

Dei stengte konsonantar hev i norske målføre tvo slag uttale; dette er tilfellet både med dei »svake« og dei »sterke« av desse konsonantane, både med b, d, g og med p, t, k. Kons. p, t, k hev ein kraftigare uttale (sterkare pust) når dei står som framlyd (fremst i ordet), ein linnare uttale når dei står som utlyd. I ordet (rindalsk) *kā''k* blir soleis fyrste k=en noko sterkare uttala enn den andre. Sml. *tå''t, tūt, pī''p, tāk, kåt, kå''p.* Konsonanten blir kraftigare uttala som framlyd enn som utlyd. Utlydande konsonant hev svak pust ogso um han er lang: *kåkk, kåpp, kått, takk.* Konsonanten hev kraftig uttale som fyrste lyd i ei staving, um det kjem ein konsonant millom han og vokalen i stavinga: *tråpp, kråpp, prakk, kl̥åpp, pl̥okk, knakk.* Men etter annan konsonant, — etter s, hev p, t, k den svakare uttalen: *stūt, skåk, spått.* Difor hender det sumtid i folkeskulen, at born skriv t. d. sdor, sgam, husge, bisben, ist.f. stor, skam, huske, bispen. Ogso i str, skr, spr hev p, t, k den linnare uttalen: *stråkk, skrāp, sprēk;* like eins i *spl̥ē''is* (spleise).

Konsonantane b, d, g̬ er klangføre (stemte) når dei kjem etter vokalar

eller sonore konsonantar. Som framlyd er desse konsonantane ofte klanglause, og likjest då nokso mykje på p, t, k uttala med svak pust (t. d. på fransk p, t, k som framlyd).

Når eg segjer *gā'tå*, er t framlyd i stavinga *tå*, og hev difor sterk pust. Men når eg segjer *gātå* (ɔ: gator), hev t-en berre svak pust, like eins som i *gā''t*(gate). Ein kann soleis rekne t-en i *gātå* for ein utlyds-t; men då må ein òg setje grensemerket millom stavingane etter denne t-en: *gāt'å*. — Samanliknar vi orda *skāpar* og *skōpār* (det fyrste med samansett, det andre med enkelt tonelag), finn vi at p-en i fyrste ordet hev svak pust, men i andre ordet sterk pust. I fyrste ordet er det utlyds-p, i andre ordet framlyds-p. Når vi vil dele desse orda i stavingar, må det difor vera rettast å dele slik: *skāp'ar*, *skō'pār*. — I ord som *kḷobba*, *vågga*, *håḍḍa*, er *b,g,ḍ* klangføre; og i *kḷåkka*, *låppa*, *katta*, hev dei lange intervokaliske konsonantane same uttalen som når dei står som utlyd. Skilet millom stavingane må ein difor tru er etter desse konsonantane.

Lat oss so ta eit ord som hev ein sonor konsonant millom tvo vokalar, t. d. ordet *hāne*. Blir dette ordet uttala like eins som det samansette verbet *hā-ne* (vi kann sjølvsagt uttala kort e i siste ordet her)? Uttalar eg *hāne* og *hā-ne* greitt, tykkjer eg at eg lyt ta meg meir på tak når eg skal segje n-en i det samansette verbet *hā-ne*. Eg tykkjer det blir ein liknande forskjel i desse tilfelle som det er millom *gāt'å* og *gā'tå*, so n i *hāne* høyrest som ein utlydskonsonant, og n i *hā-ne* som ein framlyds-konsonant. — Bunda form av ordet hane: *hāniŋŋ* plar visst ha same uttalen som *hān-iŋŋ* = ha han inn. I uttrykket *hān-iŋŋ* = ha han inn, kan vel vokalen i siste ordet tildels ha ein kort stankelyd (ein »Kehlkopfverschlusslaut«) framanfor seg.[1] Men det same kann vel vera tilfellet med vokalen i andre stavinga i ordet *hāniŋŋ* òg, dersom ein tek seg på tak og vil tala greitt. Det ser soleis ut til at det er rettast å dele ordet *hāniŋŋ* like eins som uttrykket *hān-iŋŋ: hān'iŋŋ*.

Dersom det vil falle heller tungt å uttala i ei og same staving alle dei konsonantane som kjem millom tvo vokalar, lyt ein gjera seg litt meir umak med den siste av desse konsonantane. I slike høve fær den siste av dei intervokaliske konsonantane rimelegvis same uttalen som når han står som framlyd, so han må bli å rekne med til same stavinga som vokalen etter han. Ordet *bḷomstra* (fleirtal av *bḷomster*) er det soleis

[1] Hev dei endevokalane som hev halde seg i trøndsk, vore uttala med »stankelyd« (fyre), men dei som fall burt, utan denne lyd?

visst rettast å dele slik at r-en høyrer til andre stavinga (*bl̥omst`ra*), og ordet *øksne* (fleirtal av *okse*) slik at andre stavinga tek til med n-en (*øks`ne*). På same måte: *skav`l̥a, tav`l̥a, ham`ra stråf`na*. Derimot *hams`a, daŋs`a åfs`a, åft`å*, med aksenten etter siste konsonanten. Merk: Det heiter ein *skav'el̥*, ei *tav'el̥*, men ein *hams*, ein *daŋs* (rindalsk).

Når framandord som plakat, potet(e) blir uttala med samansett tonelag, fær dei intervokaliske konsonantane same uttalen som elles i slike tilfelle (svak pust). Men uttaler vi slike ord med vektlaus fyrstestaving (med hovudtrykket på andre stavinga), fær den intervokaliske konsonanten visst som regel sterkare pust, so han må segjast å ha framlydsuttale då. Når dessa orda hev samansett tonelag, er det visst rettast å skrive *pl̥akk`āt* og *pott`ē''t* (rindalsk uttale); men når hovudtrykket blir lagt på andre stavinga: *pl̥ă=kāt* og *pŏ=tē''t*. — Sml. uttalen *dĕ nē, dĕ tē*, ist.f. *denn`e, dett`e;* båe desse uttalane hev eg høyrt i Rindalen.

Eilert Mo.

TRÆLL

De smaa bemerkninger til det nordgermanske *þræll*, som her lægges frem, prætenderer ikke at løse ordets gaate. De tilsigter kun at præcisere problemet og begrænse hypotesenes antal. Litteraturen over emnet, som i aarenes løp er svulmet betydelig op, finder man noteret hos Falk og Torp.

Hører *þræll* etymologisk til *þragjan* som Schade mente og skal *þragjan* stilles til τρέχω eller skilles derfra? Eller hører det til irsk *tricc* »hurtig« (hvis *cc* =*k*), *traig* »fot«, gall. *uertragos* »mynde«? Eller maa det stilles til on. *þryngua*, got. *þreihan* med en grundbetydning »den nødtvungne« (sic, Falk)? Det er væsentlig om disse spørsmaal diskussionen har bevæget sig i de senere aar.

Det forekommer mig at man under denne jagt efter et komparationsobjekt har tapt av syne selve utgangspunktet.

Hvad vet vi om uttalen av det oldnorske *þræll*? En for etymologien meget væsentlig ting, den nemlig at ordet i det 10. aarhundrede uttaltes med unasaleret *æ*. Senest paa dette tidspunkt blev det nemlig optat i irsk i formen *traill*; saaledes staves det bl. a. i en gammel verseprøve Book of Ballymote 291 b39 (enstavelses *trā'ill*)[1]), hos leksikografen O' Mulconry, hos Cormac under *puttrall* (dog skyldes hele artikelen en senere interpolation, da den hverken staar i Lebar Brecc eller Laud 610), samt i den gamle tekst Tripartite Life of Patrick (se mine Bidrag til det norske Sprogs Historie i Irland s. 76). Nu vet vi fra den ortografiske utredning i Snorres Edda at *fá* endnu i slutten av det 12. aarh. uttaltes med nasalt *a*. Følgelig maatte ogsaa et gammelt **þranhila-* i 10. aarh. ha nasalvokal og denne uttale ikke alene vilde, men maatte en irer fra det 9. aarh. av gjengi med **trámaill* paa samme maate som han gjengav

---

[1]) Vokallængden er i irsk ikke i noget tilfælde betegnet og fremgaar heller ikke av versemålet. Vokalen var dog uten tvil lang som i skotsk *tráill*.

Þórr med *Tomar*, *Þórir* med *Tomrair*, *Þóraldr* med *Tomralt*, *Aleifr* med *Amláib* og *Ífarr* med *Imar* (v. Friesens tvil Røkstenen 1920, s. 139, er ganske ugrundet; et nordisk *-ngn-* vilde i irsk ikke kunne »substitueres med *-m-*«). Det heter rigtignok i runelisten *os* (on. *óss*) og i analerne allerede i 9. aarh. *Óttir* (sml. on. *Óttarr*); men runelisten skriver sig sandsynligvis fra en bilingv nordbo, som talte norsk med irsk aksent og vel var nogenlunde fortrolig med norsk ortografi og *Óttarr* har efter min mening aldrig hat nasalt *ó* (Bidrag s. 66, 156).

Konklusionen herav blir — og den er ganske avgjørende — at *þræll* umulig kan være utviklet av **þranhila-*. Dette resultat fritar os for at gaa nærmere ind paa Falks forklaring av oht. *drigil* som en omformning av **þranhila-* efter **þrinhan-*.

Men grundformen er heller ikke **þrāhila-* som Brugmann vil IF XIX 382 (Kluge Stammbild. § 18, Boisacq Dict. Étym. 983), eller **þrahila-* som opført hos Fick-Torp-Falk 190. Disse sidste grundformer er ikke i sig selv umulige, men kommer ikke i betragtning da oht. *drigil* »tjener« jo tydelig peker paa en grundform **þrehila-*, **þreɣila-*. Det skal villig indrømmes at der i germansk ved siden av **þrehila-* og under indflydelse av et verbalabstraktum **þraha-* udmerket godt kan ha utviklet sig ogsaa et **þrahila-*. Men antagelsen er overflødig, da sænkningen av *e* > *æ* er i fuldkommen overensstemmelse med nordgermansk lydutvikling. At et *i* og *e* foran *h* sænkes til *e*, *æ* er fonetisk set en ganske naturlig ting, hvad enten det dreier sig om en guttural spirant med hævet baktunge eller — hvad der uten tvil er det rigtige — om et almindelig, døende *h*, uttalt med sænket tunge. Tendensen er da ogsaa rikelig belagt i nordisk sprog, se Noreen Altisl. Gram. § 109, Altschwed. Gram. § 83. Man kunde maaske ha ventet iallefald at finde en sideform **þréll* (som naturligvis ikke forutsettes av det forkortede *þrĕll*), sml. *frétt*; men heller ikke *vætt*, som jo uten tvil er et gammelt abstraktum til *vega*, kjender en sideform **vétt* og *sværa* ingen parallelform **svéra*. Uforklarlig er dette dog ikke; baade *r* og *h* vilde med sine tungestillinger dra *e* i retning av *æ* (eksemplene paa *æ* av *e* foran og efter *r* er jo i nordisk ganske talrike); et **þréll* byr desuten en kontinuerlig række fonemer, hvis artikulationssteder alle er koncentreret i formunden: parallelformen *þræll* sprænger denne tunge lydgruppering og trænger derfor igjennem. Man kan saaledes si at *þræll* skylder sit *æ* en assimilerende og en differentierende tendens paa samme tid; *frétt* skyldes vel i første række tilknytning til *fregna*; ved *þræll* manglet et saadant korrektiv jo helt.

Det er en kjendt sak at begrepet *servus* i de indoeuropæiske sprog særdeles ofte uttrykkes ved nomina, som ved sin side har verbale temata med betydningen »ile, løpe«. Saaledes rummer oldirsk *timthirthid* »minister« uten tvil *rethid* »currit« (urigtig Brugmann IF XIX), germ. **þewa-* synes identisk med vedisk *takvá-* (*tákti:* irsk *techid* »iler, løper«), skr. *abhicaraḥ*, gr. ἀμφίπολος, lat. *anculus* indeholder **kʷel-* (*cárati*) og gallisk *ambactos* (got. *andbahts*) hører til irsk *imʼaig*, abstr. *immáin*. Det ligger da unegtelig meget nær at stille **þrehila-* til got. *þragjan* »currere«, som enten er et denominativ (i likhet med ags. *þrǽgan*) eller et oprindelig medialt kausativ til **þrehana-*. Det germanske materiale skulde da snarest peke paa et førgermansk **trék(h)-*, abstr. **trók(h)o-* (kausativ **trok(h)éie-*, som kan være identisk med de græske synonymer τρέχω, τρόχος; for denne sammenligning taler som allerede Brugmann har fremhævet (IF XIX 382) græsk τρόχις »løper, bud, tjener« (oprindelig vel abstraktum), τροχίλος »gjærdesmut«, Τροχίλος »navn paa en av Demeters prester i Argos og Eleusis«; er *þragjan* et denominativ, kan stamordet liketil være et med τρόχις identisk germ. **þraγi-* (cfr. **hugjana-: *hugi-*). Men τρέχω kan ogsaa indeholde gamle mediae aspiratae og høre nær sammen med lit. *padroszti*, lett. *drâst* (som vel i sidste instans beror paa et gammelt atematisk verbum), og da media ogsaa optrær i irsk *droch* »hjul«, som er vel bestyrket og aapenbart identisk med τρόχος (cf. *rota*, irsk *roth: rethid* »currit«), synes et indoeur. **dhregh-* hævet over al tvil. Men av dette **dhregh-* er der intet spor i sprog som for samme begrep har **trek(h)-*; da nu slavisk ved siden av *trŭkŭ* (slav. *trčati*) ogsaa har *tešti* og germansk foruten **þrehana-* engang har kjendt et med *tešti* identisk **þehana-* (cf. **þeγwa-*) spørges det om ikke **trek(h)-* i disse sproggrene er opstaat ved kontamination av **tek-* og **dhregh-*. Vi staar i saa tilfælde overfor en rimdannelse av lignende art som de, som Hermann Güntert har søkt at paavise i sin bok »Ueber Reimwortbildungen im Arischen und Griechischen« (Heidelberg 1914).

Beror nu ogsaa τρέχω paa **trekh-*, har kontaminationen altsaa rammet det germanske, slaviske, og græske omraade. Det er i denne forbindelse maaske værd at minde om at betydningen *servus* som ovenfor nævnt ogsaa er utviklet ved det græske tema. Dog er den formelle likhet mellem τροχίλος og *drigil* vel tilfældig; ti suffikset har i græsk tydelig deminutivisk karakter, mens det germanske **þrehila-* uten tvil er et nomen agentis; og det sjeldne oht. *dregil* kan ikke tas til indtægt for et germansk

**þraγila-*, likesaa litt som Västgötalagens *þrāl*, som tydelig er en nydannelse (sml. Noreen, Altschwed. Gram. § 389). Om irsk *traig* hører hit, er ganske usikkert; ti betydningen *currere* er ved *trag-* ikke konstateret i noget keltisk sprog.

Med laan fra en fremmed, ukjendt kilde (sml. *andbahts:* gallisk *ambactos*) bør man ikke regne al den stund gotisken har *þragjan* og slavisk samme guttural som germansk.

Carl J. S. Marstrander.

Innhald

Side

Halvdan Koht: Det store mål-vende i 1885 7
Ivar Kleiven: Embetsmenn og folkemåle i dansketida . 18
Magnus Olsen: Hjadningekampen og Hallfreds arve-
draapa over Olav Tryggvason 23
Hjalmar Falk: Himmelsfærene i vår gamle litteratur . 34
Albert Joleik: Inkjekyn minkar 39
Leiv Heggstad: Teigenamn frå Voss 43
Gustav Indrebø: Nokre stadnamn 65
Torleiv Hannaas: Ei gamal norsk vise i svensk uppskrift 81
Ernst W. Selmer: Noen bemerkninger om »stød« og
tonelag 90
Didrik Arup Seip: Om talordet 100 i norsk 99
Jørg. Reitan: Dativbruken i Ålbyggmålet 105
Knut Liestøl: Til Draumkvædet 113
Rikard Berge: Ringsko 124
Nils Lid: Ullins øyra 128
Ragnvald Iversen: Eit uprenta Vinje-dikt 145
Olav Midttun: Vinje i »No ser eg atter slike fjell og
dalar« 149
Alf Sommerfelt: Et par bemerkninger om nasalvokaler
i gammelnorsk 164
Eilert Mo: Tonelagsvald og stavingar 166
Carl J. S. Marstrander: Træll 173

NIKOLAI OLSENS BOKTRYKKERI - OSLO